Det ble dermed mulig å angripe Narvik fra nordsiden av Rombakken. Dekket av ilden fra tre kryssere og fem jagere satte en norsk bataljon (II/IR 15) og to franske (Fremmedlegion) bataljoner over fjorden fra Øyjord og Seines natten til 28. mai. Angrepet var meget vellykket og Narvik ble befridd samme dag. Samtidig angrep polske styrker de tyske stillingene ved Ankenes, rett overfor Narvik på sørsiden av Beisfjorden. Tyskerne trakk seg østover fra Narvikområdet og ble i de følgende dagene presset lenger og lenger mot Bjørnefjell av de franske og polske troppene.

Den venstre kampgruppen på nordsiden av Rombakken (6. Brigade) hadde stadig trengt tyskerne sørover siden den 1. mai begynte sin fremrykking fra Lapphaugen. Etter tre ukers kamper under meget harde forhold var tyskerne trengt sør for Jernvannene.

Et nytt moment begynte nå å blande seg i det nord-norske operasjonsbildet. Helt siden operasjonene sluttet i Trøndelag hadde en tysk kolonne trengt nordover gjennom Helgeland. En bataljon av IR 14 bød liten motstand. Heller ikke britene i Salten stanset dem og 2. juni var tyskerne i Bodø, som britene da hadde evakuert. Tyske bergtropper fortsatte derfra nordover gjennom de veiløse distrikter mot Narvik (hvortil de kom 13. juni).

7. juni ble angrepet på general Dietl's siste fjellstilling (Bjørnefjell —Rundfjell—Haugfjell) innledet med at IR 16's bataljoner gikk over Holmelva øst for Jernvannene. Den første dags resultater lovet godt for operasjonene som skulle kaste de siste tyskerne ut av Nord-Norge. (Fra de norske stillingene kunne en se svenskene markere grensen med flagg.)

72. Men natten til 8. juni fikk brigadene — uten noe varsel i begivenhetenes gang — ordre om å avbryte offensiven og trekke troppene nordover for demobilisering.

Tvunget av situasjonen i Europa hadde den allierte ledelsen kalt sine styrker tilbake fra Norge, og de allierte stridskreftene hadde i de siste dagene forlatt landet. Kongen og Regjeringen reiste til England 7. juni. General Ruge fikk ordre til å innlede kapitulasjonsforhandlinger med tyskerne etterat troppene var demobilisert så langt det var mulig.

10. juni om kvelden hadde alle avdelinger nådd sine demobiliseringsplasser. Avdelingene i Øst-Finnmark ble foreløpig ikke demobilisert.

Forsvarssjefen innledet kapitulasjonsforhandlingene med tyskerne ved telegram til den norske legasjon i Stockholm som igjen vendte seg til det svenske utenriksdepartement. Tyskerne svarte samme vei og samtidig direkte til den norske overkommandos radiostasjon i Troms. Kampene ble innstillet kl. 24 natten til 10. juni.

Den første og korteste fasen i kampen for Norges frihet — nederlagets fase — var dermed slutt. Men et folk er ikke overvunnet før det erkjenner seg overvunnet. Og mellom det norske folk og en slik erkjennelse sto en urokkelig tro på våre allierte.

BILAG NR. 3

ARNE BERGSGÅRD:

Utrikspolitikk.

INNHALD:

Byrjinga. Folkesambandet.

«Noregs utrikspolitikk er ingen utrikspolitikk å ha.» Dette var slagordet her i landet den fyrste tida etter 1905, då Noreg for fyrste gong på nær 600 år var heilt løyst frå unionar med andre land og skulle leggja grunnen til sin eigen utrikspolitikk. Vi stod utan tradisjonar. Utrikspolitikken vår hadde berre vori unionspolitikk og lange tider ikkje det ein gong. Når no unionspolitikken fall bort, kom konklusjonen: ingen utrikspolitikk! — endå det var då nett for utrikspolitikken skuld vi til slutt hadde sprengt unionen. Tanken var at utrikspolitikk var maktpolitikk, og med den hadde vi ingen ting å gjera. Vi ville leva eit fredeleg arbeidsliv og ikkje leggja oss bort i stridane mellom andre makter; så måtte vi også tru at dei ikkje ville krenkja eit så lite og fredleg folk, som også hadde den føremonen at det levde så avsides og for seg sjølv. Det var ein politikk som i røynda bygde på isolasjon, ikkje ein «splendid isolation» som England ei tid hadde freista å føra på grunn av si makt, men ein isolasjon fordi vi var så veike og små.

Det var ei mykje farleg innstilling som gav seg til kjenne i ordet om at Noregs utrikspolitikk var ingen utrikspolitikk å ha, farleg både utetter og innetter. Utetter var det farleg, for det var ein politikk utan realitetssans — utan forståing av korleis dei politiske vilkåra i Europa verkeleg var. Innetter var det farleg, for det fyrste ved det at det veikte og skjemde den sans folket elles kunne ha for utrikspolitiske realitetar, dinest ved at det svævde folket inn i den førestellinga at det kunne leva i ein utrikspolitisk idyll utan alvor, farar og krav. Når vi no utan tradisjonar og utan røynsle skulle grunnleggja ein norsk utrikspolitikk, hadde det vori all mogleg grunn til å gå den andre vegen, å ta opp eit arbeid for å læra folket til å forstå alvoret i dei utrikspolitiske spørsmåla, også for oss. Det hadde vori å snu andletet åt det norske folket mot utrikspolitikken, ikkje å snu det frå han. Det hadde vori å vekkja folket til interesse, ikkje å svæva denne interessa i den stunda ho var åt å vakna.

Det fyrste store utrikspolitiske tiltaket åt den nye norske utriksstyringa kom også til å styrkja desse tendensane i folket. Det var Integritetstraktaten i 1907, der dei 4 stormaktene Russland, Tyskland, Storbritannia og Frankrike gav oss trygd for Noregs integritet. Traktaten har vori sterkt kritisert av mange grunnar. Det som i denne samanhengen

har interesse for oss, er at i ein europeisk krig ville den trygda som traktaten gav ha synt seg å vera illusorisk. Mange såg på traktaten med uvilje og tvil, men dei fleste tok han vel alvorleg, og då gav han ei falsk kjensle av trygd. Såleis styrkte han den tilhugen i folket som var så sterk før til å slå seg til ro med ein illusjonspolitikk om at landet var verna utanfrå, og at folket ikkje turvte spana sine eigne krefter like hardt som andre folk for å berga seg; i ei mykje utrygg og farleg verd hadde det berre seg sjølv å lita på.

Det kan knapt vera tvil om at den måten som ein byrja vår norske utrikspolitikk på i starten, har fått fylgjer som har vori kjennande heile tida sia. Når ein i denne samanhengen talar om skort på interesse, gjeld dette ikkje utrikspolitikken reint ålment. I så måte var interessa ikkje så lita, og etter spalteromet sitt hadde norske aviser kanskje like mykje utrikspolitisk stoff som vanleg i andre land. Om det også kvalitativt stod på høgd med det ein finn i land som vi helst ville samanlikna oss med, er ei anna sak. Men det som var det farlege, var at denne interessa var så ålment halden, det var at ein altfor lite såg sitt eige land i den utrikspolitiske samanhengen. Interessa var meir akademisk og abstrakt enn realitetsmerkt norsk. Utrikspolitikken var nok forvitneleg, men ikkje eit spørsmål på liv og død for vårt eige land. Den ålmenne innstillinga, at Noregs utrikspolitikk er ingen utrikspolitikk å ha, går også gjennom det utrikspolitiske stoffet avisene våre la fram.

Ein absolutt nøytralitet vart både målet og midlet for denne politikken. Viljen til nøytralitet var så ålmenn og sterk her i landet at det kunne bli sagt at nøytraliteten var ein uskriven del av kongeriket Noregs grunnlov. Dette omsynet til nøytraliteten vart gjort til ein hovudgrunn mot å gå inn i Folkesambandet i 1920. Det vart hevda at med å gå inn i Folkesambandet stod vi i fare for å bli rivne inn i maktpolitikken åt dei store utan at vi sjølve fekk nokon ting å seia over denne politikken. Det var serleg plikt til å vera med på sanksjonar mot ein fredsbrytar ein var redd (art. 16 i Folkesambandspakta). For oss var dette eit brot med den absolutte nøytralitetspolitikken vi før hadde hevda. Det kjendest som eit så alvorleg brot med ei hovudline i norsk politikk at det jamvel fanst dei som rekna vedtaket om å gå inn i Folkesambandet for å vera like viktig som det som var gjort 17. mai 1814 og 7. juni 1905.

Med like stor rett som at det ville bryta med nøytralitetspolitikken, kunne ein kanskje seia at det ville bryta isolasjonspolitikken. Vi måtte medvite og med vilje gå inn i det statlege samlivet med andre nasjonar som ein solidarisk og ansvarsmedviten einar i Europas og verdsens politiske liv.

Frå sosialistisk hald vart det òg gjort til ei hovudklage at medlemskap i Folkesambandet ville hindra oss i ein fullkomen avvæpningspolitikk (art. 8). Sosialistane var nok sterkt imot Folkesambandet av den grunn at det var «seierherrenes og de kapitalistiske regjeringers internasjonale, ikke folkenes» (Martin Tranmæl i Stortinget 2/7 1926, Stort. Tid. 1926 s. 2572), men dei hevda då likevel at hovudsaka for dei var at det braut med den gamle nøytralitetslina i norsk politikk. Av den grunn gjorde dei òg årvisse framlegg om å melda Noreg ut or Folkesambandet eller å nekta dei pengane som medlemskapen i Folkesambandet kravde, — like til dei sjølve kom til regjeringsmakta i 1935. Når fleirtalet i Stortinget i 1920 heldt på innmelding likevel, var det i den vona og trua, som den gongen var vanleg i all verdsens land, at Folkesambandet, trass i alle lyte som kunne hefta ved det, skulle bli innleiinga til ein ny tidsalder i mannesoga med ein organisert fred til mål. Spørsmålet, om medlemskap ville spilla retten til full avvæpning, fekk Castberg avgjort med ein spurnad til Lord Robert Cecil, som svara at medlemskap i Folkesambandet ikkje kunne hindra noko land i å gå til full avvæpning.[1])

Hovudsaka var i alle tilfelle at Folkesambandet skulle skapa den faste og trygge grunnvollen som ein nedvæpningspolitikk kunne byggja på. Det skulle gje kollektiv trygd. Men det må likevel også seiast at den tanken verka med til å dra oss inn i Folkesambandet, at det var ikkje f a r e l a u s t å stella seg utanfor. Om Folkesambandet voks fram til verkeleg makt, kunne det bli skadeleg og kanskje farleg å stå utanfor.

Medlemskap i Folkesambandet vart vedteken med stort fleirtal, 100 mot 20 røyster. Og då vi fyrst var komne inn i Folkesambandet, synte det seg snart at mange av dei som hadde stridt hardast imot å gå inn, vart av dei varmaste talsmennene for folkesambands-politikken. Folkesambandet vart i nokre år sjølve hovudlina i den norske utrikspolitikken, og med ein målsmann som Fridtjof Nansen — og ein torer vel også nemna menn som Hagerup, Blehr, Lange, Mowinckel, Hambro og Koht — kom vårt vesle land også til å få litt å seia i folkesambands-politikken. Det var elles ein ålmenn tilgang i heile Europa i desse åra at maktene av andre og tredje rang fekk ein grand meir å seia i internasjonal politikk enn dei hadde hatt sia den moderne stormaktspolitikken vart grunnlagd på Wienkongressen.

Forsvarsskipnaden frå 1933.

I 1920-åra var det endå vanleg å ha gode voner for arbeidet åt Folkesambandet. Vi fekk i desse åra slike store tiltak for fredspolitikken som Genève-protokollen i 1924, som rett nok ikkje vart vedteken til slutt, men likevel gav fredsvenene gode voner, Locarno-avtalen i 1925 og Briand—Kellogg-pakta i 1928. Dette gav endå berre voner for framtida, men i eit folk med så lita utrikspolitisk innsikt og øving som det norske, og med så liten utrikspolitisk realitetssans, var dette alt nok til at vi tok resultata av fredspolitikken på forskot, og det byrja i 1920-åra ein forsvarspolitikk som militære autoritetar kalla ein nedvæpningspolitikk.

Trass i alvorlege og inntrengjande åtvaringar frå dei kommanderande generalane Holtfodt og Bauck tok Regjeringa opp arbeidet for ein ny for-

[1]) Stort.Tid. 1920 s. 578.

svarsskipnad som var ei veiking av forsvaret (Holtfodt 6/12 1929, Stort. Medd. nr. 23, 1931, og Bauck 8/12 1930, Stort. prop. nr. 57, 1931, bilag 1). Departementet gjorde det ut ifrå den trua «at faren for krig — om enn ikke utelukket — er blitt i meget vesentlig grad forminsket, fordi den stat som nu går til krig med brudd på sine forpliktelser, vil måtte gjøre det med bevisstheten om at den derved utesker en verdensopinion, som i tilfelle gjennem Folkeforbundet vil ha midler til å gi sig uttrykk og gjøre sig aktivt gjeldende». Det finn likevel at endå desse nye tilhøva «teoretisk sett gjør krig lite sannsynlig, kan man dog ikke være blind for at der er andre forhold i den internasjonale situasjon idag, som gjør billedet mindre lyst». Vi kan ikkje leggja forsvaret ned. Det ville både strida mot det solidaritetsprinsipp som Folkesambandet kviler på, og «dessuten kan vi ...... bli nødt til, på samme måte som under verdenskrigen å benytte militære maktmidler for å hevde vår nøitralitet under en krig mellem andre land, som måtte bryte ut på tross av Folkeforbund og andre forebyggende forholdsregler». Vi må hugsa at retten til å få nøytraliteten vyrd «begrepsmessig er basert på at nøitraliteten vil bli så effektivt forsvaret, at enhver av de krigførende kan regne med, at den som først krenker den løper en vesentlig risiko — og at denne risiko er relativt stor i forhold til de ved en nøitralitetskrenkelse opnåelige fordeler —» (Stort.prop. nr. 57, 1931, s. 3—7). Den gamle forsvarsskipnaden som elles ikkje var eldre enn frå 1927, vart karakterisert som ein maksimumsskipnad med rammer så vide at vi ikkje kunne fylla dei med øvingar og kostnader. I staden skulle den nye bli ein minimumsskipnad som vi i alle fall skulle kunna gjennomføra. Då regjeringa la fram dette framlegget for Stortinget, tok den som då var kommanderande general, Laake, sterkt atterhald mot noko medansvar for den verdsettinga av den krigspolitiske stoda som var grunnlaget for framlegget, og han karakteriserte det som «den videre fortsettelse av den suksessive nedrustning som vi har foretatt etter verdenskrigen». Kunne ein få fulle øvingar, kunne det likevel bli ein framgang frå det som var, forsvaret ville koma på eit meir reelt grunnlag, men fekk ein ikkje fulle øvingar, som var 84 dagar, ville det berre bli å byta ein papirorganisasjon med ein annan.

Det aller viktigaste vilkåret for å setja denne forsvarsskipnaden i verk, var likevel at det var «en forutseende utenriksledelse som i tide tar initiativet til å få forsvaret styrket når situasjonen blir truende» (Stort.prop. nr. 57, 1931, bilag 2, s. 75). I tilrådinga frå militærnemnda på Stortinget i 1933 tok også venstrefraksjonen i nemnda (Mjøen, Anderssen-Rysst og Kobro) feste i desse orda, som seinare har vori tekne oppatt gong på gong i samanheng med forsvarsskipnaden av 1933: «Denne fraksjon vil endelig understreke det ansvar statsmaktene påtar sig når de innskrenker vårt forsvarsberedskap slik som er forutsatt i forslagene; det vil ta tid å øke forsvarsberedskapet igjen. Nyordningen forutsetter derfor en forutseende utenriksledelse som i tide tar initiativet til å få forsvaret styrket om verdenssituasjonen krever det.» (Innst. S. nr. 11, s. 29. Stort. Forh. 1932, VI a.)

Så flittig som desse orda har vori brukte i samanheng med forsvarsskipnaden av 1933, er det klårt at det alltid har vori lagt stor vekt på dei, og det løner seg å sjå litt nøyare på dei. Orda må vera slik å forstå at dei ikkje berre gjeld eit krafttak for forsvaret i augneblinken, om det brått skulle koma ei krise, men dei må gjelda ei grundigare styrking av forsvaret som tydelegvis må ta lenger tid, om det skulle koma ei ny storpolitisk stode med nye krav til forsvaret. Ansvaret for at forsvarsstyringa blir varsla om det i tide, blir lagd på utriksstyret. I det heile er denne forsvarsskipnaden i ikkje lite mål ei overføring av ansvaret for landsens trygd og fred frå forsvaret og til utriksstyret. Dei krava som her blir sette til utriksstyret, er ikkje mykje rimelege og står knapt for kritikk. For det fyrste er det kravet til utriksstyringa, at ho skal vera framsynt eller rettare føretenkt; det er eit reint ålment krav til utriksstyringa til alle tider og i alle land, og det kan ikkje settast opp serlege krav her for Noreg i 1933. Kravet til utriksstyringa er her absolutt og gjev ikkje rom for graderingar i å vera føretenkt. Utriksstyringa skal i alle tilfelle vera føretenkt til det yttarste av si evne. Mindre krav kan ein aldri setta til henne, men større krav kan det heller ikkje bli. Å setta opp krav som skulle gjelda serskilt for utriksstyringa i Noreg etter forsvarsskipnaden av 1933, ville vera for originalt. Ei anna side ved den saka er at utriksstyringa også måtte få slike hjelperåder og arbeidsvilkår at det kunne løysa denne store oppgåva si.

Det neste spørsmålet blir om utriksstyringa i eit land nokon gong kan bli så føretenkt eller framsynt at det er mogleg å byggja forsvarsskipnaden i landet på dette framsynet. Det torer ein trygt seia at det ville ha vorti nekta av dei største utrikspolitikarar som Europa har hatt. Alle fråsegner frå store utrikspolitikarar går ut på at å stå for utriksstyringa i eit land er det same som å sigla i eit mykje ureint farvatn der ein alltid må vera budd på at ein brått kan stå andlet til andlet med nye, ukjende og uventa farar. Veikare kan forsvarsskipnaden ikkje vera enn at han kan bera i slike nye og uventa situasjonar som kan dukka opp.

Av desse grunnane må ein seia at forsvarsskipnaden av 1933 som bygde på noko så laust og hypotetisk som ei føretenkt utriksstyring, den kunne ikkje gje landet nokor verkeleg trygd. Den spelte med sjangsen og vona om at lykka måtte vera god.

Dei spørsmåla som deretter reiser seg i samanheng med forsvarsskipnaden av 1933, er:

1) Korleis utvikla den utrikspolitiske stoda seg — den som skulle vera grunnlaget for forsvarsskipnaden — i dei åra som kom etter 1933?

2) Korleis vart forsvarsskipnaden av 1933 halden? Førde ei ny utrikspolitisk stode til nokor betring av landsforsvaret utanom det som denne forsvarsskipnaden gav eller skulle gje?

Til det fyrste av desse spørsmåla er å seia, at då forsvarsskipnaden

av 1933 vart sett i verk, var den utrikspolitiske stoda i røynda alt skift slik at det som skulle ha vori grunnlaget for denne forsvarsskipnaden ikkje lenger fanst. Forsvarsskipnaden i 1933 byggjer på den fredsoptimismen som endå var nokså vanleg i 1920-åra, men som det ikkje lenger var grunnlag for i 1930-åra, om det i det heile nokon gong hadde funnist. I så måte burde den «forutseende ledelse» alt ha varskutt i 1933. Då var den nye krigs- og overfallstida i verda alt byrja med overfallet åt Japan på Mandsjuria i 1931. Det var eit låkt varsel for framtida, at då veik Folkesambandet unna frå å gjera sin skyldnad og stogga og straffa ein fredsbrytar og nøgde seg med å senda ein studiekommisjon som skreiv ein rapport med kritikk over åtferda åt Japan, men utan at det førde til nokor verkeleg hjelp til China eller Mandsjuria. Vi hadde alt fått Gran Chaco-striden i Sør-Amerika med den blodige krigen frå 1932 til 1935 mellom Bolivia og Paraguay utan at Folkesambandet fekk stogga han. Vi hadde då alt i lang tid hatt høve til å fylgja dei dryge og vanskelege tingingane på den store nedvæpningskonferansen i Genève; den slutta med ugjort i 1934 etter nær 3 år med mykje oppslitande arbeid. Det var eit avgjerande nederlag for nedvæpningspolitikken, og alt i 1933 var det ikkje vanskeleg å sjå kva veg det bar med den.

Sjølve hovudsaka var då likevel at 30. januar 1933 var Hitler og nazismen komen til makta i Tyskland. Dermed var det komi ei ny stode for europeisk politikk og serskilt for Folkesambandet. Alt same året, 19. oktober, melde Tyskland seg ut or Folkesambandet, det kunngjorde gjennomføringa av ålmenn verjeplikt 16. mars 1935 og ei sterk oppvæpning, — tvert imot forpliktingane etter Versaillesfreden. Dei sigrande stormaktene England, Frankrike og Italia protesterte mot traktatbrotet (i Stresa), men fann seg i det. Tyskland gjekk inn i Rhinland 7. mars 1936 og militariserte det på ny tvert imot forpliktingar som det sjølv friviljugt hadde gått med på i Locarno, og utan at Frankrike eller England greip inn imot det. Det kunne tykkjast som tapet for Folkesambandet ved at Tyskland gjekk ut or det, vart oppvegi ved at Russland gjekk inn året etter, 1934 —, men det synte seg snart at så ikkje var tilfelle. Når Russland før ikkje hadde vori med i Folkesambandet, var det ikkje fordi at det prinsipielt var imot den fredspolitikken som der vart førd, men det hadde sine sermerkte årsaker som hadde si rot i bolsjevikrevolusjonen. Når derimot Tyskland no demonstrativt gjekk ut or Folkesambandet, var det ein hanske kasta til sjølve folkesambands-politikken, det sa seg fri for dei banda som Folkesambandet la på det og ville ha fritt slag til å føra sin eigen politikk og gå sin eigen veg. Når dette gjekk for seg under ein sterk nasjonalistisk agitasjon og med ei intens oppvæpning som no gav seg ope til kjenne, og når dette galdt det største folket i Vest- og Midt-Europa, kunne fylgjene knapt bli anna enn at sjølve folkesambands-politikken hadde fått eit ulivs-sår. Ein nokolunde heilsleg universalitet var hovudvilkåret for at Folkesambandet skulle føra fram. Dette var eit steg imot oppløysing og peika mot krig.

Såleis opplevde vi no, ikkje lenge etter Folkesambandet var komi i gang, ei sterk stiging i den ålmenne oppvæpninga, den største væpningstid som verda endå hadde sett. Og denne oppvæpninga kom i alle land, i småmakter likevel som i stormakter, i demokratiske like vel som i totalitære land.

Denne utviklinga gjekk for seg samtidig med og i indre samanheng med det italienske overfallet på Etiopia. Denne krigen skapte atter ei politisk stode som la vilkåra til rettes for alle dei andre tendensane som førde til den tyske militariseringa, brotet på Locarnoavtalen og innmarsjen i Rhinland og dermed for den intensifiseringa av oppvæpninga som fylgde med den.

Noreg heldt seg utanfor denne ålmenne utviklinga i Europa, ja gjekk stikk imot straumen. På nokre få år hadde den utrikspolitiske stoda no versna så mykje at jamvel utan hjelp av «en forutseende utenriksledelse» kunne kvar mann sjå det. Jamvel om den menneskelege optimisme alltid gjerne vil sjå fare og motgang som ein overgang og ikkje som slutten på dei gode tidene, så lyt ein likevel alt på dette tidspunktet lyfta den klaga mot den norske utriksstyringa at ho varskudde ikkje folket om kor farleg ei lei utrikspolitikken var åt å ta i Europa. Det vart ikkje reist krav om å styrkja den forsvarsskipnaden ein nett hadde vedteki, ja denne forsvarsskipnaden vart ikkje ein gong sett skikkeleg i verk.

Den store svinginga i Folkesambandspolitikken, 1936. Stoda til sanksjonsartikkelen (art. 16).

Stoda vart no slik at også vårt land kom i beinveges samband med dei storpolitiske hendingane. Det skjedde med Etiopiakrigen. Den sette også den norske utrikspolitikken på ei litt større prøve. Folkesambandet sette i gang økonomiske sanksjonar mot Italia, og vi laut vera med på dei. Sanksjonane vart berre gjennomførde for ein del, såleis ikkje for så viktig vare som olje og bensin, og difor førde dei ikkje fram heller. Stormaktene har ofte vori hardt dømde for det i dei små landa, såleis hjå oss òg, men vi sjølve gjekk ikkje med på sanksjonane med god hug. Det var mykje kritikk å lesa i norske aviser i den tida over at sanksjonspolitikken var til skade for dei økonomiske interessene våre, serleg for turrfisk-handelen til Italia. Dette var rett nok. Etter vår evne var offera våre for sanksjonspolitikken mot Italia større enn for dei fleste land, men det kunne då likevel ingen nekta at sanksjonane var sette i verk av Folkesambandet, at dei var ein hovudlekk i ein fredspolitikk som det var ei livssak for oss å fremja. Men ein ville helst sleppa med så små utgifter som mogleg til denne politikken. Dagsens små sorger hindra mange i å sjå dei verkeleg store — eller den store. Den lite ærefulle skorten på vilje til å yta eller ofra noko for ei stor sak, vart skarpt påtala i Stortinget av Hambro og Mjøen (27. mai, Stort. Tid. 1936, s. 1233 og 1249). Utriksministeren (Koht) streka då òg under, då sanksjonspolitikken var føre i Stortinget «at om vi var fullt viljuge til å gjera etter vår plikt,

så vilde vi ikkje i noko tilfelle gå lenger enn pliktene våre føreskreiv — — vi vilde ikkje skjera av fleire band med Italia enn vi i sanning var pliktige til». (Stort. Tid. 1936, s. 66 flg., jfr. s. 246—275.)

Då det vart sett ned ei serskilt nemnd i Genève til å greia med oljesanksjonane, let Koht Noreg vera representert i den nemnda, ikkje berre med den faste ombodsmannen vår i Genève, men også med ein av dei fremste tankskipsreiarane våre, og meininga med det var nett å akta etter at dei norske tapa i tankskipsferdsla ikkje vart for store (U.M. nr. 54, Genève nr. 33, 1936). Etter den plikta til samhjelp som sambandspakta kravde, spurde han òg hjå regjeringane i sume land kva dei kunne gjera til stønad for fiskeutførsla vår.

Såleis gav då Etiopiakrigen oss ei påminning om kva farar som kunne liggja i sanksjonspolitikken, og endå galdt det berre delvise og reint økonomiske sanksjonar, og dei galdt eit land som låg så langt borte som Italia. Korleis ville det gå om vi skulle bli nøydde til å vera med på sanksjonar mot land som låg oss nærmare? Og aller mest: korleis ville det gå om sanksjonane skulle gå ut over det reint økonomiske og bli militære? Plikta til å vera med på militære sanksjonar nekta vi rett nok, som vanleg var i Nordlanda, men saka var tvilsam.

Det som gav desse spørsmåla sitt fulle alvor, var at sanksjonspolitikken likevel ikkje førde fram. Veikskapen ved Folkesambandet kom skrikande fram. Italia fekk likevel høve til å slå Etiopia under seg, og vi kunne ikkje gå ut ifrå at Folkesambandet ville syna større vilje eller evne til å gjeva oss hjelp om vi kom i fare, enn det hadde gjeve Etiopia mot Italia. Trua på Folkesambandet var alt i ålmenn nedgang på førehand. Frå denne tid var det knapt nokon innvigd som rekna med at Folkesambandet kunne gje effektiv hjelp i den forma det hadde. Fanst det endå tru på Folkesambandet, var det meir som ein idé eller ei framtidsvon enn som ei makt for tida og dagen. Og endå var mange fullt klår over, at skulle Folkesambandet ikkje stå prøva denne gongen, ville sjølve nederlaget gjera alle freistnader på ei ombøting av Folkesambandet dobbelt vanskelege. Den gamle alliansepolitikken var alt i full utvikling, trua på dei demokratiske stormaktene England og Frankrike, som hittil mest hadde bori oppe folkesambandspolitikken, var i nedgang. Beste provet på det var at gamle klientar tok til å falla frå dei og nærma seg aksen. Såleis vekte det ikkje lite oppsikt då Polen gjorde ikkje-åtaksavtale med Tyskland, 26. januar 1934. Vesle-ententen, som Frankrike hadde vori serskilt interessert i, tok synbert til å losna. Europeisk politikk var komen inn i ein ny fase, og klårsynte menn var ikkje i tvil om at ein ny europeisk og kanskje ein verdskrig var i kjømda.

I denne stoda laut vi òg ta utrikspolitikken vår opp til revisjon, og etter våre vilkår måtte då denne revisjonen fyrst og fremst gjelda stoda vår til Folkesambandet. Ein mann som sendemann Colban (i Paris den gongen) varsla om det alt straks etter nazistane var komne til makta i Tyskland, og Japan og Tyskland hadde meldt seg ut or Folkesambandet

(27. mars og 19. oktober 1933). Det var nett sanksjonsartikkelen (artikkel 16, 1., 2. og 3. led) han peika på og meinte vi måtte ta våre atterhald imot (brev til U.D. 21/12 1933. Colban: Hvordan verdenskrig nr. 2 ble til, s. 15 ff.). Denne artikkelen sa han var gjeven med den føresetnaden at Folkesambandet var universelt eller nærma seg universalitet, men no var det att berre to stormakter i det (skulle vel vera tre) og verda heldt på å bli delt i to læger, eitt for og eitt mot Folkesambandet. Under slike vilkår kunne sanksjonsartikkelen koma til å driva oss inn i store farar.

Då Departementet (Mowinckel) spurde konsulenten sin i folkerett, professor Castberg, om forståinga av sanksjonsartikkelen, svara han at tanken om atterhald mot artikkel 16 i folkesambandspakta fyrst var framsett av professor Gjelsvik i 1926, men sjølv åtvarar han i to pro memoria til Departementet (5/1 og 1/6 1934) mot å veikja Folkesambandet på nokon måte, anten med utmelding eller med einsidige fråsegner om at vi vil løysa på traktatband som vi godkjende då vi gjekk inn i Folkesambandet. Vegen lyt vera, at før den kritiske situasjonen søkjer ein kontakt med andre statar som er i liknande stode. (Utrikske Meldingar.) Mowinckel reiste likevel spørsmålet på utriksministermøtet i Stockholm i august 1934, og kravde inntrengjande at vi skulle seia oss fri frå sanksjonsreglane åt Folkesambandet, men det førde ikkje fram den gongen.[1]) Det tiltaket som Mowinckel hadde vori så tidleg ute med, hadde likevel framtida for seg, dessverre.

Frå sume av sendemennene våre i utlandet kom det nok av alvorlege åtvaringar mot å lita på Folkesambandet. Serleg heldt Colban fram i brev på brev korleis folkesambands-politikken veikna, og krigspolitikken auka på, såleis serleg i eit brev frå London 26. febr. 1935 (Colban flytte til London i august 1934). Her peika han på kor vi var komne langt bort frå den norske lina i folkesambands-politikken, som gjekk ut på mekling, skilsdom og dom. Berre for nokre år sia kunne ei makt nøya seg med ei ikkje-åtakspakt for å hindra krig, men no lyt det til avtale om gjensidig stønad med våpenmakt: «Istedenfor å organisere freden organiserer man krigen, — ganske visst en forsvarskrig, men allikevel en krig. Jeg kan ikke skjønne annet, enn at dette må bidra til å vedlikeholde en spenning, som i det lange løp må lede til en eksplosjon.» Alt står på korleis Tyskland steller seg. Og han peikar på at det ikkje er nok å ha eit internasjonalt rettssystem, men ein må oppseda folket i dei ymse landa til å tru på det og rekna med det. Alliansepolitikken må ikkje få øydeleggja den politikken som byggjer på mekling, skilsdom og rettsavgjerdsle. Ei veke seinare skriv han til ein av embetsmennene i U.D. at det tarv ikkje bli krig i 1935 eller 1936 (6. mars 1935).[2]) «Men det brygger op til en sån krig. Det er sikkert. Og det må Norge innrette seg på i alle sine disposisjoner — storpolitiske og økonomiske og financielle». Den måten

[1]) Opplyst i trontaledebatten 19. januar 1940. Stort.Tid. 1940 s. 27.

[2]) Colban s. 56.

Noreg tek forsvaret sitt på, gjer han ottefull. Han har lita tru på at krigen står til å avverja, men eit hovudvilkår er i alle tilfelle at Tyskland forstår at det er ein fast vilje hjå dei andre folka til å forsvara seg. Noreg og Sverige må ha så pass forsvar at ei stormakt finn det lite lønsamt å gå til krig mot dei. Forstår vi ikkje det, kjem vi ikkje berre til å lida eit moralsk nederlag, men vår politiske fridom står i fare. Så mykje som 400 000 mann frå Noreg og Sverige til saman ville ha verd.[1])

Sendemannen vår ved sjølve Folkesambandet, Einar Maseng, åtvarar òg mot farane ved folkesambands-politikken for dei statane som ynskjer å vera nøytrale under ein krig. Når det no har vorti to maktgrupper, den eine i og den andre utanfor Folkesambandet, kan ein ved sanksjonssystemet bli dregen inn i ein krig mellom dei to gruppene. Han åtvarar mot å friska oppatt artiklane 10 og 16 og gjera dei til grunnlag for eit vernesystem mot Tyskland; heller bør det bli spørsmål om å ta visse atterhald mot artikkel 16. Det kan koma krig under reint andre vilkår enn ein tenkte seg då ein gjekk inn i Folkesambandet (U.M. 1935 nr. 21, brev 3. april 1935). Dette er i ei hovudsak det same som Colban skreiv frå London nett dei same dagane (9. april 1935): «Og jeg mente, at de forusetninger, hvorunder Norge hadde tiltrådt Folkeforbundspakten, herved var blitt så forandret, at det for mig stod som et spørsmål, hvorvidt sanksjonsbestemmelsene i pakten rettslig og moralsk fremdeles kan sies å binde oss.» (Colban s. 86.)

Mange av dei varmaste fredspolitikarane ute i Europa ynskte at sanksjonspolitikken mot Italia skulle halda fram, også etter Italia hadde slegi Etiopia militært. Dei vona at sanksjonane endå skulle kunna tvinga Italia i kne, så det til slutt laut gje frå seg landet det hadde teki. Desse vonene laut snart bli oppgjevne. 10. juni 1936 varsla den engelske finansministeren, Neville Chamberlain, i ein klubbtale at England ville gje opp sanksjonane, og 18. juni vart det meldt offisielt i underhuset av Eden, same dagen som også fyrsteministrane i Canada og Australia kunngjorde at det måtte vera slutt på sanksjonspolitikken. Dagen etter fekk dei fylgje av Léon Blum og den franske regjeringa, og 27. juni gjekk Polen så langt at det avlyste sanksjonane utan vidare.

Den norske utriksministeren (Koht) var fullt klår over den kritiske stoda som folkesambands-politikken var komen i og budde seg grundig med å samla kunnskap og rettleiing om stoda. I påskeferien gjorde han ei stor reise til ei rad av dei austeuropeiske hovudstadene. Det var dei små og mellomstore statane han serleg tenkte på, dei som hadde same farar og interesser som vi sjølve; men då han vitja Polen, fann han det klokt å ta Russland med. Han byrja reisa som privatmann til Praha, Budapest og Bucuresti, då han her kunne gjera seg nytte av stoda si som internasjonalt kjend historikar — han hadde då nyst i fleire år vori president i den internasjonale historikarkomité —; men til Warszawa og Moskva fann han det klokast å reisa offisielt som norsk utriksminister, og trudde

[1]) Brev 9. juli 1936, Colban s. 48 ff. og s. 86.

at det var til vinning for landet. Lærdomen av reisa gjorde han greie for i ein tale i eit løyndemøte i Stortinget 4. mai (medteken i U.M. for 1936 nr. 171). Inntrykket var nedslåande, det var for «det fyrste dette, at dei i alle statane aller fremst tenkjer på seg sjølv, på sine eigne spørsmål og på det som kan tena deira eigne serskilde interesser». Det gjer dei ikkje berre i land som var så ille stelte som Austerrike og Ungarn, noko som han kunne forstå, men jamvel i eit land som Tsjekkoslovakia, som elles hadde hatt slike statsmenn som Masaryk og Benes. Om samtalen med den tsjekkiske utriksminister Krofta skreiv Koht i eit serskilt notat: (U.M. 1936, nr. 134):

«. . . når Krofta so sa at den einaste måten å stagga Tyskland på, var å ringa det inn med slik hærmakt på alle kantar so det ikkje våga nokon ågang, då måtte eg på nytt segja at dette var berre den gamle politikken uppatt. — — Eg tykte det var leitt å høyra at den tsjekkiske utanriksminister hadde so lite av konstruktiv politikk. Det høyrdest som han ikkje tenkte på anna enn tryggja sitt eige land med so mange makträder som mogleg. Dette kan vera naturleg nok; men kvar fører det av?»

Nett den same innstillinga som hjå den tsjekkiske fann Koht hjå den russiske utriksminister Litvinoff. Otten for Tyskland er grunnlaget for politikken hans, og målet er «å ringa inn Tyskland med ein mur av allianser som det skulde bli uråd for det å bryte igjenom». Koht nekta ikkje at dei andre landa hadde rett eller jamvel plikt til å tenkja på seg sjølv, men han meiner at dei ikkje «såg sine eigne nasjonale spørsmål i ein større samanheng, — at dei ikkje berre tenkte på trygda for landet sitt i notida og den aller næraste framtida, men at dei vilde byggja ein millomfolkeleg rettstilstand som kunde gjeva ei varig trygd for alle land på jorda». Han ser at stormaktene driv og rustar, men er klår over at ein lyt attende til den gamle nedvæpningspolitikken. Ved sida av nedvæpningspolitikken var det fyrste hovudmålet han set opp for den ålmenne utrikspolitikken å få maktene til å ta opp alle dei konkrete spørsmål som kan gøyma ein krigsfare i seg, til ålmenn drøfting og vonleg dermed òg til løysing. Det ser ut til at Koht har hatt den vona at han sjølv skulle få lykke til å hjelpa fram ein slik ålmenn europeisk avspaningspolitikk, å driva aktiv fredspolitikk, som han ofte tala om.

Det var med sikte på at sanksjonspolitikken no ville koma opp på rådsmøtet i Folkesambandet at Koht heldt denne talen for Stortinget. I ordskiftet etterpå gav han tydeleg til kjenne at han ville ikkje halda fram med sanksjonane mot Italia, etter det no var eit faktum at det hadde slegi Etiopia under seg. Her måtte Folkesambandet berre vedgå at det hadde lidi eit nederlag. Skulle ein halda fram med sterke økonomiske sanksjonar, ville det til slutt føra til militære, det ville vera å møta krigen med makt og berre halda ved like det gamle krigstilstandet. «Det løyser for min tanke av seg sjølv spørsmålet um nøytraliteten vår, at når vi ikkje skal bruka militære makträder innanfor Folkesambandet — ja, då er vi dermed nøytrale. Eg meiner at det må vera vårt standpunkt,

at vi ikkje skal vera med på militære makträder; men vil vi ikkje vera med på militære maktråder, så har vi ingen rett til å krevja at dei andre skal bruka dei, det må vi endeleg hugsa på. Her er ein konsekvens, ein samanheng i denne politikken.» (Protokoll med referat frå løynlege stortingsmøte 1936, s. 192—197. Talen er innteken i U.M. 1936 nr. 171.)

Hovudinntrykket av talen var at endå om det ikkje var nokon krigsfare nett no, så var freden i Europa mykje utrygg. Det fekk Mowinckel til å reisa spørsmålet «om vi ikke kan gjenvinne vår nøytrale stilling» — altså den nøytrale stoda vi hadde hatt før vi gjekk inn i Folkesambandet, likevel utan å bryta ut or Sambandet. Vi måtte vera klåre over at no ville det ikkje lenger bli tale om å nytta sanksjonane mot ei eller anna åtaksmakt, men vi måtte rekna med krig mellom maktgrupper. Sorenskrivar Bonnevie derimot ville styrkja sanksjonane; å veikja dei kan nok gje ein lette for dagen, men i lengda tener det interessene åt Hitler og Mussolini. Då Koht var vonbroten over at ein gamal pasifist som Bonnevie ville styrkja sanksjonar som kanskje kunne bli militære, svara Bonnevie at det vonbrotet også måtte gjelda «f. eks. hele det engelske arbeiderparti, den må gjelde den faglige konferanse som nettopp fant sted i London». Slik som det no hadde utvikla seg, nytta det ikkje anna enn med eit «sterkt mellomfolkelig — om nødvendig militært vern, som kan behandle angrepskrigen som den forbrytelse den er». I dette synet fekk han kraftig stønad av formannen i militærnemnda, generalkrigskommissær Mjøen.

Mot denne ålmenne diskusjonen om Folkesambandet freista skipsreiar Bruun å føra diskusjonen inn til stoda for vårt eige land. «Vi er nu i et hemmelig møte og må kunne se sannheten i øinene, og sannheten er jo den at vi i øieblikket er et helt avvebnet folk. Nu sies det at ingen nøitralitet lenger er mulig, og hvad skal vi gjøre i tilfelle av at vår nøitralitet blir krenket? Jeg går ut fra at dette spørsmål har vært drøftet meget nøie i Regjeringen og meget nøie i Forsvarsrådet. Det vilde vel nærmest være mord å sende våre helt kampudyktige fartøier mot moderne skib, og å sende våre folk som ikke er utrustet med de aller nødvendigste midler i en moderne kamp, mot militært moderne utrustede soldater!» Denne freistnaden på å føra ordskiftet frå den ålmenne talen om Folkesambandet og til det som i fyrste rekkja var sjølve livsspørsmålet for vårt eige folk, vart stogga av presidenten, Magnus Nilssen, med at det skulle ikkje vera nokon forsvarsdebatt. Bruun nekta at han førde forsvarsdebatt, og hevda at det måtte vera «nokså meget på sin plass å drøfte det spørsmål, hvad vi skal gjøre i tilfelle av at den krig inntreffer som utenriksministeren i det minste trakk op som en mulighet». Etter den samanhengen som forsvarsskipnaden av 1933 var sett i med den utrikspolitiske stoda, måtte spurnaden åt Bruun vera heilt rettkomen, men presidenten gjennomførde sitt, og det var ingen som tok opp det emnet Bruun hadde dregi fram. (Ordskiftet i Referatprotokollen for 1936, s. 198—213.)

Endå Koht såleis greitt heldt fram den ålmenne krigsfaren i Europa, er det så langt ifrå at han vil la dette få fylgjer for forsvarsstoda åt Noreg at han tvertimot åtvarar mot å la den ålmenne krigsfaren få slike fylgjer. I ein tale ved eit anna høve, men nokolunde på same tid, 18. mars 1936, sa han såleis: «Eg trur for min part at det er å gjera urett mot folket vårt, det er å gjera urett mot all god politikk, å nytta den politiske situasjonen no ute i verda til å skræma oss upp og få oss til å gå med på større militærutgifter enn vi elles vilde ha gått med på. Alle skræmslor, redslor av det slaget hjelper til å skapa eit fårleg sinnstilstand, kanskje det fårlegaste av alle sinnstilstand i den millomfolkelege politikken. For det er just redsla som får folk til å tenkja uvitugt og gå fram uvitugt, det er den som skaper krigsfåren.» Han vågar jamvel å søkja trøyst i ei så tvilsam sak som «at ansvarskjensla hos regjeringane er mykje sterkare no enn ho var i 1914».[1]) Beint etter Mussolini hadde herteki Etiopia og Hitler hadde gått inn i Rhinland, må vel dette seiast å vera eit merkeleg påstand.

Etter føresetnadene for herskipnaden av 1933 skulle «en forutseende utenriksledelse» no ha varskutt om at tida er inne til å styrkja den minimumsskipnaden som vi då hadde fått. Det var så langt ifrå at det vart gjort, at Regjeringa ikkje ein gong ville vera med på å setta heilt ut i verk den veike skipnaden som då var vedteken. Som fungerande statsminister sa Koht: «. . . det er då stridt likevel å krevja at for di um dei borgarlege partia i 1933 gjorde eit kompromiss um hærskipnaden, så skal difor vi i arbeidarpartiet plent vera bundne til slik ein lojalitet mot det kompromisset som vi ikkje er ansvarlege for.» [2])

No våga arbeidarpartiet likevel ikkje å gå tvert mot herskipnaden av 1933. Det rekna med han, men gjekk berre trått og motviljugt med på ei delvis gjennomføring av han. Det var ein sermerkt halvskapspolitikk med all den uklårleik som gjerne plar fylgja med slik politikk. I røynda var det korkje ja eller nei til forsvaret. Det var vel ei naturleg fylgje av indre motsetningar i partiet som her skulle møtast, på den eine sida ein forsvarsvilje som kravde eit verkeleg eksistensforsvar, på den andre sida det gamle synet som hadde vanskeleg for å riva seg laus frå sin gamle uvilje mot forsvaret. Her var rett nok dei andre partia, fyrst og fremst venstre, mykje medansvarlege; men hovudansvaret måtte då likevel falla på dei som sat med regjeringa.

Rådsmøtet i Folkesambandet var 11.—13. mai. Dei to dagane føreåt hadde utriksministrane frå dei nordiske landa Noreg, Danmark, Sverige, Finnland og frå Nederland samråding om sanksjonsspørsmålet; sia kom utriksministrane frå Sveits og Spania med òg. (Referat frå desse møta ved Einar Maseng i U.M. 1936 nr. 195—197 og 199.) I desse samrådingane tok Koht opp den politikken han hadde varsla om i Stortinget, at ein måtte bøya seg for faktum i Etiopia og gje opp sanksjonane, og ein måtte

[1]) Stort. Tid. 1936, s. 570.
[2]) Stort. Tid. 1936, s. 739.

få retta pakta slik at sanksjonsartikkelen anten gjekk ut eller vart trengd attende. Han heldt fram at i Noreg var dei sakkunnige komne til at militær medverknad ikkje var obligatorisk etter artikkel 16, og folkemeininga i landet var imot slik medverknad. Han hadde også sine tvil om dei økonomiske sanksjonane; mot ei stormakt ville dei ikkje føra fram, men det var der dei skulle stå si prøve. Så langt i tvil og atterhald mot sanksjonspolitikken ville dei andre utriksministrane ikkje gå, heller ikkje i å gje opp saka åt Etiopia. Dei var redde for konsekvensane for dei små landa om aggresjon (som i Italia) åleine skulle vera nok til å sletta ut ein sjølvstendig stat. Og med omsyn til sanksjonane ville land som Sverige og Danmark nok ikkje kjenna seg forplikta til å gje militær medverknad, men dei ville ikkje binda seg til å ikkje gjera det heller. Kvart land måtte i kvart gjevi tilfelle sjølv avgjera kva framgangsmåte det ville nytta. Det var ikkje før Sveits kom med at Koht fekk stønad. Den sveitsiske utriksministeren Motta, meinte òg at ein straks måtte slutta med sanksjonane mot Italia, og om sjølve sanksjonsartikkelen tala han på ein måte som Koht kunne godta ord for ord, og som vi kjenner frå Stortinget og Kohts tale der. Skal dei økonomiske sanksjonane føra til målet, må dei vera så strenge at dei er jamgode med militære eller fører til slike, men det er meiningslaust å nytta militære framgangsmåtar for å få til fred; ein fred som vi får på den måten, vil føra til ny krig. Folkesambandet lyt avgrensa oppgåva si til å vera eit forum for internasjonale rådleggingar. Ein kan seia at dette berre var ei naudsynleg fylgje av den politiske framvoksteren slik som han hadde laga seg med ei rad av stormaktene utanfor Folkesambandet mot Italia i Etiopiakrigen; men slik som Koht grunngav denne politikken med at ein i det heile ikkje måtte nytta makt for å hindra krig, gjekk han i grunnen prinsipielt imot det som er grunnlaget for sjølve folkesambandspakta, for det er nett at krig skal ein i alle tilfelle hindra, jamvel om det må bli med makt. Koht hevdar her ein absolut pasifisme som var sermerkt for han personleg, og det er lite truleg at han hadde medhald av fleirtalet i folket sitt for sjølve dei prinsipp som han byggjer politikken sin på.

Då Koht gav melding om desse drøftingane i Genève i møte i Utriksnemnda (26. mai) streka han då òg under at han hadde sagt i Genève «at eg for min part berre uttala meg på mine personlege vegner, at eg rekna heile dryftinga der for ei fyrebuingsdryfting, og at eg ikkje kunde vera med på noko slag avgjersle, og at eg ikkje kunde svara for korkje Regjeringa eller Stortinget». Dette atterhaldet gjeld likevel knapt serskilt grunngjevinga for politikken hans, der det var vel bruk for det, men det gjeld politikken hans i det heile. Det var svært varsamt gjort, for i dei rådgjerdene han gjorde framlegg om eller arbeidde for, kan ein visst seia at han var ikkje berre ein dugande, men også lojal talsmann for ein slik fredspolitikk som det store og overmektige fleirtalet i folket hans ynskte å føra. Denne politikken vart alltid på førehand grundig drøfta i utriksnemnd eller storting, og han sytte også for at han førde

politikken sin i nøye samsvar med dei andre nordiske utriksministrane. Då saka kom opp i Stortinget eit par veker etterpå (27. mai) gjekk utriksministeren ikkje inn på desse prinsipielle synsmåtane, men han tala om dei reint ålmenne vilkåra for fredspolitikken åt Folkesambandet. Han hevda at det galdt ikkje så mykje å retta på Folkesambandspakta som å syta for at ho vart halden, det galdt serleg artiklane om nedvæpning, om traktatrevisjon og om retten åt kvar sambandsmedlem til i venskap å halda fram alt som kan skipla freden og den gode forståinga mellom statane (art. 8, 19 og 11 i pakta). For sanksjonane hevda han at dei måtte vi ikkje gje opp einsleg men kollektivt; vi måtte stå solidarisk saman med dei andre statane. Det var synsmåtar som ikkje møtte motlegg, men vonbrotet over Folkesambandet gav seg beiske ord i møtet, og den tanken å gå ut or Folkesambandet let seg høyra. Det var for stor vågnad og for lita vinning med å stå i Folkesambandet (Stort. Tid. 1936, s. 1225—1353).

Spørsmålet om sanksjonane vart utsett ved møtet i mai månad, men då Tinget (l'Assemblée) møtte i juli, tok dei 7 Oslo-statane det opp i eit kommuniké 1. juli. Dei hevda der at dei hadde gått inn i Folkesambandet under vilkår som no ikkje lenger fanst slik at dei kunne vera nøgde med det (dans une mesure satisfaisante). Pakta er ikkje halden på fleire punkt der det gjeld å hindra at krig bryt ut (l'activité préventive) og serleg ikkje kravet om nedvæpning, men så lenge pakta i sin heilskap blir halden så uheilt og inkonsekvent, vil dei heller ikkje kjenna seg bundne av sanksjonsartikkelen. (U.M. 1936 nr. 262. Stort. Meld. nr. 3, 1937.) Nokre av ministrane gav nøyare greie for meininga med dette kommunikeet i talar i Tinget, Koht i ein tale av lysande klårleik. (S. st. nr. 263. Survey of International Affairs, 1935, vol. II, s. 492—504.) Tanken med atterhaldet mot artikkel 16 var ikkje å få han ut, men å styrkja verkekrafta åt alle artiklane i pakta, såleis at ein kunne vera viss på at sanksjonane verkeleg kunne nytta, eller helst at dei kunne bli uturvande. Serleg heldt Koht her sterkt fram den hovudtanken i folkesambands-politikken sin, at ein måtte ta fram dei konkrete sakene som kunne bli årsak til strid og løysa dei (artikkel 19). Når den preventive verksemda åt Folkesambandet kom så vidt sterkt fram i kommunikeet frå dei 7 statane, er det i aller beste samsvar med eit hovudkrav hjå Koht.

Den ålmenne og sterke kjensla av nederlaget frå Folkesambandet gjorde at Tinget (l'Assemblée) 4. juli 1936 bad regjeringane frå alle land som var med i sambandet om å koma med framlegg som kunne føra til at grunnsetningane for sambandspakta vart gjennomførde. Dei nordiske utriksministrane drøfte saka på eit møte i København 20. august. Dei stod saman i synsmåtane, men gav dei kvar si utforming, Koht i eit brev til generalsekretæren for Folkesambandet 29. august og deretter i ein ny tale i Folkesambands-tinget 26. september. (U.M. 1936 nr. 327 og 373.)

Det var atter det preventive arbeidet åt Folkesambandet for å hindra stridsemne i å veksa opp til å bli farlege som Koht mest streka under.

Koht var også den som gjorde opptaket til å få dei andre nordiske statane og Nederland med på eit framlegg om at Folkesambandet på ny skulle setta opp den 3. kommisjonen (nedvæpningskommisjonen), og Chr. Lange vart no fyrste formannen i den. Meininga var at på denne måten skulle ein halda liv i nedvæpningstanken og kanskje også få i stand avtalar om eit slag tilsyn med væpninga. (U.M. 1936 nr. 393 og 408. Opplysningar frå Koht.)

Om den norske forståinga av fråsegna frå dei 7 statane 1. juli 1936 sa Koht då denne saka kom opp i Stortinget 24. juni 1937: «Noreg kjenner ingen skyldnad på seg til å vera med i militære sanksjoner, krigstiltak mot ein fredsbrytar. Sjølve artikkel 16 legg det i hendene på kvar einskild stat om han vil gå med i slike tiltak, og Noreg vil sjølv vera herre over avgjersla si i so måte. Eg tvilar på at det norske folket nokon gong vil gå i krig so sant det kan halda seg utanfor.» Noreg vil ikkje la nokor makt få gjennomgang gjennom landområdet sitt utan samtykke av den norske regjeringa, jamvel om det gjeld å aga ein fredsbrytar. Heller ikkje vil det gå med på økonomiske sanksjonar utan samtykke av dei norske statsmaktene. «Noreg vil visseleg alltid uppfylla pliktene sine etter sambandspakta. Men det har sjølv rett til å avgjera om skyldnaden i ei gjeven stund ligg fyre». (Stort.Tid. 1937, s. 1652). I denne politikken fekk han medhald frå alle sider i Stortinget. Her kunne han lita på at han hadde heile Stortinget attom seg, sa Mowinckel (S.st. s. 1655)

Små tangeringar med den europeiske storpolitikken.

Med atterhaldet mot sanksjonane gjekk vi då eit godt steg attende mot den gamle nøytralitetspolitikken. Det førde atter til ei understreking av det norske atterhaldet i all utrikspolitikken, og ser ein bort frå tiltak for sjølve fredssaka, heldt Koht strengt på den lina. Det synte seg tydeleg i stoda hans til Brüssel-konferansen i november 1937, som skulle greia opp med den japansk-kinesiske striden, — ifrå Folkesambandet sin synsstad eit liknande nederlag som i Etiopiastriden. Saman med dei to andre nordiske landa, Danmark og Sverige, hadde vi skrivi under på 9-maktsavtalen frå Washington 1922 med China, og hadde dermed i røynda plikt til å møta på konferansen. Koht hadde helst lati vera, då han var klår over at vi ingen ting fekk å seia, men berre vart tekne med på slepetog av stormaktene, vel òg fordi det kunne bli til skade for dei økonomiske interessene våre i Aust-Asia om vi var med. Både av di vi på førehand hadde ei viss plikt på oss her, og av di han ikkje ville skilja seg ut or det nordiske samarbeidet, let han likevel Noreg vera med, men Noreg som dei andre nordiske landa let vera å røysta for den kunngjeringa som vart utferda; det var ei alvorleg åtvaring til Japan og ei ny forkynning av at lov og rett måtte råda i Aust-Asia. I denne atterhaldne politikken fekk Koht fullt medhald då saka kom fram i Utriksnemnda 24. november 1937, serleg frå Mowinckel. Hambro klaga likevel over det norske atterhaldet i store rettssaker, berre av di det var fare for å missa nokre kroner — anten det no galdt rettskrenkinga åt Italia eller Japan, — i det heile over nøytraliteten når det galdt spørsmål om rett og urett i internasjonalt samliv, og han peika på at kanskje kunne nøytraliteten også bli kostesam og dyr når ein såg på ei lang framtid. I røynda galdt kritikken åt Hambro meir den offentlege opinion i landet, reaksjonen eller skorten på reaksjon i den, enn han galdt den politikken som Utriksdepartementet førde, for der torde Hambro heller ikkje anna enn å gje Koht medhald. (Referatprotokollen frå møtet s. 13—27.)

Ei viss motsetning var det då likevel — kanskje meir på grunn av ulikt lynde enn av ulike meiningar, og denne motsetninga fekk ein opp att då Koht let Noreg godkjenna den etiopiske keisartitelen åt kongen av Italia. Det gjorde han både av di at det italienske herredømet i Etiopia var ei kjensgjerning, og også med ein tanke på at vi nett skulle til med handelspolitiske forhandlingar med Italia. Endå Noreg var mellom dei aller siste maktene som gav denne godkjenninga, tykte Hambro likevel det var for tidleg når ein her skulle ofra idear og ideal. Han fekk stønad frå Vegheim, men menn som Sundby og Lykke svara nok betre til fleirtalstemninga i Stortinget når dei roste Koht for den realpolitikken han førde her. Nokon større skilnad kan ein likevel ikkje tala om her; det gjeld berre nyansar i politikken, for godkjenninga av det etiopiske keisarriket åt Italia ville ha komi etter Hambros line òg. (Referatprotokollen frå møtet i Utriksnemnda s. 55—56, 3. juni 1938.) I det heile hadde Koht ålment medhald i utrikspolitikken frå alle menn og parti.

Under dei vanskelege politiske tilhøva i denne tida tok Koht um sumaren 1936 til med den skikken å kalla saman sendemennene frå dei ymse norske legasjonane, som gjerne var i Noreg i sumarferien, til samrådingsmøte i Utriksdepartementet. Det var ein lekk i den same politikken som gjorde at han også vida ut skikken med å senda utriksmeldingar til det mangedobbelte av det som før hadde vori. Meininga var å gje gjensidig rettleiing, sikker kunnskap til alle legasjonane om stoda åt Noreg, i det heile å sveisa utriksetaten saman til ein fastare einskap. Det var ein lekk i same arbeidet at han ofte samla tenestemennene i Utriksdepartementet til møte — gjerne kvar veke om det var høve til det — for å greia ut dei utrikske spørsmåla som til kvar tid var mest aktuelle.

Politisk interesse hadde denne gongen serleg spørsmålet om Noreg skulle skriva under den flåteavtalen som hadde vorti oppsett i London 25. mars, og som England gjerne ville ha. Det galdt ei avgrensing av sjøvæpningane. Så lite av flåte som Noreg hadde, kunne denne saka ikkje ha nokon verkeleg realitet for oss, men England ville gjerne ha småstatane med på det, så det på denne måten kunne samla ein internasjonal opinion for å avgrensa væpningane. Utriksråden rådde ifrå, då han ottast

at avtalen kunne koma til å dra oss inn i forviklingar med dei store, men Koht ville gjerne vera med på alt som kunne letta nedvæpninga. Dertil meinte han at det kunne vera større fare med å avvisa innbydinga enn å gå med. Vi hadde hatt så mange stridsspørsmål med England i den siste tida at dei rekna oss som «en smule vrangvillige og — litt tyskvennlige!» Difor kunne det kanskje vera klokt å samtykkja. Tingingane drog ut, for Koht ville helst at Noreg skulle stå saman med dei andre nordiske maktene, men Sverige og Finnland ville ikkje gjerne gå med før dei hadde visse for kva slag avtale som kunne bli gjort med dei andre Østersjømaktene, Russland og Tyskland. (Opplyst av Koht då han tok saka fram i Utriksnemnda 16. desember 1936. Referatprotokollen s. 51.) Saka kom endeleg fram på møtet mellom dei nordiske utriksministra i Oslo 5. og 6. april 1938. Dei vart samde om å føra fram tingingane om flåteavtalen, og 21. desember vart avtalen underskreven.

Landet vårt var, dette året for det fyrste sendemannsmøtet (1936), under påtrykk av to stormakter i to interessante saker, — frå Russland i Trotzky-saka, frå Tyskland i Ossietzky-saka. I båe tilfelle galdt det for eit lite folk å hevda retten til å styra med sakene i landet sitt etter sitt rettssyn og sine ideal. Til russisk påstand om at Noreg krenkte visse krav i folkeretten med å gje Trotzky rett til å vera i landet, svara utriksministeren: «Enhver beskyldning herom må på det bestemteste avvises av den norske regjering.» (U.M. 1936 nr. 330 jfr. 350.) Då det bar til stykket, viste den norske regjeringa (Justisdepartementet) likevel Trotzky ut or landet — men ikkje til Russland —, av di han hadde krenkt visse forpliktingar som han hadde teki på seg, og som var vilkåret for at han kunne få lov til å vera i landet. Det var klårt nok at Regjeringa ikkje ville ta nokon alvorleg strid på denne saka.

I Ossietzky-saka avviste utriksministeren likeeins påstand om at det var ei overlagd krenking av Tyskland at ei stortingsvald nemnd ga Nobelprisen til «ein notorisk landssvikar». (S.st. nr. 494.) Imot dette hevda han at dette var ei sak som storting og regjering ikkje hadde noko med å gjera. Nobelkomitéen hadde full fridom og sjølvstende. Dette vart kraftig understreka året etter, då Stortinget vedtok at om stats- og utriksministeren var med i Nobel-nemnda, skulle dei gå ut or nemnda så lenge dei sat i regjeringa.

I dette arbeidet på å hevda sjølvstendet åt Nobelnemnda og hindra tiltak frå Tyskland mot Noreg hadde utriksministeren ikkje god hjelp i den norske pressa. I eit møte i Utriksnemnda 16. desember klaga han seg: «Eg har set dessverre — eg er lei for det — at det i ymse norske blad likesom har vori mint um dette: Skal ikkje Tyskland no snart koma med noke slag repressaliar mot oss? Men det er den vanlege måten i pressa vår. Dei har ikkje minste sans for å halda seg tilbake i slike ting.» I denne klaga fekk Koht fullt medhald av Mowinckel: «Det er riktig, som utenriksministeren sier, at pressen har formelig innbudt Tyskland, som om den vilde glede sig om Tyskland tok et skritt nr. 2 i denne sak. Det er ganske

opprørende. Det er ikke noget nytt at den slags stemninger får uttrykk på den måte i pressen; men det er like beklagelig for det.» (Protokollen frå møtet s. 83.) Skort på nasjonal takt, disiplin og lojalitet er det då dei ansvarlege statsmennene klaga over hjå pressa i denne saka.

Frå tysk side førde saka til ein del formelle krenkingar av Noreg. Såleis forbaud regjeringa tyske borgarar å ta mot norske dekorasjoner, og ho sa frå at ho ikkje ville gje tyske dekorasjonar til norske borgarar og slo det fast med å gå demonstrativt framom den norske sendemannen i Berlin med ei ordensutdeling; ho nekta og tilgjenge til det tyske krigsakademi for eit par norske offiserar. Den norske utriksstyringa svara med å forby den norske sendemannen å møta på dei store partidagane åt nazistpartiet i Nürnberg og på agitasjonsmøta åt Nordische Gesellschaft i Lübeck, men gjekk ikkje lenger, kalla såleis ikkje heimatt den norske sendemannen i Berlin, som det elles kunne ha vori grunn til. Denne attendehaldinga frå møte i Nürnberg og Lübeck gjekk ikkje utan kritikk i Stortinget. Det var i det heile mange klagemål over Koht for at det gjekk så trått med å koma attende til normalt samhøve til Tyskland, men Koht hevda at dette var det minste vi for vår ære skuld kunne gjera til svar på dei tyske krenkingane. (Protokoll frå løyndemøte i Stortinget i 1938 s. 396.)

På ei noko større prøve vart den norske utriksstyringa sett med borgarkrigen i Spania 1937. Det byrja med forbod mot at nokon frå Noreg gjekk i krigsteneste for nokon av partane i borgarkrigen i Spania (19. mars) og deretter med forbod for norske skip mot å frakta våpen til Spania, jamvel om dei ikkje gjekk ut frå norske hamner (16. april). Koht kunne fortelja i Stortinget at Noreg var det fyrste landet som sette dette forbodet i kraft. Vi måtte «føre aktiv fredspolitikk». (Protokoll frå løyndemøte i Stortinget 21. juni 1937.)

At vi gjekk med i non-intervensjonspolitikken, var sjølvgjevi og hadde i denne samanhengen lite å seia. Det gjorde alle land i Europa, berre med ei serstode for Sveits. Sermerkte tiltak gjorde derimot Koht då det spanske spørsmålet kom opp på møtet i Folkesambandet om hausten; då var han ein av dei som var mest aktivt med i arbeidet på å få utforma ein resolusjon, serskilt med kravet om at Rådet skulle nytta alle høve til å finna ei fredleg løysing på striden. Koht ville at Folkesambandet skulle freista få dei to stridande partane i Spania til å gjera våpenkvile så det kunne bli haldi ei folkeavrøysting under tilsyn av Folkesambandet om kva for ei statsform det spanske folket ynskte. Han fekk ingen stønad for denne tanken, og då det elles etter mykje strev lykkast å få til ein resolusjon, vart han nedrøysta, då to av statane, Albania og Portugal, røysta imot, visstnok etter ordre frå Vatikanet. (U.M. nr. 171 og 177 for 1937.)

Under krisa vart 26 norske skip stogga og førde i hamn, eitt av den spanske regjeringa og 25 av Franco. Då protestar ikkje hjelpte, og vi heller ikkje hadde godkjent Franco-regjeringa eller hadde diplomatisk samband med den, førde dette til slutt Regjeringa inn på den tanken å verna den nor-

ske skipsfarten der nede med å senda eit krigsskip — slik som Nederland alt hadde gjort i mars — og ho gjorde framlegg 9. april 1937 om å senda det beste vi hadde, «Olav Tryggvason». Saka vekte stor tvil i Utriksnemnda, serleg hjå Mowinckel, som sette fram det spørsmålet om «Olav Tryggvason» skulle nytta makt eller ei, og kor langt han i tilfelle skulle gå i å nytta makt. Til det svara utriksministeren at han skulle «presentera si makt»; han streka under at ein ikkje ville tola at ei norsk skute vart teken, men sjølvsagt skulle «Olav Tryggvason» ikkje gjeva seg ut i slag mot overmakt. Dette fann Mowinckel var ein mykje tvilsam ting, om det skulle føra til at «Olav Tryggvason» laut dra seg attende for overmakt, i det heile om Franco ikkje ville vyrda protestar, og vi kanskje på denne måten kunne bli dregne inn i stridar som var farlegare enn interessene våre gjorde rimeleg. For kommandørkaptein Sverdrup var dette spørsmålet ei så viktig sak at han ville la det avgjera korleis han ville stella seg til spørsmålet om å senda krigsskipet. Han skulle vera med på å senda «Olav Tryggvason» om meininga var at vi skulle «opptre som det sømmer seg en fri nasjon på havet, det vil si at vi skulle ta konsekvensene av alt vi gjør der nede. Men er meningen at vi under alle omstendigheter bare skal protestere ved hjelp av det norske orlogsflagg, da tror jeg jeg vil stemme imot det. Da tror jeg vi gjør urett, for vi har dog noe å vareta som den frie og stolte nasjon vi alltid har vært. Vi bør ikke innrette oss sånn at det norske orlogsflagg blir utledd på grunn av våre handlinger.» (Protokollen frå møtet s. 3 ff. 18, 23, 28 f.) Alle tvilsmåla gjorde at saka vart utsett i Utriksnemnda, ein ville gjerne også fyrst veta korleis Danmark ville stella seg i denne saka, i det heile her som elles ha mest mogleg nordisk samarbeid. Koht bad sjølv om at saka måtte bli utsett i eit brev til Utriksnemnda 16. april, då det no kanskje var voner om at ein kunne få saka ordna av Ikkje-intervensjonsnemnda i London.

Saka kom opp på utriksministermøtet i Helsingfors i april. Koht meinte då at dei andre Nordlanda òg skulle senda krigsskip til Spania, men fekk ikkje medhald, og det vart til at utriksministrane nøgde seg med ein protest mot at nordiske skip vart kapra og ei føreteljing til Ikkje-intervensjonsnemnda i London om ein internasjonal skipnad til vern for den fredelege skipsferdsla på Spania. Deretter vart proposisjonen om å senda ut «Olav Tryggvason» teken attende 11. juni. Ein skipnad som gav vern for nøytrale skip kom også i stand på Nyonkonferansen 14. september. (Stort. Meld. nr. 42, 1937, jfr. Survey of International Affairs 1937 II s. 309 og 347.)

Så langvarig som borgarkrigen i Spania vart, tvinga det til slutt inn på oss spørsmålet om økonomisk interessepolitikk eller prinsipp- og rettspolitikk, slik som vi nett hadde hatt det i striden mellom Italia og Etiopia. Krigen vart til skade for den norske handelen på Spania, og det var sterke økonomiske interesser som kravde at ein skulle skunda seg med å få sendt ein handelsutsending til Franco-Spania utan at ein difor godkjende Franco-regjeringa. Norges Handelsforbund, Norges Industriforbund og Norges Rederforbund peika i brev til Utriksdepartementet 15. november

1937 på at Franco no var herre over meir enn ⅗ av Spania og bad Departementet syta for at forretningsinteressene våre hjå Burgos-regjeringa vart like vel varetekne som for noko anna land. Serskilt vog det tungt at England hadde sendt konsulær agent til Burgos. Handelsdepartementet gav næringsorganisasjonane stønad i brev av 2. desember og 17. desember 1937 og 2. juni 1938. [1]) Då det drog ut med å få greitt denne saka, vende Rederforbundet seg på ny til Utriksdepartementet 5. januar 1938, og gav opplysningar om kva norsk skipsfart tapte på Spania og deretter 8. januar om kor mange land som no hadde godkjent regjeringa åt Franco de jure eller de facto, sia, 11. mars, om kva tap treforedlingsindustrien vår stod i fare for å lida i Spania. Sendemannen vår i Spania, Leif Bøgh, rådde straks til å senda ein «agent» til Burgos-regjeringa.[2])

Stoda var vanskeleg for Utriksdepartementet. Her var store økonomiske interesser på spel, opinionen i vide krinsar i Noreg tok til å bli utålmodig, men godkjenning av Franco-regjeringa ville ein ikkje gje. Det galdt om å finna ein «diskret» måte å verna om dei økonomiske interessene våre på utan å gje politisk godkjenning til Franco. Ein tok til den utvegen å gjera seg nytte av den norske honorære konsulen i Bilbao, Jentoft,[3]) og gje han fullmakt til å vera norsk handelsrepresentant hjå Burgos-regjeringa, — det var ein liknande framgangsmåte som vart nytta i fleire andre land. Koht fekk alt prinsipielt samtykke av Regjeringa til ein slik skipnad i desember 1937, og ein utforma plan vart godkjend 18. januar 1938. Det gjekk likevel ikkje så snøgt, for det kom mange vanskar i vegen. Fyrst tok Franco-regjeringa det norske skipet «Alix» på ein slik måte at det gjorde tilnærming sers vanskeleg nett då. Så kom det fyrste store luftbombardementet av Barcelona og vekte ein slik harme i ålmenta at det ville ha vori vanskeleg a byrja å tinga med Franco straks etterpå. I midten av mars skulle ein endeleg til med å setta planen i verk, men så kom med same ein ny stor framgang for Franco-heren, og ein kvidde seg for å ta til med tingingar nett då; det kunne sjå ut som lumpen framferd, — at ein hadde venta på sigeren. [4]) Straks etter var det nordisk utriksministermøte i Oslo. Det var stemning for å bia og Koht ville gjerne føra den spanske politikken i samsvar med eller parallelt med dei andre nordiske landa. Men Noreg hadde større økonomiske interesser her enn dei andre nordiske landa og Koht kunne samstundes melda at den norske skipsfarten på Spania no praktisk tala var slutt. [5]) Nokre dagar etter kom

---

[1]) Brev 15. november. U. D. 20787; brev frå Colban 16. november (nr. 1500), brev frå Norges Rederforbund 22. november. U. D. 21218. Notat av utriksråd Aubert 3. desember, U. D. 22009. Dossier 38. B. 5. I.

[2]) U. D. 218 523 og 4930. Brev frå Bøgh 11. februar 1938 (nr. 19). Dossier 38. B. 5. II og III.

[3]) Brev frå Koht til Jentoft 8. desember 1937; svar frå Jentoft 18. desember. U. D. 23400. Møte om saka i U. D. 12/138 (jnr. 1206). U. D. 38. B 5. I, II.

[4]) Brev frå Koht til legasjonen i Madrid 9. april 1938 (nr. 75). U.D. 38. B. 5. III.

[5]) Referat s. st.

det ny inntrengjande oppmoding frå sendemann Bøgh om at vi måtte skunda oss og ikkje bia på dei andre Nordlanda, for endå kunne vi med våre store handelsinteresser få godkjent ein «agent», men vi måtte vera budde på at Franco snart ville strama krava. [1]) Eit sterkt bilete av korleis tilhøva i Spania tok seg ut frå hi sida av grensa fekk vi i eit brev frå sendemannen vår i Portugal, Jakhelln, med ein tale av Salazar. [2])

Etter som tida gjekk utan at handelstilhøva våre i Spania vart ordna, steig utålmodet mellom dei næringsdrivande, og 12. mai interpellerte væreigar Cato Sverdrup om saka i Stortinget, og spurde kva Regjeringa ville gjera for å retta på tilhøva. Han hadde alt teki saka fram under trontaledebatten i januar og var talsmann for interessene åt dei store næringsorganisasjonane; men saka hadde også ei politisk side. Hambro reiste saka reint prinsipielt: «Hvor langt kan et lite lands regjering i disse tider la sine avgjørelser diktere av politiske sympatier eller antipatier?» I dette tilfelle var det likt til at Hambro stelte seg noko annarleis enn han hadde gjort i Italia—Etiopia-striden. Han hevda at ein burde gjera politiske offer av omsyn til økonomien; men noko ålment svar gav han ikkje på spørsmålet han hadde reist, og det var ingen annan som tok det opp heller. Sverdrup gjorde framlegg om ei oppmoding til Regjeringa om «snarest å søke å bringe handelssamkvemmet med Spania — også med den del som populært kalles Franco-Spania — i mere tilfredsstillende ordning», og fekk det vedteki samrøystes. [3])

Ordskiftet i Stortinget synte at spørsmålet om Spania meir og meir tok til å bli ei stor sak. Presset frå dei store næringsorganisasjonane vart hardare og hardare. Industriforbundet vende seg no beinveges til statsministeren, meldingane frå konsul Jentoft i Bilbao vart meir og meir alvorsfulle, sameleis frå den representanten som Rederforbundet og Industriforbundet sende til Spania, konsul Niels Jacobsen. [4]) I eit møte 21. juni slutta Nordisk Skipsrederforening seg til krava om at Noreg måtte koma i samband med Burgos-regjeringa. Samstundes vart det agitert sterkt i sume sosialistiske aviser mot å godkjenna eller nærma seg til Franco-styret, og såleis svikta det republikanske Spania, og sume av arbeidarorganisasjonane og kommunene løyvde pengar til hjelp for det demokratiske Spania. Regjeringa stod altså i ei vanskeleg stode mellom sterke motsetningar her. I regjeringsmøte 29. juni gjekk ho likevel til å samtykkja i at konsul Jentoft fekk fullmakt til å vareta Noregs økonomiske interesser på Regjeringa sine vegner i den delen av Spania som lydde under Franco. [5])

Utetter sumaren vart det tingingar mellom Utriksdepartementet og ein

[1]) Brev 8. april 1938. (Nr. 60) s. st.

[2]) Brev frå Lisboa 29. april 1938 (nr. 142). U. D. 38. B. 5. IV.

[3]) Referatprotokollen frå løyndemøte i Stortinget 1938, s. 175—200, serleg s. 196; jfr. ordskifte om godkjenning av Franco-Spania de jure i løyndemøte i Utriksnemnda 2. mars 1939. Referat i protokollen s. 217—234.

[4]) Brev frå Industriforbundet 21. mai. U. D. 10033 b og 15. juni nr. 11713 b.

[5]) U. D. jnr. 12241 b.

uoffisiell representant (delegert) frå Franco i Oslo, Campuzano. I den avtalen ein sette opp nytta ein same forma som var nytta av Nederland i den skipnaden det hadde fått med Franco; men her gjorde den norske regjeringa den rettinga at ho retta forma: «nasjonalregjeringa i Spania» til «regjeringa åt Hans Excellense generalissimus Franco». Dette kravde Campuzano omgjort til det gamle, og det gjekk Utriksdepartementet med på. Men då han også kravde at avtalen skulle bli forstått som de facto godkjenning av regjeringa Franco, nekta departementet det. Det ville ikkje gå lenger enn til å la fortolkingar av avtalen vera ei fri sak for kvar av dei to regjeringane. Om Franco altså ville tolka avtalen som ei godkjenning de facto, vart det hans sak, og den norske regjeringa sa korkje ja eller nei til det. [1]) 4. oktober skifte endeleg utriksråden, L. Aubert (men ikkje utriksministeren) brev med Campuzano om at ein slik skipnad var komen i stand, og dagen etter gav Utriksdepartementet ålmenta melding om saka, men la til i denne meldinga: «I denne ordning er ikke innbefattet noen de jure eller de facto anerkjennelse.» [2]) Endå gjekk det over ein månad før den norske representanten med «Nasjonalregjeringa i Spania» vart oppnemnd; det vart generalkonsul i Genova, Arild Huitfeldt, 11. november.

Under desse tingingane heldt det fram med ei rad med krav frå reiarkrinsar om endeleg ein gong å få ordna sakene i Spania, og dei hadde framleies stønad i Handelsdepartementet (sjef Alfred Madsen). [3]) Men samstundes kom det òg harmfulle motmæle frå ymse fagforeiningar mot å dolka det republikanske Spania i ryggen og gå med på ein skipnad som i røynda måtte bli ei godkjenning av Franco. Då ordninga var komen i stand, heldt denne striden fram. Dei borgarlege blada var glade over at skipnaden endeleg var komen i stand; arbeidarpressa forsvara han, stundom litt motviljugt, men dei kommunistiske avisene rasa over at Regjeringa hadde lati seg driva fram av kapitalistiske interesser, og dei fekk framleies noko stønad frå sume fagforeiningar. Det vart påstått at i noteskiftet mellom Utriksdepartementet og Campuzano hadde den norske Regjeringa godkjent regjeringa åt Franco, og kravet var at notane skulle leggjast fram for ålmenta.

Den republikanske spanske regjeringa protesterte sjølvsagt; ho klaga over at for fyrste gong hadde no ei regjering gjort avtale med Franco utan klårt å seia ifrå at dette ikkje var nokor godkjenning korkje de jure eller de facto, og såleis hadde Noreg her gjevi ein farleg presedens. Til dette kunne Koht svara med å visa til den kunngjeringa om avtalen som han hadde sendt 5. oktober om at det inga godkjenning var. [4])

Omlag ved same tid som denne skipnaden kom i stand, byrja ein

[1]) Notat 1. september, 5. september og 8. september 1938. U. D. jnr. 15326, 16187 og 16532. 38. B. 5. V.

[2]) U. D. jnr. 18768 og 18769 og 18836. 38. B. 5. VI.

[3]) Brev 8. september 1938. U. D. jnr. 17272. 38. B. 5. V.

[4]) Brev frå den spanske utriksministeren Alvarez del Vayo 31. oktober 1938. og frå Koht 23. november. U. D. jnr. 21864 38. B. 5. VI.

ny stor framgang for Franco, så president Azana til slutt laut røma landet 26. februar. Alt dagen etter godkjende Storbritannia og Frankrike regjeringa åt Franco de jure, andre land fylgde snart etter, og her heime vart kravet det same, likevel også som vanleg med hissig motstand frå kommunistane, som jamvel kravde at Regjeringa skulle kalla attende den offisielle agenten frå Burgos-regjeringa. Cato Sverdrup kom med ein ny interpellasjon i Stortinget 21. mars om kvifor Regjeringa somla med saka. Koht svara at Regjeringa akta vel etter dei norske interessene i Spania, og dei leid ingen skade, men ho ville gjerne føra denne politikken i samsvar med dei andre nordiske regjeringane. Det var då også avtale mellom dei nordiske regjeringane om at dei skulle gå fram samla i den spanske saka, og 31. mars godkjende dei alle saman regjeringa åt Franco.

Så vanskeleg som denne saka var med alle sine prinsipielle og interessemotsetningar, kan ein visst seia at Koht førde ho fram med høveleg avveging av motsetningane frå dei ulike sidene.

Atterverknad på forsvarspolitikken.

Den politiske spaninga i Europa var alt så stor i desse åra at ein kunne ottast at borgarkrigen i Spania var påkjenning nok til å løysa ut motsetningane i krig. Hovudfaren var den sterke militariseringa av det nazistiske Tyskland og motsetninga mellom det og det bolsjevikiske Russland. I ein krig mellom dei to maktene kunne landet vårt lett koma i skotlina, serleg ville Finnmark kunna bli eit farleg stridsemne om vegen for Russland ut Øystresjøen vart stengd.

Det var ein av sendemennene våre i utlandet som aldri vart trøytt av å halda fram den ålmenne krigsfaren for Utriksdepartementet, det var Colban i London. Det vanlege elles var å sjå krigsfaren i motsetninga mellom Tyskland og Russland. I rapportane sine dreg Colban like sterkt eller sterkare fram motsetninga mellom Tyskland og England. Sermerkt er reaksjonen mot antikominternpakta mellom Tyskland, Italia og Japan i 1937. Då refererer Colban etter engelske aviser at anten er dette ingen ting, eller så er det ein ny trippelallianse som har brodden sin mot England og Frankrike meir enn mot Russland (Colban 3. november 1937). I alle tilfelle hevda han at «det vesentlige har hele tiden vært innpasningen av det nye Tyskland i Europa, sånn som dette Europa er blitt efter revolusjonen i Russland og ved de forandringer i Europa-kartet som fredstraktatene gjorde». Før det tyske problemet blir løyst, blir det inga betring. England vil nok gjerne nærma seg Tyskland; men lyt det velja mellom Tyskland og Frankrike, er det ingen tvil om at det vel Frankrike. For det hadde vi då nett fått Baldwins ord: «Vår grense er ved Rhinen.» (U. M. 1936 nr. 250, jfr. 1937 nr. 41 og 42.) I brev på brev held han fram korleis den rasande oppvæpninga i Tyskland dreg etter seg tilsvarande i andre land og serleg i England (såleis berre i oktober og november 1939: 3., 6., 7., 20. og 31. oktober, og 2., 10., 13., 21. og 23. november). Ingen må tru at maktene går trøytt av denne kappvæpninga så dei til slutt resignerer. Det blir tvert imot: «.... all erfaring viser, at kapprustningen fører til krig.» (Brev 1. april 1936, det same i brev 16. august 1938, U.M. 1936 nr. 125.) Han siterer ein tale av den engelske krigsministeren Duff Cooper: «Fremtidsutsiktene for Europa og for verden idag er skikket til å forferde selv den mest uforferdede. Vi ser folkene bevæbne sig til krig og forberede sig til krig med en begeistring og i et tempo, som aldri før i menneskehetens historie.» (Colban 6. oktober 1936.) For sin eigen del held han fram litt seinare: «.... det er mig ikke mulig å komme bort fra, at et stort og forfærdelig opgjør i Europa kommer i en ikke meget fjern fremtid.» (S.st. 20. januar 1937.)

Colban fester seg ikkje berre eller hovudsakeleg ved det som ein kanskje kunne kalla det taktiske, dei politiske hendingane frå dag til dag, men like mykje held han fram dei strategiske hovudlinene, dei som etter hans skjøn i alle tilfelle peikar mot krigen og uavvendeleg må føra til krigen, korleis det så enn går med dei dagsaktuelle sakene. Summen av alt det som Colban skreiv, er at krigen i alle tilfelle kjem, og venteleg nokså snart.

Ein skulle ha venta at den fyrste tanken som dette måtte vekkja hjå ein nordmann, var at den forsvarsskipnaden som vi nyst hadde vedteki, men endå ikkje hadde gjennomført, den miste no det grunnlaget han bygde på — for vilkåret for denne skipnaden var då nett ei fredeleg utvikling i Europa. Den farlege tida måtte krevja, ikke berre at den minimumsskipnaden som var vedteken den gongen endeleg vart lojalt gjennomførd, men han måtte få slik utfylling som proposisjonen til forsvarsskipnaden hadde gått ut ifrå at han skulle få i farlege tider. Om det måtte det no koma varsel frå «en forutseende utenriksledelse», og noko varsel kom det òg. Koht sette opp eit oversyn over den europeiske politikken for Regjeringa i eit skriv 6. desember 1936, og las det opp seinare på eit møte i Utriks- og Konstitusjonsnemnda 16. desember. I dette utsynet heldt han sterkt fram den faren for krig som kjem frå den spanske borgarkrigen ved den motsetninga som krigen syner mellom Tyskland og Russland. Vi har «kome tilbake mest til same alliansesystemet som rådde i Europa før 1914, og dei to blokkane har fått kvassare brodd imot einannan med di at dei byggjer på ulike politiske skipnader — diktatur mot demokrati.» Det er likevel sterke grunnar som talar mot krigen òg. «Det finns teikn som tyder på at Sovjet-regjeringa ikkje er fulltrygg på folke i sitt eige land. I mange andre land kunne ein krig tene til å sveise heile folket fastare ihop; men i Russland kunne krigen lett ha den motsette verknaden.» Kanskje er det på liknande måte i Tyskland òg. Men «den viktigaste atterhaldsmakta imot krigen i Europa er likevel fredsviljen i Frankrike og England». Han trur nok at krigen ikkje vil koma nett no, og vonar at fredskreftene skal bli dei sterkaste. «Men trygg kan ein ikkje vera.» Og difor er det rett å vera budd. Om dette hadde han varsla forsvarsministe-

ren i eit serskilt brev 24. oktober (U. D. 47 A. 2 nr. 8292). Brevet til forsvarsministeren slutta han såleis: «Vi lever på ei krut-tunne, og eg går ut frå at her- og flåtestyrken er budd på alt som kann henda.» (Referat frå statsråd Monsen på møte i Utriksnemnda 16. desember.)

Desse to utgreiingane frå utriksministeren må ein seia gjev fullgod greie for den aktuelle krigsfaren. Ein må også seia at i omtalen av dei to stormaktsblokkene som skipar seg til mesta som før krigen i 1914, har han peika på ein større, varigare og meir ålmenn krigsfare. Likevel er dette ikkje på nokon måte gjort med slik kraft som i dei rapportane utriksministeren hadde fått frå Colban, som held fram i brev på brev at den store Europa-krigen må koma, og at han ikkje er langt borte. Imot Colbans gjennomførde pessimisme let Koht det vera eit lite rom for optimisme.

Likevel må ein seia at utgreiinga åt utriksministeren gav så mykje rettleiing at det skulle ha vori nok for dei som i fyrste rekke stod ansvarleg for landsstyringa til å ta forsvaret vårt opp til alvorleg prøving. Denne slutning drog likevel ikkje utriksministeren sjølv, og heller ikkje merkar ein nokon slik reaksjon frå statsministeren eller forsvarsministeren eller dei andre statsrådane, ja i grunnen ikkje i Utriksnemnda heller, som då også fekk den utgreiinga opplesen. Ein kan ikkje her rekna med slike småarbeid som vart gjorde for å dytta i eit og anna av dei tome hola i gjennomføringa av forsvarsskipnaden av 1933, men må rekna med arbeid for å setta seg i stand til å verja nøytraliteten og freden når krigen kom.

Ein del småarbeid vart det derimot gjort, og her var forsvarsministeren (Monsen) snøgg i tiltaka sine etter den åtvaringa han hadde fått. Monsen hadde vori ein serskilt strid talsmann for forsvarsnihilismen, men gjorde no klår snunad her. Han var den i Regjeringa som snøggast og sterkast reagerte mot krigsfaren frå dei fascistiske og nazistiske diktatura, men i sine forsvarspolitiske tiltak var han sterkt bunden av omsynet til samarbeidet i Regjeringa og til partiet. Straks han hadde fått brevet frå Koht, la han det fram for Regjeringa og fekk fullmakt til å setta i gang tiltak til å styrkja forsvaret i nord. Deretter kalla han kommanderande general og admiral til møte 26. oktober, og der vart dei samde om at det som det fyrst og fremst galdt, var å tryggja Nord-Noreg. Kommanderande general utarbeidde eit framlegg i to alternativ: 1) for å gjera det mogleg å mobilisera Finnmarks-avdelingane på stutt varsel, 2) andre tiltak så det kunne bli råd å føra ein brigade sønnafrå til styrking av nøytralitetsvernet i Nord-Noreg. Regjeringa valde alternativ 1, og med kgl. resolusjon 6. november fekk Forsvarsdepartementet rett til å bruka opp til 1 848 000 kroner til ymse militære tiltak, hovudsakleg i Finnmark. Tilrådinga frå admiralen tok det lenger tid å utarbeida; den førde til ein resolusjon 20. november som gav Forsvarsdepartementet rett til å bruka 2 millionar til marina, mest til å kjøpa brensel og olje. Dertil gjekk ein i gang med å fylla alle kornlager i Finnmark. Endeleg vart det haldi møte i Noregs forsvarsråd 12. og 14. desember. Der kom kommanderande general og

admiral med krav om 180 millionar kroner til innkjøp og omframtøvingar for heren og nybygging for marina; dei gjekk ut ifrå ein innkjøps- og byggeperiode på frå 3 til 6 år.

Dette framlegget var ein heilt naturleg konsekvens av det som var sagt og skrivi då forsvarsskipnaden vart vedteken i 1933. Det var noko av den utfyllinga som no måtte til av den minimumsskipnaden som vi fekk den gongen. Men det var så langt ifrå at folk ville sjå denne einfelde sanninga i augo at framlegget frå dei sakkunnige om dei 180 millionane knapt vart teki med fullt alvor ein gong.

Forsvarsministeren gav melding om dei tiltaka som var gjorde i det møtet i Utriksnemnda 16. desember som har vori nemnt, og meldinga om dei nær 4 millionane som Regjeringa hadde brukt, vart vel motteken. Men mot den tanken at det dertil kunne koma krav om 180 millionar til forsvarstiltak, kom det sterke motmæle. Mowinckel tok straks avstand frå det. Vi måtte ikkje gå lenger enn til det som var naudsynleg til å markera og hevda nøytraliteten, men så store løyvingar tydde på at vi også skulle bli i stand til å gje effektiv hjelp til ei av dei krigførande maktene i krig. Det ville han ikkje vera med på, og i det gav Lykke han straks stønad med glede. Magnus Nilssen gjekk så langt at han hevda at nøytralitetsvernet måtte vera reint passivt. Om ei krigførande makt ville setta i land folk eller gjera andre tiltak på kysten vår, måtte vi ikkje «gi oss til å fyre løs — så er vi jo midt oppe i krigen, og hvad der da skal til, det er det jo ingen som har oversikt over!» Til dette svara major Sven Nielsen: «Hvis vi blir utsatt for et eklatant nøitralitetsbrudd og ikke fyrer løs, da er vi også midt oppe i konflikten. Men fyrer vi løs, og vet de som vil begå nøitralitetsbrudd, at vi er forberedt på å fyre løs, så har vi i all fall chansen for at de holder sig borte. Det var den chanse vi hadde i siste krig.» Som vanleg var alle samde om å hevda den absolutte nøytraliteten, men om måten å gjera det på var altså meiningsskilnaden stor.

Spørsmålet vart kva ein meinte med eit effektivt nøytralitetsvern. Etter den svinginga som ein hadde gjort i folkesambands-politikken, vart dette ei endå alvorlegare sak enn det før hadde vori. Det var no klårt at ein hadde gjevi opp trua på at Folkesambandet kunne tryggja freden eller gje noko vern til små statar som vart påtekne. Ein sa at ein fall attende på den gamle nøytralitetspolitikken, men det var i røynda det same som at ein sjølv ville og måtte forsvara denne nøytraliteten, og at ein ikkje lenger reint ålment kunne rekna med nokor hjelp til det. For eit land som var praktisk tala avrusta, som Noreg var det, måtte dette krevja ei ny innstilling til forsvaret hjå alle parti, med ein heilt ny vilje til å ofra til forsvaret, så det kunne bli eit verkeleg effektivt nøytralitetsvern.

Så utrygg som freden no var i Europa, og dermed for landet vårt òg, burde ein ha kunna venta ei ålmenn bølgje av nyvekt forsvarsinteresse i heile folket, i alle parti. Noko stiging i interessa for forsvaret merkar ein nok, men om ein ser til folket i sin heilskap, var ho ikkje så sterk at ein

kunne tala om ei verkeleg ny innstilling. Det er visselig ein hovudgrunn til at den nye folkesambands- og nøytralitetspolitikken ikkje drog etter seg ein verkeleg ny forsvarspolitikk, at folk flest ikkje forstod kor alvorleg den storpolitiske stoda var, og aller minst forstod den nye stoda for vårt eige land. Ansvaret for det er å finna på mange hald. Fyrst hjå utriksministeren, som hadde den fyrste plikta til å rettleia dei politiske partia og folket bak dei om den nye stoda. Det vart her avgjerande at utriksministeren frå gamalt var sterkt pasifistisk innstilt, så han jamvel rekna dei minste omframtiltak til forsvaret for «opprusting», som baud han djupt imot. Han var beint fram redd for at det skulle vakna ei sterk forsvarsinteresse i folket som kunne koma til å tvinga fram ei slik «opprusting», og difor var han òg mykje varsam i alle kunngjeringar med å skildra tilstandet på ein slik måte at det for alvor kunne vekkja verjeinstinkta i folket. Ein kan heller ikkje sjå det var nokon annan i Regjeringa som hadde utsyn og evne til å halda fram denne viktige arbeidsoppgåva for alle regjeringar. Statsministeren hadde framom nokon annan skyldnaden til å ha oversyn over heile både den indre og den ytre politikk, men i utrikspolitikken merkar vi svært sjeldan noko til statsministeren, og når det gjeld forsvaret, tykkjest innstillinga hans falla godt saman med innstillinga åt utriksministeren. Det er så langt ifrå at han gjer noko positivt for å vekkja ei ny innstilling til forsvaret at krav som kjem frå andre om forsvarstiltak helst verkar irriterande på han.

På Stortinget sine vegner hadde Utriksnemnda den oppgåva å fylgja med i utrikspolitikken og kontrollera korleis Regjeringa styrde den. Nemnda turvte sjølvsagt ikkje berre passivt ta imot dei meldingane ho fekk frå utriksministeren, men kunne også koma med ynskemål og krav. Aktive tiltak som kunne føra til større opplysing og rettleiing for folket om våre utrikspolitiske vilkår, merkar ein likevel ikkje frå nemnda.

Dette er det same som ein finn hjå heile folket, også hjå dei kvinner og menn utanfor storting og regjering som etter sine kunnskapar og si samfunnsstode spelte ei førande rolle i store eller små krinsar, og som ein måtte venta hadde noko evne til storpolitisk utsyn. Ein merka svært lite til dei i desse åra. Pressa skulle ha vori deira naturlege organ, men jamvel om ho etter evne gav noko melding og delvis rettleiing om dei storpolitiske hendingane, så såg ho altfor lite sitt eige fedreland i relasjon til desse hendingane. Dette kan ein visst seia har vori ei hovudsynd ved norsk presse til alle tider. Ho hadde lite syn for at dei utrikspolitiske spørsmåla fyrst og fremst var eit spørsmål på liv og død for vårt eige land. Nedslaget frå den gamle norske innstillinga, at utrikspolitikken vår var ingen utrikspolitikk å ha, er alltid kjenneleg.

Ein kan likevel peika på at det vart litt framgang med betre rettleiing i utrikspolitikk. Frå 1937 sette såleis interesserte menn med økonomisk hjelp av Rockefeller Foundation i gang ei serskilt tidsskrift for utrikspolitikk, «Internasjonal Politikk». Norsk utrikspolitikk såg ein likevel ikkje stort merke til der heller. Det viktigaste som vart gjort, var tvillaust arbeidet åt Rikskringkastinga med utrikskronikkane.

Den vendinga i forsvarspolitikken som no måtte fylgja med den nye utrikspolitiske stoda, var tyngst å gjera for det partiet som her hadde lengste vegen å gå, arbeidarpartiet, som før hadde hevda ein rein forsvarsnihilisme og hadde hatt årvisse framlegg om å leggja forsvaret ned. Det var no òg det viktigaste partiet, for det var det største og sat med regjeringsmakta. Forsvarsnihilismen vart det slutt på, så i så måte kan ein verkeleg i store delar av arbeidarpartiet tala om ei ny innstilling.

Uviljen åt arbeidarpartiet mot forsvaret var ifrå fyrste stund for ein hovudsakeleg del rein pasifisme, hat til krigen og hug til å gjera ein positiv innsats for fredsideala i politikken. Men det var også mistru til den gode viljen hjå dei samfunnsklassene som endå like til det siste hadde hatt det sterkaste taket i statsmakta til å bruka forsvaret etter sin idé, som eit verkeleg fedrelands-forsvar og ikkje misbruka det i samfunnsstriden mot arbeidarane. At offiserskorpset enno i hovudsaka vart rekruttert ifrå over- og mellomklassene, gjorde mykje til å halda denne mistrua ved like, og det kunne vel også vera visse ting i samtida med tilsprang til å skipa kvite eller raude gardar som gav mistrua næring.

Etter arbeidarpartiet no hadde fått regjeringsmakta og dermed høgaste styringa over forsvaret, måtte denne saka sjå annarleis ut, og mistrua kunne her vika nokså fort. På den andre sida var den ålmenne framvoksteren i den europeiske politikken slik at det vart meir og meir umogleg for menn med nokolunde realistisk syn å halda fast på tanken om aveller nedvæpning for all pris, jamvel om ho skulle koma isolert for vårt folk. Det som mest skuva på ei utvikling i arbeidarpartiet her, var at krigsfaren for heile Europa serskilt tyktest koma frå dei fascistiske eller nazistiske stormaktene. Når faren kom frå den kanten, var mange nokså vakne. Det var serleg tilfellet med dei yngre i partiet, «Arbeidernes Ungdomsfylking» mellom andre, men dei fekk også stønad hjå ein mektig mann i partiet som Tranmæl. Han hevda nok at han var endå meir antimilitarist enn før, men samstundes let han no også høyra at ein måtte sjå stoda som ho var og bøya seg for kjensgjerningane. Tanken på den store livsstriden som mange venta mellom nazismen og bolsjevismen, spela inn her. Målet for Hitler var å knekkja sovjetstyret med våpenmakt, men i den striden ville den norske arbeidarrørsla vera med og forsvara arbeidar- og bondestaten i Russland.

For mange av dei eldre i partiet, og nett for førarane, var omstillinga vanskeleg, då dei var bundne i sin eigen tanke av gamle tankevanar og vel også var bundne av si fortid og dei sterke orda dei sjølv hadde nytta i agitasjonen mot forsvaret. Under trontaledebatten i 1936 hevda formannen i partiet, statsråd Torp, under omtale av militærstellet at «vi har ikke endret noget av vårt prinsipielle syn i så henseende». Når dei likevel la fram eit militærbudsjett innafor dei samme rammene som før, var det fordi det ikkje var fleirtal for rettingar i den leia dei ynskte, og av omsyn til dei store sosiale og økonomiske sakene ville dei ikkje ta nokor krise på militærsaka. Det var altså ikkje eit nytt syn på forsvaret,

men ei reint partipolitisk tankeføring som fekk han til å ta opp militærbudsjettet. Nøytraliteten ville han nok at vi skulle hevda, men «her er rustningspolitikken en direkte fare. I samme utstrekning som vi ruster, forringes våre muligheter til å kunne bli nøitrale i en kommende krig». Nøytralitetsvernet måtte berre vera ei nøytralitetsvakt «med politimessig karakter». I det ville nok marina få ei oppgåve som eit kystpoliti, men for heren skulle det berre bli «å delta i opsynet for å gjøre nøitralitetstjeneste» og «å medvirke til oprettholdelse av transporten og forsyningen av civilbefolkningen». (Stort. Tid. 1936, s. 166—69.)

Slik som storpolitikken utvikla seg, vart det svært vanskeleg å halda fast på denne politikken. På landsmøtet åt arbeidarpartiet i mai 1936 heldt dei endå fast på det gamle kravet om strid mot all rustingspolitikk, og at militærstellet skulle bli omlagt til eit vaktvern, men dei strauk tillegget om at det berre skulle ha politivern-oppgåver, og dei strauk ordet «avrusting». Colbjørnsen meinte han kunne formulera det rådande synet i partiet på forsvaret som eit krav om demokratisering og effektivisering, og dette ordet gjekk att som eit mykje brukt slagord i agitasjonen. Ein måtte ikkje utsetta seg for at «våre folk under et improvisert forsvar med dårlige tekniske forsvarsmidler gjøres til slaktekveg for fascisttroppene». Heller ikkje måtte vi berre lita på at andre skulle hjelpa oss: «Det ville også være helt uverdig for oss som nasjon å ville søke å eksistere som snyltedyr på andre demokratiske stater — eller for vår arbeiderbevegelse å ville snylte på innsatsen fra arbeiderbevegelsen i de øvrige europeiske land.» Forsvaret vårt «må nødvendigvis være et militært forsvar, et krigsforsvar». (Det 20de Århundrede. 1936 s. 426—430.)

Om kor langt dette skulle gå, var meiningane enno mykje uklåre. Den utrikspolitiske medarbeidaren i «Arbeiderbladet» agiterte såleis sterkt mot avrustning. I andre land ville «et krav om avrustning uten å stille den fornødne sikkerhet bli møtt med et overbærende smil». Men «konsekvensen av dette er ikke at Norge skal ruste. En effektiv opprustning betyr øket krigsfare. Men det betyr at Norge ikke skal avruste slik at det er ute av stand til å delta i en aksjon fra Folkeforbundets side». Å hevda ein absolutt nøytralitet utanfor Folkesambandet vil krevja meir væpning, t. d. om vi skulle gå inn i eit nordisk nøytralitetslag. «En kan nemlig gå ut fra som gitt at iallfall Sverige setter som betingelse for å gå med i en slik nøytralitetsblokk at Norge er i stand til å forsvare nøytraliteten». (Det 20de Århundrede. 1936 s. 209—18.) Med å stå i Folkesambandet meinte han altså endå på den tid at vi skulle sleppa halda så mykje forsvar som til å forsvare nøytraliteten. Då «Tidens Tegn» kravde styrking av forsvaret så vi kunne gå saman med Sverige som ein jambyrdig part i eit norsk-svensk forsvarssamband, svara «Arbeiderbladet» (24. juni 1936): «Det er ikke gjennom opprustning vi skal fremme samarbeidet med Sverige og trygge nøytraliteten på den skandinaviske halvøy.» Endå i november 1936 hadde landsstyret åt arbeidarpartiet ingen ting å seia om forsvaret, og i valtalene åt partiet om sumaren og hausten spelte det inga rolle,

men i januar 1937 tok sume av dei førande mennene i partiet tydeleg ordet for forsvarsinteresse, og i alle aviser i heile landet tok forsvarsspørsmålet no til å få breiare rom enn som før hadde vori tilfelle. «Arbeiderbladet» hevda no i fleire artiklar at ein laut leggja avvæpningsprogrammet til sides for ei tid, så lenge til fascismen og reaksjonen var slegne attende. For det fyrste laut ein «opprettholde og utbedre» forsvaret, og serleg måtte ein demokratisera det (8. og 9. januar).

Imot krava frå høgre om å styrkja forsvaret vart det nok endå hevda at «vi må ikke utarme landet og svekke folkets evne til selvhevdelse. Vi må ikke skape falske og farlige illusjoner», og endå vart det jamt tala mot militær «opprustning», for den ville veikja vår økonomiske forsvarsevne og gjera det vanskelegare å hevda vår nøytrale stode. Men like sterkt vart det tala mot avvæpning. Den måtte i alle fall ikkje koma isolert, men vi måtte vera med i eit kollektivt trygdesystem.[1])

Kor langt partiet meinte vi skulle gå her, er mykje uklårt: «Arbeiderpartiet har alltid stilt seg på det standpunkt at nøytralitetsvakten er å foretrekke framfor det såkalte eksistensforsvar.»[2]) Denne uklårleiken fylgde heile tida ikkje berre arbeidarpartiet, men mange borgarlege òg, serleg Mowinckel.

Frå sin kant arbeidde Norges Forsvarsforening for å styrkja forsvaret og kravde omframme forsvarsløyvingar i 1936. Foreininga peika då på at to gonger før hadde ho gjort slike tiltak, og båe gongene var før farlege kriser. Det var i 1893 framfor unionskrisa i 1895 og i 1911 framfor den fyrste verdskrigen. No gjorde foreininga for tredje gongen eit slikt opptak. Men det skorta mykje på at arbeidet åt Forsvarsforeininga vekte slik resonans denne gongen som i 90-åra og i åra før 1914. Dei gongene kan ein verkeleg seia det vart litt av ei folkerørsle til beste for forsvaret. Det kan ein ikkje seia det vart no.

I Regjeringa har vi sett at forsvarsministeren Monsen var den som fyrst synte vilje til å ta opp litt av slike krav som den nye tida måtte setta her, og så vidt ein forstår, møtte han her forståing hjå Lie og Torp, men vanleg motstand hjå stats-, utriks- og serleg hjå finansministeren. Det vart difor ikkje tale om noko meir enn små og varsame framsteg, og det vanta alt for mykje på at det var ein forsvarspolitikk som svara til det som den farlege stoda for landet måtte krevja. Endå var det ikkje tale om slike væpningar med materiell og ammunisjon, ja ikkje ein gong om det minstemål av øvingar som forsvarsskipnaden av 1933 kravde, endå mindre om noko utover det som var kravt i 1933 då ein trudde på ei fredeleg utvikling i Europa.

I budsjett-tilrådinga i desember 1936 gjorde Monsen framlegg om å setta opp eit omframt forsvarsbudsjett; han tenkte seg ein sum på 30 millionar kroner. Han møtte sterkt motstand, serleg frå statsministeren, utriksministeren og finansministeren, men press ifrå dei andre partia tvinga saka

---

[1]) Arbeiderbladet 9. og 18. februar 1937, 8. juni 1937.

[2]) Arbeiderbladet 11. juni 1937.

fram. Her måtte ein vera budd på at om ikkje Regjeringa gjorde eit opptak sjølv, ville dei andre partia gjera det, og det kunne føra til regjeringskrise eller i alle fall til at dei andre partia tok initiativet frå Regjeringa i denne saka. Etter lange partidrøftingar sende regjeringssjefen difor 12. februar brev til partigruppene i Stortinget med spørsmål om dei ville vera med på førehandsdrøftingar om ymse spørsmål som kunne reisa seg i samband med den nøytrale stoda vår i krigstilfelle.

Forhandlingane vart lange og vanskelege. Ein serskilt vanske melde seg då militærnemnda sette opp øvingstida frå 72 til 84 dagar med ei meirutgift på $^{3}/_{4}$ million. Det var eigenleg berre å fylla ut eit hol i gjennomføringa av herskipnaden av 1933, som kravde 84 dagar, men Torp hadde gjort kabinettspørsmål mot ei slik lenging av øvingstida, og Regjeringa gjorde det no på ny, — denne gongen likevel ikkje utan ein del strid om saka i partiet. Ein av dei yngre stortingsmennene i partiet, Colbjørnsen, hevda såleis at i andre land var øvingstida vanleg 2 år, og då var det hardt at det skulle bli reist kabinettspørsmål på ei auking frå 72 til 84 dagar, men Nygaardsvold hevda at med 84 dagar kom ein opp i «militarisering». Å gjennomføra øvingstida etter den minimumsskipnaden som ein hadde vedteki i 1933 med tanke på fredleg utvikling i Europa, vart altså no rekna for skadeleg «militarisering», — tre år etter Hitler var komen til makta, og Tyskland hadde broti ut or Folkesambandet, i ei tid med tydeleg krigsfare og med nervøs oppvæpning i alle land. Hovudsaka var vel at Regjeringa rekna dette for å vera ein freistnad på å gå forbi henne i ei budsjettsak, og det ville ho ikkje finna seg i. Regjeringa sette også sitt igjennom, men gjekk i staden med på ei lita løyving til befalsøvingar. Til omframløyving baud ho 5½ million for året i 2 år, men la på til 3 år, altså 16½ million til saman eller godt og vel halvparten av det som forsvarsministeren hadde kravt. Høgre kravde 15 millionar i 6 år — eller 90 millionar til saman. Endskapen vart at arbeidarpartiet gjekk med på eit framlegg frå vinstre om 21 millionar delt på 3 år, men av dei skulle rett nok 2 gå til vegbygging (Nordlandsvegen) og 2 til sivilt luftvern, så det vart att 17 millionar til reint militære tiltak. Bondepartiet og kristelig folkeparti gjekk også med på det. Endskapen vart altså ikkje fullt 1/10 av det som dei militære sjefane fyrst hadde kravt. (Stort. Tid. 1937, s. 1312—1362.)

Den prinsipielle skilnaden mellom dei politiske partia om stoda til forsvaret var hermed slutt. Prinsipielt må ein seia at no gjekk dei alle inn for forsvaret, men i spørsmålet om kor langt ein skulle gå, var det alltid emne til strid. Arbeidarpartiet var her alltid det som heldt mest atti og freista koma frå det med minst utgifter. Det var for det fyrste ei naturleg fylgje av at det like til det siste hadde vori imot forsvaret i det heile. Det var lite ventande at partiet med eitt slag skulle gjera spranget frå forsvarsnihilisme til nokon stor brennhug for forsvaret. Ominnstillinga måtte krevja noko tid. Det vart så mykje vanskelegare då tidene økonomisk var tunge. Vi gjekk inn i 1930-åra med ei arbeidsløyse på 100 000 mann, eit svært stort tal i eit så lite folk som vårt. Arbeidarpartiet kjende

fyrst og fremst ansvaret for å få retta på dette syrgjelege mishøvet. Desse økonomiske sakene var det då òg som kom sterkast fram i striden ved stortingsvala både i 1933 og 36, og den store framgangen som arbeidarpartiet hadde under desse vala, måtte det naturleg ta til vitnemål om at politikken åt partiet her hadde fått godkjenning av mektige folkelag. Skulle statsmaktene kunna få gjort noko som det var mon i for å få retta på dei økonomiske mishøva, måtte det setta store krav til statsfinansane for å halda arbeidsbudsjetta oppe, men då var det vanskeleg samstundes å ha eit høgt forsvarsbudsjett. I den naturlege spaninga som det alltid vil vera mellom arbeids- og kultur-budsjetta og forsvarsbudsjettet kjente arbeidarpartiet seg serskilt kalla til å forsvara dei fyrste.

Ser ein saka på europeisk bakgrunn, er dette eit spaningshøve som finst i alle land. Det ville vera naturleg for oss her å samanlikna oss med dei andre Oslo-statane, eller om ikkje anna, så med dei nordiske. Då gav vi etter måten mindre til forsvaret enn noko anna land, kanskje frårekna Danmark. I desse andre landa var det alle stader meir eller mindre intens, delvis ovende sterk avvæpning, og likevel kjendest dei økonomiske vanskane knapt mindre der enn hjå oss. Men folka der hadde ei anna innstilling når det galdt forsvaret.

Eit lite land tok konsekvensen av den farlege politiske stoda på ein heller dramatisk måte og gjorde ein snunad i utrikspolitikken sin så det vekte stor oppsikt. Det var Belgia som var komi i ei serskilt vanskeleg stode då Tyskland hadde broti Locarnoavtalen og militarisert Rhinland. I ein tale i regjeringa si 14. oktober varsla kongen at Belgia måtte styrkja militærmakta si, så det kunne føra ein reint eksklusivt belgisk politikk som kunne halda landet utanfor alle stridar mellom grannelanda og vera fullkomen nøytral og fri for band til alle kantar. Talen åt kongen vart utfylt med ein tale av utriksministeren, Spaak, fjorten dagar seinare om at Belgia likevel ville bli ståande i Folkesambandet. I Frankrike verka nyorienteringa i Belgia som eit oppslagsbrev, og det frå den sikraste alliansen det meinte det kunne rekna med (Melding frå Bachke: U.M. 1936 nr. 432, jfr. 453, 417, 332 og 433, jfr. Survey of International Affairs), og det vart vanleg teki for eit vitnemål om nedgang i vyrdnaden for dei to store demokratia i Vest-Europa som hadde vori dei sterkaste berestolpane under Folkesambandet. Belgia tok konsekvensen av den nye stoda i utrikspolitikken med ei lov i desember same året som lengde øvingstida frå 8 og 12 til 12 og 17 månader, og godt og vel eit år seinare fylgde Nederland etter med ei lov 21. februar 1938 som lengde den fyrste utdaninga åt infanteriet frå 5½ til 11 månader og sette lova i verk straks. Meininga var at ein skulle ha ein øvd herstyrke inne heile året som var sterk nok til å gjera motstand i fyrste omgang.[1])

At krigen kunne koma til å røra med Noreg òg, kunne ingen lata att augo for, og det skorta heller ikkje på åtvaringar om det. Colban refererer såleis frå ein samtale han hadde i april 1937 med den russiske ambassa-

[1]) Sjå brev frå Ræder i Haag 16. mars 1938, nr. 99. U. M. 1938 nr. 188.

døren i London, Maisky, at for Tyskland er hovudsaka å koma ut over grensene sine der vågnaden er minst. No er vågnaden altfor stor mot aust og vest, og det vil heller ikkje bli lett å gå mot Tsjekkoslovakia, som vil få hjelp av Frankrike og Russland. Derimot vil det vera lett for det å sprengja seg ut i nord, og då er Noreg i fare. Colban freista svara til dette at då var alle stormaktene interesserte i at dei nordiske landa hadde fred, og at deira politiske og økonomiske sjølvstende vart haldi oppe. Og endå om Tyskland nok sikkert ville kunna gjera oss stor skade til å byrja med, så ville vi «ganske sikkert være i stand til å drive fienden ut igjen», for hovudsaka er ikkje våpen og ammunisjon, men nasjonalkjensla (U.M. 1937, nr. 138). Kor djup overtydinga åt Colban var om dette siste, kan ein vel vera i tvil om etter den uroa som han elles vanleg synte for forsvaret i heimlandet sitt, men slik måtte han vel svara ein framand.

I samtalar med nordmenn heldt Colban fram det same som i meldingane til Utriksdepartementet, at stoda var farleg, og han nemnde og at det var om å gjera å styrkja forsvaret. Då dette vart kjent ved eit stykke i «Bergens Aftenblad» (18. november 1936), fekk han ei påminning frå Utriksdepartementet om at han burde halda seg passiv når det galdt forsvaret; påminninga vart elles gjeven i mildaste form, i eit personleg brev frå utriksråden, men etter ordre frå utriksministeren.[1]) Seinare (sumaren 1938) tok elles Colban sjølv opp forsvarssaka på sendemannsmøtet hjå utriksministeren i Oslo og bad om å få klårleik over dei linene Regjeringa ville fylgja i forsvarsspørsmålet. Han gjekk ut ifrå at alle i Noreg no var samde om å gjera tiltak — avmåta etter våre evner — for reisinga av landsforsvaret. Før han reiste attende til posten sin i London, ville han gjerne veta om meininga var at Noreg skulle forsvara seg mot åtak, og om vi i så fall skulle la det gå til krig. På dette spørsmålet fekk han berre unnvikande svar, til slutt: «Det ville framtida syna!» (S.st. 30. juni 1938. Opplysning av Colban i Granskingsnemnda 22. februar 1946.)

Om korleis det norske skiftet i forsvarssaka tok seg ut for utlandske augo, har vi ei melding i eit skriv frå den tyske sendemannen i Oslo, Neuhaus, til Berlin 18. august 1937: «Selbst bis in die radikale Gruppe der Arbeiterpartei hinein, selbst bis in pazifistischen Professorenkreise hat sich die Ansicht durchgesetzt, dass, wenn Norwegen daran denkt, in einem zukünftigen Konflikt der europäischen Grossen neutral zu bleiben, ein gewisses Mass von Rüstungen zu Lande, zu Wasser und nicht zuletzt in der Luft notwendig sei.» (A. A. Norden, f. nr. 16893.) Målet for denne politikken er absolutt nøytralitet. Difor ser ein, at medan «Arbeiderbladet» enda i mai 1936 forkynte at i ein strid mellom Sovjetunionen og Tyskland måtte Noreg stå saman med Sovjetunionen, så er det no ferdig med slike tankar for lenge sia. Dette meiner sendemannen har ikkje komi utan påverknad frå svensk side. Dette absolutte nøytralitetskravet må gjera Noreg like sterkt mot skandinavisk blokkskiping som det har vori før. Ei

[1]) Brev frå Colban 30. november 1936 (London, nr. 1407) og frå utriksråd Aubert 5. desember 1936. Dossier 52. D. 1.

slik blokkskiping er ikkje i samsvar med fullkomen nøytralitet og aukar faren for å bli inndregen i stridane mellom dei store. «Admiralstab und Armee arklären dabei: Norwegen kann nur auf die Respektierung seiner Neutralität rechnen, wenn es sie auch selbst schützen kann. Daher muss die Wehrmacht, in erster Linie der Küstenschutz, für diese Aufgabe stark gemacht werden. Steht dagegen die norwegische Neutralität nur auf dem Papier, ohne einen effektiven militärischen Rückhalt, dann wächst die Gefahr, dass im Süden Deutschland bezw. England und im Norden die Sowjetunion Stützpunkte für ihre kämpfenden Flotten auf norwegischem Boden einrichten.»

Frå offisershald vart det sagt ifrå om det farlege tilstandet i forsvaret. Såleis heldt oberst Ruge to foredrag om saka i Militære Samfund, eit i oktober 1937 og eit i mai 1938. I det fyrste heldt han fram at endå landet vårt ligg ved ein hovudhandelsveg, så har vi det låkast utrusta og ringast øvde forsvar i verda. Og i det andre peika han på at berre med ein slik ting som klede er det så ille stelt at ved full mobilisering ville ein bli nøydd til å ribba alle private lager i landet, så det ville ikkje bli noko att til sivilt bruk. I desember 1938 sa general Erichsen at 6. divisjon var ikkje i stand til å verja nøytraliteten for Nord-Noreg utan artilleri, luftvernartilleri, fly og ein flåtestyrke. På denne tida var det mest berre infanteri der.

Då justisministeren Trygve Lie i 1937 tok opp arbeidet for sivilt luftvern, møtte han likevel enno motstand hjå menn som Nygaardsvold, Koht og Mowinckel. Dei ville i det heile ikkje gå inn på den tanken at det skulle bli bruk for slikt.[1])

Tanken om nordisk nøytralitets- eller forsvarspolitikk.

Den tanken at dei nordiske landa måtte føra nøytralitetspolitikken sin i samforståing og etter parallelle liner, var grunnfest og ikkje omstridd, men det var dei som ville gå lenger og føra ein nordisk forsvarspolitikk. Denne tanken vekte aldri stor atterklang i Noreg og slett ikkje mellom dei førande politikarane. Frå norsk side hadde ingen gjort meir til å grunnleggja ein politikk av nordisk samarbeid og forståing enn Mowinckel. Koht heldt fram med denne politikken, men ikkje utan varsemd og visse atterhald. Så einsidige fredspolitikarar som både Koht og Mowinckel kunne ikkje ha nokon samhug med tankar om å gjera Nordlanda til ein forsvarsblokk eller rustingsblokk. Derimot ville dei gjerne båe gjera det til ein freds- og nøytralitetsblokk. Det militære innhaldet i denne politikken vart, heilt korrekt, forklåra såleis av den tyske sendemannen, Dr. Sahm, i Oslo, at om eit av dei nordiske landa vart påteki, skulle dei andre syta for at dei ikkje stelte seg slik at stoda for åtaksmakta vart forbetra på

[1]) Fortalt av Lie i Granskingsnemnda 6. juli 1946.

nokon måte. Om t. d. Sverige vart påteki, skulle Noreg ikkje ha plikt til å koma til hjelp, men det skulle syta for at landet ikkje vart operasjonsbasis for åtakaren (brev til Berlin 8. april 1938). Hovudmålet for denne politikken var å gjera dei nordiske landa til ei fredsgruppe som kunne halda fram nordisk synsmåte, fyrst og fremst nordisk fredspolitikk, med større tyngd i all internasjonal politikk, serleg i Folkesambandet, enn dei kunne gjera om dei stod einsleg og kvar for seg. Dei ville freista å få innarbeidt den førestellinga at Norden er eit fredsområde, så sterkt at det kunne bli godkjent som ei kjensgjerning av dei andre landa. Jamvel om det nordiske samhaldet ikkje hadde noko militært innhald, skulle det såleis bli eit vern for sjølvstendet og ein auke for livskrafta åt Nordlanda. Eit lite Folkesamband for seg sjølv, har det vori sagt.

Det var også eit par serskilde grunnar mot ein samla nordisk forsvarsblokk. Det var for det fyrste ein naturleg otte i Danmark for at ein nordisk forsvarsblokk på nokon måte skulle koma til å få ein anti-tysk karakter. Det måtte Danmark unngå, då det etter sitt læge måtte akta seg for alt som på nokon måte kunne vekkja mistru i Tyskland. Dette kom serleg sterkt fram i den talen som den danske statsministeren, Stauning, heldt i Lund 8. mars 1937 og den bladskrivinga som fylgde etterpå. Men om ein hadde avgrensa ein samla forsvarspolitikk til å gjelda berre Noreg og Sverige, ville det òg ha vori uråd så lenge det norske forsvaret låg så langt etter det svenske. Her kunne ikkje bli noko samarbeid på likskaps fot utan ei heller sterk omlegging av den norske forsvarspolitikken. Svenskane let det tydeleg skina fram at dei ynskte ei slik omlegging, for det fyrste av di at eit avvæpna Noreg gjorde stoda meir utrygg for Sverige òg, men dinest også fordi dei fann ein samverknad mellom norsk og svensk forsvar ynskeleg. Svensk «Social-Demokraten» skreiv (28. mars 1937) om korleis den norske «arbetarrörelsens under många år hävdade krav på en nationell avrustning» her gjorde ei ny innstilling vanskeleg; det peika på at «vårt parti med större bestämdhet än våra danska och norska broderpartier tagit de militära konsekvenserna av det nya världsläget efter fasciststaternas upprustning». Om det nordiske forsvaret heldt det fram: «Vad som kränkar den ene kommer att med livsinstinktens utslag kännas som en kränkning av den andre. Vad som är romantik 1864, är därför i våra dagar en levande och organisk realitet. Men även om vi i Sverige måhända starkare än i de andra länderna ha denna känsla, så är därmed ej frågan om ett försvarsförbund besvarad ens för vårt vidkommande. Det har altför många politiska komplikationer inåt og utåt med sig för at man utan vidare skall svara ja.» «Svenska Morgonbladet» sa seg heilt og fullt samd i denne framstellinga (30. mars 1937) og «Svenska Dagbladet» klaga over at «med dansk och norsk förlegad utriks- och försvarsromantik ökar icke utsikterna för nordisk samling till en försvarssamverknad vilken ingalunde behöver få ett ratificerat avtals formella utstaffering för att göra sin tjänst i farans stund. Det minsta är välkomment som början till ett bättre». Utsiktene til dette «betre» var likevel ikkje lyse

«ty det dröjer innan norska socialdemokratien i försvarsfrågan når fram till de svenska meningsfrändernas inställning» (27. mars 1937). Frå Finnland kom det ei påminning så tidleg som i 1936, at om stortingsvala det året skulle gje «ett växande stöd för försvarsnegativismen och visa at man fortfarande ej vill göra något för att föra upp försvaret till den nivå man i andra länder i närvarande tid funnit påkallad, bli utsikterna till ett samförstånd med grannlandet blott så mycket mindre».[1]) Sia kom det endå skarpare tale i same leia. I det heile kan ein vel seia at den nordiske interessa åt Finnland hovudsakleg var vend mot Sverige. Av Noreg venta det seg ikkje mykje.

Så langt som til rådlegging mellom statsmenn i ansvarleg stilling nådde den nordiske forsvarspolitikken ikkje. Då Koht reiste til det nordiske utriksministermøtet i Helsingfors i 1937, sa han at tanken om nordisk forsvarssamband drøfte dei aldri. Ingen rekna det for praktisk politikk.[2]) Berre kommunistane gjekk inn for tanken om eit nordisk verjesamband, som då etter deira ynske skulle stå i forståing med Sovjet-Samveldet. I det svenske arbeidarpartiet var det nok sterke krefter som ynskte eit nordisk verjesamband, men det vart aldri ein politikk som partiet gjekk inn for som parti. Derimot kan ein nok seia at det svenske arbeidarpartiet, likeeins som svenskane i det heile, sterkt ynskte at det norske systerpartiet skulle nærma seg til ei slik innstilling som det sjølv hadde i forsvarssaka. Det gav det tydeleg, men varsamt til kjenne på mange vis i dei siste åra før krigen. Sermerkt for kor diskret og varsamt svenske statsmenn gjekk fram her, er den radiotalen som den svenske utriksministeren Sandler heldt om «Norden och världen» 4. april 1938. Han strekar under at Folkesambandet kan vi ikkje rekna med lenger. «Det bli till eget omdöme, egen beslutsamhet och egen kraft vi må skola lita.» Oppgåva vår er «att i en stormaktskonflikt värja egen självbestämningsrätt till den politik som håller samtliga Nordens länder utanför krig». — — «För detta ändamål är det vi bereda oss och vilja öka vår styrka.» Oppvæpning i eit granneland gjev oss inga uro, men det er tvert om slik «att den allmänna meningen i andra nordiska länder reagerar med spontan sympati då något av grannerikerna anspänner sina kräfter på det militära området». Det skal likevel ikkje vera ein militær allianse, men «en även till militära anstalter utvidgad neutralitetsberedskap». Han reiser spørsmålet om ikkje «en viss koordinasjon av alla, resp. flera, nordiska länders värnkraft kan ge ökad styrka åt våra chanser att unngå krig». Han sluttar: «Låt oss icke med förklädnader dölja att vad vi företaga oss nu helt enkelt är att de primitiva självbevarelseinstinkterna visa sin makt, då vi inse hurudan världen är och vår bristande förmåga att göra den annorlunda.» (Nordisk Tidsskrift for international Ret 1938, s. 171 ff. Talen vart referert av den tyske legasjonsråd (Wied) i Stockholm til Berlin 5. april 1938.) Sandler agiterte ikkje ein einaste gong for at vi må styrkja

[1]) Hufvudstadsbladet 9. april 1936.
[2]) Arbeiderbladet 1. april 1937.

forsvaret i Noreg, men omveges siktar heile talen mot dette formålet. Det gjeld at vi ser med realitetssans på verda slik som ho er og tek konsekvensane av det og styrkjer oss; då kan grannelanda òg kjenna seg tryggare.

Som ei omveges påminning om forsvaret må ein vel også forstå vitjinga av svenske krigsskip i norske hamner før krigen, i all fall var det mange den gongen som forstod det slik. Om ein her, med all mogleg varsemd, vil tala om eit svensk påtrykk, kan vera ei smakssak. Dei svenske påminningane vart meir og meir kjennelege di meire krigen nærma seg. 24. januar 1939 sette såleis utriksråd Aubert opp eit P.M. om denne saka og skreiv der: «Den svenske Minister, Herr Günther, har under flere tilfeldige samtaler om forsvarsspørsmål ikke lagt skjul på sin mening om Norges utilstrekkelige forsvarstiltak. Hans uttalelser er falt på en sådan måte at en ikke godt kan beskylde ham for å ha lagt seg opp i saker som ikke vedrører ham. Han har vært inne på spørsmål som er av interesse for såvel Norges som Sveriges forsvar, og han har derunder gitt uttrykk for den mening at Norge økonomisk og finansielt står i en så god stilling at landet kunne ventes å avgi mere til forsvaret. Han har pekt på hvad den svenske regjering for tiden gjør for Sveriges forsvar, tiltak som endog rent forholdsmessig sett går langt videre enn de norske.» Aubert held vidare fram kor viktig det er for Sverige at Noreg står betre rusta enn det gjer, og han sluttar såleis: «Jeg trenger sikkert ikke å fremheve hvilken avhengighetsstilling vi ville komme i overfor Sverige, dersom dette under en kommende krig skulle se seg nødt til for sin egen skyld å overta en del av de forsvarsopgaver som naturlig (dvs. fra et suverenitetssynspunkt) skulle falle på Norge (jfr. Narvik).» Litt seinare på året heldt Johan Scharffenberg fram liknande synsmåtar i ein artikkel i «Arbeiderbladet» (14. april 1939): «Jeg finner det uverdig og farlig for det norske folk, som har ført en så lang kamp for sin uavhengighet overfor Sverige, om det med sannhet skulle kunne sies at Norge bare ble reddet med Sveriges hjelp og ikke satte hele sin egen kraft inn. Det ville skade den «selvstendighetens æresfølelse» som er en verdifull faktor i et folks liv.

Det er heller ikke ønskelig at Sverige blir helt militært overmektig i forhold til Norge. Sveriges folkemengde er vel dobbelt så stor som Norges, og den økonomiske overvekt er enda større.

Det bør bli et noenlunde tilsvarende forhold mellom de offer de to land bringer for sin fred og frihet.»

Det sterkaste og mest verkningsfulle arbeidet frå svenske statsmenn for å få norske politikarar til å forstå at den europeiske politikken kravde ein ny forsvarspolitikk, var vel det som vart gjort med personlege møte. Serleg har ein her grunn til å leggja vekt på reisene åt den svenske statsministeren, Per Albin Hansson, til Noreg og dei møta han hadde med dei førande mennene i det norske arbeidarpartiet. Det er grunn til å tru at svinginga i det norske arbeidarpartiet i forsvarssaka etter 1936 er

noko påverka herifrå. Her må ein òg leggja vekt på innstillinga frå den svenske forsvarskommisjonen i 1935, der alle svenske parti gjekk inn for ei styrking av forsvaret. Så stort inntrykk gjorde likevel ikkje den svenske agitasjonen for forsvaret i Noreg at det førde til verkeleg omlegging av forsvarspolitikken (U. M. Dossier 52 D. 1). Under ein diskusjon seinare på året om nordisk verjesamband skreiv det finske «Hufvudstadsbladet» (10. august 1939) at det var ei vanskeleg sak: «Det rymmer t. ex. frågan om parternas alliansvärdighet med hänsyn till deras olika grad av försvarsberedskap.» Dette ordet «alliansvärdighet» sikta tydeleg til Noreg, og den norske sendemannen i Helsingfors, Johan Michelet, rapporterte heim at «det forekommer meg usympatisk» (brev 11. august 1939. Helsingfors nr. 548. U.D. 52. C. 1). Det var naturleg at ordet tyktest «usympatisk» på norsk side, men det var like naturleg at dei andre landa såg det slik.

Den norske forsøminga av forsvaret og den vanlege norske innstillinga i forsvarssaka i det heile, gjorde då all tanke om ein nordisk forsvarspolitikk umogleg, i alle fall for nokor nær framtid. Samarbeidet måtte avgrensa seg til nøytralitetspolitikken, at ein førde den etter parallelle liner. Det viktigaste her var at sakkunnige frå dei ymse landa på ei rad med møte frå 1935 til 1938 førebudde eins nøytralitetsreglar. Dertil kom samarbeid i dei ymse forsyningsspørsmål og transportspørsmål. Sumaren 1937 vart det ført tingingar mellom generalstabane i Stockholm og Oslo, men dei galdt berre spørsmålet om korleis ein i tilfelle av blokade skulle kunna bruka dei svenske jarnvegane til matsending til Nord-Noreg. «Men militærhjelp eller krigssamband har det i desse dryftingane aldri vore tale om,» sa Koht i Stortinget 24. juni 1937. «Det er spørsmål som ligg utanfor vår politikk» (Stort. Tid. 1937, s. 1652). Ei reise av admiral Otto til Sverige vart òg ein del omtala i denne samanhengen, men hadde berre hatt private føremål (protokollen for møte i Utriksnemnda 16. desember 1936, s. 18 og 53). Litt samarbeid kom det likevel i stand på dei militære områda òg, såleis om å ha same kaliber for visse typar av ammunisjon; det fyrste opptaket frå norsk side var eigenleg gjort av professor Wedervang med eit brev til Koht 8. august 1937 (U. M. Dossier 52 C. 1). Utetter 1938 kom det òg opptak frå svensk side for å få i stand eit samarbeid for luftvarsling, opptaking av kart ifrå lufta og gjensidig varsling mellom marinene om framande krigsskip i norske og svenske territorialfarvatn. Saka var framme på utriksministermøte både i Oslo 5.—6. april og i København 22.—24. juli 1938.

Frå luftvarslinga vart det òg sett opp ein plan i september same året, og planen vart sett i verk i september året etter (skriv frå F.D. til U.D. 11. september 1939, U.D. 52 C 1). Om avtalen om gjensidige opplysningar mellom den norske og den svenske marinen vart det opplyst frå norsk side at den ville vera serleg viktig for Noreg «idet de svenske organer arbeider under bedre forhold enn våre (flere officerer og mere penger til disposisjon, marineattachéer m. v.)». Meldingane skulle vanleg gå med

brev, men om det var naudsynleg for å spara tid med telefon, i vanlege tider på klårt mål, men elles etter avtala kode (brev frå F.D. til U.D. 6. januar 1939 U.D. 52 C. 1). Svenskane tok også oppatt forhandlingar som hadde vori førde 1931 og 1932 om overføring av handel frå Øystersjøhamner til norske hamner i krigstid (skriv frå Günther 1. mars 1939, frå Arbeidsdepartementet 16. mars og frå U.D. til Günther 17. mars 1939. U.D. 52 C. 1.). Det var også ein del skriving om at dei nordiske landa burde halda lager av meir kostesame våpen som tanks og liknande til saman. Agitasjonen for det var visstnok serleg sterk i Finnland, men han førde ikkje til noko. Litt gjensidig hjelp med ymse militære saker gjekk då for seg, men i svært lite omfang (sjå om det Dossier U.D. 52. O. 8).

Elles var Noreg mykje atterhaldi. I eit ordskifte om slike spørsmål på utriksministermøtet i Helsingfors 20.—22. februar 1939, sa såleis Koht: «I Norge står en nokså tvilende overfor koordinasjon på det militære område. En hadde gått med på samarbeid i etterretningsvesenet, særlig for flyvæpningen, men ellers var en tvilende og varsom.» Referatet held fram at «Koht var redd for at alle avtaler som berørte de militære områder ville få utseende av militære allianser, som en var en motstander av i Norge». (U.D. 52, C. 1.) Elles òg var Koht redd for å tøya det det nordiske samarbeidet for langt. I eit skriv 13. oktober 1938 slo såleis den danske utriksministeren, P. Munch, på at ein burde få ein betre skipnad for det nordiske samarbeidet. Han ynskte årvisse samkomer, kanskje på ein 14 dagars tid, mellom stats- og utriksministrane frå Noreg, Sverige, Danmark og Finnland, fyrsteministeren på Island og dertil utval frå riksdagen. Der skulle dei ikkje gjera vedtak og halda avrøystingar, men drøfta ulike måtar for samarbeid. Dette skulle også gjera eit sterkt inntrykk utetter av samarbeidet i Nordlanda. Planen fekk medhald hjå stats- og utriksministeren i Finnland og Sverige, men motstand hjå Koht og Nygaardsvold. Dei tykte det var for stort apparat, og meinte at det nordiske samarbeidet heller ikkje enno hadde «slikt eit omfang at det kan bli arbeidstilfang nok for slike møte, og vi trur at slike møte lett kunne gje samarbeidet ein sterkare politisk farge enn høveleg ville vera, i det minste nett no». Derimot slo Koht på at dei nordiske handelsministrane kanskje kunne møtast, og at det kunne bli nøyare utforma kva grannelandsnemnda skulle arbeida med (skriv frå Munch til Koht 13. oktober 1938, svar frå Koht 10. november 1938, jfr. skriv frå Esmarch til Koht 8. november 1938, U.D. 47 C. 3).

Det var ei førebuing til den krigen ein venta på, at dei nordiske statane tok opp nøytralitetsreglane frå 1912 til revisjon. Etter grundig saumfaring av sakkunnige frå kvart av landa, vart dei vedtekne og kunngjorde 13. mai 1938. Dei 5 statane (Island og Finnland var no med) gjorde også avtale 27. mai om at reglane skulle vera eins for alle, og så framt det var mogleg, skulle ingen einskild stat retta dei utan å gje melding til dei andre så god tid føreåt at det kunne bli tid til drøfting av saka.[1]

[1] Dokumenta om saka i Dossier 37. C. 5. I. Reglane i Norsk Lovtidende 1938, s. 707 ff. Nordisk Tidsskrift for international Ret 1938, s. 267.

Eit serskilt tiltak til førebuing, om det skulle bli krig, var det at Regjeringa 16. september 1938 skipa «Regjeringens rådgivende komité». Den skulle ha til oppgåve å røkja etter kva som var gjort av statstiltak då krigen braut ut i 1914, og kva ein burde gjera no. Det galdt serleg å greia ut spørsmålet om statskontroll over dei økonomiske og finansielle hjelperådene åt landet i ein krig; vidare «hvilke oppgaver av økonomisk, finansiell og handelspolitisk karakter (innbefattet skipsfarten) staten bør overta under en kommende krig, ikke minst til sikring av kompensasjonsmidler før og under en eventuell blokade». Nemnda vart samansett av 8 menn, hovudsaklig sjefar frå dei departementa som serskilt hadde med slike økonomiske saker å gjera; ho skulle arbeida saman med Noregs økonomiske Sjølvhjelpsråd. Nedsettinga av denne nemnda er eit vitnemål om kor vaken Regjeringa var når det galdt å bu landet økonomisk til den krigen ein venta. Dessverre ser ein ikkje noko tilsvarande initiativ når det gjeld forsvaret.

Strid om forståinga av nøytralitetspolitikken.

Ein reint prinsipiell strid om kva som skulle vera målet for utrikspolitikken vår, vart det ført utetter vinteren og våren 1938. Under trontaledebatten dette året gjorde Mowinckel framlegg (15. februar) om at Stortinget skulle styrkja nøytralitetspolitikken åt Regjeringa med eit sovore vedtak: «I tilslutning til trontalens uttalelse at det alltid må være en oppgave for norsk politikk å holde landet utenfor krigerske forviklinger, støtter Stortinget Regjeringen i dens bestrebelser for å få klarlagt og anerkjent vår rett til som medlem av Folkeforbundet å iaktta en ubetinget nøytralitet i tilfelle av en krig som ikke berører Norge.» Mowinckel hadde litt tidlegare ført ein pressestrid med dr. Chr. Lange om nøytralitetspolitikken. (Mowinckel i «Tidens Tegn» 11. og 29. desember 1937, dr. Lange 22. desember; jfr. òg Quisling 23. desember.) Dr. Lange hadde hevda at den absolutte nøytralitetspolitikken var i motstrid med Folkesambandet, ville ikkje bli godkjend av Folkesambandet, og i ein storkrig ville vi heller ikkje makta å hevda ein slik nøytralitet, men stå i fare for å bli tvinga inn i krigen på den sida vi ikkje ynskte å vera. Han tok no oppatt denne kritikken og hevda i staden ei rein folkesambandsline. Braut ei makt freden, skulle vi vera med i folkesambands-fronten mot denne makta. Dette var ikkje det same som å ta parti i krigen, men å vera med i ein politiaksjon mot eit åtak på verdsfreden. Det var ikkje vanskeleg å forstå at dr. Lange her tenkte på eit konkret tilfelle som kunne koma til å henda, eit åtak frå Tyskland på eit granneland (nærmast Tsjekkoslovakia), og at vi då skulle vera med i ein folkesambands-aksjon mot Tyskland. Likevel tenkte han seg ikkje at vi skulle ha plikt til å vera med på militære, men berre på økonomiske og finansielle sanksjonar. Det ville nok kosta, men han kunne trøysta med at det ikkje ville «bli på langt nær hva en «ubetinget» nøytralitet må koste i militærbevilgninger og savn av enhver art». (Det 20de århundre, 1938, s. 69—73.)

Etter dette skulle tilhøvet bli såleis: Av mistru til at Folkesambandet lenger kan gje trygd og vern mot krig, tek ein sine atterhald mot sanksjonsartikkelen, og såleis er ein med på å lama verksemda åt Folkesambandet på eit avgjerande punkt. Likevel skal ein ikkje ta konsekvensen av denne politikken, som er den gamle vilkårslause nøytraliteten, for den krev at vi sjølve er viljuge til å verja nøytraliteten. Framleies skal vi byggja på Folkesambandet og fylgja det, — likevel berre eit stykke på vegen, nemleg så langt som til økonomiske og finansielle, men ikkje til militære sanksjonar; for dette vil bli mykje billegare. I dette resonnementet om at vi endå skal lita på Folkesambandet, og at det framleies skal kunne spara oss for forsvarsutgifter, ser vi aldri at Koht slo fylgje. Når han var imot stiging i forsvarsutgiftene, var det alltid ut ifrå ein ålmenn pasifisme og utan nokor tiltru til evna åt Folkesambandet, som han alltid åtvara mot å ha.

I kritikken over den absolutte eller vilkårslause nøytraliteten hadde utriksministeren same synet som dr. Lange. I ei seinare framstelling av denne politikken skriv han (23. og 24. september 1945): «Men då så Joh. Ludwig Mowinckel den neste månaden tok opp framlegg om at Stortinge skulle uttale seg for «vilkårslaus nøytralitet», sette eg meg imot at lande skulle vera bundi til slik ein politikk, og etter mykje tinging fekk eg framlegge — og dermed vedtake — brigda såleis at det berre slo fast retten for Noreg til å vera nøytralt i all krig som det ikkje kunne rekna for å vera ein aksjon av Folke-Sambande». Det er mogleg at denne formuleringa er resultatet av eit kompromiss mellom på den eine sida Mowinckel, som ville ha nøytraliteten absolutt, — og på den andre sida ein radikal fraksjon i arbeidarpartiet som ikkje ville at Noreg skulle vera bundi til nøytralitet i ein krig mellom Tyskland og Sovjet-Samveldet, og dessutan dei som med Hambro var sterkt imot at Noreg skulle gå ifrå pliktene sine etter Sambandspakta. Mowinckel har då fått berga formelen om «vilkårslaus nøytralitet», men har loti gå med på atterhaldet «i all krig som det ikkje kunne rekna for å vera ein aksjon av Folke-Sambande». Den tyske sendemannen i Oslo, dr. Sahm, fortel i eit brev til Berlin 8. april at passusen i kommunikeet om «absolutt nøytralitet» «nur im scharfen Kampfe gegen die Radikalen in der Arbeiterpartei durchgesetzt werden konnte» (A. A. Nordische Staaten 4. Pol. VI. pkt. 12 Band 1).

Denne formuleringa har alt vori godkjend då den interparlamentariske gruppa i Stortinget 24. februar vedtok ei fråsegn såleis: «Så lenge forbundet ikke er universelt, og store maktgrupper står utenfor, må medlemsstatene fastholde sin rett til å være ubundet av sanksjonsbestemmelsene i art. 16 og en stats adgang til å stille seg helt og ubetinget utenfor en krig som den selv ikke godkjenner som noen folkeforbunds-aksjon, må anerkjennes.» Etter dette skulle vi altså ikkje søkja Folkesambandet om å få godkjend ein absolutt nøytralitet, men vi skulle avgjera sjølve i kvart einskilt tilfelle kva veg vi ville fylgja.

Den siste forma vart også godkjend i Stortinget. Det var to grunnar til det, fortalde Mowinckel i ein debatt i Stortinget året etter (debatt om Folkesambandet 3. mai 1939, Stort.Tid. 1939 s. 1002.) For det fyrste ville godkjenning av nøytraliteten vår krevja ei retting av art. 16 i folkesambandspakta, og det var det ikkje von om at ein kunne få. For det andre — og det var hovudsaka — kom ein til at det var ein veikskap å søkja om godkjenning på det ein mente var eins rett som suveren stat. Skulle vi ikkje få godkjenning, ville vi stå veikare etterpå når vi fyrst hadde søkt om ho. Det kunne også lett føra oss ut i ordskifte som kunne binda oss sterkare enn vi ynskte. Eller som Koht sa: «Den rette staden for oss, det er vårt eige storting.» Han fann òg at ordlaget «en krig som ikke berører Norge» ikkje var fullklårt. Etter denne kritikken vart framlegget retta såleis: «I tilslutning til trontalens uttalelse at det «alltid må være en opgave for norsk politikk å holde landet utenfor krigerske forviklinger», fastholder Stortinget landets rett til å iaktta en hel og ubetinget nøitralitet i enhver krig som det selv ikke godkjenner som folkeforbundsaksjon». I denne forma vart framlegget samrøystes vedteki av Stortinget 31. mai. Tanken var at «vi på forhånd klarlegger vår politikk således at vi ved eventuelt krigsutbrudd står slik at alle makter er på det rene med at vi vil erklære oss ubetinget og objektivt nøitrale». (Innst. S. nr. 174, 1938, Stort. Forh. 1938, VI a, s. 487, jfr. Stort. Tid. 1938 s. 245 flg. og s. 1363—1373.)

Det var eit nytt og avgjerande steg bort ifrå artikkel 16 i folkesambandspakta. «. . . . som instrument for kollektiv sikkerhet har Folkeforbundet ophørt å eksistere», sa Mowinckel. Vi går no attende til den tradisjonelle nøytralitetspolitikken som vi førde før vi gjekk inn i Folkesambandet, sa Anderssen-Rysst. I eit brev til Mowinckel under drøftingane av denne saka (28. april 1938) kveste Koht til utrikspolitikken sin såleis: sjølvråderett i aksjonar frå Folkesambandet, nøytralitet i store maktstridar — dette i nøye samsvar med formuleringa åt den svenske utriksministeren Sandler (gjennomslag av brevet hjå Koht). Det er likevel mykje tvilsamt om dette var å gå attende til den tradisjonelle nøytralitetspolitikken frå før vi gjekk inn i Folkesambandet. Den nøytraliteten var verkeleg absolutt, men i det atterhaldet som Koht no hadde fått inn i kunngjeringa, at den vilkårslause nøytraliteten berre skulle gjelda i alle krigar som vi ikkje sjølve godkjende som folkesambandsaksjon, var døra halden åpen til å gå inn i ein krig likevel. Dette la folk likevel lite merke til. Det som dei feste seg ved både innanlands og utanlands, var alle forsikringane om at nøytraliteten skulle vera absolutt, det var flukta frå Folkesambandet.

Russisk agitasjon likte dette ille. Denne flukta inn i nøytraliteten, var det same som flukt frå den kollektive trygd, som atter var det same som å gje opp sjølvstendet og koma inn under imperialistiske makter, eller: dette ville bli til glede for åtaksmaktene (brev frå Bolstad i Moskva 21. juni og 27. og 28. juli 1938 nr. 244 og 298. U. M. 1938 nr. 368 og 401).

Endå hardare kom kritikken frå eit av dei vestlege grannelanda til Tyskland, frå Belgia, rett nok frå opposisjonen. Ein rapport til utriksdepartementet i Berlin frå Bryssel (3. august 1938) etter København-kommunikeet om nøytraliteten var utsendt, nemner senator Henry Rolin: «Er fürchtet, dass die vorbeugende Wirkung einer gesicherten Zusammenarbeit im Falle eines neuen deutschen «Raubzuges» damit verloren gehe.» Dette er eit nytt steg på vegen til internasjonal defaitisme. «Sie seien eine Kundgebung des ohnmächtigsten, unwirklichsten und abscheulichsten Wort-Pazifismus.» Og rapporten nemner at liknande kritikk kom det frå liberalt vallonsk læger. (A. A. Nordische Staaten f. nr. 16036, jfr. rapport frå den tyske sendemannen i København Hensel 28. juli og frå Radowitz frå Luxemburg 30. juli, Brunhoff frå Stockholm 20. juli.) Det står knapt til å nekta at den belgiske senatoren hadde mykje rett i kritikken sin, — det fekk vi snart røyna, men han var då likevel berre ein konsekvens av den «internasjonale defaitismen» som var byrja med samanfallet av folkesambands-politikken.

Liknande vedtak og fråsegn kom i denne tida frå fleire småe land, og tidene var også meir og meir skræmelege. Den engelske utriksministeren, Eden, som var rekna for å halda sterkt på folkesambandspolitikken, laut gå av 20. februar. Han hadde nyst i rådsmøte i Genève 27. januar trøysta dei små statane med at England var budd til å gje Folkesambandet sin fulle stønad, men no kom fyrsteministeren, Neville Chamberlain, med ein tale i Parlamentet dagen etter at Eden var gått av og åtvara mot å lita på vern frå Folkesambandet for dei små statane. Heller ikkje måtte dei venta at nokon nasjon skulle ta på seg ansvaret og vågnaden med å bruka sanksjonane. Sendemannen vår i London, Colban, la til at jamvel om arbeidarpartiet kom til makta i England kunne ein ikkje rekna med at det ville gjera nokon kraftig innsats for Folkesambandet (Colban 23. og 25. februar 1938. U. M. 1938 nr. 143 og 154). Eit par veker etter at Chamberlain hadde haldi denne talen, gjekk Hitler inn i Austerrike (12. mars), og det måtte vera all grunn til å tru at dette var eit avgjerande steg lenger mot den storkrigen ein venta på.

Nokre dagar etterpå (19. mars) førde Mowinckel fram denne interpellasjonen til Regjeringa i eit løyndemøte i Stortinget: «Kan Regjeringen gi Stortinget opplysning om hvilken stilling den på landets vegne mener den bør innta i tilfelle av at en europeisk storkrig bryter ut?» Som ein ser, er dette ein spurnad i den same saka som Mowinckel hadde reist med framlegget sitt under trontaledebatten 15. februar. Dei storpolitiske hendingane dei siste vekene hadde skapt ein otte, så ein ikkje tykte ein kunne bia til dette framlegget kom frå Utriksnemnda til Stortinget og kunne bli avgjort der. Nygaardsvold svara at vart det krig, ville Regjeringa straks lysa ut ei liknande kunngjering som den som var utlyst i 1914. I denne utlysinga ville Regjeringa søkja samarbeid med dei andre nordiske landa og kanskje med andre alliansefrie land òg, likevel utan å binda seg med gjensidige forpliktingar i eit verjesamband.

Etter svaret frå statsministeren måtte det vera naturleg å gå ut frå at ein også ville verna om nøytraliteten på same måten som under krigen 1914—1918. Sven Nielsen drog også den slutningen: «Når den ærede statsminister uttalte at under en eventuell stormaktskrig i Europa ville Regjeringen avgi en erklæring om at vårt land ville iaktta full nøytralitet, ser jeg deri en uttalelse om at Regjeringen og det parti som Regjeringen er utgått fra, er kommet til det resultat at nå skal vårt land verge sin nøytralitet med våpenmakt.» Det kom ikkje noko svar på dette, men ein måtte forstå det slik at her galdt det verkeleg nøytralitetsforsvar.

Den forståinga av nøytraliteten som Stortinget hadde gjevi ord for med utsegna si 31. mai 1938, vart styrkt både ved liknande utsegner frå dei andre nordiske statane og frå sume statar utanfor Nordlanda og dessutan frå to utriksministermøte. Det fyrste var elles eldre enn stortingsutsegna 31. mai, det var eit møte mellom utriksministrane frå dei andre nordiske land i Oslo 5.—6. april. Det sende ut ei kunngjering om at dei nordiske statane i alle tilfelle ville halda seg utanfor krig, utan omsyn til ulike tolkingar av artikkel 16 i folkesambands-pakta. Det andre møtet var mellom utriksministrane frå alle 7 Oslo-statane i København 23.—24. juli. Det hevda at den forståinga at sanksjonane var ikkje-obligatoriske, måtte gjelda for alle medlemene i Folkesambandet og ikkje berre for dei sjølve, og at det måtte vera i Folkesambandet si eiga interesse at dette vart klårt og greitt fastslegi. Straks etter vart denne kunngjeringa samtykt og styrkt av eit nordisk interparlamentarisk møte i Stockholm, som kravde at den nordiske forståinga av nøytraliteten måtte bli kunngjort på ein tilfredsstillande måte.

Det vart gjort på møtet i Folkesambandstinget i Genève i september 1938. I ein tale i Tinget 16. september refererte Koht stortingsvedtaket 31. mai og hevda at dette berre var å dra konsekvensane av den faktiske stoda, sia Folkesambandet sjølv hadde gjevi opp å setta i verk art. 16. Det var ein rett og ei plikt for oss å seia ifrå at i stormaktsstriden ville vi halda oppe nøytraliteten vår så langt vi kunne. Som så ofte før hevda han at hovudsaka for Folkesambandet var ikkje det negative, å strida mot ein forbrytar etter art. 16, men det var å gjera positivt og byggjande arbeid for freden, såleis med å nytta art. 19 om venskapleg gransking av alle saker som kan setta freden i fare, art. 11 om å gjera regelen om at vedtak skulle vera samrøystige meir bøyeleg, og art. 8 om nedvæpninga eller i minsto avgrensing av væpningane (Utriksmeldingar 1939 nr. 445). Koht sytte også for at i den rapporten som vart vedteken i Tinget 30. september om forståinga av art. 16, kom det ikkje med nokon ting som kunne veikja den nordiske synsmåten, at kvar stat hadde rett til å ta stode etter eige skjøn når det galdt art. 16. Dette vart også med det same fastslegi i praksis ved det vedtaket som vart gjort i den japansk-kinesiske krigen. (Etter framstelling av Koht sjølv i Stortinget. Stort. Tid. 1939 s. 1007. U. M. 1939 nr. 467.)

Denne politikken vart vanleg forstått slik at dei nordiske statane heldt seg meir og meir borte frå Folkesambandet. (Sjå om det ein rapport til Berlin frå den tyske observatøren i Genève, Krauel, 27. oktober 1938. A. A. Norden f. nr. 16066.) Det var fylgja av at ein ikkje lenger torde lita på at Folkesambandet kunne gje noko vern mot krigen, men det var også nye drag til å markera nedgangen for Folkesambandet, kanskje også å skunda på nedgangen. Samstundes arbeidde likevel Koht også for å styrkja fredspolitikken på den måten som han hadde gjort til eit program for europeisk politikk like frå si fyrste tid som utriksminister; det var med å ta opp dei aktuelle stridsspørsmåla til løysing eitt for eitt. På det gjorde han ein freistnad på utriksministermøtet for Oslo-statane i juli 1938 i København. Tanken hans var at Oslo-statane skulle venda seg til stormaktene og be dei få i stand ein internasjonal konferanse der dei skulle drøfta alle dei utrikspolitiske spørsmåla med tanke på korleis dei skulle nå fram til nedvæpning eller i det minste ei avspaning mellom statane. Det vart vedteki at Koht skulle fyrst venda seg til alle dei små og mindre statane som berre kunne ha skade av krigen og få dei med på ei slik oppmoding til stormaktene, anten beinveges eller gjennom Sambandsstatane i Amerika. (Protokoll frå løyndemøte i Stortinget 1939 s. 605 f.)

Tanken møtte samhug hjå dei baltiske statane og Balkanstatane, og Koht hevda at dette var ingen utopisk tanke, for både den tyske rikskanslaren og den engelske fyrsteministeren hadde sagt mange gonger at dei var viljuge til å vera med på ei slik drøfting. Det er likevel vanskeleg å forstå at det som hadde mislykkast så grundig på nedvæpningskonferansen i 1932, skulle ha betre voner i 1938 etter alt det som hadde hendt i mellomtida, og så stor som spaninga var då. Det førde i alle fall ikkje til noko. I staden fekk ein den fyrste tsjekkoslovakiske krisa i september, og det var under den at Folkesambandet hadde møtet sitt dette året.

Under dette møtet la Koht seg hardt i selen for å få fram det tsjekkoslovakiske spørsmålet. Han gjorde det til å byrja med under motstand frå dei andre nordiske landa, serleg frå Sverige. Det var uvilje mot å leggja seg opp i ein strid mellom dei store maktene og otte for at Tyskland kunne rekna det for ei uvenleg gjerning. Med god hjelp frå presidenten for Folkesambandstinget, som den gong var den irske fyrsteministeren de Valera, lykkast det likevel å få vedteki ein resolusjon med ei maning til maktene om å løysa stridsspørsmåla i fred. Ei liknande fråsegn fekk han også vedteki for den spanske borgarkrigen (U. M. 1938 nr. 461 jfr. 454 og 464. Koht II s. 2). På Tinget i Folkesambandet i 1937 hadde Koht sett fram den tanken at på ein eller annan måte måtte ein få rådspurt den spanske nasjonen. Tanken vart lagd merke til, og i god tid før neste møtet kom det omveges oppmoding til Koht frå førande spanske politikarar om å ta opp att arbeidet for mekling og fred i Spania, såleis frå den faste representanten åt Spania (det republikanske) ved Folke-

sambandet i Genève, de Rivas Cherif (verbror åt presidenten Azana).[1] Sameleis ein tidlegare statsråd Nicolao d'Oliver, og ein bladmann Nicolau Rubio.[2]) Koht fylgde desse oppmodingane. Han gjorde det, sa han i Stortinget, utan nokor von om å kunna stogga krigen, men fordi det var «ei samvetssak for meg at det ålmenne fredsynsket i verda skulle få ord og form». (Trontaledebatten 15. februar 1939, Stort. Tid. 1939 s. 140.) Det var ein tenkjemåte som forresten mange andre gav ord for i Genève den gongen. Som dei andre nordiske utriksministrane greidde Koht også endå ein gong ut om atterhaldet mot sanksjonspolitikken, artikkel 16. Etter stormaktene gong på gong hadde lati vera å fylgja artikkelen, var det verdlaust for dei små maktene å fylgja han. (Talen står i Nordisk Tidsskrift for international Ret 1938, s. 292.)

Faren for krig kjendest så stor under dette møtet i Folkesambandstinget at Nygaardsvold telegraferte til Koht og bad han senda heim ein formel til ei nøytralitetsfråsegn om krigen brått skulle bryta ut. Koht svara med å visa til den formelen som var nytta i 1914. Det var også på tale at dei nordiske utriksministrane skulle reisa heim frå Genève før møtet der var ferdig, men det avrådde Koht, då han ikkje trudde krigsfaren var så stor, og det vart då heller ikkje gjort.[3]

Den krigsfaren som Nygaardsvold såleis fann så trugande nær, førde likevel ikkje til at han sette i verk militære tiltak til å førebu landet på krigen.

Reaksjonen frå septemberkrisa her i Noreg gjev for vide krinsar eit overlag trist inntrykk av politisk uforstand. Her var det mykjen glede over forliket i München. Freden var berga, kunne ein høyra. Det gjekk jamvel så langt at det vart agitert ikkje så lite for at Chamberlain måtte få Nobel-prisen for fredsverket. Folk ville altså ikkje sjå det som burde ha vore berrsynt for alle, at det var valdsferd og urett som hadde triumfert. Freden var berga på kostnad av retten, og det var liten grunn til å vona og endå mindre grunn til å tru at ein slik fred skulle bli varig. Det var rein strussepolitikk. Colban melde frå London kor djup pessimismen var der etter forliket i München, korleis rustningsfeberen no auka på i alle land like til i Amerika, korleis dei nett no dreiv arbeidet under høgtrykk for rekruttering og med graving av tilflukt-rom, og at ein syntest det var «underlig å se at den norske presse i motsetning til den svenske og danske presse hadde møtt Müncheneravtalen med stor tilfredshet». (Brev 25. oktober 1938, nr. 1625. U. M. 1938, nr. 486, og 29. og 30. september, jfr. Colban: «Hvorledes verdenskrig nr. 2 ble til», 17., 19., 21. og 22. september.) Ein frisk og framsynt kritikk over München-politikken kom det likevel

---

[1]) Brev frå Maseng 23. og 25. april 1938. Genevè nr. 88 og 89. U. D. 38. B. 2 (jnr. 7953 b og 8113 b).

[2]) Notat av Koht 21. mai og 18. september 1938. U. D. 38. B. 2. Sjå og takkeskriv frå presidenten for Comité espagnol pour la paix civile, A. Mendizabul, 14. oktober og frå den delegerte i Genevè for denne komiteen, Sugranyes de Frach, 27. september.

[3]) Brev frå Koht til U. D. 18., 20. og 22. september 1938. U. D. 38 B. 1. I.

frå stortingspresident Hambro; det vekte oppsikt og ikkje liten kritikk, då sume tykte han var hardare i kritikken sin over England enn det som omsyn til nøytraliteten kravde av ein så høg tillitsmann.

Den tyske sendemannen i Oslo, dr. Sahm, melder heim ved denne tid (14. desember 1938) at tiltrua til England var i stigande både på grunn av dei gigantiske engelske planane om rustinga i lufta og inngripinga åt Chamberlain i den mellom-europeiske striden. Dette siste er vel tvilsamt, men at reddhugen for Tyskland var stigande etter dei siste hendingane, er sikkert nok, og at dei vende tankane mot England er like sikkert som det er naturleg. Om ein her i landet ikkje tenkte så mykje på nokon militær fare frå Tyskland, så tenkte ein så mykje meir på ein økonomisk, ei ny Hansa-tid, og då var det berre ei motmakt å knyta seg til, og det var England. England var også den einaste stormakta som hadde ei verkeleg interesse av at den norske kysten var fri. Talen gjekk at det ville ikkje la andre makter setta seg fast på den norske kysten, og det hadde inga interesse av å gjera det sjølv.

Det er sermerkt for korleis tyskarane såg hovudfienden England alle stader at dr. Sahm jamvel meinte at omsynet til England var ei årsak til at Noreg trass i alt heldt så pass mykje på Folkesambandet som det gjorde, for det var i samsvar med engelsk ynske. «Norwegen bleibt dem Völkerbund verhaftet weil ihm niemand die vermeintliche oder wirkliche Hilfsstellung die es dadurch von England erwartet ersetzen kann.» At vi må ofra litt for den hjelpa vi såleis kan få, må vera klårt, og det må då bli at vi tener England med flåten, serleg tankskipsflåten. Han peikar på at tre store politiske kraftliner kryssar kvarandre i Noreg: Russland, Tyskland og England. I valet mellom dei spelar også ideologiske synsmåtar inn, samhug med det engelske demokratiske mot det autoritære styret i dei to andre landa, men dr. Sahm trur likevel ikkje at dette spelar nokor avgjerande rolle. Om pressa seier den tyske sendemannen likevel: «dass die uns absolut feindliche Presse auf sanften Druck hin sich doch eine etwas grössere Zurückhaltung auferlegt hat.»

Koht var ute for nokså mykje kritikk i denne tida frå folk som var utolmodige med at det gjekk så seint med å få normalisert tilhøvet til Tyskland etter Ossietzsky-saka. Koht forsvara seg energisk mot desse klagemåla på møte i Utriksnemnda og gav forklåring som vart teken for god. No kan dr. Sahm peika på at den norske sendemannen i Berlin (Scheel) for fyrste gong har møtt på ein partidag i Nürnberg, og at det er gjort i samforståing med Regjeringa og Kongen. Om Koht seier han elles at han er «eben doch zu stark ideologisch festgelegt als dass er eine reale Aussenpolitik führen könne». I seinare tid freistar han nok å tala og verka realpolitisk, men «vom deutschen Standpunkt aus ist zu sagen dass Koht innerlich unser Gegner ist und bleibt». Attesten er eigenleg ikkje ring. At den norske utriksministeren skulle føra realpolitikk etter tysk synsmåte, kunne knapt ha vori ynskjande. Vi har nok av vitnemål om at med realpolitikk meinte tyskarane ein politikk som tente deira interesser.

Dr. Sahm finn det forvitneleg at det norske arbeidarpartiet tek opp flest mogleg av einskildinnretningane frå Tyskland og freistar tilmåta dei etter norske tilhøve, såleis «Kraft durch Freude» og friviljug arbeidstenest, men partiet står likevel like langt borte frå nasjonalsosialismen som før. «Etwas anderes verhält es sich mit der Bauernpartei. Liest man das Hauptorgan dieser Partei, «Nationen», so hat man den Eindruck, ein nationalsozialistisches Blatt vor sich zu haben und der Führer der Partei hat öffentlich betont, dass dieses Blatt die Ansichten seiner Partei wiedergibt.» Endå om bondepartiet såleis har stor forståing for nasjonalsosialismen, så lyt ein likevel ikkje gløyma at den norske bonden endå meir enn nordmennene elles «ein ausgesprochener Individualist ist, dem es sehr schwer fallen würde, den Begriff der Volksgemeinschaft im deutschen Sinne sich zu eigen zu machen». — «Die vom früheren Wehrminister Quisling geführte «Nasjonal Samling» ist so gut wie ganz von der Bildfläche verschwunden.»

Om Noreg er istand til å verja nøytraliteten sin, seier han at det er mykje strid om i offiserskrinsar; alle som kjenner det norske forsvaret, svarar «mit einem uneingeschränkten Nein». Det har ikkje ein gong evner til å hindra ein gjennomgang av framande troppar. Stemninga er ein trøytt resignasjon, som — legg han til — er reint ugermansk og utan noko av heroisk livssyn. Dette kjem klårast fram hjå Mowinckel, han nemner ein tale av han 10. desember (Politischer Bericht frå dr. Sahm, 14. desember 1938. A. A. Nordische Staaten, f. nr. 16113).

Nye kompromiss i forsvarssaka.

Framvoksteren til større forsvarsinteresse heldt fram nokolunde sterkt i regjeringspartiet denne tida. I Regjeringa meinte Monsen og Torp at det var rett å vera med på nye tiltak for forsvaret, og utanfor Regjeringa gjekk stemninga i partiet mange stader heller sterkt for forsvaret. Ikkje minst var dette tilfellet i hovudstaden. Tranmæl agiterte for at ein måtte styrkja forsvaret til vern for nøytraliteten og fridomen mot fascismen. Hindahl tala i liknande lei. Hovudsakleg var dette likevel ei rørsle som hadde makt i ungdommen i partiet. Forsvarsinteressa i partiet tok til å vera så vidt sterk no at all tale om å gjera motstand mot forsvaret eller å gjera kabinettspørsmål på forsvarssaka fall bort. Regjeringa laut sjølv ta initiativet om ho skulle kunna halda styringa i denne saka. Det var det då sterke taktiske grunnar til å gjera. Om ikkje Regjeringa tok opp forsvarssaka, måtte ein ottast at dei borgarlege partia ville gjera det, og kanskje reisa ein sterk nasjonal agitasjon mot Regjeringa på forsvarssaka. 4. mars 1938 sende då Regjeringa innbyding til dei andre partia om å vera med på tingingar om større løyvingar til forsvaret, og eit par dagar etter opplevde ein at forsvarsministeren, Monsen, oppmoda partifellene sine til å gå ifrå det opphavlege regje-

ringsframlegget om 72 dagars rekruttskule og røysta for tilrådinga frå dei andre partia om 84 dagar, det same framlegget som Regjeringa to år i rad hadde gjort kabinettspørsmål for å hindra. Det vert då også vedteki mot berre 10 røyster.

I tingingane om omframløyvingar gjorde Regjeringa framlegg om at attåt dei 21 millionane delt på 3 år som var vedtekne året før, skulle ein no låna 35 millionar til omframme forsvarstiltak. Av dei skulle likevel berre 25 gå til eigenlege militære tiltak, 10 millionar skulle gå til sivile tiltak, til arbeid med elektrisitetssaka og sivilt luftvern. Då det kom fram ynske frå borgarlege parti, i dette tilfelle representert ved Hambro, om å auka denne summen til 50 millionar, slik at dei 15 millionane skulle brukast til innkjøp av alle slag forsyningar som var turvande om det vart krig, så gjekk Regjeringa med på det òg. Dette framlegget vart vedteki i Stortinget mot 6 røyster. (Stort. Tid. 1938 s. 498—512.) Dette 50 millionars lånet skulle då gå til eit nøytralitets- og klarhaldsfond som skulle vera utskilt or den vanlege statsrekneskapen. Lånet vart samtykt mot 3 røyster. (Protokoll frå løyndemøte i 1938 s. 136—157.)

Mowinckel heldt også fram ein tanke som han tala for i Stortinget fleire gonger, at ein burde få til ei luftpakt med dei andre nordiske landa og med stormaktene; det skulle nærmast vera som eit forbod mot luftkrig. Koht svara at han hadde teki opp dette spørsmålet for 2 år sia og hadde hatt det framme på eit par av dei nordiske utriksministermøta, men hadde måtț gje det opp, då det knapt ville føra fram til det som ein venta.

Under uhygga etter septemberkrisa tok tanken på forsvaret til å melda seg med større tyngd hjå mange enn det hadde gjort på lange tider. Forsvarsforeininga vende seg no atter til statsmaktene (1. desember 1938), denne gongen med ei oppmoding om «å styrke vårt militære forsvarsberedskap tillands, tilvanns og i luften ved å ordne våre øvelser slik at der alltid finnes en tilstrekkelig styrke til å sikre oss mot overrumpling i viktige avsnitt langs vår kyst, og ellers treffe særskilte foranstaltninger til forsvar av disse. Vi henviser særlig til Norges sydvestre hjørne og enkelte partier av Nord-Norge». Dertil bad Forsvarsforeininga om å arbeida for auking av matvarer med sjølvberging til mål.

Det var heilt naturleg at trontaledebatten i 1939 for ein stor del kom til å sviva kring forsvarssaka. Frå høgre (Hambro) vart det framhaldi at Noreg relativt hadde det lågaste forsvarsbudsjettet i Europa, Luxemburg frårekna, med berre 7.8 %, eller om ein tok omframløyvingane med 11 % av statsbudsjettet, medan dei i grannelanda hadde over 15 % og i Finnland jamvel 30 %. Frå Regjeringa svara forsvarsministeren, Monsen, med å peika på at ifrå 1935/1936 og til 1939/1940 hadde forsvarsbudsjettet stigi med 71 %, og om ein tok med pengar som var løyvde, men ikkje brukte, var stiginga 80—90 %. Den tsjekkoslovakiske krisa spelte inn i debattane, og det vekte ei viss oppsikt då Mowinckel nemnde om den, at

«etter alt hva jeg har sett, er min tillit til kanonenes makt til å beskytte vårt land ikke overdreven stor». (Stort. Tid. 1939 s. 86, 175 og 192.) Utriksministeren hevda nok at den storpolitiske stoda var utrygg, men meinte likevel at «slik som situasjonen er i verda no i denne stunda, trur eg ikkje vi har krigsfaren hangande over oss,» og «eg trur da at vi ikkje tarv vera altfor oppskremde». Regjeringa peika på at enno var dei pengane ikkje brukte som alt var løyvde til forsvaret før, og denne gongen nekta ho å vera med på tingingar med dei andre partia om forsvaret. Hambro hadde gjort framlegg om mistillit til Regjeringa i 1938 og hadde då lati stoda til forsvaret vera ein av grunnane mellom fleire (Stort. Tid. 1938, s. 181—328). No gjorde han atter framlegg om mistillitsvotum, og denne gongen var hovudsaka at Regjeringa nekta å vera med på forhandlingar om å styrkja forsvaret, men han fekk berre fylgje av sitt eige parti denne gongen som året før, og framlegget fall med 36 røyster mot 103. Derimot vart dette framlegget frå Mowinckel vedteki med 88 mot 51 røyster: «Stortinget som mener at landets interesser er best tjent med at forsvaret holdes utenfor den partipolitiske agitasjon, går ut fra at Regjeringen — hvis den finner det påkrevd — i likhet med tidligere år selv vil søke forhandlinger med partiene om ekstraordinære skritt til vern om nøitraliteten». (S. st. s. 142. Trontaledebatten s. 78—221.)

Det var for mykje uro kring forsvaret denne tida til at interessa ville slå seg til tols med dette. Frå mange landsens kantar kom det melding om sterk forsvarsinteresse og resolusjonar som kravde styrking av forsvaret. I Stortinget melde Sven Nielsen berre eit par veker etter trontaledebatten denne interpellasjonen som vart drøft i Stortinget 10. mars 1939: «I. Er Regjeringen opmerksom på at våre militære avdelinger, til tross for de nyanskaffelser av materiell og den forlengelse av rekruttskolen som har funnet sted i de senere år, fremdeles er for mangelfullt utrustet, bevæbnet og utdannet til å kunne løse sin opgave som nøytralitetsvern? II. Hvad akter Regjeringen å foreta seg i den anledning?» Interpellasjonen vart mykje unådig oppteken av statsministeren som svara — no som under trontaledebatten — «at jeg ikke iår vil foreslå ytterligere ekstraordinære bevilgninger til disse formål, og jeg finner det derfor også hensiktsløst å arrangere nye forhandlinger om disse spørsmål». Han var irritert og truga med ikkje «å åpne porten noget mere [dvs. til tingingar om forsvaret], men til å slå porten igjen, og ta nøkkelen ut også». (Stort. Tid. 1939, s. 285 ff., ordskiftet s. 269—291.) Dette var det meste som kom ut av dette tiltaket.

Fem dagar etter denne interpellasjonen gjekk Hitler inn i Tsjekkoslovakia og innlema «protektoratet Böhmen og Mähren» i territoria åt det stortyske riket 15. mars. Det fall seg slik at Koht var i Paris dei dagane, og han kom heim att med eit sterkt inntrykk av at no var ikkje krigen langt borte. I samtalar under hand slo han på at krigen ville koma i september månad. Koht hadde før gjevi Nygaardsvold stønad i motstandet hans mot nye forsvarsløyvingar, men no var han klår over at

han ville reisa kravet sjølv. Det var då alt gjort av dei borgarlege i Militærnemnda i Stortinget. Venstre venta på framlegg frå Regjeringa og ville gå med på det som ho ynskte, medan høgre og bondepartiet kravde mykje meir. Statsministeren gjorde straks motstand mot tanken om nye løyvingar til forsvaret, men stoda var no så alvorleg at berre motstandspolitikk ville vera farleg.

Både saklege grunnar av omsyn til forsvaret, og taktisk-politiske grunnar av omsyn til den forsvarsviljen som reiste seg, gjorde det klårt. Stelte Regjeringa seg mot dei kreftene som her lyfte seg, måtte ein i alle tilfelle ottast at det ville bli til tap for partiet, og kanskje ville det jamvel driva Regjeringa bort. Nygaardsvold heldt framleis fast på motstandet sitt og ville ikkje bøya unna. Koht ville heller ikkje bøya seg for skriket, men verdsstoda hadde no skift slik at det var ikkje råd å koma ifrå nye løyvingar til forsvaret. Vi stod framfor katastrofen, og ålmenn krig ville venteleg koma med eit tysk kup mot Danzig. (Dette siste opplyst i skriv til Granskingsnemnda om «Forsvarsspørmål», innkomi 18. desember 1945.)

Stoda var så kritisk at Koht av den grunn laut gje opp ei reise til London som hadde vori påtenkt til mai månad, og som Koht mykje ynskte, då han gjerne ville få høve til å halda fram for den britiske utriksministeren personleg det norske synet på fiskerigrensa som vi tinga om. Colban rådde no frå denne reisa i brev 5. april. Stoda var slik at ei reise av utriksministeren til London lett kunne bli mistydd og misbrukt av tysk agitasjon, om dei fann interesse i å framstella det slik at den norske politikken var bunden til England. At det skulle ha vorti nokor verkeleg avspaning i Europa til mai månad, trur Colban ikkje ein kan venta — «selv om krigen ennå ikke skulle være begynt».[1])

Ei serskilt interesse har i ei slik tid stoda åt forsvarsministeren. Redaktør Bühring-Dehli fortel om den, at han søkte Monsen i mars månad for å tala om forsvarsløyvingane. Bühring-Dehli var då nett attkomen frå ei reise i Finnland og Sverige og hadde sett seg inn i arbeidet for forsvaret der. Han hadde frå før inntrykk av at Monsen hadde rett forståing av dei spørsmåla det galdt her, men at han hadde tungt for å få Regjeringa med. Han heldt no fram for forsvarsministeren at han hadde sjangse til å bli ein rein folkehelt om han ville ta opp forsvarssaka med alvor: «Ta og sett utenfor Kommanderende general, Kommanderende admiral og flyvåpnets chef. Omgi dig med et råd, f. eks. på fem mann, kyndige militære og civile. Utarbeid og legg frem plan for effektiv styrkelse av kystforsvar og flyvåpen. Og jeg tror jeg kan garantere dig at du får Stortingets bifall». Bühring-Dehli legg til at «Monsen var ikke uenig i selve synsmåten, men han anså det ganske håpløst å få Regjeringen med». Til det svara Bühring-Dehli at då hadde han berre ein ting å gjera, og det var å gå ut av Regjeringa og såleis setta stillinga si inn på denne

---

[1]) Brev 5. april. London 574. U. D. 47. E. 2.

saka.[1]) Det gjorde Monsen ikkje. Det ville vel ha vori å gå sin politiske død i møte. Eit fråfall frå partiet i ei så stor sak og på ein så dramatisk måte ville knapt ha vorti tolt og tilgjevi. Eit anna spørsmål er om han med å setta stillinga si i Regjeringa inn på saka kunne ha fått ho til å fylgja seg noko lenger i forsvarsløyvingane. Det er eit ope spørsmål. Monsen nøgde seg med å gjera eit framlegg som han kunne få Regjeringa med på, om 18 millionar, medan dei militære sjefane kravde 70—80. Det vart no også kjent at sentralstyret åt arbeidarpartiet samrøystes var for nye løyvingar. Venstre kravde ein sum på 20—22 millionar, og etter mykje strid gjekk Nygaardsvold endeleg med på 20 millionar, og jamvel finansministeren gav no opp motstandet sitt her. Denne summen vart vedteken av Stortinget mot 4 røyster. Høgre og bondepartiet gjorde dertil framlegg om 30 millionar kroner attpå til styrking av forsvaret, og «imøteser forslag fra Regjeringen dersom dette måtte kreve ytterligere bevilgninger». Venstre i nemnda meinte òg at Regjeringa burde få rett til å låna ein større sum til å bu landet betre mot krigstilfelle, men gjorde inkje framlegg, då dei meinte at Regjeringa snart ville søkja om fullmakt til å gjera eit stort lån, og pengane til forsvaret kunne då gå inn i det. I motsetning til dette framlegget hevda ein av talsmennene for høgre i Stortinget (Trygve Sverdrup) at tanken deira var at dei 30 millionane skulle ikkje berre stå til rådvelde for Regjeringa til bruk, men desse pengane skulle Regjeringa også bruka. Dette framlegget fekk 43 røyster mot 84 (16. mai. Budsjettinnst. nr. 142, Stort. Tid. s. 1121—1138).

Det prinsipielle ordskiftet om forsvaret var elles eigenleg ført eit par veker før i eit løyndemøte i Stortinget 3. mai. Då dette ordskiftet venteleg gjev det beste samla bilete vi kan få av stoda åt folket til forsvaret i denne lagnadsstunda, skal vi sjå litt på nokre av hovudpunktane i det.[2]) Emnet for ordskiftet var melding om korleis løyvingane til land- og sjøforsvaret var nytta dei to siste åra. Formannen i Militærnemnda, Seip, peika då på ei rad med lyte i nøytralitetsvernet og Jakob Vik tala i same leia og med stort alvor. Ei meir detaljert utgreiing om «skrekkinnjagende mangler ved første beredskap» vart gjeven av kaptein Sverdrup. Han peika m. a. på at mykje av det befal ein måtte nytta ved mobilisering ved kystfestningane ikkje hadde hatt øvingar sia siste verdskrig og mange andre ikkje dei siste 9—10 åra. Major Sven Nielsen skildra tilstandet såleis: «. . . kommer våre avdelinger til å stå like overfor en moderne utstyrt fiende med den rustning vi har i dag — det er vondt å si det — ja, da blir i mange tilfelle våre soldaters lodd enten å la seg meie ned eller å ta flukten. Hva som er verst, det kan enhver gjøre opp for seg. Men har vår ungdom fortjent en slik skjebne? Å sende vår vernepliktige ungdom i kamp uten tilstrekkelig øvelse, uten forsvarlig utstyr, det er intet mindre enn en forbrytelse, og ansvaret faller på dem som har sittet

---

[1]) Etter skriv til Granskingsnemnda frå Bühring-Dehli 28. august 1945, godkjent av Fr. Monsen.

[2]) Dokument nr. 7 (1945).

og i dag sitter i Norges storting». Ørbæk peika på at vernepliktige flygarar har «erklært offentlig at både deres øvelser og deres materiell er slik at det å sende dem opp mot fiender i krig, vil være det samme som å drepe dem uten nytte». Dei hadde 40 dagars øvingar, men siste gongen dei hadde slike øvingar, vart det ikkje løyst eit einaste skot i lufta, endå det var i lufta dei skulle strida.

Alle desse talarane mana til å skunda på og få det mest naudsynlege fort, og dei klaga også over at mange av dei pengane som var løyvde enno ikkje var brukte. Dette gjorde Mowinckel til ein hovudgrunn mot å løyva meire pengar, og han klaga over at kravet om fleire pengar var agitasjon. Som så ofte frå den kanten sette han opp dei sivile førebuingane mot dei militære, og hevda sterkt at dei militære var ikkje avgjerande, ja kanskje ikkje dei viktigaste ein gong. Det svara nett til den vanlege agitasjonen åt Ueland hundre år før. Han åtvara mot å tru at faren frå Tyskland var stor. Så veik flåte som Tyskland har no, har det ikkje den same interesse som i den førre krigen av å setta seg militært fast på den norske kysten, det vil også kosta det for mykje å halda ein slik militær basis mot England. Talen om faren frå Tyskland var atter av «de agitasjonsmetoder som brukes her i landet for å skremme folk opp til å tro, at med penger skal man kunne styrke landets stilling i tilfelle av den slags krig». Nei, faren for at England vil vinna eit bruhovud på den andre sida av Nordsjøen er mykje større; men vil ei stormakt verkeleg ha fotfeste i landet vårt, då er det «kortsynt å tro at vi kan avverge et sånt kup. Jeg tror det ville komme til å koste oss ofre som vi ville beklage å ha satt inn på et formål som var så håpløst. Sånn ser jeg det, og dette har jeg ønsket å si for lukkede dører». — «Man har spottet at vi har talt om en forutseende utenrikspolitikk. Man skal ikke spotte det, for hver dag i denne tid kan vår utenrikspolitikk spille en rolle, hvor det gjelder å sikre oss fred i en kommende krig. — — Jeg er overbevisst om at den risiko [for å bli innblanda i ein stormaktkrig] motverges ikke om vi i dag bevilger 50 eller 100 millioner kroner til vårt forsvar, den motvirkes, som jeg har sagt, ved en klok beredskapspolitikk, hvor det gjelder også vår sivile beredskap og ved en klok og fremsynt og oppmerksom nøytralitetspolitikk også i fredens dager.» Innhaldet av denne talen var då i røynda at det var vonlaust å tenkja på å verja landet. Slik tale kunne likevel få ein annan stortingsmann, landsbrukssekretær Sollid til å vera glad over at han hadde fått høyra dette Mowinckels syn på stoda for Noreg i ein stormaktkrig, endå han trudde nok «at det bør legges noe sterkere vekt på vårt forsvars rolle under en slik situasjon». Kva meinte han så med «noe sterkere vekt»? Alt dette er sermerkt utflytande og tokut tale, utan faste liner og haldepunkt, sermerkt for så mykje av forsvarsdebatten hjå oss. I motsetning til desse talarane peika Moseid på at kanskje kunne vi ha ein ny stormaktkrig heller fort, og kanskje kunne den krigen koma til å vara lenge. Det måtte vi bu oss på; men då nytta det ikkje utan pengar. Trygve Sverdrup karakteriserte nøytralitetspolitikken åt Mowinckel slik «at kommer engelskmennene, så overgir vi oss, og kommer noen andre,

så overgir vi oss ikke». Men, hevda han, «nøytralitet betyr etter min mening at vi må kjempe enten den ene eller den andre bryter vår nøytralitet, og da har vi også plikt å gjøre det om engelskmennene bryter inn. Og da gjelder det at vi har så meget av forsvarsmidler for hånden at oppgaven blir dyr for den som forsøker det.» Mowinckel svarar ikkje på denne kritikken. Det som låg bak forsvarspolitikken åt Mowinckel var den tanken at det norske forsvaret aldri skulle bli røynt i verkeleg krig, men berre bli nytta til å markera nøytraliteten. Mot England skulle vi ikkje forsvara oss, og frå andre var det knapt nokon fare, då dei ikkje ville våga å setta seg fast her av otte for England. Her byggjer den eine hypotesen seg opp på den andre, og på toppen av desse hypotesane skal så den norske forsvarspolitikken byggja. I eit møte seinare på året, 31. august, dagen før krigen braut ut, tala ein annan framskoten venstremann, Anderssen-Rysst, tidlegare forsvarsminister, om forsvaret på same måten som Mowinckel. Talen var som vanleg i desse sakene uklår, men meininga med han måtte vera at forsvaret skulle vera eit etikette- og ikkje eit eksistensforsvar.[1]) I denne talen om at faren for Tyskland var overdriven, kunne elles Mowinckel støda til ein autoritet som kommanderande admiral. Han hadde nyleg hevda at otten for fiendsleg landgang var mykje overdriven. For den makta som ville gjera landgang hjå oss, måtte vera herre på sjøen; men var ho herre på sjøen, hadde ho ikkje bruk for å gjera landgang.[2])

Frå den andre sia vart det hevda av i alle fall ein i arbeidarpartiet, Colbjørnsen, at nøytralitetsvernet vårt «måtte bli et virkelig eksistensforsvar. Slik kan stillingen bli at vi blir blandet inn, og da blir det å forsvare vår eksistens, og jeg vil si kanskje ikke minst den norske arbeiderklasses eksistens og arbeiderorganisasjonenes eksistens. Vi vil da ikke komme til å stå alene. Vi vil ha hjelpere, og disse hjelpere har også et rimelig krav på at vi i tide gjør hva vi kan for at vi virkelig skal kunne hjelpe dem i å hjelpe oss selv». Bak denne talen om strid for eksistensen for arbeidarklassen og arbeidarorganisasjonane er det ikkje vanskeleg å sjå tanken på Tyskland, som altså Mowinckel ikkje ville sjå. Colbjørnsen representerte her noko ungt i arbeidarpartiet, og det var kanskje ikkje å undra seg over at den mektige talsmannen for det eldre synet, statsminister Nygaardsvold, ville «få lov å si at de betraktninger som hr. Colbjørnsen kom med om militærbudsjettets høyde, vel får stå for hans og hr. Sverdrups egen regning». Forsvarsministeren, Monsen, forsvara seg mot kritikken over at det tok for lang tid med å få forsyningar og få bygt festningsverk; han hadde alltid høyrt at det var umogleg å få improvisert eit forsvar. Til klagemålet over at forsvarsarbeidet gjekk for seint, svara han med motklage over at Stortinget la seg for mykje opp i arbeidet, så departementet vart for bundi. «I smått og stort har Stortinget bestemt hva pengene skal brukes til.»

[1]) Dokument nr. 6 (1945) side 35, spalte 2.
[2]) Dagbladet 14. januar 1939.

Hovudinntrykket av dette ordskiftet straks før verdenskrigen braut ut — og i ei tid då stortingsmennene sjølve er klåre over at krigen kan koma, og han kan koma til å riva landet vårt med —, er då at nøytralitetsvernet vårt langt ifrå kan løysa oppgåva si om landet blir påteki, og det blir tale om verkeleg krig, og ikkje berre om å verna nøytraliteten. Ingen våga å hevda noko anna. Når dette ikkje straks førde til at ein sette alle krefter inn for å retta på tilstandet, så var det vel fordi det var eit tilstand som ein hadde vant seg til i lang tid. Takk vere sitt avsides læge hadde landet vårt kunna haldi seg utanfor dei europeiske krigane til den dag, jamvel utanfor den siste verdskrigen, og det som hadde lykkast så lenge, kunne vel lykkast endå lenger. Det var ein hypotese, kanskje ikkje reint umogleg, men på noko så laust fann det norske folket den gongen at det kunne byggja sitt tilvære som fritt folk.

Frå stortingshald vart det hevda at Regjeringa kunne ha fått alt ho ynskte til forsvaret i denne tida. Det kunne ho kanskje ha fått alt i 1938. Ho kunne her ha rekna ikkje berre med dei borgarlege partia, men også med ein del av dei yngre i sitt eige parti. No kunne ein seia at dei borgarlege hadde fleirtal i Stortinget. Hadde dei vilja nytta det fleirtalet, så hadde dei makt til å røysta Regjeringa ned på forsvarssaka. Dei gjorde det ikkje, fråreka høgre. Så alvorleg tok dei ikkje forsvarssaka i ei slik tid at dei meinte ho var verd ei regjeringskrise med alt det som den kunne dra etter seg. Det kan vel også tenkjast, at om Mowinckel hadde sett større krav til forsvaret, så hadde han kunna tvinga Regjeringa til å fylgja eit stykke på veg. I staden hadde altså no venstre hjelpt Regjeringa til tillitsvotum nett i forsvarssaka.

Det er vel grunn til å tru, at om Mowinckel hadde gått saman med høgre denne gongen, så ville Regjeringa ha fått fleirtalet mot seg, og fylgja ville ha vorti at ein hadde mått skipa ei borgarleg samlingsregjering med atterreising av forsvaret til samlande grunnlag. Frå høgrepartia har det vori lagt stort ansvar på Mowinckel for at han på denne måten hindra eit krafttak for forsvaret i ei tid då det måtte vera synbert for alle at krigen ikkje var langt borte. Til det ville Mowinckel m. a. ha svara at ein slik politikk ville ha vori det verste for sjølve forsvaret. Når ein no hadde fått det gamle forsvarsfiendslege partiet med seg på positiv forsvarspolitikk, laut ein gjera sitt yttarste for å halda fast på det her og ikkje støyta det frå seg til ny forsvarsfiendskap, og det måtte ein ottast kunne bli fylgja om partiet skulle bli støytt frå regjeringsmakta ved ei borgarleg samling om forsvaret. Dermed ville ein ha gjort forsvarssaka til partipolitikk medan ho no var ein nasjonal samlande politikk så lenge ein hadde arbeidarpartiet med seg.

Under trontaledebatten 1940 gjorde Mowinckel eit attersyn over forsvarspolitikken. Det var ein freistnad på å forklåra og forsvara han no etter krigen var broten ut. Stoda åt han og venstre i forsvarssaka hadde vori, sa han, «ikke å bryte samholdet om dette spørsmålet. Partiet har derfor ved enkelte leiligheter måttet stille sig imot forslag, selv om disse i og for sig kunde ha vår sympati, av den grunn at deres vedtagelse vilde medføre regjeringskrise». (Stort. Tid. 1940, s. 27.) Ein skal ikkje her gå inn på resonnementet om kva stode arbeidarpartiet ville ha teki til forsvarssaka om det hadde vori drivi bort frå regjeringsmakta på denne saka, men ein skal peika på den kjensgjerninga, at etter denne politikken blir tempoet i forsvarsarbeidet avgjort av det partiet som berre for eit par år sia hadde hatt nedlegging av forsvaret til program, og som enno førde ein heller uviljug forsvarspolitikk og tydeleg freista å koma ifrå han på billegaste måten. Dette partiet får no tillitsvotum nett på styringa si av forsvaret. På denne måten skulle «forsvaret holdes utenfor den partipolitiske agitasjonen», sa Mowinckel. Dermed godkjende han i røynda den agitasjonen i arbeiderpartiet som gjekk ut på at det var partipolitikk som låg under forsvarsagitasjonen. No er det slik at alle ting kan bli misbrukte, og ein torer ikkje nekta for at det kan ha blanda seg inn parti-taktiske omsyn i forsvarsarbeidet òg, men at det skulle gjelda som ein ålmenn karakteristikk av den forsvarsinteressa som kravde større alvor i forsvarsarbeidet, det torer ein trygt nekta. Den var utsprungen av sann fedrelandshug, og var av same slaget hjå dei borgarlege partia som den som i dei siste par åra hadde sprengt seg fram også i arbeidarpartiet. Der hadde den nye forsvarshugen tvinga sjølve partiet til ei heilt ny stode mot forsvaret, og det var ei kjend sak at det var sterke krefter i partiet som gjerne ville gå lenger. Menn som Tranmæl, Hindahl, Colbjørnsen, Monsen og Halvard Lange var avgjort forsvarsvener.

Om dei mest forsvarsinteresserte i Stortinget hadde hatt den fulle forståinga av kva det galdt for fedrelandet her og omsynslaust hadde gjort sine framlegg, så ville dei vel til å byrja med ha lidi både eitt og fleire nederlag, men i lengda ville det ha verka vekkjande for folket, og det ville ha tent saka. Det som det skortar på, er forståinga av kor alvorleg ei sak forsvaret var for fedrelandet. Endå om forsvarsinteressa nok var stigande, kan ein endå ikkje i desse alvorlege åra med rette tala om nokor folkevekking til forsvarsvilje. Den kom fyrst då det var for seint.

Eigenleg skulle det ha vori stortingsval i 1939, og etter den utviklinga forsvarssaka hadde hatt dei siste tre åra, var det grunn til å venta at forsvaret ved dette valet ville ha komi langt fram i valstriden. Dette var ein av grunnane til at ein forsvarsven som Moseid var imot vedtaket om at grunnlovbrigdet om 4-årige valbolkar alt skulle gjelda for det stortinget som var valt i 1936. Han ville ikkje på den måten forspilla den sjangsen som det var til å få eit meir forsvarsvenleg storting alt i 1939.[1]) At eit nytt storting etter val i 1939 ville ha vorti meir forsvarsvenleg enn det gamle var, er det vel òg all grunn til å tru. At forsvar og mobilisering også ville ha vorti greidde på ein annan måte med eit slikt storting enn som tilfellet vart den lagnadstunge vinteren 1939—40, er i minsto mykje mogleg.

Om sumaren gjekk Bergsvik ut or Regjeringa, og statsråd Torp tok

---

[1]) Etter forklåring i Granskingsnemnda 13. februar 1946.

styringa i Finansdepartementet etter han. Det var overgang frå den som hadde stelt seg mest uviljug til styrkinga av forsvaret og til ein av dei som fyrst og sterkast hadde slegi inn på ein positiv veg her. Dette skiftet kom knapt utan samanheng med den nye stoda for forsvarspolitikken.

Verdskrigen bryt ut.

Under den alvorlege politiske spaninga våren 1939 vart vi sette på ei utrikspolitisk prøve ved eit par tiltak frå tysk side. Årsaka til desse tiltaka var eigenleg ei oppmoding frå president Roosevelt til Hitler om å lova å vyrda integriteten åt ei rad namngjevne land i Europa og den nære Orient. Hitler kjende dette som eit slag mot sin politikk, men freista gjera det til eit motslag som skulle styrkja den politiske stoda for Tyskland istadenfor å veikja ho. Fyrst spurde han regjeringane i desse landa om dei på nokon måte kjende seg trua av Tyskland, og om dei hadde gjevi Roosevelt fullmakt til å tala på sine vegner. Koht fekk spurnaden 18. april og svara straks nei på båe spørsmåla, men la til at i krig ville Noreg sjølvsagt vera i fare. Det var difor vi sette nøytralitetsvernet vårt i stand. I denne knappe forma kunngjorde han svaret sitt i avisene 25. april. Dagen etter hadde han diplomatmottaking, og den engelske sendemannen Dormer spurde han då kva form han tenkte seg eit tysk trugsmål ville koma i. Til det svara Koht at det ville ikkje koma slik at tyskarane berre sende ein flåtestyrke og gjekk i land på dei stadene der dei ynskte å slå til; men dei ville gje oss eit ultimatum om at så framt vi ikkje gav løyve til tysk landgang innan så og så mange timar, så ville dei t. d. bomba Oslo frå lufta. På spørsmålet om kvar tyskarane helst ville setta seg fast, svara han: på Stavangerkanten. «Elles sa eg at eg trudde krigsteknikken no ikkje lenger gjorde det så turvande for dei krigførande å få seg ein basis i Noreg.»

Det har vori kritisert, serleg av kommunistane, at Koht var så snøgg til å svara her, at han såleis sette Roosevelt i beit, ja fall han i ryggen. For ein rein overflatetanke kan det òg sjå slik ut, men alle kunnige visste kor ærleg det tyske spørsmålet var. Her var berre eit spel med ord. Dei andre nordiske landa svara då òg på same måten.

I ein tale 29. april 1939 heldt Koht atter fram den faren det ville vera for Noreg om det skulle bli krig mellom dei stormaktene i Europa som låg nærmast rundt oss, og kor viktig det var for nøytraliteten vår at vi stod absolutt ubundne av nokon av dei store maktblokkene i Europa. Han heldt også fram at vilkåret for dette var at vi hadde eit nøytralitetsvern — eller som han også kalla det, eit vaktvern. Om oppgåva for det sa han, at den «er da ikkje å føre krig, men å gjera alt som er mogleg til å halde oss utafor krigen. I denne serskilde meininga er det militærmakta vår skal vera nøytralitetsvern. Ho skal ikkje berre som det heiter «forsvara nøytraliteten», hindre nøytralitetskrenkingar. Aller mest skal ho gå ut på å hindre at vi blir drivne ut or nøytraliteten. Det er på denne tanken

militærmakta hos oss må bli bygd opp.»[1]) Ein kan ikkje seia at denne talen gjev heilt klår greie for kor langt oppgåva for militærmakta vår går i forsvaret av nøytraliteten. «Aller mest skal ho gå ut på å hindre at vi blir drivne ut or nøytraliteten,» seier han, «ho skal ikkje føra krig, men gjera alt som er mogleg til å halda oss utanfor krigen.» Om no nøytraliteten likevel ikkje kan bli forsvara utan krig, skal då militærmakta gjeva opp og ingen ting meir gjera, ikkje verkeleg for alvor setta inn dei militære maktrådene sine til forsvar for nøytraliteten? Dette er det springande punktet i spørsmålet om nøytralitetsvernet, og om det fekk vi ikkje nokor betre forklåring av utriksministeren, heller ikkje av nokon annan i Regjeringa. Denne hovudsaka har knapt nokon gong vore drøft til grunns.

Eit års tid seinare, etter krigen alt var komen godt i gang, sa han om den same saka: «Det kunne vera ulike meiningar om kor mykje ein skulle koste på her og flåte, men dei fleste ville i det minste at det ikkje skulle stila på høgare mål enn å vera ei vakt om nøytraliteten, og så skulle ein sette si lit til ei framsynt utriksstyring, som i god tid skulle varsla når krigsfaren melde seg.» Han tala om krisene under Etiopiakrigen og den spanske borgarkrigen: «Eg trudde i grunnen heile tida at ein skulle greia seg gjennom krisene utan krig så eg kan ikkje seie at eg var nokon varm forsvarsven. Men eg ville då vera med på at vi budde oss mot krig på rimeleg vis, og eg tykte fredsvonene minka meir og meir.» («Utanrikspolitikken vår», tale av Koht.)

Tankane om kor langt vi skulle gå med forsvaret vårt om vi vart påtekne med krig, tykkjest ikkje ha vorti klårare etter krigen var komen i gang. Jamvel i denne tida, då ein kunne tykkja at jorda måtte brenna under føtene på dei som hadde hovudansvaret for at vi gjekk inn i krigstida med eit vanstelt forsvar, jamvel no er han vel nøgd med forsvarspolitikken sin. Vi har butt oss mot krig «på rimeleg vis», seier han, men dermed har han i røynda gjevi ein kvass kritikk over dei som ville bu seg på urimeleg vis. Men så skulle då forsvaret vårt heller ikkje «stila på høgare mål enn å vera ei vakt om nøytraliteten», og elles fekk ein lita på den framsynte utriksstyringa. M. a. o. forsvaret skulle vera i stand til å avvisa mindre og tilfellelege nøytralitetskrenkingar, men det er uråd å lesa denne talen slik at forsvaret skulle ha til oppgåve å ta ein verkeleg krig til forsvar for nøytraliteten og fridomen. Om Regjeringa hadde fått dette spørsmålet lagt fram føre seg så nake og beint fram som dette, om vi i det heile skulle forsvara fridomen, ville ho ha svara: «Jau då, vi skal verkeleg forsvara oss.» Det sa Nygaardsvold jamvel med stor kraft under Finnlandskrigen, altså ei stund før denne talen åt Koht vart halden, og heile Regjeringa sa det på ny 9. april og tida etter, men forsvarspolitikken og debattane og også desse talane av Koht som vi har nemnt her, seier noko anna. Likevel kunne då Koht òg til andre tider tala om at det kunne koma den dag då vi «ingen annan politikk har enn å verja sjølvstendet»,

[1]) Noreg og den utarikspolitiske situasjonen, s. 16.

— altså føra verkeleg forsvarskrig (såleis i regjeringsmøte i desember 1939. Manuskript: «Spørsmålet om samlingsregjering» s. 4). Atter og atter kjem ein attende til det, at hovudspørsmålet kan Regjeringa umogleg ha tenkt igjennom i heile sitt alvor. No veit vi frå Koht sjølv at han for sin personlege del verkeleg hadde gjennomtenkt denne saka. Difor kunne han også la svaret til Bräuer om morgonen 9. april koma så spontant, så sjølgjeve sikkert: vi ville forsvara oss mot valdsmannen! Det er berre det leie at det er så mange ting som peikar i ei anna lei og la skodd omkring spørsmålet. Og aller mest uforståeleg blir på denne måten stoda åt han og heile Regjeringa forresten til forsvaret, for forsvarspolitikken åt Regjeringa peika verkeleg mot alt anna enn sjølvstendekrig. Samanhengen er vel den, at Regjeringa ikkje trudde det skulle bli tale om nokon sjølvstendekrig. Det var òg ein sjangse, kanskje fleire, for at vi skulle sleppa ein slik krig, og på dei sjangsane bygde Regjeringa politikken sin. Regjeringa kunne då likevel ikkje vera i tvil om at det motsette kunne henda, og aller minst kunne Koht vera i tvil om det. Men jamvel om det ikkje var meir enn ein einaste sjangse mellom mange for at det ville bli bruk for å forsvara fridomen og sjølvstendet i krig, så er det vanskeleg å forstå korleis ei ansvarsmedviten regjering kunne la landet liggja så lite butt for eit tilfelle med eit så forferdeleg alvor.

Ti dagar etter Koht hadde fått spurnaden om Noreg kjende seg truga av Tyskland, fekk han ein ny spurnad, denne gongen om Noreg ville vera viljugt til å gå med på ein ikkje-åtaksavtale. Tyskland hadde alt gjort ikkje-åtaksavtale med eit par av dei næraste grannelanda, og no gjorde det tilbod om slike avtalar til dei nordiske landa. Koht vende seg straks til dei andre nordiske utriksministrane og rådla med dei og gjorde også opptak til å få eit serskilt rådleggingsmøte med dei om saka. Før dette møtet la han saka fram i Utriksnemnda i eit løyndemøte 4. mai. Han fortalde at i Regjeringa var dei samde om at ein helst ikkje burde gå med på ein slik avtale; i fredstid var der ingen grunn til å ottast åtak, og i ein storkrig ville ein slik avtale knapt vera stort verd. Derimot kunne han bli skadeleg om det skulle koma til å sjå slik ut at vi stod meir venskapleg til Tyskland enn til andre makter. Ein kunne ikkje kjenna seg trygg på at Tyskland ikkje ville nytta ein slik nøytralitetsavtale til å krevja også «åndeleg nøytralitet», og det kunne lett føra til at ein måtte leggja band på det frie ordskiftet i Noreg. Han kunne også fortelja, at då han var i Moskva for 3 år sia (i 1936), hadde han fått ein reint uformell, munnleg førespurnad frå Litvinov om ein liknande avtale med Russland. På den spurnaden hadde han ikkje svara, og sia hadde han ikkje høyrt noko meir om det, men det kunne då kanskje likevel sjå litt underleg ut frå russisk synsstad om vi no gjekk med på ein tysk avtale av dette slaget.

Når ein reknar ifrå Hambro, kan ein ikkje seia at Koht møtte stor forståing for desse synsmåtane i Utriksnemnda. Mowinckel rådde til å vera sers varsam, helst prøva om ikkje Sambandsstatane og Vestmaktene ville finna seg i ein slik avtale med Tyskland utan uro, og i alle fall ikkje

bryta det nordiske samarbeidet. Frå andre kantar synte det seg lita evne til å forstå at ikkje-åtaksavtala ikkje måtte vera ein god ting. Det kom serleg sterkt fram hjå Sundby og Magnus Nilssen, men også hjå Lykke, Anderssen-Rysst, Handberg og Sven Nielsen. Tankeføringa deira heldt seg til det som vanleg folk flest utover i bygd og by ville tenkja: «For hvordan resonnerer folk utover landet i alminnelighet?» spurde Magnus Nilssen. Dei ville ikkje forstå at ein sa nei takk til ein ikkje-åtaksavtale. Med desse omsyn til folk som ingen utrikspolitisk kunnskap eller forståing hadde, vart det ein nokså underleg og lite opplyftande utrikspolitisk debatt. (Referatprotokoll frå løyndemøte 1938—1939 s. 251—300.)

Debatten vart oppatt-teken ei veke etterpå, 11. mai. I mellomtida hadde Koht vori i Stockholm og drøft saka med dei andre nordiske utriksministrane 9. mai. Dei stadfeste, som ein i røynda visste før, og som Koht også hadde tala om i det fyrste møte om saka, at det nordiske samhaldet ikkje heldt i denne saka. Danmark låg utsett til for Tyskland, så det våga ikkje seia nei takk til eit tysk tilbod om ikkje-åtaksavtale, medan Sverige var avgjort imot, og no synte det seg at Finnland her stelte seg heilt saman med Sverige. Koht var nærmast styrkt i motstandet sitt mot avtalen. På den andre sida var Mowinckel endå meir reddhuga enn før ved tanken på avslag her og uhuga ved tanken på å bryta det nordiske samarbeidet fyrste gongen det vart sett på alvorleg prøve. Han freista finna ein utveg forbi desse ulykkene med eit framlegg om at dei nordiske landa skulle bli samde om ei kunngjering om at dei var viljuge til å gjera ikkje-åtaksavtale med alle europeiske land og med U.S.A., og i slike avtaler ville dei også gjerne ta med gjensidig forplikting til å la alle tvistemål bli avgjorde ved skilsdom, om dei ikkje kunne bli greidde med venskapleg forhandling. Dei andre som hadde teki atterhald mot politikken åt Koht her, hadde òg helst sterkna i motstandet sitt, og saka vart skoten til Stortinget (referatprotokoll frå løyndemøte i Utriksnemnda 1938—1939 s. 301—400). Ordskiftet vart teki oppatt der i møte for stengde dører 15. mai, men noko nytt kom ikkje fram. Ein må vel seia at framlegget til Mowinckel både var godt i seg sjølv og best gav ord for den fullkomne fredsviljen åt det norske folket. Det førde likevel ikkje fram, Koht heldt fast på og førde fram lina si. 17. mai sende han melding til den tyske regjeringa om at Noreg ikkje tenkte å gjera ikkje-åtaksavtale med noko anna land, og at det heller ikkje tenkte å gjera ein slik avtale med Tyskland, som det ikkje kjende seg truga av. Praktiske fylgjer veit vi at denne saka ikkje fekk. Då tida var inne til det, vart Danmark med sin ikkje-åtaksavtale overfalli på same tida og same måten som Noreg.

Straks innunder krigen heldt fyrst utriksministrane frå Oslo-statane møte i Brüssel 22.—24. august, og let då kong Leopold av Belgia senda ut ein appell i namnet åt statssjefane i alle desse landa til dei stridande maktene om å la stridsemna sine bli lagde fram til fri og open forhandling i samarbeids ånd. Koht gjorde framlegg om at ein «skulde forma denne appellen ikkje berre som ein appell til folkemeininga, men beint fram

venda han til regjeringane i dei europeiske statane, såleis at alle i hop skulde vera nøydde til å svara eit ja eller eit nei, um dei vilde vera med på å leggja alle dei stridsspursmåla som då var uppe, fram til dryfting på ein internasjonal konferanse». Om dette framlegget seier han at det torde dei andre representantane på Brüsselmøtet ikkje vera med på, og det vart då ikkje noko anna enn den ålmenne fredsappellen. (Protokollen frå løyndemøte i Stortinget 1939 s. 607.) Framlegget åt Koht vart kritisert av Sandler med at ei slik formell melding til regjeringane svara ikkje til den opphavlege meininga med appellen — som var at det skulle vera ein appell til den ålmenne folkemeininga (l'opinion publique). Det vart kritisert av Munch med at ei slik melding til regjeringane i tilfelle måtte gå føre appellen til folket, så den måtte då bli utsett. Den belgiske utriksministeren, Pierlot, meinte at no fekk ein fyrst sjå korleis appellen til folka vart motteken, og så fekk ein ta stoda til framlegget frå Koht seinare. Dei andre ministrane meinte at dei hadde ikkje mandat til å gå med på framlegget åt Koht. I sjølve appellen derimot fekk Koht stroki denne setninga: «Nos paroles ne sont pas une manifestation platonique d'une ideologi pacifiste.» Han var sjølv byrg av å vera pasifist, og ynskte ikkje å vera med på noko som kunne bli teki som polemikk mot pasifismen. Dei andre tok omsyn til det. Denne fasthaldinga på pasifismen kjem elles i motsetning til den vanlege agitasjonen i arbeidarpartiet i desse åra, for den gjekk ut på at dei var «antimilitaristar», men ikkje pasifistar».

Litt ut på hausten (9. oktober) spurde Mowinckel i eit møte i Utriksnemnda om det ikkje var råd å få gjort eitkvart til å hjelpa til å få slutt på krigen. Koht svara at det spørsmålet tenkte han på kvar einaste dag, men for det fyrste var det vonlaust. Skulle ein gjera noko opptak no, stod ein berre i fare for å kompromittera tiltak som ein kanskje kunne gjera i ei tid med betre voner. [1])

Brüsselmøtet drøfte også spørsmålet om samarbeid mellom Oslostatane om gjensidig hjelp med forsyning av viktige varer og med skip. Dei var samde om at dei praktiske drøftingane her måtte bli gjorde av ekspertar frå dei ulike landa, men elles let dei misjonssjefane for Oslostatane i Brüssel vera ei fast nemnd til å styra med dette samarbeidet. (Brüssel 28. august 1939 nr. 408. U.D. 35. B. 25.) Det vart også sett ned to sernemnder, ei til å arbeida med juridiske og ei med økonomiske saker. (Brüssel 1., 5. og 18. september 1939 nr. 435, 440 og 473 U.D. 35. B. 25.) Dessutan vart det haldi eit møte av juridiske ekspertar frå dei fire Nordlanda i Oslo 15. og 16. oktober til å drøfta ymse folkerettsspørsmål. (Referat i U.D. 35. B. 25 b.) Deretter møttest den juridiske nemnda åt Oslo-statane i København og drøfte ei rad med vanskelege nøytralitetsspørsmål som krigen hadde gjort aktuelle. Noreg var der som vanleg i folkerettsspørsmål representert ved professor Castberg. [2])

---

[1]) Stenografisk opprit s. 23. U. D. Dossier 47. A. 3. (H.S. 21/39).

[2]) Conférence tenue à Copenhagen par le Comité juridique des Etats d'Oslo 6., 7. et 8. novembre 1939.

Nokre dagar etter Brüsselmøtet heldt dei nordiske utriksministrane møte i Oslo 30. og 31. august. Dei rådla då heilt fortruleg om den politiske stoda reint ålment, om korleis dei skulle bu seg til Tinget i Folkesambandet i september, og om sine økonomiske og militære åtgjerder til å møta krigen. Serskilt drøfte dei spørsmålet om korleis dei skulle svara på dei engelske motlegga mot nøytralitetsreglane. Dei vart samde om at dei ikkje ville brigda reglane sine, og i svara fylgde dei nokolunde same ordlyd og sende dei ut same dagen, 2. september. Det synte seg òg at dei var einige om å hevda 3 mils grensa for territoriet til sjøs i nøytralitetsspørsmål. Koht sa om det at i den norske regjeringa hadde dei komi til at det kunne vera farleg å hevda ei 4 mils grense: «Vi kunne resikere at den ene part i en eventuell krig mellom Tyskland og Storbritannia kunne komme til å kreve opprettholdelse av 4 mils grensen, og at den andre ville kreve 3 mils grensen.» (Protokoll frå møtet i U.D. 47 C. 5.) Den sakkunnige i slike spørsmål, kommandørkaptein Meyer, hadde haldi fram at om vi ville hevda ei territorialgrense på 4 mil, men ikkje forsvara ho lenger ut enn 3 mil, så ville det bli eit sjøstykke mellom 3 og 4 mil som vi hevda var norsk, men ikkje ville forsvara. Det kunne bli til ei farleg klage mot oss at her braut vi nøytralitetspliktene våre. Resolusjonen vart utferda i statsråd 3. september om 3 mils grensa, og om at dei reglane for sjøterritoriet som elles galdt skulle vera i kraft.

Sjølve nøytralitetsfråsegnene ferda dei nordiske landa ut same dagane og i same ordlyd, 1. september for krigen mellom Polen og Tyskland, og 3. september for krigen mellom Tyskland og Vestmaktene, Storbritannia og Frankrike. Såleis var det nordiske samhaldet om nøytraliteten i krigen klårt framsynt for verda.

Den tyske regjeringa sa frå sin kant straks ifrå (2. september) at ho ville vyrda nøytraliteten vår, men ho venta då at vi på vår kant ville hevda nøytraliteten og ikkje tola nokor krenking av han frå ei tredje makt. «Sollte die Haltung der Königlich Norwegischen Regierung im Falle, dass ein derartiger Neutralitätsbruch von dritter Seite wiederkehrt, eine andere sein, so würde die Reichsregierung selbstverständlich genötigt sein, die Interessen des Reichs wahrzunehmen, wie sich dann ergebende Lage es der Reichsregierung aufnötigen würde.» [1]) Koht svara med å visa til kunngjeringa om fullkomen nøytralitet. Ein månad seinare, 6. oktober, sa Hitler i ein tale at Tyskland aldri hadde hatt interessekonflikter eller tvistemål med dei nordiske statane og at det heller ikkje hadde det då.

Frå Storbritannia og Frankrike kom det ikkje straks tilsvarande fråsegner. I ein samtale med den engelske sendemannen Dormer nemnde Koht dette, og sa at eigenleg var det ikkje turvande med nokor fråsegn frå dei om at dei ville vyrda nøytraliteten vår, for det var sjølvgjevi, men det kunne kanskje bli utnytta til skade for dei i tysk agitasjon at dei ingen ting sa, så av psykologisk—politiske grunnar var det kanskje best at dei kom med ei slik fråsegn. Sendemannen kom med eit utkast til handels-

---

[1]) U. D. jnr. 17574. 38. B. I. II.

avtale, og då Koht hadde lesi det, sa han at no kjende han seg ikkje lenger så viss på at England ville vyrda nøytraliteten vår, for han kunne sjå der at England ville ha kontroll med handelen vår; men dagen før hadde Koht og statsministeren hatt møte med den tyske ambassadøren von Hassel, og han hadde sagt, at om vi let handelen vår kontrollera, slik som Sveits hadde gjort under den førre verdskrigen, så ville Tyskland rekna det for nøytralitetsbrot.[1])

Litt seinare, 22. september, gav den engelske regjeringa ei slik fråsegn som Koht hadde ynskt — «in view of inquiries which have been made by the press, and in order to obviate any possible misunderstanding».[2]) Då hadde elles den britiske sendemannen ei veke før sagt ifrå til Koht «i trumål at om Tyskland gjorde noko slag ågang mot Noreg, ville den britiske regjeringa ta det som ågang mot Stor-Britannia sjølv». Til det svara Koht at han «trudde ikkje Tyskland ville gjera noko slikt mot Noreg, for eg kunne ikkje sjå at det ville ha nokon vinning av det».[3])

Om kvelden same dagen utriksministermøtet slutta 31. august, heldt Koht føredrag i Utriksnemnda. Han fortalde at dei fem maktene var samde om svaret på dei engelske klagene over nøytralitetsreglane slik som dei var oppsette i 1938, og han gjekk ut ifrå at England måtte godkjenna reglane slik som dei var, for dei bygde på godkjend folkerett med presedens nær sagt i kvart einaste tilfelle. Om vonene våre til å halda nøytraliteten sa han at økonomisk ville vi bli ute for eit hardare press no enn i krigen 1914—18, men vi stod betre budde økonomisk, og reint militært ville faren ikkje vera så stor. «Ein fåre er det sjølvsagt alltid, vi kann aldri kjenna oss heilt trygge, men vonene for nøytraliteten vår skulle etter det som alle utanriksministrane meinte, vera vel så gode no som dei var i den fyrre krigen.» Det var då med optimisme Koht gjekk inn i verdskrigen. Han tala om dette hypotetiske tilfelle at Noreg skulle kunna bli drivi inn i krig. «For meg står det so at heile vårt nøytralitetsvern har til formål den ting å halda oss utanfor krigen. Det er det primære formålet. Og det spursmålet som då skulle melda seg hypotetisk etterpå, um vi ikkje kann vera nøytrale, men blir drivne inn i ein krig, — eg trur ikkje det heller er av dei spursmåla som det løner seg å seia nokon ting um.» Det var då nett ein hovudgrunnsetning for Koht at om hypotetiske ting ville han ikkje seia noko. Han viste berre til hendingane i 1807, då Danmark og Noreg kom inn i krigen mot den makta som dei eigenleg hadde ynskt å stå saman med. «Eg trur den røynsla der kann vera ei åtvaring til alle. — — Men eg trur at ein bør slå fast at vi sjølve skal velja, vi sjølve skal avgjera der vi vil stå, og det må vi avgjera ut frå umsynet til den situasjonen som melder seg. Og vi får ha, trur eg, alltid det modet at vi skal kunna venta med å taka avgjersla til situasjonen ligg fyre.» Det er likevel eit alvorleg spørsmål om ikkje den grunnsetninga hjå Koht at ein skal bia med å ta avgjerd i hypotetiske tilfelle til situasjonen ligg føre, vart litt av ei sovepute både for han og Regjeringa til alltid å skuva frå seg det siste og avgjerande spørsmålet, om ein for alvor skal forsvara nøytraliteten eller ei. Koht byrja denne talen med å seia at vi måtte førebu oss på alle moglege måtar på å verja nøytraliteten vår i ein krig som skulle koma. Men om forsvaret eller noko slag militært nemnde han ikkje eitt ord.

[1]) Notat av Koht 5. september 1939. U.D. jnr. 17884. 38. B. 1. II (jfr. 38. H. 1.)
[2]) U.D. jnr. 19565. B. 1. II.
[3]) Notat 16. september. U.D. 38. B. 1. II.

Fjorten dagar seinare greidde Koht ut om utrikspolitikken for Stortinget i eit løyndemøte. Han tok oppatt det han hadde sagt i Utriksnemnda at faren for militær krenking av nøytraliteten var mindre no enn i krigen 1914—18, men for økonomisk krenking av nøytraliteten var faren større. I dette vart han motsagd av Mowinckel, som peika på faren ved ubåtkrigen. England slutta den siste krigen med ein freistnad på å stengja ubåtane inne ved hjelp av norsk sjøområde. Vi må vera budde på at dei vil ta oppatt den freistnaden. Annan kritikk kom ikkje. Derimot ynskte venstremannen Stray Koht til lykke med foredraget hans, og sa at folk utover landet hadde den meininga at nøytralitetspolitikken vår vart forstandig ført. «Jeg kan ikke se at det hva den side av saken angår, er grunn til å framkomme med noen kritikk.» Elles var det som vanleg mest handelspolitiske spørsmål det vart tala om. [1])

Med same krigen braut ut, gjorde Koht ein freistnad på å få utlyst at Narvik skulle vera krigshamn, men her møtte han eit kvast motstand både frå utriksråden Bull og frå militære autoritetar. Dei meinte det kunne vera farleg å gjera brigde i slike ting etter krigen hadde broti ut. Det kunne bli rekna for provokatorisk, og dermed vart saka oppgjeven. [2]) Saka gjev eit vitnemål mellom mange om kor ein frå fyrste stund akta seg for alt som kunne kasta den minste skugge over nøytraliteten.

Stortinget hadde straks vorti innkalla til omframsete då krigen braut ut. Frå alle kantar vart det lova lojalt samarbeid, og dei tre opposisjonspartia gjorde også tilbod om å gå med i ei samlingsregjering. Ein hadde rett nok ikkje skipa samlingsregjering då krigen braut ut i 1914, men den gongen hadde regjeringa hatt ⅔ fleirtal i Stortinget. No var regjeringa i mindretal, og det vart hevda at Noreg var det einaste landet i Europa som gjekk inn i den farlege stoda no med ei mindretalsregjering. Spørsmålet om samlingsregjering hadde vori oppe utpå sumaren eller tidleg om hausten. Mellom statsrådane var tanken om samlingsregjering ikkje lite sterkt framme. Ein mann som Lie var heile tida for samlingsregjering. Statsministeren likte ikkje tanken, og Koht gjorde sterkt motstand: «Eg meinte at då (d. e. ved valstriden i 1940) kunne vi visa til — som eg trudde vi kunne gjera — at vi hadde haldi freden oppe for landet vårt.» Hovudgrunnen hans var at ei blandingsregjering ville bli ei veik regjering. Serskilt heldt han fram «at utanriksministeren mange gonger måtte ta stand-

[1]) Protokollen frå løyndemøte i Stortinget 1939, s. 605—631: sjå serleg s. 609, 616 og 623.
[2]) Etter opplysning av Koht i Granskingsnemnda 17. desember 1945.

punkt nær sagt på ståande fot». Skulle han vera nøydd til å rådføra seg kvar gong med ombodsmennene for alle dei andre partia (og dei ville utvilsamt krevja kontroll over utanrikspolitikken, det var då difor dei skulle vera med i Regjeringa), så ville han vera reint lamlagd. Dette meinte Koht han fekk stadfest straks krigen braut ut, for då gjekk Mowinckel hardt imot Regjeringa i Utriksnemnda fordi ho hadde ferda ut ålment utførsleforbod. Dei andre statsrådane gav seg for talen åt Koht. I staden for å skipa ei ålmenn samlingsregjering samla dei seg om den tanken at ein skulle skapa parlamentarisk grunnlag for Regjeringa med ei samling av arbeidarpartiet og venstre. Dette gjekk Koht med på subsidiært, men det fall bort då Mowinckel sa at venstre ikkje ville gå inn i ei samlingsregjering åleine, i det minste måtte bondepartiet vera med. Dermed vart det standpunktet åt Koht som vann, og i Stortinget avviste Nygaardsvold tilbodet om samlingsregjering med same grunngjevinga som Koht hadde nytta, at det ikkje ville bli ei meire handlekraftig regjering. Heller ikkje ville han rekonstruera Regjeringa. (Stort. Tid. for 9. overordentlige Storting, hausten 1939, s. 4—16.)

Ein borgfredspolitikk med fullt nasjonalt samhald i alle utrikske saker måtte likevel vera ein sjølvgjeven ting no. Her var det ei hovudsak at ein kunne lita trygt på pressa. Koht hadde i heile si ministertid brukt å ha eit møte med pressa for kvar månad, så ho kunne vera rettleidd om utrikspolitikken vår, også om slike fortrulege ting som ikkje måtte koma fram offentleg. No då krigen kom, byrja han med slike møte ein gong for veka. Likevel gjekk det no som før, han laut klaga over kor uvarleg og lite skjønsam pressa var med det ho skreiv, og i slik kritikk over pressa fekk han alltid fullt medhald av Mowinckel.

Vanskane med ei partiregjering i staden for ei samlingsregjering synte seg straks ein kom inn på forsvaret. Etter krav frå Regjeringa vart det tilrådt å gje 40 millionar til nøytralitetsvern. Under ordskiftet om denne saka varsla Trygve Sverdrup (13. september) om at han ville gjera framlegg «om at der bevilges 30 millioner kroner til øieblikkelige foranstaltninger til styrkelse av vårt militære forsvar». Han fekk stønad av rådmann Kjær, som sa at det hadde undra han, og få ting hadde gjort han så vonbroten som at Regjeringa ikkje hadde gjort proposisjon om «ekstraordinære anskaffelser» til styrking av forsvaret. Denne talen vart unådig oppteken av statsministeren, som klaga over at dette var brot på den lovnaden som var gjeven om lojalitet, det var agitasjon, og han la til: «jeg vet ikke av et eneste krav fra de militære autoriteter som ikke er efterkommet av den nuværende regjering i den situasjon som vi står i idag.» Sven Nilssen spurde straks: «Er også de krav efterkommet som kommanderende general og kommanderende admiral har opstillet med hensyn til de minimumsanskaffelser av våben og materiell som skal til for at vårt nøitralitetsvern skal kunne opsettes slik som vår organisasjon forutsetter?» På dette fekk han berre eit unnvikande svar. (Stort. Tid. for 9. overordentlige Storting, hausten 1939, s. 17—34.)

Saka kom oppatt i eit løyndemøte i Stortinget tre dagar seinare (16. september). Sverdrup peika atter på ei rad med lyte ved nøytralitetsvernet vårt, serleg skorten på ammunisjon og materiell, m. a. at festningane våre var utan luftvern, så kanonane låg opne og utsette for åtak frå lufta. Alt dette ville kunna hindra oss i å hevda nøytraliteten på ein måte som dei krigførande fann fullnøyande. Til det svara forsvarsministeren, Monsen, at Sverdrup overdreiv. Festningane hadde luftforsvar, og luftvernregimentet vårt hadde av det mest moderne luftvern som fanst i Europa. Formannen i Militærnemnda, Seip, ville her lita på Regjeringa: «. . . me er visse um at Regjeringa er merksam på dette [d. e. skorten på materiell], og um ho kann få det, um ho kann finna midlar til det, og ho finn det naudsynt, so er me visse um at Regjeringa tek dei naudsynte rådgjerder.» — — «— Regjeringa har fullt høve til å nytta dei midel som ho finn naudsynt for å setja vårt forsvar i det stand det kann setjast», — — «men eg tykkjer nok det er noko lettsindig her utan vidare å segja at 30 millionar skal nyttast, utan på nokon måte å peika på korleis ein skal skaffa dei pengane.» Sverdrup protesterte mot at dette skulle vera lettsindig, og Moseid var forfærd over at ein kunne prata om nokre millionar meir eller mindre når det kunne gjelda vårt tilvære som folk. Sven Nielsen hevda at det var ansvarslaust ikkje å vilja sjå at vi kunne bli tvinga inn i krigen, kor mykje vi så tviheldt på at vi ikkje ville. Vi har aldri gjort rekning med at vi skal bli nøydde til å bruka forsvaret. Det er eit etiketteforsvar, og vi som i tilfelle skal bruka det «føler oss forrådt». Mot dette hevda Peersen at venstre ville det skulle vera eit verkeleg forsvar, og både han og Seip og Anderssen-Rysst streka sterkt under at tilrådinga var slik å forstå at Stortinget gav Regjeringa førehands samtykke til å bruka det som var naudsynleg, ei utvida fullmakt til å handla på sine vegner. Dette hevda Moseid var å skuva ansvaret frå Stortinget og over på Regjeringa, men slikt var urett. Stortinget måtte ta ansvaret her, og då måtte dei gje dei 30 millionane. Såleis ville ein auka vonene for landet til å halda seg utanfor krigen, og det ville vera vel brukte pengar. Dei 30 millionane vart likevel nekta med 87 mot 49 røyster, dei siste av høgre og bondepartiet (protokollen for løyndemøte i Stortinget 1939, s. 638—677). Venstre hadde då atter gjevi Regjeringa eit tillitsvotum, og det nett i forsvarssaka, Peersen likevel med det klåre skilordet at meininga var verkleg forsvar. Det måtte han då meina at Regjeringa budde seg til.

Frå dette stortingsmøtet reiste Nygaardsvold og Koht til eit møte av stats- og utriksministrane frå Nordlanda i København, 18. og 19. september (dossier U. D. 47. C. 3). På dette møtet drøfte dei serleg spørsmål om handel og skipsfart, utførsle, innførsle og gjennomførsle av varer og rådla om framgangsmåten i slike saker. Dei ville ikkje driva tingingane med dei krigførande maktene saman, men ha samband med kvarandre. Såleis skulle dei nordiske landa både kunna gå fram på liknande vis i desse sakene, og dei krigførande maktene skulle i alle tilfelle ikkje kunna bruka det eine nordiske landet mot det andre; endeleg skulle dei nordiske

landa seg imellom vera så beinsame som dei kunne. Dei tok også opp eit spørsmål som Belgia hadde teki opp på møtet av Oslo-statane i Brüssel, om å ha ein kommisjon i kvar av hovudstadane som kunne ta seg av nøytralitetskrenkingar i tvilstilfelle, så dei nøytrale statane kunne gje kvarandre hjelp i dei. Dette framlegget vart utsett etter tvil og motlegg frå svensk side, såleis referat i den norske rapporten: «Hvis det forelå tilsiktet nøytralitetskrenkelse fra en av de krigførende parters side, altså i det mest utrerte tilfelle en invasjon, ville de øvrige land, dersom saken skulle behandles av kommisjonene, bli direkte politisk engasjert ved den holdning som ble inntatt av det land som var utsatt for krenkelsen.» Kommisjonane skulle vera faste, og skulle det no gå slik at dei ikkje var nytta i eit gjevi tilfelle, kunne det òg føra til farlege spørsmål om kvifor ikkje. Som ein ser, ei framsynt stode.

Møtet slutta som vanleg med utsendinga av eit kommuniké. Det streka under viljen til nøytralitet og godt nordisk samarbeid. Det heldt også fram at alle land, dei krigførande òg, måtte ha interesse av at det fanst nokre land som heldt seg nøytrale under krigen og kunne vera til hjelp med å få det internasjonale samlivet i gang att når krigen var slutt. For å få dregi det nordiske samhaldet i nøytralitetsspørsmålet endå sterkare fram i dagen, gjorde Koht framlegg om å kalla saman pressa når møtet var slutt og la statsministrane halda kvar sin tale om nøytraliteten. Etter litt motstand frå svensk side vart dette også gjort.

Koht og Nygaardsvold gav melding om København-møtet i Stortinget alt dagen etter det var haldi (20. september). Båe streka under den sterke viljen på møtet til nøytralitet og godt gjensidig nordisk samarbeid, og desse hovudgrunnsetningane for utrikspolitikken vart atter understreka av ymse talarar i ordskiftet. (Protokollen frå løyndemøte i Stortinget 1939, s. 678—692.)

På same tid som det var krefter som arbeidde for å få til samlingsregjering, vart det også arbeidt for å få haldi Stortinget samla i denne tida slik som riksdagen i Sverige var samla, serleg av lagtingspresident Moseid, og Moseid var her talsmann for bondepartiet. Dette siste arbeidet var like fåfengt som det fyrste. Straks krigen braut ut, vende Moseid seg til Hambro med eit slikt krav, men fekk berre til svar at Stortinget skulle bli kalla saman om det vart naudsynleg. I slutten av november tok han kravet oppatt. Då Hambro var borte i Genève, gjorde han denne gongen spørsmålet for den andre stortingspresidenten, Magnus Nilssen, men fekk det ikkje til då heller. Etter samråding med statsministeren kalla presidentskapet saman Utriksnemnda 9. desember, så den kunne ta stode til saka saman med presidentane, m. a. o. presidentane ville ikkje ta ansvaret for denne saka. I dette møtet sa Nygaardsvold at Regjeringa sjølvsagt ville stella seg lojalt til eit ynske om å kalla saman Stortinget, men Regjeringa sjølv ynskte det ikkje. Det ville ikkje letta arbeidet for Regjeringa, men heller det motsette. Serleg ville ei slik uvanleg samankalling skapa uro i folket og gje høve til rykte i utlandet som kunne bli til skade for oss. Finansministeren, Torp, nemnde at det kunne bli til

skade for arbeidet med å skaffa utalandske lån. Moseid fekk berre stønad frå sine eigne partifeller Handberg og Sundby, som hevda at Noreg var det einaste nøytrale landet i Europa som ikkje hadde nasjonalforsamlinga si samla under krigen. Frå dei andre partia tala Lykke og Mowinckel i liknande lei som statsministeren, og dermed fall denne saka bort i dette møtet. Moseid freista ta saka oppatt i neste møte (14. desember), men ikkje med betre resultat. (Protokollen frå løyndemøte i Utriksnemnda 1939, s. 963 og s. 1108—1200, og 1242—1281.)

Seinare har Moseid hevda at ein slik nervøsitet som statsministeren ottast, var det nett Moseid gjerne ville kalla fram, då han ingen ting betre kunne ynskja i denne tida enn å få folk vekt opp til å forstå kor farleg stoda var. Når det skulle vera, kunne vi bli ute for åtak og bli dregne inn i krigen. Einaste råda til å halda oss utanfor var at vi straks med alle råder sette forsvaret i fullt krigsstand. Tanken hans med å halda Stortinget samla, var eigenleg å halda utvegen open til å få vedteki mobilisering, og utetter hausten var det òg ein del underhands tale om mobilisering i Stortinget. For det fyrste torde han ikkje ta saka fram i Stortinget, då han visste at ho ville bli nedrøysta. Det meinte han var det verste som kunne henda, for då ville alt vera tapt. Så lenge saka ikkje var oppteken og nedrøysta, hadde han i alle fall høve til å arbeida for ho.

Det landet som det var nærast å samanlikna oss med her, Sverige, hadde for det fyrste skipnaden med «forsterket beredskap» og den var i full orden, så det var ikkje naudsynleg å gå til mobilisering, men Sverige heldt heile luftstyrken inne og heldt beredskapsøving for ei halv årsklasse om gongen og hadde lett for å kalla inn den andre halvårsklassa, 12—13 000 mann. Dertil hadde det alt 26. august kalla inn ekstramannskap, dels for å manna fartya på vestkysten — og dels for kystfestningane, ca. 2 000 mann (opplyst av utriksminister Sandler på utriksministermøte i Oslo 30. august 1939. U. D. 47. C. 5).

I vårt land nøgde ein seg med straks å halda inne luftstridskreftene og mobilisera marina ut gjennom september månad. Av infanteriet kalla ein berre inn nokre få avdelingar. Koht sa om det på utriksministermøtet i Oslo 30. og 31. august: «En regner med å ha liten bruk for infanteriet og kommer derfor ikke til å gjøre noe særlig for dets vedkommende. Det er sjøvernet som for oss er det viktigste.» (U. D. 47. C. 5.) Då statsråd Monsen greidde ut om dei tiltaka som var gjorde for nøytralitetsvernet i møte i Utriksnemnda 31. august, møtte han ingen kritikk, heller ingen serskilte krav, anna ei oppmoding frå Sundby om å ta opp spørsmålet om vern for vasskraftverka våre mot fly. Derimot fekk han ein kompliment frå Sven Nielsen for snøgge tiltak i ei serskilt sak. Om bombefaren frå lufta sa formannen i nemnda, stortingspresident Hambro, «at etter forholdsvis kort tid vil det ikke være tyske fly utenfor Tysklands grenser, og det vil heller ikke være tyske marinefartøyer over havets overflate».[1]

[1] Dokument nr. 6 (1945).

Om faren for at vi mot vår vilje skulle bli rivne med i krigen, sa Koht ved fleire høve det same som han hadde sagt då krigen braut ut (s. 184), og han tok det oppatt så seint som i ein tale etter nyår 1940: «Det ville bli mindre fåre, meinte eg, for at nokon stat ville freiste nytte landområdet vårt for militære formål, til stode for krigstiltak imot motparten. Eg rekna med at krigsteknikken no hadde nådd så høgt så dei som førde krig i grannelandet vårt (eg tenkte serleg på krig mellom England og Tyskland) kunne nå kvarandre godt nok om dei ikkje tok omvegen om Noreg, og difor ikkje ville ha bruk for å sette seg fast her. Og dette har til no sanna seg. Derimot meinte eg faren ville bli større for oss ut frå handelspolitiske omsyn, krav som dei krigførande ville sette til handelssamkvæmet vårt med motparten. Og dette òg har sanna seg.»

Arbeidet med å bera nøytraliteten frelst gjennom dei økonomiske og handelspolitiske forviklingane måtte då bli ei hovudsak for Koht. Forhandlingane var vanskelege, serleg med England, og det var tider då Koht ottast for at det var meininga åt England å nytta handels- og flåtemakta si til å driva oss ut or nøytraliteten (sjå nedanfor). Alt eit par dagar før krigen, 26. august, sende Regjeringa ut ålment forbod mot utførsle av varer. Koht forklåra i Utriksnemnda 8. september at meininga med dette forbodet var at Regjeringa på denne måten ville få kontroll over innførsle og utførsle, så ho kunne tryggja normal handel til båe sidene og tryggja Noreg naudsynlege lager av livsviktige varer.

Motsetningane i handels- og skipsfartspolitikken var klåre. Tyskland ynskte å få størst mogleg innførsle av feitt, mineral, metall og fisk. England ville lama Tyskland økonomisk og ynskte difor kontroll av den norske handelen med Tyskland, så det kunne få full stenging, i alle fall for viktige varer. Trugsmålet frå engelsk side var blokade, om den norske regjeringa ikkje bøygde seg for dei britiske krava, og det trugsmålet vart nytta heller ofte. Nordmannene kunne svara med handelsflåten. Ville engelskmennene vera rimelege med tilførslene til landet og med handelen vår til Tyskland, ville det bli lettare for det å få teneste av norske skip. Frå norsk side vart handelsforhandlingane med Storbritannia og Tyskland drivne parallelt. Samstundes dreiv Rederforbundet forhandlingar med Ministry of Shipping. Desse forhandlingane kunne då bli førde friare enn det ville ha vori mogleg om staten skulle ha ført dei. Avtalen med Tyskland vart gjord 23. februar 1940. Den gjekk ut på at innførsla til Noreg frå Tyskland var fri, likevel med visse garantiar for reeksport. Utførsla skulle bli halden innom grensene for utførsla i 1938. Det var eit godt år for Tyskland, men avtalen var i prinsippet godkjend av England. Det opphavlege engelske kravet til Noreg om at det skulle vera med på å lama Tyskland økonomisk med å stoppa utførsla av viktige varer, var altså oppgjevi. Det lykkast for Noreg å halda fast på det prinsippet at grunnlaget for forhandlingane skulle vera førkrigsutførsle.

Då handelsavtalen med Tyskland var komen i orden med engelsk samtykke, gjekk det ikkje lang tid før den engelske handelsavtalen òg

vart ferdig, 11. mars. Her vart 1937—38 lagt til grunn for norsk innførsle frå Storbritannia. Den britiske regjeringa regulerte i vidsveimde avtalar den norske innførsla av dei viktigaste varene, korn, mineralolje, feitt, kvalolje osfr., så Noreg kunne få opparbeidt faste lager for slike viktige varer. Innførsla til Noreg frå andre oversjøiske land vart fri i prinsippet, men her òg med visse avgrensingar etter kontrabandeprinsippet. Utførsla frå Noreg var òg fri i prinsippet mot visse garantiar mot vidareutførsle til fiendestatar. Narvik-utførsla var ikkje regulert i dei norsk-britiske avtalane.

Handelsavtalen med Frankrike var klårlagd i hovuddraga, men endå ikkje førd formelt i orden før vi kom med i krigen.

Frå norsk side var det direktøren i Forsyningsdepartementet, Prebensen, som førde desse forhandlingane både med England og med Tyskland. Forhandlingane var vanskelegast med England. Gong på gong klaga Koht i Utriksnemnda over vanskane og serskilt over dei engelske trugsmåla. Frå alle kantar kom det også klage over at engelskmennene øydde tid for dei norske skipa med å føra dei inn til Kirkwall til kontroll i utrengsmål og aller mest over ulovleg sensur av norsk post.

Det synte seg at i skipsfartspørsmåla var det farlege emne til strid. Då krigen braut ut i 1939, var det etter måten ein liten del av den norske flåten som gjekk i britisk fart; men krava frå engelsk side om tonnasje vart fort mykje store. Frå offisiell norsk side freista ein å kombinera desse spørsmåla med dei handelspolitiske. Føresetnaden for at norske reiarar skulle la skipa sine gå i engelsk tenest, var at England gav oss rimelege tilførslar og ikkje sette slike krav at det utsette oss for krigsfare frå Tyskland. Då Rederforbundet skreiv under på skipsfartsavtalen (tonnasjeavtalen) 11 november 1939, var det i nøye kontakt med utriksstyringa; seinare kom også ein reassuranseavtale. Etter skipsfartsavtalen gjekk den største delen av tankskipsflåten og ein stor del av dei andre skipa etter kvart inn i fransk-britisk fart.[1])

Gong på gong, og seinast 2. og 6. april 1940, gav Koht god greie for gangen i handelspolitikken i lange føredrag i Utriksnemnda eller i Stortinget. Stort sett møtte han lite av kritikk her, men så mykje meir av medhald og samtykke. Det kom nok noko klage over at det gjekk seint og trått med handelsavtalen med England, at han ikkje nytta dei beste mennene i tingingane med England, og at det mektige våpenet Noreg hadde i skipsflåten sin ikkje vart godt nok utnytta; men det sterkaste inntrykket er at handelspolitikken åt Koht i desse vanskelege tidene var vellykka, og at folk var fornøgde med han. Dei krigførande maktene kunne heller ikkje finna større feilar her. Då Tyskland kasta seg over oss 9. april og hadde bruk for alle moglege påskot til forsvar for overfallet, kunne dei ikkje bruka handelspolitikken. Dei klagene England kom med,

[1]) Ein bør notera at ein heldt fram med skipsfarten på Tyskland òg etter september 1939. Rederforbundet sikra seg i november ei offisiell fråsegn om at den britiske regjeringa ville sjå med velvilje på normalt samband med Tyskland.

galdt hovudsakleg førsla av svensk malm frå Narvik og nedetter den norske kysten, men desse klagene var meir av politisk og militær natur enn av økonomisk.

Då Quisling sette ned ei granskingsnemnd i 1943, var det nett med den oppgåva å finna grunnlag for klagemål over den norske utriksstyringa for brot på nøytraliteten, så det kunne tena til forsvar for det tyske overfallet. Papira frå nemnda syner at dei serleg har arbeidt for å finna slike klagemål i tonnasjeavtalen med England, men dei syner òg at trass i all mogleg energi i denne saka har dei ikkje funni noko som kunne kasta skugge over nøytralitetspolitikken åt Koht. Den var rettleg og juridisk i fullgod orden.

Ein kan ikkje her sjå på tonnasjeavtalen isolert, men lyt sjå han i samband med handelsavtalane. Han var eit vilkår for at Tyskland fekk handelsavtalen sin i februar 1940, og han var naudsynleg for å tryggja norske forsyningar i det heile. Det er tvillaust at dette var ein klår over på tysk side.

Klagemåla over at tonnasjeavtalen var unøytral har ikkje stønad i internasjonal rett. Reiarane hadde rett til å la skipa sine gå i frakt for dei krigførande. At det meir vart i engelsk enn i tysk tenest, var naudsynleg slik som vilkåra låg til rettes.

Ingen utriksminister kunne leggja større vekt på å fylgja Haagkonvensjonane frå 1907 til punkt og prikke enn Koht. «Fylgjer vi dei,» sa han, «så er vi usårlege mot alle klager. I det minste kan ingen med rette klage på oss. («Utanrikspolitikken vår», — tale av Koht.) Lytet ved utrikspolitikken åt Koht ligg ikkje på dette området. Heller har han lagt for stor vekt på det juridiske, og har kanskje kjent seg noko for trygg når han hevda nøytraliteten etter streng juridisk tolking. At ein streng nøytralitetspolitikk kunne gjera oss usårlege mot alle klager. var rett nok så sant utrikspolitikken var prosedyre om rett forståing og bruk av rettsreglar og ikkje eit forferdeleg spel om politisk og militær vinning. Koht var sjølsagt godt kjend med den brutale realismen i ein stormaktkrig, som omsynslaust og kynisk gjev rettsreglane ein god dag om det er viktige reelle interesser å vinna med å krenkja dei, men hans eigen politikk er det vanskeleg å forstå, om ein ikkje går ut frå den føresetnaden at utrikspolitikken hovudsakleg blir utspelt på det juridiske og ikkje på det militære plan. Koht hadde i så måte gode tradisjonar i norsk politikk. Venstrepolitikken i fyrste halvparten av 90-åre, dvs. i Kohts eiga ungdomstid, merkte seg nett ut ved den same trua på jussen og med liten sans for politiske realitetar.

Finnlandskrigen bryt ut.

Under den fyrste verdskrigen hadde Nordlanda demonstrert viljen sin til samhald og nøytralitet ved kongemøtet i Malmø straks i fyrstninga av krigen og seinare ved eit møte i Oslo i 1917. No vart det same gjort med eit møte av dei nordiske stats-sjefane i Stockholm 18. og 19. oktober.

Den finske presidenten var også med denne gongen, og omsynet til Finnland var ein serskilt grunn til å kalla saman møtet. Det stod no i dei alvorlege tingingane som snart vart avløyst av krig med Russland. Dei tre Nordlanda hadde alt veka før (11. og 12. oktober) lagt inn eit godt ord for Finnland både i Washington og i Moskva. I Washington bad dei regjeringa nytta innverknaden sin i Moskva til å hindra Russland i å setta slike krav til Finnland at det kunne gå ut over integriteten og sjølvstendet åt landet.[1]) I Moskva heldt dei fram den vona at Finnland måtte få halda fram med den sjølvstendige nøytralitetspolitikken som det — etter samråd med dei andre Nordlanda — hadde synt at det ville fylgja. Mange hadde no venta at møtet i Stockholm skulle gjera nye tiltak til beste for Finnland, men ministrane var altfor varsame til det.

Møtet sende ut eit kommunike som heldt fram den faste viljen åt dei fire landa til i nært samarbeid konsekvent å halda ein fullkomen nøytralitet. Dei ville halda fast ved den same stemnelina for politikken sin som i krigen 1914—18 og minte i så måte om kunngjeringa frå kongemøtet i Oslo i 1917. Dei minte også om at før krigen hadde dei slutta seg til fredsappellen frå kong Leopold, dei ville framleies gjerne arbeida for forlik i krigen, og ville vera glade om det vart føresetnader for ein nøytral innsats så ein kunne få fred og trygd for alle nasjonar.

Den tyske ministeren i Stockholm, von Below, karakteriserer dette kommunikeet som overforsiktig, og seier at Sandler hadde 95 pst. del i det, men «dass die grösste Aktivität von dem Norwegischen Aussenminister, Koht, ausging, der eine schärfere Betonung sowohl des Neutralitäts- und Selbständigkeitswillens der nordischen Staaten, wie auch ihrer Vermittlungsbereitschaft zwischen den Kriegführenden gewünscht hat, als sie in dem Schlusskommuniqué schliesslich zum Ausdruck gekommen ist». (A. A. Nordische Staaten, f.nr. 16199.) Det referatet av forhandlingane på møtet som vart oppsett av den norske sekretæren, Ræder, gjev ikkje grunnlag for meldinga åt den tyske sendemannen om aktiviteten åt Koht, endå han seier at han har ho frå påliteleg kjelde. At Koht arbeidde for å få nøytraliteten sterkt understreka, svarar likevel til det som Koht sjølv fortalde frå dette møtet i Stortinget: «Eg vil få streka under at eg slo det klart fast på dette møtet og fekk det godkjent av dei andre, at vi ifrå dei andre nordiske landa ikkje gav Finnland noko råd i noko leid i spørsmålet; det var Finnland aleine som måtte ta ansvaret for avgjerdene sine, og inkje anna land batt seg på nokon måte til å hjelpa Finnland, om den finske regjeringa ikkje ville godta dei russiske krava.» (Tale på løyndemøte i Stortinget 8. januar 1940.) Såleis samsvarar då orda åt Koht og åt den tyske sendemannen om det at Koht har vori ein serskilt energisk målsmann for nøytraliteten i si strengaste gjennomføring, — som ventande kunne vera. Dette svarar til den politikken vi faktisk kom til å føra under krigen. Det var for Noreg og Sverige Finnlandspolitikken hadde største

[1]) U.D. jnr. 23700 1939.

alvoret, men av desse to var Noreg den som heile tida heldt seg sterkast attende i ein varsam nøytralitet.

Om ei anna hovudsak, spørsmålet om mekling, seier Koht i ein annan samanheng: «Den norske regjering hadde drøftet saken, men var kommet til det resultat at en på forhånd burde ha en viss sikkerhet for at et resultat av aksjonen var mulig, f. eks. slik at spørsmålet om selvstendige polske og tsjekkiske stater og en ordning av kolonispørsmålet kunne drøftes. Hvis ikke noe slikt grunnlag forelå, hadde den norske regjering de aller største betenkeligheter ved å ta noe som helst skritt. Det var intet i veien for at det i kommunikeet ble gitt uttrykk for et alminnelig ønske om fred, men dette måtte ikke formes på en slik måte at det kunne tas til inntekt for opprettholdelsen av status quo.» (U.D. 47 C. 2.)

Dette er som ein ser svært varsamt, like varsamt som understrekinga av nøytraliteten. I dei offentlege kunngjeringane frå Stockholm-møtet vart Finnland i det heile ikkje nemnt. Sjølv kravde Finnland ikkje anna enn moralsk stønad, og den fekk det. Tanken på Finnland låg under det heile. Litt seinare freista Sverige få Noreg og Danmark med på eit nytt tiltak til beste for Finnland etter den føreteljinga dei hadde gjort i Moskva 12. oktober. Såvidt ein kan forstå, er Koht den som serleg hindra eit slikt tiltak; han har vori redd for å vera med på noko som kunne irritera Russland. På ei oppmoding frå den svenske ministeren, Günther, 29. oktober, om å vera med på eit slikt tiltak, svara han straks at han hadde ikkje noko grunnlag å stå på så lenge han ikkje hadde kunnskap om dei finsk-russiske tingingane, og han heller ikkje visste om Sverige hadde teki på seg serlege hjelpeplikter for Finnland. Han la straks saka fram for utriksråden og for Nygaardsvold og fekk medhald hjå dei. Deretter telegraferte han til sendemannen vår i København, Esmarch, og sa ifrå at berre om Danmark ynskte å gå saman med Sverige skulle vi tenkja over saka på ny. (Notat av Koht 29. oktober. U.D. 35. G. 2 II, sjå òg referat frå møte i Utriksnemnda 22. november 1939.) To dagar seinare telegraferte Munch til Koht og spurde om Noreg ville vera med no, men Koht svara som før. Deretter kom Günther, og Koht heldt då fram for han at ei ny føreteljing til Russland no helst kanskje ville irritera og skada, noko som Günther ikkje torde nekta. Om kvelden la Koht saka fram i regjeringsmøte, og det var semje om politikken hans der. (Notat av Koht 31. oktober.) Dagen etter, 1. november, telefonerte Munch på ny og spurde om Noreg ikkje ville vera med på ei ny føreteljing til Russland. Han fortalde at den finske utriksministeren Erkko ynskte dansk føreteljing, og at Sandler tykte det ville vera leitt om Noreg og Danmark ikkje vart med. Koht kunne no svara at den norske regjeringa var imot, heller ikkje hadde han høyrt noko frå finsk side, og frå svensk berre ein førespurnad, men ikkje noko ynske. Den norske regjeringa ville berre vera med om den danske plent ville. Munch svara då at den danske regjeringa òg helst var imot, og berre ville vera med om Noreg gjekk med. Dermed stogga denne saka. (Koht, notat 1. november 1939 og 2. januar 1945, G. 2. 11.)

Etter avtale i Stockholm sa dei nordiske landa derimot frå i Washington 27. oktober at dei ynskte å halda seg i samband med den amerikanske regjeringa med sikte på ei eventuell mekling mellom dei krigførande, altså i dette tilfelle i den store europeiske krigen. Den amerikanske regjeringa var samd i dette ynsket, men hadde inga tru på at det var råd å få til nokor mekling.[1]) Koht hadde elles endå på denne tid lita tru på at det ville bli krig med Finnland. I eit møte i Utriksnemnda 25. oktober sa han: «Eg trur at det ikkje er rimeleg å venta seg at Sovjet-Samveldet vil koma til å bruka makt mot Finnland.»[2]) Då den finske legasjonssekretæren Laakso ved same tid (2. november) spurde Koht om Noreg ville gje Finnland militær hjelp om det vart påteki, og sa at han trudde Sverige ville, svara Koht at dette siste var han i tvil om; hypotetiske spørsmål ville han ikkje svara på, og elles trudde han alle visste at Noreg hadde ikkje hermakt til å føra krig utalands.[3])

Fire veker etterpå (30. november) braut krigen ut mellom Russland og Finnland. Sandler ringde då Koht opp og spurde om han ville senda ut nøytralitetskunngjering. Koht svara straks at han ikkje ville, for det ville ta seg ille ut og by han imot. I denne politikken fekk han medhald av Regjeringa si. Sandler vart glad over svaret, og ropte at det var herleg. Den danske regjeringa hadde etla seg til å ferda ut ei slik nøytralitetskunngjering; men då Munch fekk høyra om stoda åt den norske regjeringa, la han saka fram for regjeringa si på ny, og endskapen vart at den danske regjeringa ferda ut nøytralitetsreglar istadenfor nøytralitetskunngjering. Den svenske regjeringa ville ikkje vera med på det heller. Munch slo då på at kanskje kunne statsministrane i staden seia ifrå om nøytraliteten. Det ville Koht ikkje vera med på, då det kunne bli som eit slag forkynning. Han ville helst at dei tre regjeringane skulle fylgjast, og hadde den svenske regjeringa vilja vori med på det siste danske framlegget (om nøytralitetsreglar), ville han òg ha vori med. I alle tilfelle måtte ein vera varsam med å la nokor motsetning til Sverige koma fram. Etter ein hadde ferda ut nøytralitetsfråsegn då krigen mellom Tyskland og Polen braut ut, var det ingen tvingande grunn til å koma med ei ny no, og ei kald nøytralitetsfråsegn svara ille til det som var ålmenn kjensle i dei nordiske folka ved overfallet på Finnland. Kunne ein ikkje seia noko anna, og det kunne ein ikkje offisielt, var det betre å teia still.[4])

Alle dei tre utriksministrane ville gjerne gjera det dei kunne til hjelp

[1]) Oslo til legasjonen i Washington 21. oktober (nr. 578). Morgenstierne til Oslo 29. oktober (nr. 1486). P.M. av Sandler 19. oktober. Notat av Bull 25. oktober. U.D. 38. B. 12.

[2]) Referat s. 11. U.D. 47. A. 3. (H.S. 21/39.)

[3]) Koht notat 2. november.

[4]) Såleis Koht i løyndemøte i Stortinget 8. januar 1940.

for Finnland utan å bli blanda inn i krigen. Det måtte då bli med mekling Sjølve fann dei det gagnlaust å gå til Russland etter dei fyrst ein gong hadde vori der (12. oktober). Dei måtte få ei stormakt til å freista. Koht slo på Italia, men Sandler kunne fortelja at han alt hadde freista med Italia, og at det var uviljugt. Koht og Munch vart då samde om å freista med Tyskland. Koht kalla til seg den tyske legasjonsråden von Neuhaus og bad han røkja etter om Tyskland med godvilje ville ta imot ein førespurnad om å få Russland til å ta opp fredlege tingingar med Finnland. Svaret vart, at etter Molotov hadde sagt at Russland berre ville godkjenna den «finske folkeregjeringa» (Kuusinen-regjeringa), men ikkje ville tinga med den finske regjeringa i Helsingfors, såg den tyske regjeringa ingen utveg til å mekla.[1] Liknande svar fekk Munch på spurnaden sin.

Samstundes kunne også den norske ministeren i Moskva, Maseng, melda at det var vanleg meining mellom ambassadørane der at samhaldet mellom Tyskland og Russland ville halda på grunn av motsetninga til dei kapitalistiske sentra, London, Paris og New York. Han nemnde òg at den vanlege talen hjå Vestmaktene om at dei nordiske landa burde gå saman og avverja sams fare, «kanskje i noen grad har bidratt til å sette Sovjetsamveldet opp imot oss».[2]

Ein måtte ottast at striden mellom Finnland og Russland ville føra krigen inn på den norske grensa, serskilt då eit av dei russiske krava galdt vestre Fiskarhalvøya, som låg tett inn til Noreg. Så snart dette vart kjent, kalla forsvarsministeren kommanderande general og admiral til rådlegging i Forsvarsdepartementet og sette også i verk dei tiltaka som dei kravde til vern for nøytraliteten der nord. Divisjonssjefen i 6. divisjon ville dessutan ha mobilisert avdelingar på mobiliseringsstadene lenger vest og sør i landet, så dei kunne stå reiduge til sending nordetter om det skulle bli naudsynleg, men etter råd frå kommanderande general vart dette ikkje sett i verk.[3]

Då Finnland appellerte til Folkesambandet, kalla Koht saman til utriksministermøte i Oslo 7. desember og varsla om at han der ville gjera framlegg om at Folkesambandet skulle gjeva fråsegn om at det russiske åtaket på Finnland var heilt ugrunna, og at det skulle be regjeringa i Sovjet-Samveldet å gå til fredlege forhandlingar.[4] Om det telefonerte han også til den finske utriksministeren, Tanner, og hadde sjølvsagt ingen vanske med å få samtykke hjå han.[5] Koht var fullt klår over at det var fåfengt å freista få til tingingar, men ingen råder burde vera ufreista, og det kunne ha noko moralsk verd for Finnland at ein sende ei opp-

---

[1]) Koht notat 3. desember, 4. desember og 7. desember. U. D. 35. G. 2. III og IV.

[2]) 35 G. 2. IV, jnr. 28471 — 24475.

[3]) Opplyst i løyndemøte i Utriksnemnda 25. oktober 1939. Referatprotokollen s. 717 f.

[4]) Telegram til legasjonane i Helsingfors, Stockholm og København 5. desember. U.D. 47. C. 5.

[5]) Notat 5. desember. U. D, 35. G. 2. IV.

moding til Sovjet-Samveldet om å gå med på fredlege tingingar. Under møtet kom det telegram frå sendemannen vår i Paris, Bachke, som førde fram ei melding frå stortingspresident Hambro, som var i Genève på førehand i anna ærend, men hadde teki på seg å vera Noregs delegerte i denne saka. Hambro kunne fortelja om overlag sterk stemning for å stengja Sovjet-Samveldet ute or Folkesambandet; serleg var kravet om det sterkt frå Frankrike, men det kunne henda at Storbritannia og Belgia ville krevja det same. Utriksdepartementet svara med telegram dagen etter, at etter samråd med Tanner var dei ikkje samde i framlegget om å stengja ute Sovjet-Samveldet.[1] Det Finnland ynskte, var å få halda fram med tingingane med Sovjet-Samveldet, men kasta ein det ut or Folkesambandet, stengde ein alle vegar til tinging. Den engelske politikken gjekk elles heller ikkje ut på slik utestenging. Det var ikkje før seinare at England gjekk over til å støa den franske lina, som ville utestenging av Sovjet-Samveldet, og då var det — etter som Hambro fortalde — etter påtrykk frå fagforeiningane; men i frå fyrsten var den engelske politikken mykje meir måtehalden.

Munch hadde med seg til Oslo melding frå den danske sendemannen i London om at den engelske understatssekretæren Butler meinte ein ikkje burde gå lenger i Genève enn til ein resolusjon som uttala samhug med den påtekne staten, oppmoding til kvar medlemsstat om ikkje å gjera noko som kunne vera til hinder for han, men elles la kvar stat sjølv avgjera korleis han ville hjelpa. Butler meinte jamvel «at sakens henvisning til Folkesambandet var nokså formålsløs og egnet til å fremkalle komplikasjoner for de stater som deltar».[2]

Eigenleg gjekk denne engelske planen ut på å vedta ein resolusjon i likskap med den som Folkesambandet hadde vedteki under striden mellom Japan og China i 1937, men den resolusjonen hadde ikkje ført til noko den gongen, og dei nordiske utriksministrane torde ikkje tru han ville føra til noko meir denne gongen. Dei ville i det heile akta seg både for utestenging og for annan politikk som lett kunne setta dei sjølve i fare utan å bli til verkeleg hjelp for Finnland, i det heile for all politikk som kunne gjera dei sjølve til reiskapar for stormaktpolitikken. Dei vart då samde om at dei heller ville røkja etter om det var stemning for å få vedteki ein resolusjon som Koht sette opp såleis:

1. Konstatera åtaket frå Sovjet-Samveldet.
2. Be Sovjet-Samveldet ta attende herfolka sine frå finsk jord.
3. Be Sovjet-Samveldet byrja nye fredlege tingingar med Finnland.

Utriksministrane drøfte også spørsmålet om andre måtar til å hjelpa Finnland. Det måtte helst bli med våpen, som var det Finnland mest trong. Koht nemnde då at i 1935 hadde den norske regjeringa (Mowinckel) kunngjort at ho ville ikkje føra ut våpen til krigførande, og når spørsmålet

---

[1]) Jnr. 1165 og 1166 IV/1939. U. D. 47. C. 5.

[2]) U.D. Jnr. 28735. Dossier 47. C. 5.

hadde vori aktuelt, hadde Utriksdepartementet alltid prinsipielt hevda at våpensendingar ikkje skulle vera lovlege anna til land som ikkje var i krig. No ville han ikkje kjenna seg hindra frå å bryta kunngjeringa av 1935, men om det laut han fyrst tinga med Regjeringa.

Det vart lagt ikkje lite press på dei skandinaviske landa for å få dei til å gå skarpare fram mot Russland og til beste for Finnland. Hambro skreiv såleis frå Genève (9. desember) at generalsekretæren for Folkesambandet var attkomen frå Paris og «var meget inntrengende i sin henstilling om at de nordiske land ikke måtte gå mot eksklusjonen». Ei offisiell melding om at dei nekta å vera med «ville skape den største konfusjon og vilde bety at alle de stater som nu hadde angagert sig for Finnland på den ene måte eller annen, ville desinteressere sig helt for Finnland og legge alt ansvar for utviklingen på de nordiske land». Den greske sendemannen Polykroniadas hevdar at om dei nordiske statane går aktivt fram her, vil Balkan-statane gjera det same, og grunnen vil vera lagd til større samarbeid mellom småstatane i framtida. Belgia ville helst fylgja dei nordiske statane, men kunne ikkje skjøna at det var råd å unngå å røysta for å stengja Russland ute. Sendemennene frå alle Dominions var beiske over «de nordiske land som ikke vil innta noe klart standpunkt — hvilken rett har disse små stater til senere å kreve hensyn eller protestere mot stormaktspolitikken når de kryper fra et hvert ansvar?» Hambro legg til: «Man kan forstå den bitterhet som til dels råder og likeledes beklagelsen over at hverken Norges eller Sveriges utenriksministre er tilstede.» (U.D. 35. G. 2 IV.) Det var då tydeleg at Hambro gjekk heller sterkt inn for den framgangsmåten å støyta Sovjet-Samveldet ut or Folkesambandet.

Under desse tingingane vart Utriksnemnda kalla saman til møte 9. desember. Koht greidde her ut om drøftinga mellom utriksministrane, om den stoda som dei hadde teki, og som Regjeringa var samd i. Han nemnde òg at Hambro heldt på ei anna line, men la til at han ikkje var i tvil om at han ville vera fullkomen lojal mot føresegner heimanfrå. Han slutta med å lesa opp eit telegram frå legasjonen i Berlin som gjorde alvoret i desse tingingane serskilt trugande. Det lydde slik: «Legasjonen har i dag [6. desember] fått vita av tridjemann, som har til kjelde høgtstående embetsfolk i det tyske utanriksdepartementet, at sovjetregjeringa har gjevi den tyske regjeringa melding um dette: Når russane har fått sett igjennom dei krava som dei har reist i Finnland, vil dei koma med ultimatum til den norske regjeringa um å avhenda isfrie fjordar i Finnmark. Den tyske regjeringa skal ha gjeve sovjetregjeringa lovnad um at ho vil halda seg passiv um Russland gjer noko slikt. Det er just no ein russisk handelsdelegasjon i Berlin for handelspolitiske fyremål. Spursmålet skal ha vore dryft med denne delegasjonen. Dette har eg dessutan fått høyra frå ein annan kant, som likeeins har kunnskapen sin frå det tyske utanriksdepartementet.» Koht sette spørjeteikn ved meldinga, men torde ikkje plent nekta at ho kunne vera sann, og Regjeringa hadde funni grunn til å styrkja nøytralitetsvernet i Finnmark. Koht peika også på at denne meldinga ikkje berre kunne få innverknad på dei militære tiltaka, men ho måtte også gjera ein endå meir varsam med nøytralitetspolitikken i den finsk-russiske krigen. (Løyndemøte i Utriksnemnda 1939.)

Meldinga om Berlin-telegrammet fekk Mowinckel til å slå på at ein måtte la England få kjennskap til det. Det motsa ikkje Koht, men dei var også klår over at ein slik opplysning måtte skje under hand og ikkje som ein offisiell spurnad om hjelp, for då ville England bli endå meir pågåande med omsynslaust og traktatstridig påtrykk på oss i handelspolitikken, og kanskje ville det krevja full allianse og oppgjeving av nøytraliteten. Lykke reiste det spursmålet om det var rett av oss å halda på nøytraliteten til det yttarste og la Finnland bukka under, eller om vi ikkje burde tenkja over kva vi kunne gjera saman med Sverige til hjelp for Finnland. I alle fall måtte vi ikkje hindra at amerikansk hjelp med krigsmateriell kunne koma fram til Finnland, jamvel om det måtte gå over Noreg, og det kanskje kunne seiast at vi braut nøytraliteten. Andrå derimot gav i eit langt foredrag ei sovjet-venleg framstelling av den russisk-finske politikken, og åtvara sterkt mot noko brot på nøytraliteten.

Sundby hadde «fått inntrykk av under møtet her at vår utenriksminister fører en sindig og rolig politikk, og i det hele tatt resonnerer slik som ihvertfall jeg mener vi inntil nu kan være tjent med det». Han ville gjeva Finnland all mogleg hjelp med transitt av varer, og han ville òg at vi gjerne skulle hjelpa det med offiserar; det skulle vi også gjera for vår eiga skuld, så offiserane våre kunne få greie på kva krig verkeleg er, og kva moderne krig krev av offiserar og mannskap. Elles etterlyste han forsvaret og forsvarsministeren, som nett låg sjuk: «Jeg tror nok ikke det skulle være noen grunn til å vente svært meget lengre nå med på denne post å få den kyndigste og sterkeste mann som finnes å oppdrive i vårt land.»

I motsetning til Andrå hevda statsministeren at stoda åt det norske arbeidarpartiet i den finsk-russiske krigen var harme og otte ved åtaket på Finnland. Likevel ville han halda på nøytraliteten til det yttarste, og han nemnde at for å ta ifrå Russland alle påskot til overfall på oss òg, kunne ein kanskje gå så langt attende at ein tok ut or den resolusjonen som skulle bli vedteken i Genève fastslåinga av at det var Sovjet-Samveldet som var åtaksmakta, og berre avgrensa seg til ei oppmoding om å stogga krigen og til å byrja forhandling. Jamvel om militærstellet vårt hadde vori i den aller beste orden, måtte vi ha akta oss for å koma med i krigen, og den passive hjelpa til Finnland må vi òg vera varsame med så Russland ikkje skal få påskot til krig. Difor må vi ikkje senda offiserar heller, for det kunne gje Russland påskot, og friviljuge i vernepliktig alder bør det ikkje bli tale om å gje reiseløyve til Finnland, heller ikkje bør det bli tale om kontor til å greia med å senda friviljuge, jamvel om dei blir maskerte på einkvan måten. Statsministeren gav også utførleg greie for dei militære tiltaka som var gjorde til vern for nøytraliteten i

Finnmark, og han la til at han hadde bedi kommanderende general senda telegram til general Fleischer og seia at «hvis han mener stillingen er så slem at det bør innkalles mer militær, så må han redegjøre for det snarest mulig». I det heile gav den meldinga inntrykk av at Regjeringa tok nøytralitetsforsvaret i Finnmark med nokså stort alvor.

Den tyske sendemannen melde heim at det var ei ålmenn stemning mot bolsjevismen og den sovjetrussiske imperialismen. Han fortalde òg at den norske regjeringa hadde fått melding om freistnader på å få til ei norsk kommunistisk Kuusinenregjering som kunne grava grunnen unna Regjeringa, men at ho hadde gjort sine tiltak imot slike freistnader.[1])

Under ordskiftet hadde Mowinckel og Sundby haldi fram otte for at Hambros «impulsive» natur kunne vera farleg i Genève; dei heller tvilte ikkje på lojaliteten hans, men dei meinte likevel at ein burde senda ein mann til Genève som kunne stå ved sida hans. Koht kunne nemna at han hadde ferdig ein mann som han tenkte å senda, minister Urbye, som nyst hadde vori sendemann i Moskva, men han gjorde det med den grunngjevinga, at Urbye hadde hatt munnlege samrådingar her heime, så han kunne ha meir intim kjennskap til stoda åt Regjeringa og Utriksnemnda. I ettermiddagsmøtet i Utriksnemnda var då òg Urbye til stades.

Om føremiddagen hadde Mowinckel gjort framlegg om ein resolusjon som lydde slik: «Stortingets utvidede utenrikskomité henstiller til Regjeringen å overveie om det ved den forestående behandling av Finnlandsspørsmålet i Folkeforbundet kan følges sådan fremgangsmåte: Det tas intet standpunkt til spørsmålet om Sovjet-Samveldets (angrep på Finnland eller dets) eksklusjon før det fra Sovjet-Samveldets og Finnlands side er innløpet svar på en av Folkeforbundet utgått innbydelse til i n n l e d n i n g a v f r e d s f o r h a n d l i n g e r.» (Orda i parentes var han viljug til å stryka.)

«Skulle denne fremgangsmåte ikke finne fornøden tilslutning, bør Norge ta sitt standpunkt overensstemmende med d e ø v r i g e n o r d i s k e s t a t e r o g h e l s t o g s å m e d d e ø v r i g e n ø y t r a l e.

Det vil være ønskelig om det ved Folkeforbundets møte også kunne opptas spørsmål om en samlet aksjon med de nøytrale stormakter U.S.A. og Italia i brodden til fordel for snarlig sammenkalling av en alminnelig europeisk fredskonferanse.» Mowinckel vedgjekk at dette siste nok kanskje kunne tykkjast å vera kannestøyping, men han tykte likevel at noko måtte bli gjort for å få til ein ålmenn fredskonferanse.

Koht hadde fyrst sett venleg på dette framlegget, men ved nøyare ettertanke måtte han åtvara mot det. Fyrst fordi det ville binda sendemennene våre i Genève for mykje i den tekniske framgangsmåten. Dinest fordi at om det skulle henda, som han lite trudde på, at vi fekk dei andre med på at ein fyrst skulle spørja Sovjet-Samveldet og Finnland om å gå

[1]) Telegram 18. desember (nr. 484). A. A. Norden f.nr. 13751.

med på tingingane, og den eine av dei svara nei, så var vi etterpå bundne til å røysta for eksklusjon, om ikkje formelt og juridisk, så i røynda. Han rådde difor berre til at ein skulle senda framlegget til Regjeringa, så kunne ho la delegasjonen i Genève få det som ein tanke til ettertanke. Dette gjekk Mowinckel med på, og det vart samrøystes vedteki.

I eit framhald av ordskiftet etter denne saka var ferdig, heldt Sven Nielsen fram at det var ei anna sak som var viktigare enn korleis vi skulle stella oss til ei inngriping av Folkesambandet, og det var korleis vi skulle stella oss når vi sjølve vart påtekne av Russland. «Jeg sier uttrykkelig «når vi blir angrepet», for jeg mener sannsynligheten er større enn bare muligheten.» Han peika på ei rad med lyte ved forsvaret i Finnmark, og kor viktig det var at vi til sjef der oppe fekk den mest dugande mann vi kunne finna. Til det nemnde han oberst Ruge. Statsministeren svara berre reint ålment at han var fullt klår over kor viktig det spørsmålet var som Nielsen hadde reist, men han peika på eit anna spørsmål som kanskje kunne bli aktuelt før, nemleg korleis vi skulle stella oss i tilfelle Russland gjekk til åtak på Finnland gjennom Finnmark. Han nemnde eit par tiltak som var gjorde eller kunne gjerast til å møta ein slik fare, og gav også andre og nye meldingar om forsvarstiltak. (Løyndemøte i Utriksnemnda.)

Med inntrykket frå ordskiftet i Utriksnemnda i friskt minne og med instruksar frå Utriksdepartementet i samsvar med det, reiste då Urbye til Genève, og det skorta ingen ting på varsemd og atterhald. Atterhaldet i Nordlanda synte seg alt i det at like lite som utriksministrane frå andre land reiste nokon av dei nordiske utriksministrane til møtet i Folkesambandet i Genève då Finnlands sak kom føre, og det var heller ikkje haldi nokon eigenleg tale der frå nokon av dei nordiske sendelaga. Berre den svenske utsendingen, Undén, motiverte med nokre få ord stoda åt dei nordiske landa. Saman med dei baltiske statane, Bulgaria, China og Sveits let dei tre Nordlanda vera å røysta då Tinget 14. desember vedtok resolusjonen mot Russland. Med tilvising til atterhaldet sitt mot sanksjonane nekta dei å ta stode til den delen av resolusjonen som gav grunnlaget for utstøytinga av Russland or Folkesambandet, altså for å bruka sanksjonar mot Russland; men dei var for den høgtidlege fordøminga av åtaket åt Sovjet-Samveldet på Finnland, og for fråsegn om at på denne måten braut det Folkesambandspakta og andre traktatar, og dei var for appellen om å gje Finnland materiell og humanitær hjelp. (Koht gav ei utførleg framstelling av korleis hendingane gjekk i Genève i møte i Utriksnemnda 14. desember. Protokollen s. 1202—1211, Hambro gjorde det i same møte 22. desember, protokollen s. 1301—1330.)

Dette var ein mellomvegspolitikk, og den fekk ikkje større ære enn slik politikk vanleg plar få. Hambro skriv om «adskillige ironiske spørsmål om hva som var den egentlige betydning av kongemøtet i Stockholm». «Quelle lâcheté!» vart det ropt frå pressegalleriet under den stutte talen åt den svenske sendemannen Undén, då han førde ordet for dei nordiske

landa. «Inntrykket av de nordiske lands holdning var overalt pinlig.» (Brev 19. desember jfr. rapport frå Urbye 21. desember. U.D. 35. G. 2. V. jfr. rapportar frå Hambro 6. og 9. desember, s. st. Bd. IV. Dokumenta prenta i Nordisk Tidsskrift for international Ret 1939 side 117.) Colban melder noko liknande frå London, det er stigande utolmod i dei breie folkelag mot dei landa som held seg utanfor krigen, serleg etter overfallet på Finnland. «Innen den norske koloni i London gjør også en sån oppfatning seg gjeldende. Jeg motarbeider den selvfølgelig efter evne.» (U.D. 35 G. 2 V, jnr. 30547.)

Viljen vår til å unngå noko som kunne kasta så mykje som den minste skugge over vår nøytralitet, var så stor at Koht forbaud Hambro å ta imot val til president i Tinget. Ingen nordmann måtte presidera i Tinget når Russland vart sett utanfor. Når Hambro vart president likevel, var det fordi det siste telegrammet frå Utriksdepartementet i saka kom for seint fram. Under krigen vart nemleg telegram til Genève ekspederte over Paris, så det tok lenger tid enn vanleg. Dette tilfellet, at ein nordmann vart president i Tinget i Genève ved denne hendinga førde til kritikk frå bondepartiet, fyrst frå Sundby og Moseid i Utriksnemnda, og sia endå skarpare frå Hundseid. (Protokollen s. 1204, 1238 og 1385.)

Frå finsk side vart det noko agitasjon for å få Noreg og Sverige inn i krigen mot Russland. Ein tenkte seg visstnok at om Nordlanda samla gjekk mot Russland i nord, ville kanskje Tyrkia og Romania gå på frå sør, og såleis skulle Finnland og dermed Nordlanda kunna bli berga. (Scheel 13. desember 1939, nr. 2245, U.D. 35 G. 2. IV.) Det var ein liknande tenkjemåte som vi har funni hjå den greske sendemannen i Genève, Polykroniadas.

På den andre sida åtvara sendemannen vår i Moskva, Maseng, i brev på brev mot å gå for sterkt inn for Finnland. Han kritiserte skarpt heile den nordiske politikken. Finnland er ein russisk randstat som andre randstatar. «De skandinaviske land slettet ut den skillelinje som før fantes mellom dem og Finnland og pådro seg Sovjet-Samveldets uvilje og mistanke og tilskyndet på denne måte Finnland til å føre en politikk som bringer det i ulykke. Følgene for de skandinaviske land selv vil kunne bli meget alvorlige.» Den russiske mistrua mot Noreg og Sverige som er skapt og kvest mykje i desse åra, kan bli ein stor fare. Dei hadde stått betre om dei heile tida hadde lati Finnland greia sakene sine med Russland sjølv (brev 18. desember, U.D. 35 G. 2 V). Freistnaden i Genève på å reisa ein verdsopinion mot Russland vil driva Russland nærmare mot Tyskland. Alt straks i krigen varsla han om at Russland kjem til å ha hersett Finnland før utgangen av mars månad, dei vestlege stormaktene kan ikkje gripa inn militært, og den materielle hjelpa deira vil koma for seint. Tyskland vil ikkje halda Sovjet-Samveldet attende, men styrkja samarbeidet med det; ein lyt rekna med at dei blir samde, og då kan ekspansjonen i nord koma til å nå kystane åt Nord-Noreg (S.st. brev 8. desember og 11. desember. Moskva 1939). Han åtvarar mot å tru

ringt om den russiske heren: «Det som nå sies derom er et ledd i en politisk manøver for å påvirke en rekke mindre stater og disses stilling til stormaktene og til stormaktskrigen.» (Brev 21. desember 1939.) Det er vanleg meining mellom utlendingane i Moskva at dei småstatane som ligg innanfor rekkevidda av desse stormaktene ikkje kan klaga etterpå om dei smått om senn blir gløypte alle saman. «Enhver hjelp i en hvilkensomhelst form som nå ytes Finnland, og som kan bidra til å forlenge dettes motstand irriterer sovjetmyndighetene i høyeste grad. Disse betrakter det som meget maktpåliggende for seg å kunne bryte den finske motstand hurtigst mulig og vise det uberettigede i den oppfatning som er oppstått, eller som med hensikt er skapt, at den russiske hær har vanskelig for å klare selv en mindre oppgave.» (Brev 13. og 14. desember.)

Det skræmande telegrammet frå Berlin om tysk-russisk semje om rett for Russland til å ta isfrie fjordar i Finnmark, synte seg å vera ugrunna. I eit møte i Utriksnemnda 14. desember fortalde Koht at han hadde nemnt saka beint fram for den tyske chargé d'affaires i Oslo, for han ville at den tyske regjeringa skulle veta kva som vart fortalt med påstand om at det hadde god grunn for seg. Den tyske sendemannen var då nett i Berlin, men så snart han kom attende, kom han til Koht og «avsanna fullt ut frå den tyske regjeringa at slikt eit spursmål um Nord-Noreg hadde vore dryft millom Tyskland og Russland. Det fanst ikkje det minste grunnlag for gjetordet eller påstandet um dette. Han sa dessutan at den tyske regjeringa meinte, at den russiske regjeringa ikkje hadde nokre slike planar mot Nord-Noreg.» For si eiga rekning la han attåt at han ikkje trudde at Tyskland ville kunna halda seg passiv om den russiske regjeringa skulle koma med slike krav eller slik framstøyt mot Noreg. Han meinte at den tyske regjeringa då måtte taka standpunkt mot Russland og hjelpa Noreg. Koht la til: «Kva den tyske regjeringa kann vita um russiske planar mot Noreg, det er sjølvsagt ikkje so heilt visst. Eg går ut frå for min part, at den russiske regjeringa i alle tilfelle ikkje vilde fortelja noko um dette på fyrehand, men eg trur ein kann festa lit til dette at det spursmålet ikkje har vore dryft millom den tyske og den russiske regjeringa. Eg vil tru at det var sant det som den tyske sendemannen sa um dette.» (Løyndemøte i Utriksnemnda 1939.)

I dette hadde Koht venteleg rett. Svaret frå Auswärtiges Amt til den tyske legasjonen nyttar svært sterke ord. Spørsmålet var reint uforståeleg, og det var heller ikkje til å forstå at den norske regjeringa kunne ta for alvor slike meldingar som ikkje kunne vera anna enn «böswillige Brunnenvergiftung».

Koht fortalde ikkje at han med same også hadde spurt om den tyske regjeringa ville tola at føring av våpen og ammunisjon frå Amerika til Finnland gjekk gjennom Noreg, eller om ho ville stogga slik føring. På det svara Tyskland at det var ikkje med i den finsk-russiske krigen, og

at dei tiltaka det gjorde til sjøs berre tok sikte på krigen med England og Frankrike.[1])

Opplysninga frå Koht om meldinga frå Berlin førde til ein nokså kvass påtale frå Mowinckel av Berlin-legasjonen: «Det er ikke bra hvis våre legasjoner likefrem farer med sladder. De får jo telegrafere ting som de virkelig har en bakgrunn for; men det er ikke fritt for at jeg har en mistanke om at Berlin-legasjonen har temmelig lange ører for hvad der sies rundt omkring på alle kanter. Det er altfor alvorlige tider og altfor alvorlige forhold til at ikke det de sender op til den norske regjering, skal være særdeles vel begrunnet.» Om saka i seg sjølv sa han: «Nå vil det naturligvis av det som nu er skjedd, kunne drages øieblikkelig tilfredsstillende slutninger; men billedet skifter hurtig, og det vil naturligvis kunne inntre forhold hvorunder de velvillige uttalelser fra Tysklands side ikke lenger står ved makt.»

Maseng refererte rykte frå Moskva om at Stalin i finsk-russiske tingingar skulle ha sagt at han ville ha svenske malmleger og norske isfrie hamner, men elles skulle han halda Finnland skadeslaust med land i Noreg og Sverige som hadde etnografisk samanheng med Finnland. Men sendemannen la rett nok til: «Jeg tror ikke at der skal festes noen lit til disse rykter.» (Brev 5. januar 1940 U.D. 38 B. 15 II.) Frå Finnland melde Michelet om liknande rykte etter opplysing av ein fanga russisk kaptein, men han òg tok avstand frå ryktet, då han ikkje trudde den politiske styringa ville la ein lågare offiser bli innvigd i planane sine. (Brev 8. desember nr. 977 U.D. 35 G. A. 2. IV.) Jamvel frå tysk hald kunne det likevel bli skremt med at når Russland fyrst hadde teki Finnland, ville det trengja fram til Atlanteren og ta nordre Noreg og Sverige etterpå.[2])

Trugsmålet om at vi kunne bli dregne inn i krigen stod der likevel, og i møtet i Utriksnemnda 14. desember spurde Sundby: «Har man overveiet og er det tatt klart standpunkt til hvad der vil skje hvis russiske stridskrefter kommer over grenseelven?» — «Er det så meningen at vi er i krig med Russland? Jeg har ikke tenkt igjennem dette; jeg spør om man har tenkt det igjennem, og hvordan man akter å forholde sig.» Til dette svara Koht at skulle finske eller russiske herfolk koma inn over grensa, «då skal vi, så vidt som råd er, avvepna slike herfolk og internera dei. Skulde det ikkje lykkast å gjera det, ja, då må han vel gjelda, den gamle rettsregelen at ingen har plikt til å gjera meir enn han evnar; men i alle tilfelle må vi gjera det vi evnar for dette fyremålet.» Nygaardsvold la til: «Det er selvfølgelig overveiet, og jeg henviser til det utenriksministeren sa i så henseende. Ethvert forsøk på å føre krigen inn på norsk territorium må vi jo med de midler vi har, forsøke å tilbakevise.» Det er tvilsamt om ein kan seia at dette er fullnøyande svar på spurnaden åt Sundby, for det han spurde om, var om vi skulle driva forsvaret mot nøytralitetskrenkingar så langt som til å ta krig med Russland, men på det svara eigenleg korkje statsministeren eller utriksministeren anna enn reint unnvikande, at vi skulle forsvara oss mot grensekrenkingar med dei rådene vi hadde. Det var ingen som forfylgde denne saka lenger i Utriksnemnda.

Sundby spurde òg kva forsvarstiltak som var gjorde i Nord-Noreg, og her kunne statsministeren — som no òg gjorde teneste som forsvarsminister — svara at han gjekk fram i samråding med kommanderande general. Når han ikkje hadde gått til full mobilisering, var det fleire grunnar for det: «Den ene grunn er den, at å foreta hel mobilisering av landsdelen kan jo både skake op landsdelen, hvis det ikke skulde være noen overhengende grunn til å gjøre det, og dessuten vil det bli en forferdelig tyngsel for folket å ligge inne der på vakt og øvelser, alt som man kan skrape sammen, især på denne årstid.» Her er altså berre nemnt det omsynet å spara folket i Nord-Noreg for nervøsitet og tyngsler; men det som ein saknar, er tanken på kva som er naudsynleg til å verja nøytraliteten og fridomen, og det var då vel eigenleg det som var saka. Det var då ikkje meir enn fem dagar sia både statsministeren og utriksministeren hadde sagt i denne same nemnda at dei heldt det ikkje for reint utruleg at det kunne vera noko i at Russland ville krevja isfrie fjordar i Finnmark. I dette tilfelle gjekk det bra endå om vi ikkje mobiliserte, men etter deira eigne ord tok ministrane ein sjanse her. Heller ikkje denne saka var det likevel nokon i Utriksnemnda eller av stortingspresidentane som gjekk nøyare inn på. Så vidt ein forstår, hadde kommanderande general heller ikkje kravt heil mobilisering, men hadde haldi sterkt fram for statsministeren alle dei konsekvensane som ei heil mobilisering måtte dra etter seg. Sven Nielsen takka statsministeren for dei opplysningane han hadde gjevi, og han la til at det var «opplysninger som har bestyrket meg i at han var helt lojal like overfor de krav som kommer fra våre militære myndigheter».

Trass i alt er det klårt av dette ordskiftet at trugsmålet frå Russland hadde vekt det naturlege verjeinstinkt hjå Nygaardsvold. Straks etter gav Nygaardsvold opp å styra Forsvarsdepartementet lenger. Oberst Ljungberg vart ny forsvarsminister.

Samhugen med Finnland var så stor i denne tida at det jamvel fanst dei som agiterte for at vi måtte gå inn i krigen saman med Finnland både av samhug med Finnland og av omsyn til vår eiga trygd i framtida. Dette galdt jamvel så framståande menn som den tidlegare sendemannen i London Benjamin Vogt, admiral Rolfsen og den gamle statsråden frå 1905, Lehmkuhl. Mellom politikarar som sat med ansvaret, var det likevel knapt skilde meiningar om den ting, at Noreg måtte halda seg nøytralt og akta seg vel for å bli innblanda i krigen. Mowinckel rykte ut med ei alvorleg åtvaring (21. desember) og mana folk til å tenkja før dei tala og serleg før dei gjekk til gjerning. Han peika på at den hjelpa som Noreg

[1]) Telegram frå Neuhaus til Berlin 7. desember (nr. 442), telegrafisk svar frå Berlin 9. desember (nr. 497). A. A. Norden, f.nr. 13739—13740.

[2]) Såleis i brev frå handelsråd Bakke frå Bern 6. januar 1940 etter samtale med von Bibra, den eigenlege leiaren for den tyske legasjonen. 38. B. 15, 2.

og Sverige kunne gje Finnland i livd av nøytraliteten sin, ville dei ikkje kunna gje om dei vart med i krigen.

Om kor langt ein skulle tøya seg med hjelp til Finnland, var det likevel mykje meiningsskilnad. Der var Hambro talsmann for dei som ville gå lengst mogleg. Då Hambro kom heimatt frå Tinget i Genève innunder jol, hadde han med seg melding frå Paris om at «England og Frankrike stiller til disposisjon et armékorps med fullt utstyr under forutsetning av at de skandinaviske land ikke vilde legge hindringer i veien for transitt eller transport, men vil yde sin bistand til å finne de former hvorunder det var mulig å komme Finnland til hjelp. De [nemnde er Daladier, Chamberlain og Bullitt] uttalte videre, og jeg hørte uttalt det samme av medlemmer av den franske regjering da de reiste fra Genève, at vi forlanger ikke at de nordiske land skal gjøre nogen militær innsats, men vi forlanger at de ikke skal legge hindringer i veien, og vi sier i siste instans at Finnlands blod kommer over Norges og Sveriges hoder. Hvis dere legger hindringer i veien for en hjelpeaksjon, vil Finnland vite hvor ansvaret ligger, og England og Frankrike vil desinteressere sig for disse land hvis de nogensinne skulde ha behov for vår hjelp.» Hambro la til at sjølvsagt skulle desse franske og engelske soldatane ikkje koma i uniform eller i militære formasjonar, men ein måtte finna former så dei kunne koma gjennom landa våre utan å krenkja nøytraliteten. (Tale i Utriksnemnda 22. desember 1939. Jfr. notat av Koht 2. januar 1940 U.D. 48. C. 2.) Melding om det same kom også frå legasjonen vår i Helsingfors, men der i ei form som ein måtte forstå slik at Vestmaktene venta at vi skulle vera militært med. (Telegram frå Helsingfors nr. 66 22. desember 1939. U.D. 35 G. 2 V.)

Til dette svara statsministeren at på privat veg måtte Finnland få all mogleg hjelp, men staten kunne ikkje la Finnland få våpen og ammunisjon av lagra sine, både fordi vi måtte akta oss for alt som kunne gje Russland noko påskot til åtak på oss, og fordi vi ikkje hadde meir enn vi vel trong sjølve. Han nemnde likevel at Regjeringa hadde gjevi utførsleløyve til Finnland for rågummi og bensin mot lovnad frå det engelske forsyningsdepartementet om tilsvarande tilførsle derifrå.

Utriksministeren svara i same ånd, at vi skulle gje all den sivile og humanitære hjelp som var mogleg innafor dei grensene nøytraliteten sette, men lenger kunne vi ikkje gå heller. Han nemnde at etter nøytralitetsreglane kunne vi la våpensendingar og friviljuge soldatar gå gjennom landet vårt, men beint fram hermakt som kom som hermakt, kunne vi ikkje la gå gjennom landet utan å bryta nøytraliteten. Til talen åt Hambro om at England og Frankrike ville la slik hermakt gå gjennom Noreg og Sverige på ein slik måte at det ikkje vart brot på nøytraliteten, svara han: «Eg må ærleg segja at eg trur ikkje dette. Eg trur for min part at England og Frankrike gjerne vil driva Noreg ut or nøytraliteten og inn i krigen.» Til prov for det nemnde han både det telegrammet frå Helsingfors som nett er nemnt, og han nemnde framgangsmåten åt

England i dei siste tingingane om handelen. Der truga England beint fram med blokade om vi ikkje gjekk med på å stengja for det aller meste av Tysklands-handelen, så det ville bli nøytralitetsbrot, eller Tyskland ville i alle tilfelle seia det var nøytralitetsbrot og ta repressaliar, og såleis ville vi bli drivne inn i krigen. Anten det gjeld Russland eller Tyskland, vil Vestmaktene gjerne driva oss ut or nøytraliteten. Hjelperåda for oss her må vera å driva forhandlings- og forhalingspolitikk til det yttarste i den vona at krigsfaren på den måten kan driva over. Såleis kan vi «kanskje hindra at vi blir drivne ut i den stoda som England etter mitt skjøn vil ha oss i». Men då lyt vi vera ovende varsame til alle kantar, og det lyt vi vera mot Finnland òg.

Til dette svara Hambro at han var samd i at staten ikkje måtte senda av sine eigne lager til Finnland, men elles ville han ha hjelp i vidaste omfang. Han trudde ikkje på at den engelske regjeringa ynskte å driva oss ut or nøytraliteten, endå om det var mange engelskmenn som ynskte det. Det fanst nok slike pågåeiege menn i førande stillingar i dei nye departementa som var skipa for krigføringa, såleis i blokadedepartementet og departementet for økonomisk krigføring, men slike menn hadde ikkje medhald i utriksdepartementet.

Mowinckel hadde heller ikkje stor tru på at England ville driva oss inn i krigen, men den utvegen at vi kunne koma med i krigen, måtte vi likevel ha for augo, og han reiste då det spørsmålet om kva som var det beste grunnlaget for oss å koma med i krigen på: «enten å la sig tvinge til å ta parti på grunn av den hjelp vi yder Finnland, eller å ta parti på grunn av den tvang som England øver på oss». Sameleis spurde han om Sverige var på veg ut or nøytraliteten, for gjekk Sverige med i krigen, var det mest uråd at vi kunne bli ståande utanfor. På desse spørsmåla fekk han ikkje svar. Berre for det tilfelle at vi skulle bli drivne inn i krigen, svara utriksministeren reint ålment at «då får vi ikkje taka altfor sentimentale umsyn, då får vi tenkja på dei vilkåra vi lever i, og kven det tener oss best å vera i lag med». Etter den mitseiinga han hadde fått både frå Hambro og Mowinckel i talen om at Vestmaktene ville driva oss inn i krigen, retta han no orda sine om det såleis: «Eg trur som formannen [Hambro] at Vestmaktene— lat meg taka det konkret — ikkje har noko ynske um just å driva oss inn i krigen, det er so, men det som Vestmaktene vil ha oss til å gjera, det er ting som vil føra oss inn i krigen.»

Regjeringa gjekk ut frå at det var imot norsk straffelov å verva friviljuge til krigen, og general Aavatsmark som var formann for hjelpenemnda for Finnland vart kalla til eit møte med stats- og utriks-, justis- og forsvarsministrane; dei forklåra han at dei meinte det kunne vera farleg med utlysing om vervingskontoret, noko som generalen straks retta seg etter og fekk lysingane stogga (opplyst av Koht i møte i Utriksnemnda 20. januar 1940). Derimot gjekk Regjeringa ikkje så langt som under den spanske borgarkrigen, at ho forbaud friviljuge å reisa til krigen. Offiserar fekk likevel ikkje reisa; dei hadde vi bruk for sjølve. Om det var det elles

meiningsstrid, for det var mange — såleis har vi sett Sundby — som meinte at det berre ville vera gagnleg om ein del norske offiserar fekk vera med i krigen så dei kunne læra kva krig verkeleg var.

Trass i alt var det full semje om sjølve nøytralitetspolitikken, men det var som nemnt mange avbrigde i synet på kor langt ein kunne gå i hjelp. Det er sermerkt for den ålmenne synsmåten at ein mann som Hambro her ynskte at vi skulle la det bli offentleg kjent kor mykje hjelp vi gav Finnland. Han meinte det var om å gjera av omsyn til vyrdnaden vår utetter i Vest-Europa og Amerika. Regjeringa derimot dreiv varsemda så langt at ho helst ville ha minst mogleg av dette offentleg. Stort sett kan ein visst seia at ho hadde det store fleirtalet både i Stortinget og i folket for seg i denne varsemda.

Som vi veit, gjekk Sverige mykje lenger enn Noreg i Finnlandshjelpa, og det var mange som var redde for at den svenske politikken skulle føra landet inn i krigen og dermed dra Noreg etter seg. Sjølve utriksstyringa kjende seg utrygg, for ho fekk ikkje opplysingar om alle dei svenske tiltak her. Likevel var det eit klårt varsel om at nøytralitetspolitikken skulle vera styrelina i Sverige òg, då regjeringa vart omskipa 13. desember, og utriksminister Sandler vart skift med Günther, men fulltrygg kjende ein seg likevel ikkje. Jolaftan sette Koht opp tankane sine om Finnlandspolitikken såleis (notat 24. desember 1939, U.D. 35 G. 2 V): Det visse er at Finnland treng hjelp. Skal Noreg og Sverige hindra hjelpa i å koma fram, så får vi ansvaret for at Finnland blir herteki og kua. Om Russland etterpå vil tøya seg til Noreg, kan vi ikkje veta, men fare er det. Slepper vi fram engelske og franske herfolk, så får Russland same grunn til å krevja flåtehamn i Noreg som det hadde i Finnland: trygd mot at framande makter får nytta landet til framstøyt mot Russland. Då vil Russland koma så snart det har makt til det. «Løyve til gjennommarsjen ville gjera Russland til fienden vår, men kunne stenge vegen for Russland med eit Finnland som heldt seg sjølvstendig, og ville i tilfelle trygge oss hjelp imot Russland frå Stor-Britannia. Nektar vi løyve, slepp vi kanskje for det russiske trugsmålet, men misser vona om engelsk hjelp imot det.» Det reint uvisse er stoda åt Tyskland. «Hovudsaka er for det fyrste å få veta kva standpunkt den svenske regjeringa tek.» Det fekk Koht kjennskap til dagen etter i ein samtale med Günther. Han fortel at den svenske regjeringa vil nekta gjennommarsj, og den finske sendemannen i Stockholm, Erkko, har sagt at det måtte vera rette stoda for Sverige. England og Frankrike vil ikkje berre hjelpa Finnland, men skada Russland og derigjennom Tyskland. Difor vil Tyskland sikkert gripa inn til hjelp for Russland; dette var det vissaste av alt. Dei var samde om å svara Vestmaktene at dei er viljuge til å gje Finnland all hjelp som ikkje kjem endefram i strid med nøytraliteten. Günther slær på at dei militære styremaktene i dei to landa bør gje kvarandre kunnskap om mobilisering og andre militære tiltak, og Koht er samd i det.

Nyårskrisa med Sovjet-Samveldet.

Nærmare inn på livet av oss rykte spørsmålet om nøytralitet eller krig ved nyårsbel. Då fekk vi fyrst 27. desember notar frå Storbritannia og Frankrike med spørsmål om hjelp til Finnland og så ei veke seinare ein note frå Russland mot hjelp til Finnland. Notane frå England og Frankrike hadde same ordlyden og vart samstundes sende til utriksdepartementa i Oslo og Stockholm. Den britiske og den franske regjeringa var overtydde om at den norske regjeringa ikkje kunne vera likesæl når det galdt Finnlands lagnad, fordi underkuing av dette landet ville vera eit trugsmål for heile det nordlege Skandinavia. Dei var også overtydde om at den norske og den svenske regjeringa — med di dei tok atterhald om til høveleg tid å gjera dei tiltak som deira eigne interesser måtte tilseia — alt nå ville røkja etter i den ålmenne solidariets ånd den situasjonen som var skapt og som var til skade for det skandinaviske fellesskap. Den franske og den britiske regjeringa såg på Noregs og Sveriges integritet og sjølvstende som ein viktig lekk i Europas trygd på same måten som når det galdt Finnland. Stoda åt Frankrike og England kunne kanskje vera eit viktig element når den norske og den svenske regjeringa skulle prøva situasjonen. Den franske og den britiske regjeringa var budde på å røkja etter alt med ein gong på kva måte og på kva vilkår Noreg og Sverige måtte kunna bli tryggja fransk-britisk hjelp mot dei konsekvensar det kanskje måtte føra med seg for desse to landa å gje Finnland beinveges eller omveges hjelp.

Då den engelske sendemannen kom med noten, sa han serskilt at Vestmaktene ville tryggja Stavanger, Bergen og Trondheim, men ingen ting om korleis dei ville gjera det. Koht spurde om dei ikkje tenkte på Oslo, som låg nærmare Tyskland enn dei andre byane, men det avviste sendemannen med at det ingen fare kunne vera for Oslo. Til den franske sendemannen sa Koht at Noreg ikkje hadde trong til trygd utover det som var sagt i sjølve noten. Han svara med ein gong at den norske regjeringa ville letta all hjelp til Finnland som ikkje kom i strid med nøytraliteten, men hjelpa måtte ikkje koma offisielt, og dei «tekniske» hjelpesmennene måtte koma heilt sivile. Det stadfeste sendemannen at dei skulle gjera. (Koht II s. 8 og notat 28. desember 1939, U.D. 35. G. 2 V.) Dagen etter hadde Koht ein fortruleg samtale med den tyske sendemannen, dr. Bräuer, som ikkje trudde vi turvte venta ågang frå Russland, i det minste ikkje så lenge vi heldt oss strengt nøytrale, men han åtvara mot utlysinga i avisene etter soldatar, for Russland ville leggja vekt på det, om det vart mykje av det. Koht sa at han trudde ikkje at Vestmaktene ville senda herhjelp, for dei hadde nok med sin eigen krig og ynskte ikkje å koma i krig med Russland. (Koht, notat 29. desember, U.D. 35. G. 2. V.)

Den svenske regjeringa svara alt 3. januar med ein note. Der rekna ho opp all den hjelpa som Sverige alt hadde gjevi Finnland, men heldt også fram den faren det kunne vera for at Russland og Tyskland kunne koma til å gå saman om Noreg og Sverige gav aktiv eller militær hjelp

til Finnland. Sverige ville halda seg utanfor sjølve krigen, men lova å gjera alle slag lette for gjennomføring av krigsmateriell når det berre kunne gå på kommersielt grunnlag, og sameleis for tekniske utsendingar når dei kom som privatfolk eller friviljuge. Dessutan talde ho sterkt til at alle slike sendingar måtte bli haldne løynde. Den norske regjeringa venta med sitt svar til Stortinget kom saman 11. januar. Ho hadde då i mellomtida fått ein trugande russisk note 6. januar, som kjendest så mykje meir trugande ved den måten han vart gjeven på, nemleg kl. 3.30 om morgonen. Litt seinare på dagen 6. januar kom ein ny note frå Storbritannia; det var eit beint fram trugsmål om å føra krigen over på norsk territorium. Altså ein hendingsrik dag for utriksministeren.

Den russiske noten klagar over at det i den norske pressa blir ført «en hemningsløs kampanje mot Sovjet-Samveldet», ja, det går så langt at dei beint fram manar til krig. Det blir oppmoda til å gje militær hjelp, å senda våpen og friviljuge til Ryti—Tanner-regjeringa, og det blir skipa vervingsnemnder for friviljuge med medverknad frå norske myndigheiter. Serskilt blir nemnde «enkelte offisielle personer som herr Hambro, general Aavatsmark, kaptein Aarflot og mange andre», og dertil agitasjonen i regjeringsbladet «Arbeiderbladet». Sovjet-Samveldets regjering måtte difor straks seia frå til den norske regjeringa at dei nemnde handlingane frå norske styresmakter ikkje berre var i strid med den nøytralitetspolitikken som den norske regjeringa hadde kunngjort, men dei kunne også føra til flokar som ein ikkje ynskte, og dei kunne også skada dei normale tilhøva mellom Sovjet-Samveldet og Noreg.

Same dagen vart det sendt ein liknande note til Sverige, berre endå litt kvassare på sume punkter; såleis vart det her sagt at presseagitasjonen var som «Sverige befunne sig i krigstilstand med Sovjetunionen eller förberedde sig til et krig med Sovjetunionen».

Både Noreg og Sverige svara på noten same dagen dei fekk han, Sverige i form av ein note frå regjeringa, Noreg med ein note som i forma var frå utriksministeren. Koht la den russiske noten fram for Regjeringa straks same morgonen og hadde svar ferdig så han kunne gje det til sendemannen for Sovjet-Samveldet kl. 12.30 same dagen. Det lydde såleis:

«I svar på Deres note til meg i dag har jeg den ære å uttale:

Det er meg en glede å kunne konstatere at de beskyldninger om brudd mot den norske regjerings nøytralitetspolitikk som er omtalt i den nevnte note, ikke bygger på riktige opplysninger.

Jeg vil aller først slå fast at norske myndigheter ikke har deltatt og ikke vil få adgang til å delta i noen handlinger som strider mot Norges nøytralitet i den pågående krig i Finnland. Av de personer som særskilt er navngitt i noten, er general Aavatsmark for mange år siden trådt ut av tjenesten, og kaptein Aarflot er heller ikke aktiv offiser. Stortingsmann Hambro har overhode ikke medvirket i noen kampanje for å bryte Norges nøytralitet overfor Sovjet-Samveldet.

De oppfordringer til krig mot Sovjet-Samveldet for Finnlands skyld som er komne fram i pressen, skriver seg allesammen fra private personer, de er spredte meningsytringer og har ikke fått tilslutning fra noe ansvarlig hold.

Som De vet råder det full pressefrihet i Norge, og regjeringen kan ikke hindre at pressen bringer uttalelser i forskjellig retning både om landets egen og om fremmede lands politikk. Om de enkelte blad, eller innsendere i enkelte blad, uttaler seg imot den nøytralitetspolitikk som Regjeringen har forkynt, så er dette uttrykk for opposisjon mot regjeringen, og det kan da ikke inneholde noe brudd på den nøytralitet vårt land hevder.

Norske myndigheter har absolutt ikke medvirket til å opprette organisasjoner og vervingskomiteer her i landet for deltagelse i krigen i Finnland. Heller ikke har norske myndigheter medvirket til å sende våpen eller militære utrustninger til Finnland. Verving til krigstjeneste i fremmed land er forbudt og straffbart etter norsk lov og blir derfor ikke tillatt. Det er ikke den norske regjering bekjent at det skulle være under dannelse en spesiell divisjon for Finnland av frivillige fra Oslogruppens stater.

Det er ikke noe brudd på nøytraliteten om enkeltpersoner frivillig reiser ut for å delta i krig utenlands. Men den norske regjering har ikke gitt og vil ikke gi tillatelse til noen offiser til å delta i krigen i Finnland på denne måten.

I Haag-konvensjonen nr. V fra 18. oktober 1907, art. 7, er det uttrykkelig fastslått at ingen nøytral stat er forpliktet til å hindre utførsel eller gjennomførsel av våpen og annet krigsmateriell for noen krigførende makts regning. Men Regjeringen vil dog bemerke at så vidt den bekjent har hittil ingen gjennomførsel av krigsmateriell til Finnland foregått i Norge, og privat utførsel av samme art bare i ytterst ringe utstrekning.

Jeg tør gå ut fra at disse opplysninger vil overbevise Deres regjering om at den norske regjering har opprettholdt og fremdeles akter å opprettholde den nøytralitet overfor krig i fremmed land som regjeringen selv har forkynt, og under hevdelsen av denne nøytralitet vil den nøye holde seg innenfor gjeldende traktater og alment godkjent folkerett.

Jeg er overbevist om at intet er skjedd her i landet som er egnet til å føre til forviklinger mellom Norge og Sovjet-Samveldet eller forstyrre det normale forhold mellom de to regjeringer.» [1])

Alt dagen etter kunne den norske sendemannen i Moskva, Maseng, melda at dei russiske styremaktene fann det norske svaret tilfredsstillande, endå dei heldt fast ved at det hadde vori rett av dei å halda fram klaga. I dette tilfelle gjorde dei òg noko skilnad på Noreg og Sverige, endå det elles var vanleg i Russland å rekna den skandinaviske halvøya for ein einskap. Han nemnde òg at dei no rekna ekspertar og krigsmateriell for mykje viktigare enn då Haagkonvensjonen vart gjord i 1907, så sending av krigsmateriell no kunne bli rekna for beinveges krigsføring, og at difor spørsmålet om transitt òg kunne få større alvor no. Han åtvara på ny mot å mismæta den russiske heren. Russarane hadde ikkje trutt det skulle bli krig i Finnland, og difor hadde dei ikkje butt seg, men no arbeidde dei energisk på å ta att det dei hadde forsømt. (Brev 8. januar 1940, jfr. brev 17. januar, U.D. 38. B. 15 II.) Ei veke seinare, 15. januar, hevda likevel det offisiøse «Pravda» at svaret frå den norske og serleg frå

[1]) U.D. 38 B. 15.

den svenske regjeringa var ikkje heilt tilfredsstillande. Regjeringane gjorde ikkje «skyldig motstand» mot dei som ville dra dei inn i krigen mot Russland.

Det vart lagt merke til at det norske svaret streka under nøytraliteten med all mogleg kraft, medan det svenske svaret lite nemnde nøytraliteten, men i staden heldt det fram at Sverige ikkje førde nokon aggressiv politikk mot Sovjet-Samveldet, og at det freista å unngå alle komplikasjonar i samhøvet mellom dei to landa.

Med eit så oppskakande mellomspel som ein må seia at den russiske noten var, kan det ikkje undra at Koht var overlag varsam i det framlegget til svar på dei engelske og franske notane som han la fram for Utriksnemnda 11. januar. Han kalla det eit aide-mémoire, ein hugsesetel, det lydde såleis:

> «Med tilvising til Haagkonvensjonane frå 8/10 1907 nr. 5, art. 7, og nr. 13, art. 7, har den norske regjeringa inkje prinsipielt innkast mot at sendingar med materiell til Finnland får gå gjennom norsk landumråde, og Regjeringa er viljug til å syrgja for at slike sendingar kann gå for seg uten hefte. Regjeringa går da ut frå at desse sendingane går for seg utan noko slag militært fylgje, so at dei ikkje kjem i strid med den nemnde konvensjonen nr. 5, art. 2, og at det materiellet som blir sendt, kjem for rekninga åt den finske regjeringa. For spursmålet um sending av teknikarar til Finnland held den norske regjeringa seg like eins til dei nemnde konvensjonane og har inkje prinsipielt innkast, men går ut frå at desse teknikarane i tilfelle reiser som privatfolk. For all slik hjelp til Finnland torer den norske regjeringa rå til at ein held seg frå all offentleg kunngjering, elles kunde det lett koma til å sjå ut som Noreg samarbeidde med dei to vestmaktene om krigføring mot Sovjet-Samveldet. Den norske regjeringa er takksam for tilbodet um trygd for integriteten og sjølvstendet åt landet, men har i denne stunda ikkje noko ynske um å få slik ein trygdelovnad nøyare utforma.»

Dette svaret var, som ein ser, så stutt og knapt som det godt var råd å få det, og i sjølve ordvalet heldt det seg heilt ut til ordlyden i dei konvensjonane det viste til. (Protokollen frå løyndemøte i Utriksnemnda 1940.) Det vart sers vel motteki i Utriksnemnda, — det var klokt og varsamt, vart det sagt —, likevel med eit par atterhald. Både Hambro og Mowinckel ville gjerne ha hatt innleiinga meir positiv, varm og venleg mot Finnland. Serleg gjekk Hambro sterkt på her; det var stuttsynt, meinte han, ikkje å la samhugen vår med Finnland koma tydeleg fram. Sundby derimot var vel nøgd med at det ikkje vart gjort, og statsministeren avviste all tale om at Regjeringa skulle gå med på rettingar i det svaret ho hadde forma. Utriksministeren derimot gjekk til slutt med på at sendemennene våre i London og Paris kunne tala litt om samhugen vår med Finnland til ei innleiing når dei flidde frå seg svaret, og Hambro sa seg nøgd med det. Dei same mennene, og dertil Sundby, kritiserte også at svaret åtvara mot å la det «sjå ut som Noreg samarbeidde med dei to Vestmaktene om krigføring mot Sovjet-Samveldet». I denne

forma meinte dei det ville skapa irritasjon mot oss hjå Vestmaktene, men Koht heldt fast på forma av omsyn til Tyskland, som alltid skulda oss for å gå ærend for Vestmaktene. Denne saka hadde Koht elles alt forklåra på løyndemøte i Stortinget tre dagar før (8. januar): «Kan dei i Tyskland gjera seg den tanken at Noreg og Sverige på nokon måte går i samband med vestmaktene, eller at vestmaktene nyttar Noreg og Sverige i krigen sin mot Tyskland, såleis at Russland blir hindra frå å vera til slik hjelp for Tyskland som den tyske regjeringa har ynskt, da vil Tyskland utvilsamt seia at vi har gjort fiendslege tiltak mot Tyskland, og da har vi krigen frå denne kanten.»

Av omsyn til folkemeininga hjå Vestmaktene heldt Hambro og Mowinckel fram kor ynskeleg det kunne vera om ein kunne få dei finske ministrane i London og Paris til å gjera kjent at Finnland eigenleg ikkje hadde noko ynske om å få Noreg og Sverige med i krigen, då det kunne dra etter seg farlege komplikasjonar, dvs. at Tyskland kunne koma med saman med Russland.

Det var også dei som ynskte at svaret skulle bli lagt fram for Stortinget og godkjent av det, såleis Lykke, men det rådde Koht frå og ville heller ta ansvaret. På den andre sida kritiserte Mowinckel at Koht hadde gått for langt med å leggja fram saker for Stortinget når han i løyndemøte 8. januar hadde gjort den russiske noten kjend der, og han bad han vera meir varsam for framtida med kva han la fram for samla storting. «Under den forrige krig var det ikke tale om at den slags konfidentielle ting ble lagt frem før utviklingen var kommet så langt at saken måtte til Stortinget. Men på det diskusjonsgrunnlag som disse ting ennu må sies å befinne sig, er det meget farlig å legge dem frem for det samlede storting. .... Jeg tror ikke sakene bør legges frem med mindre vedkommende utenriksminister ønsker at de skal bli bekjent.» Til dette svara Koht at «Stortinget med full grunn ville ha kunna klaga um eg ikkje hadde sagt det som vart sagt — um eg hadde tagt um viktige ting».

Bakgrunnen for klaga åt Mowinckel var at det hadde sigi ut ifrå Stortinget kunnskap om den russiske noten, og det hadde skapt slik stemning i byen at Mowinckel ei tid ottast det skulle bli panikk. Regjeringa fann òg no at stoda var så farleg at ho styrkte forsvaret i Aust-Finnmark og Tromsøavsnittet, og til så lenge gjorde ho sjefen for 6. divisjon til forsvarssjef der nord med kommando over alle operative stridskrefter til lands og til sjøs. Ho sette også no oppatt flygevåpnet og luftvernet til full styrke; det hadde vori minka med ein del frå 15. oktober og 1. november. (Utgreiing av forsvarsminister Ljungberg i løyndemøte i Stortinget 9. januar 1940.) Då forsvarsministeren lå fram meldinga om dette på løyndemøte i Stortinget 9. januar, vart meldinga motteken med glede, men major Sven Nielsen klaga straks over at det ikkje også var utnemnt ein forsvarssjef for heile landet. «Vi må ikke risikere at vi, hvis vi kommer opp i en krig, ikke vet hvem som har kommandoen, og at hær og marine skal begynne å konferere med hverandre. Da er det for sent å konferere,

da må det være e n som har kommandoen over det hele.» Kommandør-kaptein Trygve Sverdrup spurde om ein ikkje burde gå til full mobilisering av alle stridskrefter i Finnmark, men det vart ikkje gjevi svar på det. Den tyske konsulen på Kirkenes melde at deroppe heldt dei krigen for viss. Dei russiske grensekrenkingane var førespelet for russiske åtak. Og jamvel om det ikkje skulle koma, ville vi bli pressa inn i krigen av England.[1])

Spørsmålet om samlingsregjering etter nyårskrisa.

Alle dei farane som truga oss denne tida, tvinga fram att spørsmålet om samlingsregjering (sjå side 185). Alt i desember ein gong sa Koht i Regjeringa: «Eg har alltid vori imot samlingsregjering, hardare enn nokon annan, men no vil eg få sagt frå at om det ein dag skulle henda at vi stod framfor eit ope trugsmål mot landet vårt, såleis at vi ingen annan politikk har enn å verja sjølvstendet, då må vi straks få i gang ei samlingsregjering der alle store parti er med.» Ingen sa noko større til dette, men Koht forstod det slik at dei var samde. Litt etter gjorde Regjeringa eit lite steg på vegen med å ta ein upolitisk forsvarsminister, og det var kanskje ein tanke i det om at dette skulle letta litt på kravet om samlingsregjering.

Ikkje lenge etter kom så den farlege nyårskrisa med notane både frå Russland og England same dagen 6. januar. 8. januar greidde Koht ut om kva fare vi var ute for, på omframmøte i Stortinget, og dagen deretter tok han opp spørsmålet om samlingsregjering etter eit statsråd på Slottet. Han kravde ikkje samlingsregjering endå, men at ein skulle førebu samlingsregjering, så ho kunne bli utnemnd straks om det vart bruk for ho, og han rådde til at Nygaardsvold skulle leggja fram denne saka for gruppeførarane i Stortinget (notat av Koht 10. januar). Noko vedtak vart ikkje gjort.

I trontaledebatten 19. januar (Stort.Tid. 1940, s. 21—64) innleidde Hambro med å tala om det store ansvaret Regjeringa tok på seg med at ho ikkje tok mot tilbodet frå hausten om samlingsregjering, men elles mana han til å halda parti- og opposisjonspolitikk nede, til å vera medarbeidarer og medansvarlege i alt som kunne henda i landet, til nasjonalt samhald og disiplin. Hundseid sa at partiet hans ville stella seg til tenest om Regjeringa ynskte omskiping til samlingsregjering, men han heller gjorde ikkje krav om samlingsregjering. Mowinckel la på Regjeringa det store ansvaret ved stoda som «særlig for utenriksministeren krever en fore-var-årvåkenhet, som i tide søker å avverge de kritiske situasjoner som kan opstå». Om samlingsregjering sa han: «Skulde Regjeringen ønske at denne samarbeidets ånd får uttrykk ved en omdanning av Regjeringen, gjentar jeg hvad jeg sa i høst: vårt parti er villig til å yde sin medvirken.»

Til dette svara Nygaardsvold: «.... det er Stortinget som her har av-

[1]) Bräuer i telegram til Berlin 25. januar (nr. 80). A. A. Norden f.nr. 13785.

gjørelsen. Hvis Stortinget i e n e l l e r a n n e n f o r m gir uttrykk for, at en ny regjering er ønskelig, så vil gjennemførelsen av et slikt ønske øieblikkelig bli tilrettelagt. Men det som det henvises til, er at jeg enten personlig eller på Regjeringens vegne skal fremkomme med et sådant ønske.» Det kunne han ikkje gjera, for enno er det mange innanrikspolitiske spørsmål å løysa, og «Jeg tror ikke noget parti vil avholde sig fra partitagen og fra en viss agitasjon. Jeg frykter derfor at selv nu vil en samlingsregjering måtte bli en uenig regjering i mange spørsmål og derfor en dårlig regjering .... En mindretallsregjering selv fra et av tingets minste partier vilde i lojalt samarbeide med Stortinget være å foretrekke for en innbyrdes kjempende og tautrekkende regjering». Men han slutta med at den den tid kan koma då vi blir nøydde til å gå saman i ei samlingsregjering for å samla oss om ei einaste oppgåve. Då vil partistriden tagna, og då er tida komen til ei samlingsregjering. Til dette svara Hambro at det var for seint å skipa samlingsregjering når det hadde vorti naudsynleg. Det måtte ein gjera « f ø r det er blitt hvad statsministeren kalte en nødvendighet, det må tas i så god tid at den slags nødvendighet ikke o p s t å r. Det er for sent å velge det tidspunkt som den ærede statsminister antydet.»

Stoda var altså den at opposisjonspartia heldt fram ynske, men ikkje noko krav om ei samlingsregjering. Regjeringa ville — og måtte sjølvsagt òg — straks bøya seg for eit krav om samlingsregjering, men fann ikkje sjølv at tida var inne til det og ville ikkje no ta noko initiativ i den leia. Regjeringa kjende òg stoda si sterk i denne tida, og det var ikkje minst på grunn av den faste nøytralitetspolitikken ho hadde ført. Den hadde ålment medhald i folket.

Nokre dagar etterpå, 23. januar, tok Koht spørsmålet fram att i Regjeringa. Den utrikspolitiske stoda hadde no vorti så vanskeleg at om åtte dagar eller så måtte vi «rekna med at vi vart sett framføre valet mellom nøytralitet eller partitaking i krigen. Og det valet måtte ikkje denne regjeringa ta på eige ansvar, vi måtte få i stand ei samlingsregjering.» Koht sa nøytralitet eller partitaking i krigen, men etter heile sin politikk måtte han meina det siste. For så sant alternativet nøytralitet fanst, var det ikkje spørsmål om noko val. Koht meinte likevel ikkje at dei skulle skipa samlingsregjeringa straks, men dei måtte førebu ho, så ho kunne bli oppsett i ei skunding. Koht møtte ikkje noko motstand i denne saka, men fekk ikkje noko medhald heller, og lenger kom ho eigenleg ikkje.

Noko alvorleg ynske om samlings-regjering fanst det då ikkje hjå nokon i Nygaardsvold-regjeringa. Endå utriksministeren varskur at ein kan stå framfor krigen innan åtte dagar, skyv statsrådane saka frå seg. Koht sjølv synte heller ingen energi her, endå han kvidde seg ved å bli aleine om ansvaret i det avgjerande valet mellom nøytralitet og partitaking i krigen. Venteleg har han tykt at situasjonen letta så saka ikkje tvinga seg fram lenger. Tanken om samlingsregjering har då vori framme mellom statsrådane både ved byrjinga av krigen og no ved jole- og nytt-

årsbel; otte for ansvaret og agitasjonen ved stortingsvalet til hausten kunne spela inn her. Utpå vinteren, ved overgangen februar—mars, dukka nok spørsmålet om samlingsregjering oppatt, men berre frå borgarleg hald. Sia høyrer ein ikkje meir om det. Såleis kom då saka til å driva til ein vart nøydd til å ta ho opp i dei tragiske dagane i april og juni månad. Ein må vel seia at dei sanna seg no orda åt Hambro om at det hadde vori betre å gjera dette før det vart naudsynleg.

Om eit skifte i Regjeringa i september eller januar kunne ha ført til ein annan politikk enn den som vart førd, er det uråd å seia. I september ville det venteleg ha ført til ein annan forsvarsminister enn den vi fekk, og det kunne venteleg ha sett mobiliserings- og sume andre militære saker i ei anna stode enn vi fekk dei 9. april. Stoda åt Koht var så sterk i denne tida at det ville ha vorti overlag vanskeleg å få skift ut han, om nokon hadde ynskt det. Eit skifte av utriksminister midt under ein krig vil ein alltid kvia seg med, og politikken åt Koht hadde fått ord for å vera klok og nøktern, kald og upåverka av stemningsbylgjer, — slik som folk ville ha det. Det kan vel vera at sterke krefter i venstre ville ha freista driva fram Mowinckel, men bondepartiet heldt på Koht.

Endå om det då er naturleg å tenkja seg at det ikkje ville ha vori skifte på så viktige postar som utriksminister i september, og i januar ikkje for forsvarsminister heller, så er likevel dette ikkje det same som at eit regjeringsskifte ikkje ville ha dregi etter seg ein ny politikk. Sjølve meininga med regjeringsskiftet måtte ha vori at ein ynskte ein sterkare konsentrasjon om det som no var det eine naudsynlege, utriks- og forsvarspolitikken, og ein slik konsentrasjon måtte då vel ha vorti fylgja av det. Berre den ting at det var komi nye menn i Regjeringa med dette til føresetnad ville ha vori avgjerande for det. Til det kjem så den moralske verknaden i heile folket av samlinga. At den partipolitiske stoda var slik at ein ikkje heilt sjølvsagt og naturleg kunne få ei nasjonal samlingsregjering i ei så farleg tid, er i alle tilfelle eit tungsamt minne.

Slutten på Finnlandskrigen.

Etter noteskiftet mellom den russiske og den norske regjeringa 6. januar høyrde ein ikkje meir til klagemåla frå Russland over nøytralitetskrenkingar. Og då eit russisk fly gjekk ned i Passvikdalen nokre dager seinare, og flygarane gjorde seg skyldige i nøytralitetskrenking mot oss og vi protesterte, skunda den russiske regjeringa seg med å gjera orsaking alt dagen etter. Det vart vanleg teki til eit teikn på at sovjetregjeringa ikkje rekna seg for å vera i noko slag uvenskapleg tilhøve til Noreg. Den norske regjeringa akta då òg heile tida så strengt på å halda alle nøytralitetsreglar at det skulle ha vori vanskeleg for Russland å finna nokon grunn til å klaga. Ho gjekk så langt at ho fekk stogga lysingane i avisene etter friviljuge til Finnland, og i byane forbaud ho drosjene å føra små finske flagg. Det er ingen tvil om at mange tykte dette gjekk alt for langt, og i mange krinsar var det harme og beiskleik over den

— som dei tykte — alt for veike og vikande politikken. Det var ein politikk som i dette tilfelle veik langt av frå den som vart førd i Sverige, og mange tykte det var ei fornekting av talen om den nære samrådinga mellom dei to landa i utrikspolitikken. Det måtte vera klårt — såleis vart det hevda av både Sundby og Hambro — at i den finsk-russiske striden var vi i båt med Sverige og kom til å få same lagnaden som det fekk, så var det nokor sak der vi burde føra politikken i nøye samsvar med Sverige, så var det nett i den finsk-russiske krigen. I ei slik hovudsak som spørsmålet om dei friviljuge kunne elles Koht fortelja at der hadde Sverige teki si stode på førehand utan å spørja oss, «så anten vi hadde samrådt oss med Sverige eller ikkje, ville i det tilfelle ha komi ut på eitt».

På eit møte i Utriksnemnda 30. januar truga Hambro jamvel med å interpellera om saka for opne dører i Stortinget, om ikkje Regjeringa ville ta meir omsyn til sterke folkeynske. Til det svara Koht med full stønad av Nygaardsvold at verre skade kunne han ikkje få gjort hjelpearbeidet til Finnland. Ville han gjera slik blåstr om det, kunne stoda bli den at Regjeringa vart nøydd til heilt å stogga det.

I det heile kan ein nok seia at den største meiningsskilnaden om utrikspolitikken i Noreg, den fanst under Finnlandskrigen. Likevel var det ingen skilnad her heller i sjølve hovudsaka, om nøytraliteten. Det galdt berre hjelpearbeidet, der Hambro og alle dei han var talsmann for, i minsto ville at Regjeringa ikkje positivt skulle hindra hjelpearbeidet, men heller gje det stønad, og det galdt ikkje minst at Hambro gjerne ville ha hjelpearbeidet offentleg kjent, medan Regjeringa helst ville halda det løynt, kanskje like mykje av otte for Tyskland som for Russland. Her finn ein den tanken som gav Regjeringa det beste moralske grunnlaget for politikken hennar. Det minste avvik frå nøytraliteten kunne bli utlagt i Tyskland som vi hjelpte Vestmaktene mot Tysklands ven, Russland; det kunne dra etter seg krig mot oss frå Tyskland og dermed også stogga all hjelpa til Finnland. Ein månads tid etter krigen var slutt, skreiv Michelet eit brev om den tyske politikken mot Finnland som har sin fulle gildskap for heile krigen: Göring ser gjerne at tysk krigsmateriell frå Tyskland til Sverige går vidare til Finnland. Hitler må då òg ynskja å styrkja Finnlands forsvar. Korleis kan dette svara til dei tyske trugsmåla mot Noreg og Sverige om vi let krigsmateriell frå Vestmaktene passera til Finnland? Jau, det er ikkje transitten det gjeld, men dei vil skræma oss frå å ha noko med Vestmaktene å gjera, eller å la dei få strategiske føremoner. Koht skreiv til i margen: «Ja, dette er mi tru òg.» (Brev 13. april 1940, U.D. 38. B. 15 II.) Dette vart ein hovudtanke for Koht under heile den finske striden.

På spørsmålet om Regjeringa hadde tenkt over dei yttarste konsekvensane av politikken i den finsk-russiske krigen, t. d. om Sverige skulle bli dregi inn i krigen, svara Koht at på hypotetiske spørsmål gav han i det heile aldri svar, for ein situasjon kan utvikla seg på mange måtar, og ein kan ikkje binda seg på førehand. «Det viser seg altså — svara Hambro

— at man overhodet ikke vil drøfte de muligheter som Norge og Sverige nå daglig kan komme til å stå like overfor. — All framtidspolitikk er betinget av hypotetiske spørsmål, og hvis man ikke vil ta dem opp, blir jo ingen politikk annet enn en politikk for dagen og ad hoc.»

Endå om det ikkje kom fleire klager frå Russland, levde ein alltid i spaning om kva som kunne koma til å henda. Sendemannen vår i Moskva, Maseng, åtvara i brev og telegram mot den faren som kunne truga frå Russland om vi ikkje heldt nøytraliteten strengt. Ein måtte rekna med at Sovjet-Samveldet ville rekna forsyningar til Finnland med ammunisjon for jamgodt med at vi var med i krigen. Gong på gong heldt han fram at Finnland hadde vorti ei brikke i maktspelet mellom stormaktene. I Russland seier dei at det er dei plutokratiske maktene som vil skada landet over Finnland, det er dei som er den eigenlege fienden. Men det er likevel ikkje teikn til at Russland vil gjera opptaket til eit brot med Vestmaktene. «Dette er en forsvarskamp i hvilken Sovjet vil sette inn alle sine krefter, men ikke selv fremkalle noe åpent brudd.» (Brev frå Moskva 29. januar nr. 75, U.D. 35. G. 2 VII.) 22. januar skreiv han: «Ettersom det således blir stadig tydeligere at kampen i Finnland er et ledd i det store maktspill, har vi her et inntrykk av at de skandinaviske lands opptreden vies stadig større oppmerksomhet fra sovjetmyndighetenes side såvelsom fra de herværende stormaktsrepresentanters side. Vi har en følelse av at faren for at de skandinaviske land kan bli manøvrert ut av sin nøytrale stilling øker.» Tyskland og Vestmaktene fylgjer berre egoistiske mål i den finske politikken. Han var redd det fanst tilhugar i Sverige til ein eventyrpolitikk som kunne bli farleg for oss òg. Han åtvara med at Tyskland kunne koma Russland til hjelp, og med stønad i den russiske pressa heldt han fram at «hjelpa» frå Vestmaktene til Finnland eigenleg var ein freistnad på å dra Noreg og Sverige inn i krigen. 12. februar skreiv han at Vestmaktene på eikor vis ville få til ei meire aktiv krigføring, anten i vest, i sør-aust eller i nord. «Men Tyskland er sikkert klar til å møte alle slike tiltak, og faren for de mindre land ligger deri at Tyskland kan være fristet til å komme slike tiltak i forkjøpet.» (Moskva nr. 102, U.D. 38 E. 9., jfr. brev 14. januar og 17. januar, U.D. 35 G. 2 VI og 38 B. 15 III.)

I slutten av februar 1940 reiste Maseng eins ærend til Oslo for å tala om utrikspolitikken og åtvara mot krigsfaren, men fekk ikkje meir enn eit kvarters samtale med utriksministeren. I staden skreiv han eit brev til Koht frå Oslo 27. februar og bad om at kunngjering til Russland om nøytraliteten måtte bli halden i endå meir konsise ordelag enn i svarnoten 6. januar. Til det har Koht skrivi i margen: «Nei, det ser eg ingen grunn til.» Og det kan ein visst vera samd med Koht i at nøytraliteten der var hevda sterkt og konsist nok. Maseng åtvara atter mot å la oss riva med av kjenslebåra i Sverige og mana til å gjennomføra ein endå strengare nøytralitetspolitikk enn vi før hadde praktisert, såleis stogga all trafikk frå Noreg av militære og sivile friviljuge som ikkje er ekte individuelle friviljuge i den gamle tydinga av ordet. «Kunne der gis en erklæring

av de to land om at de var fast bestemt på i fellesskap, med alle midler å motsette seg en landgang, ville det sannsynligvis virke godt til alle sider.» (Brev 21. februar 1940, U.D. 35 G. 2 VIII.) At ei slik kunngjering kunne hatt ein god verknad på politikarane på dei to sidene er kanskje mogleg, men ikkje heilt visst, men at ho ville verka skadeleg på folkemeininga mot oss både i Finnland og i Vestmaktene, kan det ikkje vera tvil om. Folkemeininga her heime ville òg hatt vanskeleg for å forstå at ein så hard nøytralitetspolitikk var naudsynleg, og endå meir hadde dette vori tilfellet i Sverige.

Colban refererer ein samtale som den svenske ministeren i London, Prytz, har hatt med Halifax. Der heldt Halifax fram at om Sverige gav Finnland kraftig hjelp, så ville det bli uturvande for England og Frankrike å gripa inn på ein slik måte at det turvte føra Tyskland til aksjon mot Sverige. Ein alliert aksjon over Sverige ville kunna føra Tyskland inn, men derimot ikkje ein uavhengig svensk aksjon. Her noterte Koht i margen (4. mars): «Dette meiner Sandler òg.» (London 11/2 1940 nr. 442, U.D. 35. G. 2 VIII.) Slikt som dette var det vel som fekk Maseng til å ottast det han kalla «svensk eventyrpolitikk».

Frå Berlin åtvara Scheel på same måten. Den engelske politikken går ut på å vida ut krigen og dra dei skandinaviske landa inn i han. (Brev 4. januar 1940, nr. 25, U.D. 35 G. 2. VI, jfr. brev 4. mars, nr. 424, U.D. 38 E. G.)

Frå Roma refererer sendemann Aubert ein samtale 16. januar med den svenske ministeren der, Wirsén, at han er redd for at Tyskland kan gå saman med Russland mot Finnland, Sverige og Noreg, og han veit å fortelja om ein flåte av ferjepramar i Stralsund, nok til 7 divisjonar eller 140 000 mann, men han veit ikkje om dei er tenkte til Danmark eller til Sverige (U.D. 38 B. 15 III). Reint ålment om russefaren fortel legasjonsråd Vangensten etter ein samtale med den italienske sendemannen i Moskva, Rosso: «Nå er det nok så,» sa Rosso, «at det russiske regime som alle imperialistiske regimer, idémessig har ubegrensede ekspansjonsmål, og for så vidt inngår sikkert besittelsen av norske Atlanterhavshavner så vel som av Stambul i planene for det russiske imperium. Men Rosso har vanskelig for å tro at det i denne omgang vil bli tale om å realisere dem, medmindre forholdene helt forandres så at Finnland bryter sammen og Vestmaktene svekkes tilstrekkelig.» (Vangensten notat 31. januar 1940, U.D. 35 G. 2. VII.)

Den tyske sendemannen i Oslo, dr. Bräuer, fortalde at den tyske regjeringa hadde spurt seg varsamt føre om Russland hadde planar om å gå mot Noreg, men russarane hadde svara avgjort nei. Koht skreiv at han la inga vekt på slikt, men han svara at «eg i grunnen ikkje heller trudde på russiske ågangsplanar mot Noreg, men at ein likevel burde vera budd på alt». (Notat 27. februar, U.D. 38 B. 15 III jfr. s. 203.)

Den 30. januar skreiv sendemann Wollebæk frå Stockholm at Ungarn ville freista få Roosevelt til å mekla mellom Finnland og Russland, og

det spurde om dei nordiske regjeringane ville gje stønad til den ungarske oppmodinga i Washington. Koht svara 3. februar at Roosevelt hadde sagt seg viljug til å mekla om og når det vart eit lagleg høve. Det måtte det då fyrst vera, og ein måtte kunna peika på eit grunnlag for forhandlingar. Til det kom at Roosevelt hadde brukt så harde ord om framferda åt Russland mot Finnland at han kunne ikkje bli møtt med tiltru i Russland. Det einaste ein kunne gjera no, var å la Roosevelt veta, at finn han tida lagleg til å tilby mekling no, så har han full samhug hjå dei nordiske regjeringane. Med dette svaret var den ungarske sendemannen fornøgd. (Brev frå Wollebæk 30. januar og 5. februar 1940 nr. 155 og 176. Svar frå Koht 3. februar, U. D. 35. G. 2. VII.)

I England og Frankrike tok det til å bli agitert i avisene med at Noreg og Sverige måtte hjelpa Finnland. Denne agitasjonen var farleg på to måtar. For det fyrste måtte ein ta han som eit førebod om at vi kunne venta eit hardare press frå Vestmaktene, og agitasjonen i seg sjølv kunne gje tilskunding til slik politikk. Dinest var han farleg ved det at han la skulda på Noreg og Sverige om det skulle koma til å gå gale for Finnland, og han kunne dermed skapa ein veldig harme mot oss i Finnland. (Brev frå Michelet i Helsingfors 24. januar 1940 nr. 74, U.D. 35 G. 2 VI.) Serleg var denne agitasjonen sterk i Frankrike, og franske aviser spurde om Frankrike skulle sjå passivt på dei vanskane som Noreg og Sverige tyktest gjera for hjelpa til Finnland. (Brev frå Bachke 5. og 6. februar 1940. U.D. 38 B. 15 III.) Frå Stockholm kom det rykte om at England ville landsetta soldatar i Bergen, Trondheim og Narvik, og frå Paris refererte Bachke ein artikkel av Mme Tabouis om at det kunne henda det kunne koma til å dukka opp ein alliert ekspedisjonsstyrke utanfor Narvik i midten av april, og sendemannen la til at han heldt det ikkje for utruleg at den namngjetne journalisten i dette tilfelle kunne ha rett. (Brev frå Wollebæk 16. februar 1940, U.D. 38 B. 15 III, og frå Bachke 19. februar nr. 250, U.D. 38 E. G.)

Bachke legg til at det nyleg har vori møte i høgaste krigsråd, og der har spørsmålet om Narvik sikkert vori drøft: «Det er i det hele vanskelig å vegre seg for det inntrykk at nettet om de nøytrale holder på å snøre seg mer og mer sammen — og at hva skrives og skjer, er et varsel om eller en forberedelse av opinionen på ennå mer energiske forholdsregler fra deres side til hvis krigsmål det skulle høre å få respektert andres lovlige rettigheter. De nøytrales påståtte manglende kontroll vil da tjene som grunnlag for disse videre skritt.»

Rykte og skræmande meldingar kjem av og til. 10. februar fortel Wollebæk etter opplysing frå den svenske utriksministeren at ein kurér skal vera på veg frå Paris til Finnland med melding om at England og Frankrike tilbyd militær hjelp. Nokre dagar etter, 16. februar, telegraferte han at det skulle vera gjort avtale mellom England og Finnland om hjelp, og at føresetnaden då var at dei engelske soldatane skulle kunna gå i land i Bergen, Trondheim og Narvik. Den meldinga vart send til

statsministeren og Forsvarsdepartementet. [1]) Litt seinare telegraferte Bachke frå Paris, 25. februar, etter ein samtale med den svenske militærattasjéen, at han trur 6 000 engelske og franske soldatar alt er reist til Finnland frå fransk hamn, og deretter skal fylgja 3 brigadar med kanadiske, polske og franske soldatar; han trur dei skal gå i land i Trondheim eller Narvik. Dette rettar han likevel eit par dagar seinare: «Riktignok er forberedelser truffet til å sende hjelpetropper fra vestmaktene, men avsendelsen er stillet i bero etter hva vedk. hjemmelsmann har erfart.» (Telegram 25. februar 1940, U.D. 35. G. 2. VII, og 1. mars nr. 58, U.D. 35. G. 2. VIII.)

Vi veit no at det i januar 1940 verkeleg var gjevi ordre i den franske generalstaben om å setta opp ein divisjon med sikte på Finnland, og i det øvste allierte krigsråd 5. februar vart det vedteki å setta opp eit ekspedisjonskorps under britisk overkommando med den tanken å skaffa seg herredøme over malmen i Nord-Sverige. Det norske og svenske motstandet mot gjennommarsj hindra desse planane i å bli sette i verk. (Reynauds memoirar «Aftenposten» 28. juli 1945 og Tysk Kvitbok nr. 6, dok. 23.)

Frå Finnland sjølv kom det ikkje noko krav til Noreg om militær hjelp; derimot kom det eit spørsmål til Sverige i slutten av februar, 23. februar. Sverige lova all den hjelp med materiell som var mogleg og auka tilstrøyming av friviljuge; men det heldt på nøytraliteten som før, og hevda det som var hovudlina i politikken både åt Noreg og Sverige, at sjølve nøytraliteten var vilkåret for at vi kunne hjelpa Finnland. Braut vi den, ville vi sikkert dra Tyskland inn i krigen, og stoda for Finnland ville bli verre enn ho var, for ikkje å tala om den hovudtingen for oss at vi ville gjera våre eigne land til ei slagmark for krigen mellom stormaktene. [2])

Koht la mykje vekt på at folk skulle forstå den norske Finnlandspolitikken, serleg kor lite grunn det var for den franske og engelske presseagitasjonen. Han skreiv sjølv ein artikkel om det i «Arbeiderbladet» 1. mars, — rett nok anonymt. Vestmaktene kravde at Noreg og Sverige skulle gå i krig for Finnland, men dei hadde ikkje lyst på krig sjølve. Sanksjonsartikkelen hadde dei stelt seg vilkårleg til i mange år, og i Folkesambandet hadde det ikkje vori kravt militære sanksjonar, men berre human og materiell hjelp.

2. mars kom det som presseagitasjonen hadde vori førebodet om, ein offisiell førebels spurnad frå Storbritannia og Frankrike til regjeringane i Oslo og Stockholm om vi ville vera viljuge til å la herfolk få løyve til å dra gjennom landa våre på veg til Finnland så framt den finske regjeringa vende seg til Storbritannia og Frankrike med bøn om herhjelp. Vestmaktene forstår at det vil kunna føra til kraftig reaksjon frå tysk side; difor vil dei gje Noreg og Sverige stor militær hjelp, og førebuingane til det er alt langt komne. Før 13 dagar er lidne etter Noreg har gjevi

[1]) Brev nr. 208, telegram 16. februar, U. D. 35. G. 2. VII.
[2]) Nordisk Tidsskrift for international Ret 1940, side D 27.

samtykke, kan dei senda stridskrefter til å tryggja Trondheim, Bergen og Stavanger. Dei stridskreftene som skal til Finnland og skal hjelpa Sverige, kan byrja å koma i norske hamner 20. mars. «Sistnevnte dato kan ikke settes tidligere og er avhengig av norsk godtagelse av planen innen de nærmeste få dager.» (U.D. 35. G. 2. VIII.) I ein samtale som Koht hadde med den nye franske sendemannen Dampierre, ropte franskmannen at Finnland skal få hjelp av heile den franske og engelske heren. Koht hadde sine tvil om det, og svara at Finnland står i valet mellom fred straks eller å få heile landet sitt øydelagt. Til det svara Dampierre: Held Finnland saman med sigerherrane, vil det reisa seg oppatt likevel som Polen. Koht trur ingen av partane kjem til å vinna. «Eg har før sagt både til den engelske og den tyske sendemannen at eg trudde ikkje nokon av partane i krigen kom til å vinne, og den trua har eg framleies.» (Notat 9. mars, U.D. 35. G. 2. IX.) Dette gjev så nokolunde synsmåtane åt Koht. Han var klår over dei store tekniske vanskane med ein krig frå Vestmaktene i Finnland, og han forstod at i røynda ynskte dei ikkje å bli innvikla i ein krig med Russland. Finnland kunne ingen ting betre gjera enn å få fred med Russland.

Den svenske regjeringa gav sitt svar alt den 3., og det var nei. Koht la fram saka for eit møte i den norske regjeringa same kvelden som spurnaden kom, altså den 2. Han fekk godkjent utkastet sitt til svar, men endeleg avgjerd ville regjeringa ikkje ta før ho visste korleis Sverige ville stella seg. Det fekk ho veta dagen etter med ei telefonmelding frå utriksråd Bull, som var i Stockholm. Før Regjeringa sende svaret, la ho det også fram for eit møte i Utriksnemnda 3. mars (sundag kveld). Koht fortel frå dette møtet at «alle var klår over at om Sverige hadde svara ja, så kunne det ha vori grunn til å drøfta om ikkje Noreg kunne gjera det same, for i dette spørsmålet òg måtte Noreg og Sverige halda på same lina, — det ville ha vori eit umogleg tilstand om det eine landet skulle seie ja, det andre nei. Men i prinsippet meinte Regjeringa at ho måtte stå fast på dei internasjonale nøytralitetsreglane, fastslegne i konvensjonen frå 1907, og avvisa tanken om gjennommarsj for herar frå krigførande land.» Då no Sverige alt hadde svara nei, og då nordmennene visste det, kunne dette ikkje bli anna enn eit reint teoretisk resonnement, og det kunne ikkje vera vanskeleg for Noreg å senda sitt nei den 4. Svaret viste til nøytralitetspliktene og slutta med at «den norske regjeringa ynskjer ikkje friviljugt å la seg draga inn i den europeiske krigen og gjera Noreg til ei slagmark for motsette stormakter».

Slik gjekk det for seg etter den offisielle framstellinga om den norske Finnlands-politikken som Koht gav i ein tale i radio 14. mars.[1]) Etter ei framstelling som han skreiv for Regjeringa eit par år seinare, var det derimot i regjeringsmøtet laurdag kveld at denne teoretiske diskusjonen vart førd, og det gjev òg den beste meininga, då dei på den tid endå ikkje hadde fått det svenske svaret. Etter Koht skal Nygaardsvold i dette

[1]) Prenta i avisene og i Nordisk Tidsskrift for international Ret 1940, side D 35.

møtet ha vori så strid på å svara nei at han «slo jamvel på at om vestmaktene ville setta herfolk i land i Trondheim, så skulle vi føre bort alle jarnvegsvognene derifrå så gjennomførsla vart hindra. Eg kjende meg viss på at Sverige òg ville svara nei; men eg sa at om Sverige svara ja, så måtte vi òg gjera det. I alle høve meinte eg at vi ikkje måtte setta makt imot gjennomførsla, for vi måtte ikkje stelle oss såleis at vi kom i krig med Finnland.» [1]) Dette svarar ikkje til den offisielle framstellinga, at alle var klår over at om Sverige svara ja, så var det grunn for oss til å tenkja over om ikkje vi måtte gjera det same; for etter dette kunne sjølve statsministeren ikkje vera klår over det. Denne framstellinga må då sikta til at statsministeren gav etter for Koht, då Regjeringa både drygde med den endelege avgjerda til ho hadde fått kjennskap til det svenske svaret og også fann grunn til å leggja saka fram for Utriksnemnda. Det er ein annan skilnad òg mellom dei to framstellingane til Koht. Etter den offisielle og samtidige framstellinga har Koht berre sagt at det kunne ha «vori grunn til å drøfta om ikkje Noreg burde gjera det same», dvs. å svara ja saman med Sverige; etter den seinare meldinga som han skreiv for Regjeringa, ville han greitt stella seg saman med Sverige. Her fell det naturleg å fylgja den hovudregelen å la den samtidige skildringa ha prioritet. Heilt viss kan ein ikkje bli i denne saka, då referatet frå møta i Utriksnemnda denne tida er øydelagde av tyskarane.

Ved denne tid hadde Finnland alt drivi løynlege tingingar med Russland om fred i over ein månad (frå slutten av januar), og frå 5. mars kan ein seia at desse tingingane var offisielle. At oppmoding frå Noreg og Sverige til å søkja fred med Russland gjorde sitt til å driva den finske regjeringa inn på denne vegen, kan det ikkje vera tvil om. [2]) Samstundes med tingingane i Moskva bad den finske regjeringa Vestmaktene om hjelp. Det kom offisielt dagen etter det norske svaret til Vestmaktene, 5. mars, og utriksministeren, Tanner, fortalde det straks til den norske sendemannen i Helsingfors, Michelet. Denne seier: «I ytterst alvorlige ord bad jeg den finske regjering overveie hvilke skjebnesvangre consequences dette skridt kan få for Norge og Sverige.» Tanner fortalde at då ministeren Kivimäki var privat i Berlin, hadde tylvtevis av framskotne tyskarar forsikra han at det var ingen fare for tysk åtak på Noreg og Sverige om dei gav løyve for gjennomgang av herar, ja sume hadde jamvel sagt at Tyskland såg det gjerne. Men då Michelet spurde om det fanst regjeringsmedlemer mellom desse framskotne tyskarane fekk han ikkje svar. «På min déclaration at dette kan bli Nordens skjebnetime, il réponda que Skandinavia skulle tenkt herpå 30. november.» [3])

Det var elles krefter i Finnland som arbeidde for å få velt fredstingingane. Det var ein lekk i det arbeidet at dei gjorde påstand om at Finnland kunne venta hjelp i Noreg og Sverige. Såleis vart det sagt at føra-

[1]) Koht II, s. 10. Notat av Koht 2. mars, U. D. 35. G. 2. VIII.

[2]) Det sa Koht beint fram til Bräuer 9. mars (nr. 320) A. A. f.nr. 13866.

[3]) Telefonmelding frå Michelet 5. mars, U. D. 35. G. 2. (Tillegg).

rane for det norske høgre og venstre, Hambro og Mowinckel, arbeidde for at Noreg saman med Sverige skulle gje herhjelp til Finnland. Koht legg til i eit notat om dette, at han er viss på at det er urett for Mowinckel, og rimelegvis er det urett for Hambro òg. [1]) I ein samtale med dr. Bräuer 9. mars sa han det same. Hambro og serskilt Mowinckel var i full samforståing med politikken åt Regjeringa i den finske striden. [2])

Koht nøgde seg ikkje berre med å halda på nøytraliteten, men innanfor den ramma som den sette, freista han òg med positive tiltak til hjelp for Finnland. 23. februar sende han eit personleg brev til Molotov og heldt fram kor verdfullt det måtte vera for Russland å byggja opp eit venskapleg tilhøve til Finnland. Nokre dagar seinare telegraferte Colban at den russiske ambassadøren i London hadde gjevi eit vink om at no kunne ei mekling ha betre voner enn før, men ein ser ikkje at det førde til noko tiltak. [3]) Det var ikkje før dei finsk—russiske tingingane var i den dramatiske sluttfasen at Koht telegraferte til den norske legasjonen i Moskva med bod om å spørja den finske forhandlingsdelegasjonen om dei ynskte norsk føreteljing hjå Molotov (11. mars). Dei kunne seia til Molotov, at om vilkåra vart for umoglege for finsk folkemeining, så måtte fylgja bli fransk—britisk intervensjon og dermed utviding av krigen i Nordlanda. [4]) Sjefen for det finske forhandlingslaget, Ryti, takka hjarteleg for den norske interessa og det venlege tilbodet, men det var ikkje til nytte lenger, då hovudvilkåra var godtekne. [5]) Det er truleg at Koht gjorde dette tilbodet om føreteljing for Finnland etter finsk ynskje om norsk og svensk påtrykk i Moskva for å letta vilkåra. Han gjorde det i alle fall etter samråding med Günther. [6]) Tilbodet kom altså for seint og ville vel ikkje i noko tilfelle ha vorti noko anna enn som ein demonstrasjon av Noregs samhug med Finnland.

Då Koht fekk ein spurnad frå Norske Kvinners Nasjonalråd om dei skulle gå med på ein aksjon for å få stogga utførsla av krigsmateriell frå Amerika til Russland, svara han dagen etter at dei fekk venta nokre dagar og sjå kor det gjekk med fredstingingane. Vart det ingen fred, hadde han ingen ting imot det. [7])

Same dagen som Koht gjorde tilbod om føreteljing hjå Molotov, 11. mars, spurde Finnland endeleg sjølv om Noreg og Sverige ville la herfolk få gjennomreise gjennom landa våre. Dagen etter svara den norske og den svenske regjeringa at dei måtte halda fast på nøytralitetspolitikken sin. Same dagen kom den same spurnaden frå Vestmaktene, også etter oppmoding frå Finnland. Koht telefonerte straks til Günther, som alt

---

[1]) Notat 9. mars, U. D. 35. G. 2. IX.

[2]) Telegram frå Bräuer 9. mars (nr. 320). A. A. Norden f.nr. 13866.

[3]) Telegram 29. februar 1940 og brev same dagen (nr. 635) U. D. 35. G. VIII.

[4]) Telegram 11. mars, U. D. 35. G. 2. (Tillegg).

[5]) Telegram frå Bolstad i Moskva 11. mars. S.st.

[6]) Telegram frå Helsingfors. Brodtkorb 10. mars, U. D. 35. G. 2. (Tillegg). Notat av Koht 11. mars, U. D. 35. G. 2. IX.

[7]) Notat 4. mars, U. D. 35. G. 2. VIII.

hadde telefonert til Tanner om saka. Han hadde svara at det berre var tanken å ha denne saka greidd for det tilfelle at det ikkje vart nokon fred med Russland. Koht og Günther var samde om at Tanner her spelte eit dobbeltspel som dei også elles meinte han gjorde i desse forhandlingane til aust og vest.[1]) Før dei rakk å svara på denne siste spurnaden, var freden gjord, 13. mars.

Alt ved den tida var militært sakkunnige i tvil om det ville ha vori mogleg for Vestmaktene å få fram så stor hjelp at det kunne ha vorti til verkeleg hjelp for Finnland, jamvel om dei hadde fått fri gjennommarsj gjennom Noreg og Sverige. Etter dei røynslene vi snart etter fekk høve til å gjera i krigen, kan vi forstå denne tvilen. Den finske regjeringa hadde sjølv knapt tru på at hjelpa frå Vestmaktene kunne nå fram så vidt tidleg at ho kunne bli effektiv. Ein rekna gjerne at det ville gå 2 månader før hjelpa kunne bli effektiv ved fronten. Michelet nemner (20. mars) at Ryti leit ikkje på fransk-britisk hjelp; heller ikkje trudde han at Tyskland gjorde noko for fred i Moskva, men kanskje heller det motsette. Derimot trudde han at Tyskland ville ha sett seg imot at Russland hadde teki meir land frå Finnland. [2]) Ein annan ting er, at om Vestmaktene hadde fått høve til å føra fram den politikken dei offisielt gjekk inn for her, så ville det kunna ha dregi Russland heilt over på den tyske sida i krigen.

Samstundes som Finnland såleis bad Noreg og Sverige om løyve til gjennommarsj for franske og britiske herfolk, kasta det også fram tanken om ein norsk-svensk-finsk forsvarsallianse. Den skulle då likevel ikkje gjelda for den krigen som enno var i gang, men berre sikta på framtida, gjeva trygd for den nye finske grensa mot Russland, om det no gjorde fred. Då Tanner la fram dette framlegget for den norske sendemannen i Helsingfors, bad han om svar straks. Sendemannen, Michelet, la imot at det sikkert var uråd for den norske regjeringa å svara på eit så alvorleg spørsmål straks, og Tanner retta det då til at den norske regjeringa skulle seia seg viljug til å førebu ein slik allianse. [3]) På same tid tenkte ein seg at det kunne koma til å gå inn i freden at Finnland også skulle gjera ei hjelpepakt med Russland. Michelet åtvara mot planen i same stund som han førde han fram. Same dagen, 11. mars, sende han nytt telegram: «Finder at burde fremholde at forbund vilde gjøre oss til vis grad avhængig av finlandsk utenrikspolitik. Sans encore nærmere bestemt frontières også vanskelig overta fælles ansvar. Dersom russisk-finsk pacte assistance etableres, må forsvar alliance bli ytterst komplisere bringe istand betryggende for oss.» [4]) Koht avviste likevel ikkje tanken, men sa seg viljug til å prøva om det kunne vera råd å få til verjesamlag. [5])

---

[1]) Notat 12. mars, U.D. 35. G. 2. VIII og IX.

[2]) Brev 20. mars (nr. 290), U.D. 35. G. 2. IX.

[3]) Telegram frå Michelet 11. mars, U.D. 35. G. 2. (Tillegg).

[4]) U.D. 35. G. 2. Jnr. 8081.

[5]) Telegram til legasjonen i Helsingfors 12. mars, s.st. Melding i N.T.B. 15. mars.

I Moskva heldt Ryti òg fram for den norske legasjonen tanken om verjesamlag, og i samband med det slo han på at Noreg og Sverige kunne vera med og dekkja krigskostnaden for Finnland. Han «antydet videre industriell utbygging Norden så svensk malmeksport til stormaktene kan bortfalle, hvorved mulighet også skapes for påkrevet økning Nordens folkemengde». Endelig slo han på at Finnland kunne leiga norsk hamn ein stad ved Lyngen—Kvænangen. «Jeg bemerket, [seier den norske legasjonsråden Bolstad,] at noen deling av Norge i to neppe var aktuelt, og at korridorsystemet var foreldet. Statsministeren svarte at der nok kunne finnes en akseptabel leie-ordning. En ordning av dette spørsmål måtte finnes.» [1]) Kva Finnland tenkte seg med ei hamn i Nord-Noreg, er ikkje fullklårt. Michelet nemner at kanskje tenkte dei seg ein liknande skipnad som for Trieste i høve til Austerrike og Ungarn, men han tenkjer òg at kanskje ville «Finnland ha adgang til også under krig å ha helt fri rett», dvs. rett til gjennomføring av utlandske herfolk, om det ikke vart noko av verjesamlaget. [2])

Koht sende gjenpart av brevet frå Bolstad til legasjonen i Helsingfors og la til: «Hvis den finske utenriksministeren muntlig skulle nevne det i skrivelsen antydede krav om leie av en norsk havn, bør Sendemann Michelet ikke indlate sig i noen diskusjon om saken. Skulle spørsmålet bli reist officielt, får Regjeringen ta standpunkt til det forslag som da fremkommer (spørsmål om leie av havneområder, om adgang til frihavn, om en ordning som svarer til malmeksporten over Narvik — eller hva det nå kan være).» Ein kan ikkje godkjenna at Finnland har større bruk for norsk hamn no enn før krigen. Heller ikkje har det rettskrav på at Noreg er med på å betala krigskostnaden, men kanskje kan det bli gjort litt friviljugt. [3])

At finnane kjende seg vonbrotne og beiske over krigen og freden, kan ikkje undra, heller ikkje at dei kritiserte dei andre nordiske folka, som ikkje hadde komi til hjelp. I radiotalen sin 13. mars klaga Tanner over at Noreg og Sverige hadde nekta gjennommarsj for hjelp frå Vestmaktene, endå dei hadde vore bedde om det fleire gonger. Og han klaga også over at dei hadde nekta å senda militær hjelp sjølve «trots många förfrågningar och vädjanden». [4]) Om dette forklarar sendemann Michelet: «Jeg sa at det ikke er blitt rettet en offisiell henvendelse til Norge; bare overfor meg har han to ganger under samtaler sterkt framholdt ønsket om at Norge ville overta forsvaret av Petsamo-området. Tanner sa i den anledning at når han hadde erklært dette overfor Norges representant, så er det en offisiell henvendelse. [Her skreiv Bull i margen: «Nei! Det kommer an på formen og innholdet.»] Dertil er å svare at han ingen av de to ganger direkte bad meg om å melde dette hjem og enn mindre

[1]) Telegram frå Moskva (Bolstad) 12. mars og brev 13. mars, U.D. 35. G. 2. VIII.
[2]) Brev 26. mars (nr. 300), U.D. 35. G. 2. IX.
[3]) Brev 20. mars (nr. 151), U.D. 35. G. 2. VIII.
[4]) Nordisk Tidsskrift for international Ret 1940, side D 19.

anmodet om et svar. Som De vil vite, har jeg begge ganger innberettet om Tanners ytringer.» [1]) Det ser helst ut til at Tanner her i ei fortvila stund har freista å leggja litt av skulda over på andre der han liten eller ingen rett hadde til det. Dei finske krava om ymis hjelp i Noreg eller serrett i Noreg kom ikkje fram offisielt og fall snart bort. Spørsmålet om forsvarsallianse vart derimot ståande til diskusjon ei lita stund. Koht smakte litt på tanken med same. I eit notat 12. mars skreiv han, at om Russland skulle gå på Finnland med nye krav, ville det vera eit varsku om fare for Noreg òg. Då kunne ein verkeleg seia at Finnland strir for Nordlanda, og det vil vera grunn til forsvarssamband. Han tenkte seg at ein kunne verja seg mot å bli for sterkt bunden til den finske utrikspolitikken med ei såvoren forskrift: Kjem det eine landet i sambandet i ei usemje som det er tenkjeleg kan føra til væpna konflikt, så skal det rådleggja med det andre landet i sambandet; men om det let vera å gjera det, eller ikkje fylgjer dei rådene det får, skal forsvarsplikta falla bort. Då hadde han alt tala med Nygaardsvold om dette. Endå Nygaardsvold var uhuga på forsvarssamband med Finnland, gjekk han likevel med på at Regjeringa sa seg viljug til å ta opp saka til ettertanke. [2])

Sendemannen vår i Helsingfors var, ser det ut til, alltid tvilrådig i denne saka. Med same han sende melding om ho, såg vi at han nærmast åtvara mot tanken. Fire dagar etterpå (16. mars) held han fram i eit brev at saka står annarleis hjå oss no enn før. Han legg blant anna vekt på at Finnland har synt for fyrste gong på lang tid at eit lite land kan stå imot ei stormakt ei stund. Det syner at små nøytrale land i samband kan ha von om å få innverknad på stormaktgrupper. Om vi såleis må gje opp nøytraliteten, seier han, så er det «ikke av en endret innstilling hos oss overfor krigen, men ene og alene av den brutale virkelighet og selvoppholdelsesdriften». Det ser ut til at han ikkje før har sendt brevet før han kjem til å tvila på om han kanskje har gått for langt, og han skriv eit nytt brev: «Hvis et forsvarsforbund inngås, må vi iallefall regne med en revansjetanke og kanskje mindre forsiktig politikk overfor Sovjet-Samveldet i tillit til forbundspakten» — altså ei ny åtvaring. [3])

Frå London melde Colban etter ein samtale med Halifax, at om Russland gjekk lenger mot vest, ville det røra beinveges ved engelske interesser, og Halifax let skina gjennom at England gjerne såg eit nordisk verjesamlag. Til det svara Colban at han aldri hadde trutt på russiske åtaksplanar mot Noreg og Sverige. [4]) Frå Berlin vart det meldt at tanken om eit nordisk verjesamlag vart halden for «en lykkelig idé». [5]) Det ser jamvel ut til at sjølve Russland ikkje var mot tanken om nordisk forsvarsallianse med det same. Maseng telegraferte: «Til meg har den

[1]) Brev 18. mars (nr. 282), UD. 35. G. 2. IX.
[2]) U.D. 35. G. 2. IX.
[3]) Brev 16. mars (nr. 275) og brev 16. mars (nr. 276), U.D. 47. C. 7.
[4]) Brev 15. mars (London nr. 806). U.D. 47. C. 7.
[5]) Morgenbladet nr. 74.

svenske sendemann sagt at de ledende i Sovjetsamveldet var så opptatt av den truende fare for de nordiske kyster fra de alliertes side da freden ble sluttet med Finnland, at lederne ikke fant noe unaturlig i ideen om å slutte et forsvarsforbund mellom de nordiske land. Det som har brakt omslaget i Sovjetsamveldets syn var at forbundet fra aktivistiske kretsers side ble utlagt som en skanse mot barbariet fra Østen.» [1]) Serskilt vart nemnt ein tale av Hambro om at alliansen skulle nyttast til revansjekrig mot Russland; den skulle ha skapt uvilje mot tanken. Talen åt Hambro vart halden i radio same kvelden som meldinga om freden kom, 13. mars. Det var ein overlag varmhjarta samhugs- og venskapstale for Finnland med ynske om at det skulle gå Finnland som det hadde gått Danmark etter krigen i 1864, at det vann att innanlands det som det hadde tapt utetter. Men talen slutta med desse orda som rett nok kunne peika i ei anna lei: «Ingen rettskrenkende og urettferdig fred har kunnet bestå meget lenge. I finske hjerter og i våre hjerter vil det leve deres dikters ord: «Än kommer dag».» [2]) Desse orda kunne sjølvsagt bli mistydde; jamvel den finske delegasjonen i Moskva skulle vera misnøgd med talen, og legasjonsråden, Bolstad, bad om instruks til å veikja talen. [3]) Slik instruks sende Koht telegrafisk 22. mars: Hambro hadde tala som privatmann og hadde heller ikkje hatt tanke om revansje, men hadde tenkt på oppattreising ved indre arbeid slik som Danmark etter 1864. «Tilføy norske regjering under de rent foreløpige overveielser selvfølgelig ikke lagt noe aggressivt i tanken om forsvarsforbund.» [4]) Dette tok Molotov likevel ikkje for godt. Han svara at når ein politisk personlegdom som stortingspresident Hambro karakteriserte den finsk-russiske freden som urettvis, og meinte at han ikkje ville bli ståande lenge, og samstundes nemnde tanken om eit nordisk forsvarssamband, då måtte Sovjet-Samveldet sjå på dette som eit viktig uttrykk for den revansjeånd som rådde innan visse krinsar i Noreg, og dette måtte Sovjet-Samveldet rekna med. «Hva Finnland angikk, mente Molotov at et forsvarsforbund ikke var i samsvar med landets avtale med Sovjet-Samveldet. For Sveriges og Norges vedkommende ville Russland se på deres deltakelse i et forsvarsforbund som en oppgivelse av landenes nøytralitet og innrette seg etter dette.» «Jeg holdt fram, [seier Bolstad,] at den norske regjerings syn klart hadde fått uttrykk i dens nektelse av å tillate troppetransport via Norge, slik at det ikke kunne herske noen tvil om at den norske regjering er bestemt på å følge en streng nøytralitetspolitikk. Den russiske utenrikskommissar var rolig og vennlig under vår samtale.»

Om talen åt Hambro verkeleg hadde så mykje å seia for Russland, kan kanskje vera tvilsamt. Like myke eller meir kan vel skrivinga i pressa ha verka; serskilt blir nemnt svenske «Social-Demokraten»; men talen eller

[1]) Telegram 27. mars. U.D. 47. C. 7, jfr. brev 23. mars (nr. 165). U.D. 35. G. 2. IX.
[2]) Morgenbladet 14. mars.
[3]) Telegram 18. og 20. mars. U.D. 47. C. 7.
[4]) Telegram s. st.

den ånd som talen bar bod om vart i alle fall gjord til ein avgjerande grunn for Russland til å vera imot det nordiske verjesamlaget; det vart meldt offisielt gjennom «Tass» 20. mars. [1]) Den tyske ambassadøren i Moskva, Schulenburg, forstod elles talen åt Hambro nett på same måten som russarane. [2]) Finnane kjende seg òg brydde av talen. Professor Vajonmaa klaga for Maseng over at «de norske aktivisters opptreden i forbindelse med spørsmålet om et nordisk forsvarsforbund — hadde brakt finnene store vanskeligheter». Bolstad melde det same frå andre kjelder. [3])

I den norske ålmenta vekte tanken om det nordiske verjesamlaget stor interesse med same og endå større i Sverige. Der var ein likevel i tvil om Noreg kunne bli med i ein nordisk forsvarsallianse. Grunnen var den, som ogso hadde vori nemnt tidlegare når slike tankar hadde vori framme, at Noreg vanstelte forsvaret sitt. «Svenska Dagbladet» skreiv 16. mars: «Även Norge, som mer än någon annan stat i Europa hittills vanvårdat sitt försvar, har nu sin besökelsesstund. — Det finns ingen rimlig proportion mellan farorna för Norges neutralitet och landets utsikter att kunna värja den. Upprustingen i Norge måste därför bedrivas i särdeles forcerat tempo, hvilket är förutsättningen för dess likvärdighet som partner i ett fenno-skandisk försvarsförbund.» Formannen i Stockholms høgregruppe, direktør Ljungquist, sa at større forsvarsutgifter måtte vera «inträdesbiljetten» for Noreg til eit nordisk verjesamlag. [4]) Michelet melde det same, at «når det nå i Sverige høres røster for at Norge ikke tas med i forbundet, er vel årsaken en tvil om Norges villighet eller kanskje endog evne til å skape og holde vedlike et så sterkt vern som Sverige og Finnland vil føle seg oppfordret til å ha i beredskap». [5])

I Noreg stelte venstrepressa seg fort imot tanken. Eit slikt verjesamlag ville vera ein «leik med elden». Det ville dra oss bort ifrå den strenge nøytralitetslina og føra til ein vonlaus krig før eller seinare. Ein var også redd for at Sverige og Finnland i framtida kunne bli dregne inn under tysk innverknad, men det kunne Noreg etter sitt geografiske læge ikkje ynskja. (Såleis Bräuer i telegram til Berlin 22. mars (nr. 382) A.A. Norden f. nr. 13891.) Kommunistane var sterkt imot eit verjesamlag som vart ille oppteki i Russland. Elles òg vart stemninga snart tvilande. I ein samtale med den finske chargé d'affaires, Toivola, sa Koht at det klokaste var å la ro falla over saka for det fyrste, for sambandet kunne ikkje koma i kraft likevel slik som stoda var nett no. No var det Noreg som var i faresonen ved striden «mellom Tyskland og England om makta over det norske sjøterritoriet», og han trudde ikkje

[1]) Telegram 20. mars. U.D. 47. C. 7.
[2]) Brev til Berlin 20. mars, A. A. Norden. Vol. VI, Pkt. 2.
[3]) Brev frå Maseng 23. mars (nr. 165), U.D. 35. G. 2. IX, og telegram frå Bolstad 20. mars, U.D. 47. C. 7.
[4]) Brev frå Wollebæk 14., 15. og 16. mars, U.D. 47. C. 7.
[5]) Brev Helsingfors 20. mars (nr. 287), U.D. 47. C. 7.

at dei andre nordiske landa kunne hjelpa oss i ein slik strid.[1]) Ein av sendemennene våre, Aubert i Roma, den førre utriksråden, fann saka så viktig at han telegraferte heim «at vi tross Sovjets holdning uten opphold bør motta Finnlands tilbud om forsvarsforbund sammen med Sverige, og at vi samtidig meddeler Berlin, London, Moskva og Paris at forbundet er rettet til alle sider». Han vil skunda på, så vi kan leggja fram eit fait accompli snøggast råd er. «Jeg anser en slik ordning bedre enn at vi til fordel for stormaktenes spill skal bli ødelagt enkeltvis. Norge og Sverige burde gå sammen alene, hvis Finnland nå ikke lenger våger å fastholde sitt tilbud om et forbund.» Koht svara same dagen, 29. mars, at ein laut bia til tilhøvet til Russland var betre. «Et ensidig forbund med Sverige regner jeg ikke for mulig; spørsmålet har heller aldri vært opptatt.»[2]) Likevel sende då Koht, 30. mars, saka til Forsvarsdepartementet med desse spørsmåla:

«1) I kva måte kan eit forsvarssamband med Finnland og Sverige vera til hjelp for Noreg, og kva slags hjelp måtte Noreg i tilfelle krevja av dei to andre landa?

2) Kva slags hjelp kan Noreg gje Finnland eller Sverige eller båe desse landa i hop, om dei skulle koma i krig med framand makt?

3) Kva slags nye krav kan eit forsvarssamband med Finnland og Sverige koma til å reise til norsk væpning på land og sjø eller i lufta? Og kva slags nye utgifter kan det i så tilfelle bli tala om?»[3])

Saka fall svært fort bort i den offentlege diskusjonen; og frå Finnland høyrde ein ikkje meir. Den nye utriksministeren, Witting, sa seg samd med Koht i at ein ikkje måtte forsera saka.[4]) Den interessa ho hadde vekt med same, var vel i stor mon å rekna for eit spontant utslag av samhugen med Finnland og trongen til å gje prov for den. Såleis kjendest det vel i Finnland òg. Saka hadde god verknad hjå Vestmaktene. Såleis skreiv Bachke frå Paris at det var «et lyspunkt at de to skandinaviske land har erklært sig villig til å drøfte spørsmålet om et norsk-svensk-finsk defensivt forbund. Et avslag vilde her i alle fall ha virket overordentlig uheldig.»[5]) Dagen etter radiotalen åt Hambro tala Koht (14. mars) i kringkastinga om den norske politikken under Finnlands-krigen. Det var ei forklåring og dermed òg eit forsvar, serleg mot åtaka på oss i den engelske og serleg den franske pressa. Det var uråd anna dette forsvaret samstundes måtte bli ein kritikk over politikken åt Vestmaktene, ein kritikk som var mykje rettkomen, men så kvast forma at han vart svært ille oppteken hjå Vestmaktene, og mange heime òg tykte han var mykje uvarleg.

---

[1]) Notat 24. mars, U.D. 47. C. 7.
[2]) Telegram 29. mars, U.D. 47. C. 7.
[3]) U.D. 47. C. 7.
[4]) Brev frå Michelet 1. april (nr. 315). U.D. 47. C. 7.
[5]) Brev 15. mars (nr. 393). U.D. 35. G. 2. IX.

Nøytralitetsreglane på sjøen.

Dei handelspolitiske forhandlingane var hovudsaka i høvet til Vestmaktene, og serskilt til Storbritannia, i heile den fyrste delen av krigen. Vi har sett at dei vart førde i samforståing med dei andre nordiske statane, for ein stor del også med Oslo-statane. Vi har også sett at Koht fann dei så vanskelege at det jamvel kunne driva han inn på den tanken at England eigenleg ynskte å driva oss ut or nøytraliteten. Det lykkast då likevel å føra dei fram utan at det nokon gong kom til eigenlege krisar. Nøytralitetskrenkingar med flyging over norsk territorium var ein av og til ute for frå alle dei krigførande partane, og når nasjonaliteten åt flya vart fastslegen, førde det til formelle protestar hjå vedkomande regjering og vanleg like formelle orsakingar.

Ei større sak fekk vi med frigjeringa av det amerikanske skipet «City of Flint» og interneringa av det tyske prisemannskapet i Haugesund 3. november. Her gjennomførde den norske utrikssstyringa nøytralitetsreglane punkt for punkt mot ei rad med tyske protestar. Fyrst kom ein protest 22. oktober, då skipet var komi inn til Tromsø, og dei norske myndigheitene tok frå det sjøkart og berre gav det rett til å ha opphald i norsk territorialfarvatn i 24 timar, så det laut gå til sjøs att. Etter norsk svar 25. oktober om at det var gått fram etter nøytralitetsreglane, kom så eit tysk trugande memorandum 29. oktober med «nachdrücklichsten Betonung des Ernstes der Lage» fordi nordmennene hadde hevda nøytralitetsreglane einsidig til skade for Tyskland. Det avviste Utriksdepartementet dagen etter (30. oktober) med at det var gått fram heilt korrekt. Endeleg kom ein ny og endå kvassare protest 4. november, då skipet var gjevi fri i Haugesund, no med «schärfsten Einspruch» og trugsmål om «die übelsten Folgen», og at «Die Deutsche Regierung muss sich in dieser Angelegenheit alle weiteren Schritte vorbehalten». Koht svara straks på flekken at saka var avgjord, og då så dei tyske trugsmåla vart oppattekne, la han saka fram i regjeringsmøte same dagen. Der vart dei samde om ikkje å bøya seg for dei tyske krava og trugsmåla, og dermed vart det. Fleire tyske tiltak kom det ikkje, berre ei veke seinare (11. november) ei pynteleg oppmoding frå den tyske chargé d'affaires Neuhaus om å få frigjevi det tyske mannskapet på prisa, noko som Koht atter nekta etter folkerettsreglane.[1])

Den korrekte måten som regjeringa hevda internasjonale rettsreglar på her, gav vyrdnad for den norske utrikssstyringa. I engelsk, fransk og amerikansk presse vart den norske regjeringa ynskt til lykke med saka. «News Chronicle» skreiv at «Norway has now set a splendid example of courage and independence in the neutral world» (6. november). Lord Strabolgi skreiv i «The Times» (8. november) om «the bold stand of a small country against Nazi bullyings and threats». «Daily Herald» skreiv jamvel at no hadde nazistane «discovered in Norway a nation where the

---

[1]) A. A. Norden, f. nr. 23107, 23926, 24537, 24573 og Utriksmelding nr. 102 (1939). U.D. 38. D. 3. I og II, jfr. og Londonlegasjonen. 16, a. I.

Viking spirit is still alive. Here is a people truly faithful to the Nordic virtues of fortitude, freedom and respect for the rights of others». O.s.fr. (9. november). Nordmennene hadde grunn til å vera vel nøgde med framgangsmåten i denne saka. I Utriksnemnda roste opposisjonsførarane Mowinckel og Hambro Regjeringa for avgjerda i denne saka (23. november). Hambro sa: «Jeg tror at landet var meget vel tjent med den, og jeg håber at Regjeringen i påkommende tilfelle likeoverfor en hvilken som helst krigførende makt vil optre med den samme fasthet, da det er det eneste som i virkeligheten kan sikre oss, og særlig utenriksministeren, en nogenlunde ubekymret tilværelse fremover.»

Mindre lykke hadde den norske utriksstyringa med seg i «Westerwald»-saka. Det var eit tysk tankskip som gjorde teneste som hjelpeskip for den tyske krigsmarina. Det vart praia av norsk vaktskip utfor Trøndelagskysten, 7. november, men nekta å la seg inspisera. Etter samtale med den tyske sendemannen 18. november, let Koht skipet få gå utan undersøking, då det var ymse tvil om fakta. På eit spørsmål om ein skulle bruka makt mot skipet, svara han nei, — «men at vi kan protestere i Berlin hvis båten setter seg ut over norske lover, og si at dette er en uforskammet opptreden av befalshavende på en båt som tilsynelatende er et handelsskip». Då skipet kom til Bergen, og det var fare for at det kunne bli ute for engelsk åtak, og dermed fare for nøytralitetskrenking om skipet gjekk den ytre leia nær territorialgrensa, gav kommanderande admiral etter samråding med utriksråd Bull og ekspedisjonssjef Tostrup ordre til at skipet ikkje skulle bli hindra i å gå den vanlege skipsleia, om sjefen skulle ynskja det. Meldinga om denne avgjerda vart telefonert til Koht straks etter. Det var her gjevi dispensasjon frå dei nøytralitetsreglane som den norske staten sjølve hadde sett opp (13. mai 1938), og i eit skriv til Forsvarsdepartementet 22. desember peika Koht på at av utrikspolitiske grunnar ville det vera det beste om ein for framtida ikkje gav dispensasjonar frå forbodet mot at krigførande krigsskip fekk gjennomfart gjennom krigshamnområde.[1]) Dette må ein vel forstå slik, at Utriksdepartementet no meiner at dispensasjonen for «Westerwald» ikkje burde ha vori gjeven, og det var òg innhaldet av den utgreiinga som den folkerettlege rådgjevaren for departementet, professor Castberg, skreiv.[2]) Denne saka vekte inga oppsikt med same, men fekk fylgjer under «Altmark»-saka, då kommanderande admiral gav liknande dispensasjon til «Altmark» så det kunne bli same framgangsmåten som med «Westerwald».[3])

[1]) Notat av ekspedisjonssjef Tostrup 18. november, jnr. 26030. Rapport til kommanderande admiral 17. november, jnr. 26081. Notater av utriksråd Bull 18. november, jnr. 26082/84 og 20. november, jnr. 26255. Brev frå Koht til Forsvarsdepartementet 22. desember, jnr. 29297. U.D. 38. D. 5.

[2]) Castberg: Opptegnelser 1. september 1943.

[3]) Spørsmål frå stortingspresident Hambro til Forsvarsdepartementet 5. mars 1940 om kva som gav dei militære sjefane grunn til å ta seg dispensasjonsrett. U.D. jnr. 10515, 1940, U.D. 37. C. 5. III.

Saker av stort alvor reiste seg derimot i desember; då sokk tre skip på ei veke etter eksplosjonar innafor eller nær norsk sjøterritorium. Det var det engelske «Thomas Walton» på Vestfjorden 7. desember, det greske «Garoufalia» på Folla 11. desember og det engelske «Deptford» utfor Stadt 13. desember. Engelskmennene hevda straks at i alle tre tilfelle var det torpedering av tyske ubåtar innafor den norske territorialgrensa, og slik vart hendingane utborne i pressa både innanlands og utanlands. Dette førde m. a. til ein skarp påtale frå Koht til den norske pressa om at ho ikkje måtte vera så uvarleg med å ropa ut alle skipssøkkingar som torpederingar når det ikkje var prova at dei var det, for det kunne koma av minesprenging. Når dei vart utropa som torpederingar, og det jamvel innafor den norske territorialgrensa, førde det til store, og kanskje uturvande, vanskar for den norske utrikssstyringa. Med same sa elles Koht sjølv at «Garoufalia» var torpedert, såleis i eit møte i Utriksnemnda 14. desember, men då han tok saka fram att i nemnda 30. januar hadde dei norske sjøforklåringane synt at berre søkkinga av «Deptford» provfast hadde gått for seg innafor norsk sjøgrense, og ikkje i noko tilfelle kunne ein den gongen prova med full visse at det var torpedering. Det er derimot gjort seinare under Nürnberg-prosessen. Det gjekk noko tid før desse sjøforklåringane vart gjevne, og Koht klaga over «noko sommel med dei lokale myndigheitene, kanskje noko strid om kven som hadde plikta på seg, og eg hugsar eg måtte masa på Forsvars- og Handelsdepartementet». [1])

Den tanken at mykje alvorlegare tiltak kunne vera ventande frå Tyskland enn slike einskilde nøytralitetskrenkingar fekk Regjeringa varsku om i melding frå sendemannen i Paris, Bachke, 8. desember. Etter opplysingar frå den franske generalstaben skulle tyskarane ha samla førsleskip i Hamburg, og dei skulle ha dregi 2 divisjonar frå vestfronten. Dei fann det ikkje urimeleg at tanken var å okkupera nordvestkysten av Jylland og sørvestkysten av Noreg, og så minestengja sjøen mellom desse områda og nytta dei til basis for utfall mot Storbritannia. [2]) Det synte seg at denne meldinga var urett, men ein hadde fått eit varsku om at slike planar fann generalstabane rimelege. Litt seinare, serleg straks over nyår, kom det mange tyske forsikringar om at frå Tyskland hadde Noreg ingen ting å ottast så sant det berre heldt nøytraliteten. [3])

Den norske dryginga med å få ferdig sjøforklåringane for søkkingane i desember vart i dette tilfelle dyr. Før den norske regjeringa hadde ferdig ei utgreiing om saka, tok den engelske regjeringa ho opp på grunnlag av vitnemål frå kapteinane på dei skipa som var søkkte, og dei sa at i alle desse tilfelle var det torpedering innafor territorialgrensa.

[1]) Koht II, s. 11.

[2]) U.D. jnr. 28600. 38, B. 15.

[3]) Notat av byråsjef Reusch 14. desember 1939. Brev frå sendemann Scheel 2. januar 1940 (Berlin nr. 11.) 38. B. 15. Brev frå handelsråd S. Johannessen frå Berlin 10. januar. Notat av Koht om samtale med Bräuer 10. januar.

Nyårskrisa med England.

6. januar, same dagen som Koht hadde vorti vekt kl. 3½ om morgonen av den russiske noten (s. 210), gav Halifax eit endå mykje alvorlegare aide-mémoire til Colban, som straks telegraferte det til Oslo. Han nemnde dei tre søkkingane, og hevda at i alle tre tilfelle var det tysk torpedering innafor den norske territorialgrensa. Såleis, sa han, hadde Tyskland gjort norsk sjøterritorium til eit krigsteater og hadde teki ifrå det sin nøytrale karakter. Difor laut no England vida ut operasjonane sine inn i farvatn som på den måten hadde vorti operasjonsområde for sjøstridskreftene åt fienden. Den britiske regjeringa tok difor høvelege åtgjerder for å hindra at norske territorialfarvatn vart nytta av tyske skip og tysk handel. For å oppnå det ville det bli naudsynt for britiske sjøstridskrefter at dei til sine tider gjekk inn i og opererte i desse farvatna.[1])

På grunn av den svenske interessa i malmførsla frå Narvik gav Halifax den svenske ministeren i London ein gjenpart av det aide-mémoire som han hadde gjevi Colban.

Dette var eit ope trugsmål om å gjera Noreg til slagmark. Colban protesterte sterkt mot påstandet om at norsk sjøterritorium vart gjort til krigsterritorium, og at England no hadde rett til krigsoperasjonar der. Det ville ikkje berre føra til tyske motåtak og dra Noreg inn i krigen, men det ville dermed også vera i motstrid med engelske interesser. Han minte om at Noreg hadde synt i krigen 1914—18 at det kunne verja nøytraliteten sin. Det var urimeleg å nekta oss høve til å syna at trass i einstaka overgrep både ville og kunne vi hevda nøytraliteten vår.[2])

I Utriksdepartementet vekte saka «bestyrtelse», fortalde ein av byråsjefane.[3]) Koht telegraferte straks til Colban om å halda fram med protestane, hevda at det ikkje var prova torpedering anna kanskje for «Deptford», og at nøytralitetskrenking av ei krigførande makt ikkje gav den andre òg rett til å krenkja nøytraliteten. Han fekk jamvel Kongen til å venda seg personleg til den engelske kongen såleis: «I must most earnestly appeal to You to prevent such steps which inevitably would bring Norway in war and imply the greatest danger for Norway's existence as a Sovereign State. Norway desires nothing else than to maintain strict neutrality and has shown during the last war to be able to do this.»[4]) Den engelske kongen sende telegrammet til ministrane sine, som elles hadde fått kjennskap til det på førehand av Colban, og han svara den norske kongen 20. januar at landet hans måtte halda seg til interessene sine i den tida som det no var inne i. Trugsmåla vart ikkje sette i verk. Ein stor fare var avvend, men det var ikkje meir enn ei utsetting. «You have won so far,» sa Collier, sjefen for Northern Department i Foreign Office, til Colban.[5]) Koht bad

[1]) London 6. januar (228. Londonlegasjonen. K. 16).
[2]) Telegram 6. januar og brev 8. januar (nr. 73). Londonlegasjonen. K. 16. I.
[3]) Rolf Andersen, no ekspedisjonssjef, i forhøyr på Politikammeret 29. mars 1941.
[4]) Telegram 7. januar. 260. Londonlegasjonen. K. 16. I.
[5]) Colbans forklåring til Granskingsnemnda 22. februar 1946.

13. januar legasjonen i London melda i Foreign Office at den norske marina hadde ordre til å avvisa alle krenkingar av Noregs nøytralitet, om det var naudsynleg med alle råder, og utan omsyn til kva kant dei kom frå, likevel slik at legasjonen fekk full fridom til å bera denne saka fram i Foreign Office den tid han sjølv fann lagleg, eller jamvel å la det vera om det ikkje skulle vera turvande, eller kunne tenkjast å verka irriterande.[1]) Elles sette han opp ei samla framstelling av det norske synet på saka i eit memorandum 15. januar. Her melde han på ny om ordren til marina om å avverja alle nøytralitetskrenkingar med alle råder, kva kant dei enn kunne koma ifrå. Han nekta at den norske marina på nokon måte hadde vori forsømeleg i nøytralitetsvakta; men jamvel om det hadde vori forsømingar, kunne ikkje det gje den britiske regjeringa rett til å bruka norsk sjøområde til krigsoperasjonar. Inga marine i verda kunne hindra einstaka nøytralitetskrenkingar, og nøytrale land kan ikkje gjerast ansvarlege for slike. Skal ein gå til motåtak, må ein gjera det mot den som har krenkt nøytraliteten, ikkje mot offeret for nøytralitetskrenkinga. Det er ikkje prova at søkkingane skreiv seg frå torpedering, og berre for «Deptford» at søkkinga har gått for seg innafor 3-milsgrensa. Straks etter søkkingane sette den norske regjeringa i verk fast eskortering av handelsskip over opne sjøstykke, og sia har det ikkje vori nokor søkking på norsk sjøområde, så ein kan ikkje seia det er gjort til krigsteater av den tyske regjeringa. Den norske regjeringa har også teki opp til drøfting spørsmålet om det kan få sett i verk andre tiltak til endå større trygd for sjøområdet sitt.

> «Den norske Regjering kan ikke hindre og har heller ikke rett til å hindre handelsskip i å passere norsk sjøterritorium. Folkeretten anerkjenner endog en rett for krigførendes krigsskip til gjennomfart gjennom nøytralt sjøområde, iallfall i den utstrekning sådan gjennomfart ikke uttrykkelig er begrenset eller forbudt. Og den britiske Regjering har selv i sine bemerkninger av 23. mai 1939 til de norske nøytralitetsforskrifter av 13. mai 1938 uttalt at they have always maintained and must continue to maintain the existence of such a right of entry for purposes of innocent passage.
>
> Norge har således på ethvert punkt nøye overholdt de anerkjente folkerettsregler om ferdsel på sjøterritoriet og om hevdelsen av nøytraliteten. Inngrep på norsk område av den art som er antydet i den britiske Regjerings memorandum av 6. ds. ville være et åpent folkerettsbrudd og medføre uoverskuelige konsekvenser for de nordiske land. De ville også være i åpen strid med de prinsipper som Storbritannia har latt seg lede av i sin politikk, særlig i forholdet til de små stater. Den norske Regjering kan ikke oppgi troen på at den britiske Regjering vil erkjenne at folkerettens prinsipper, som den britiske Regjering så ofte og med så stor kraft har gjort seg til talsmann for, representerer så store verdier i nasjonenes liv og historie, at de ikke kan settes til side for den øyeblikkelige materielle fordel som den britiske Regjering kunne ha ved en inngripen mot tysk handel og skipsfart langs den norske kyst.

[1]) Brev 13. januar (nr. 83). Londonlegasjonen. K. 16. Oslo 15. januar (nr. 86), opplesi i møte i Utriksnemnda 30. januar.

Det at Storbritannia mener å kjempe for sitt liv, kan ikke berettige det til å sette Norges eksistens på spill.»

Saka kom i eit noko anna lys enn ho frå fyrsten hadde hatt då den norske utriksstyringa fekk kjennskap til ein samtale som Halifax hadde hatt med bankdirektør Wallenberg 11. januar; han var då sjef for ein svensk handelsdelegasjon i London. I den samtalen vart det opplyst at hovudformålet med det planlagte engelske tiltaket var å stogga malmtransportane frå Narvik. Kunne ein minka dei, ville ein kanskje kunna hindra dei engelske tiltaka, og Wallenberg lova å røkja etter om det let seg gjera, «på annan väg», — noko som den svenske utriksministeren likevel straks sa var umogleg.[1])

Dette at Sverige ikkje fann det mogleg å gjera lempingar i malmutskipinga over Noreg, var eit vonbrot for Koht. Det ville ha vori den beste hjelpa for oss i ei vanskeleg og farleg stode.[2]) På den andre sida ville det vel ha kunna skaffa Sverige vanskar med Tyskland. At det var malmførsla som var hovudsaka for England, kom også tydeleg fram i samtalar som utriksråd Bull hadde med den engelske legasjonssekretæren Lascelles og minister Dormer.[3]) Det kom også fram i samtalar som Colban hadde med Halifax og med Collier. [4])

Halifax slo på at vi kunne leggja ut miner, som vi hadde gjort i 1918, eller lysa ut at eit område var militært og altså stengt for skipsfarten. Elles klaga han sterkt over at Noreg ikkje synte forståing for stoda åt England, han hevda at krigen åt England også var til bate for Noreg, og at vi skulle kunna koma til å oppleva ein tysk Gauleiter i Oslo om tyskarane vann. Det ville Colban ikkje tru på. Derimot heldt han fram faren for eit tysk åtak på Noreg. Då Collier hevda at det hadde Tyskland ikkje interesse av, svara Colban «at dette hadde vært min egen mening inntil for få uker siden, men at jeg efter Russlands angrep på Finnland dessverre hadde måttet endre min opfatning. Hvis Storbritannia krenket Norges nøitralitet, måtte vi som saken nu lå an være forberedt på, at Tyskland straks vilde gå til aksjon.» Jamvel om Tyskland ikkje går til beint fram krig, kan det øydeleggja store industriverksemder som er til vinning for England og Frankrike òg. — Tanken om å leggja ut miner vart oppteken av den norske Regjeringa, og Koht gav Colban fullmakt til å nemna at dei norske statsmaktene drøfte spørsmålet om å leggja ut miner i eit område av Karmøy-distriktet, då vi hadde lagt ut miner der i den førre krigen etter britisk oppmoding. [5]) Litt seinare kom elles våre sjømilitære autoritetar til at minestenginga i tilfelle måtte bli utlagd ved Vågsøy nær Stadt.

Så sterkt som føringa av den svenske malmen var komen i framgrunnen i denne krisa, var det serskilt om å gjera for den norske utriksstyringa å halda seg nøye i samband med den svenske, og Koht let difor utriksråd Bull reisa til Stockholm for å drøfta saka med svenskane. Han hadde eit møte med utriksminister Günther og kabinettssekretær Boheman, og sendemann Wollebæk var òg med. Bull spurde om det var råd å få sendt noko meir av malmen over Øystresjøen istadenfor over Narvik, og fekk til svar, at no gjekk 20 % av den svenske malmen over Narvik, men det var teknisk mogleg å la 10 % meir enn før gå over Øystresjøen, så utførsla over Narvik kunne bli minka til det halve. Eit anna spørsmål var korleis England ville stella seg til ei slik omlegging. Dei var samde om at eit minefelt ikkje stogga malmførsla; det kunne ein berre med å tvinga malmskipa ut i internasjonalt farvatn, men det ville Tyskland rekna for unøytral gjerning. Her kom Wollebæk med den merkelege tanken, at kom det til yttarste naudsfall så vi laut inn i krigen, ville det vera betre å gå i krig mot England enn mot Tyskland. Han meinte «at kanskje England ville være en mer hensynsfull motstander enn Tyskland, og at det norske folk som helhet ville lide mindre under en krig med England enn under en krig med Tyskland». Og ved freden ville vi «få bedre vilkår av England som motstander og seierherre enn av Tyskland som motstander og seierherre». Tanken var vel ifrå Wollebæks side ikkje noko anna og meir enn eit tankeeksperiment, men han syner korleis brutaliteten kunne freista til å kasta over bord alle omsyn til retten og til politisk tenking og samhug og berre bøya unna for den som kunne terrorisera mest utan annan tanke enn å bli spart mest i augneblinken. Då Colban i London fekk referat frå denne samtalen, skreiv han: «Det er ikke en mulig krigs direkte og rent materielle ofre, som etter min mening bør veie tyngst. Skal vi i krig, så gjelder det, at vi gjør det for en sak som det norske folk kan leve videre på, hva så enn det umiddelbare resultat av krigen blir. Jeg er derfor helt uenig i en betraktning, som bygger på hensynet til hvordan vi skal slippe lettest fra det. En sånn betraktning har for mig bare verdi, så lenge den munner ut i vern om vår nøitralitet. Men den svikter helt, når det blir spørsmål om hvor Norge skal stå, hvis vi drives inn i krig.» [1])

Günther åtvara likevel i denne samtalen med den faren at i ein krig med England måtte ein gå ut ifrå at det straks ville setta seg fast ein stad på Vestlandet og byggja ut den. Han hevda elles at Vestmaktene gjerne såg at Nordlanda kom med i krigen, men at Tyskland hadde vinning av å halda dei utanfor, — altså same synsmåten som Koht hadde. Likevel meinte han, at om Noreg sette seg mot dei engelske krava, så kunne England med si fortid og grunnsetningane sine om rett for dei små nasjonane ikkje gå til åtak på Noreg. Dei drøfte også spørsmålet om å venda seg til Sambandsstatane i Amerika, og Bull kunne fortelja at den norske sendemannen i Washington var rettleidd om saka, «slik at hvis det ble bruk for det, kunne vi trykke på en knapp og la ham underrette State Depart-

[1]) Brev frå Wollebæk 12 januar (nr. 60). Londonlegasjonen K. 16.

[2]) Koht II, s. 12. Forklåring i Granskingsnemnda 17. desember 1945.

[3]) Notat av Bull 12. og 13. januar, sende til legasjonen i London i brev nr. 78, 84. Londonlegasjonen. K. 16.

[4]) Brev 16. og 18. januar, London nr. 144 og 183. Londonlegasjonen. K. 16.

[5]) Oslo 20. januar (nr. 118). Londonlegasjonen. K. 16.

[1]) 30. januar (London 208). Londonlegasjonen. K. 16.

ment». Samtalen slutta med at Günther sa at «det riktige ville være for Norge å sørge for at England ikke fikk noen grunn til å angripe oss; og så fikk vi håpe på at den makt som er mest hensynsløs i sine midler, ikke har interesse av å få oss med, og at den makt som har interesse av å få oss med, er mindre hensynsløs i sine midler».[1])

At den engelske politikken kanskje likevel sikta lenger enn til å stogga malmførsla frå Narvik, fekk ein eit varsel om i den radiotalen som Churchill heldt 20. januar; der klaga han over at dei nøytrale ikkje «fyllte pliktene sine mot Folkesambandet» og gjekk saman med Vestmaktene mot den tyske faren, som var fare for dei likevel som for England. Denne talen gav, telegraferte Colban, provet for at den engelske aksjonen «er ledd i en plan som går videre enn repressalier for tyske torpederinger på vårt sjøterritorium og stansing jernmalmen til Tyskland».[2]) Rett nok kunne han dagen etter melda at pressekontoret i Foreign Office kalla talen «fireside talk og uttrykk for personlig oppfatning og at den ikke betyr noen endring i regjeringens politikk»; men det inntrykket vart ståande at England ynskte å få oss med i krigen.[3]) Talen vekte ålmenn harme i den norske pressa og vart kvast avvist. Den tyske sendemannen gledde seg over at den gamle venehugen for England og trua på England var åt å veikna. «Eine Sprache, wie die der norwegischen Presse in den letzten Tagen gegenüber England, war noch vor kurzem nicht vorstellbar.» [4]) I ein samtale med sendemannen sa Koht seg samd med den norske pressa. Han kalla talen åt Churchill provoserande og berre skikka til å driva venene åt England inn i opposisjon til det, og han undra seg over at nett i dei vanskelege krigstidene sette engelskmennene Churchill på viktige postar i kabinettet. Forklåringa kunne berre vera at Chamberlain var så verdsframand, eit godt menneske, men ein ring musikant. Han og Halifax gav betre ord for meininga i kabinettet enn Churchill. Halifax hadde nyst haldi ein tale som Koht rekna for ein fredsfølar, men talen hadde den feilen at han gjekk til åtak på nasjonalsosialismen, og ein kunne ikkje venta fred hjå ein motstandar når ein samstundes gjekk til slike åtak på regjeringa hans.[5]) Endå om ein kan forstå at Koht i denne samtalen med den tyske sendemannen har spana kritikken over England i meste laget, må ein likevel seia at i dette tilfelle vitnar orda hans ikkje om stor forståing av alvoret i den engelske krigføringa eller i det heile for engelsk lynde. Vi veit då òg at Koht gjekk ut ifrå at krigen ville slutta uavgjord.

Det heilt offisielle svaret frå England på dei norske motlegga kom i eit aide-mémoire frå Halifax 23. januar. Han klagar over at norsk sjø-

[1]) Notat av Bull 22. januar, sendt til legasjonen i London 23. januar (nr. 136). Londonlegasjonen. K. 16.
[2]) Telegram 21. januar (nr. 120). Londonlegasjonen. K. 16.
[3]) Telegram 22. januar (nr. 124). Londonlegasjonen. K. 16.
[4]) Telegram 23. januar (nr. 73). A. A. Norden f. nr. 13778.
[5]) Telegram 24. januar (nr. 77). A. A. Norden f. nr. 13780.

område blir brukt og misbrukt av tyskarane. Det er ein kanal for vitalt krigsmateriell som går til Tyskland og fører til død for mange engelske soldatar. Om den norske regjeringa meiner ho har moralsk grunnlag for protesten sin mot at den engelske regjeringa tek saka i sine eigne hender, må det vera klårt at dei sjølve (nordmennene) er sterkt moralsk bundne til å tenkja over kva dei for sin del kan gjera for å retta på situasjonen. Han nemner at Regjeringa kan gjera ein del av det norske sjøområdet til militær sone og leggja ut minefelt der, som vi gjorde ved slutten av den siste krigen. Den britiske regjeringa sette pris på det synet som den norske regjeringa heldt fram på den juridiske sida av saka, men det røynlege spørsmålet var ikke av juridisk art. Det må vera same kravet til måten å føra krig på til både dei krigførande, så tyskarane ikkje får lov til å bryta alle reglar og gå fram med umenneskeleg åtferd av alle slag, medan ein ventar at den engelske regjeringa skal akta seg jamvel for den minste tekniske krenking av folkeretten. Nordmennene må forstå at tysk siger ville vera slutten på Noregs sjølvstende. Engelskmennene er budde på å føra Noregs krig som dei er budde på å føra sin eigen, men Noreg må gje dei noko hjelp i kampen i staden for å gjera sitt beste til å leggja hindringar i vegen. Kan Tyskland bli avskori frå jarnforsyningane sine, vil sigeren koma mykje snøggare, og livet åt mange unge brittar og franskmenn vil bli spart. Det nordmennene krev av England, kan bli mælt i liv og blod.[1]) — Eit par dagar etter (25. januar) drog England også fram «Westerwald»-saka.[2])

Dette andre engelske memorandum styrkte storom alvoret i det fyrste (av 6. januar). Det var rett som Colban hadde telegrafert, at dette galdt ikkje berre attergjeld for tyske torpederinger eller stansing av jarnmalmen til Tyskland; i røynda var det eit ope krav om at vi skulle gå ut av nøytraliteten og inn i krigen. Colban telegraferte straks etterpå: «Jeg anser det helt nødvendig på en eller annen måte imøtekomme engelske krav»; han nemnde mineutlegging for å tvinga ubåtar ut i internasjonalt farvatn og dertil «tiltak for uoppholdelig reducere jernmalmskibningene».[3]) Koht svara England i eit memorandum med å streka under gong på gong «den faste vilje til å påse at rikets nøytralitet ikke blir krenket». Og no tok han oppatt det som han hadde gjevi Colban fullmakt til å nemna ei veke før, at den norske regjeringa har alt gjort ymse tiltak og vil «undersøke muligheten av også andre tiltak for det samme formål, bl. a. utlegging av miner for å sperre bestemte sjøområder». Spørsmålet om jarnmalmførsla er ei sak som vedkjem Sverige òg, så den kan berre bli løyst i samråd med den svenske regjeringa.[4])

Det norske svaret var fast oppbygt og fast forma med ei sterk provføring i avvisinga av dei engelske skuldingane. Når det ville «undersøke

[1]) 781. Londonlegasjonen. K. 16.
[2]) 838. Londonlegasjonen. K. 16.
[3]) Telegram 24. januar (nr. 135). Londonlegasjonen. K. 16.
[4]) 27. januar (nr. 179). Londonlegasjonen. K. 16.

muligheten av også andre tiltak» utover det som alt var gjort, må ein vel forstå det som ein lovnad om at dette også skulle bli gjort, endå om denne lovnaden var gjeven i ei noko uviljug form. Koht sjølv har seinare sagt at det var ein lovnad. [1]) Dessverre vart lovnaden ikkje oppfylt før det var for seint, og engelskmennene sjølve la ut minene. Ein kan ikkje undra seg over at det norske svaret var haldi i ein kjøleg tone. Nokon kritikk merkar ein likevel ikkje over den. Derimot kom den engelske sendemannen Dormer med klage over talen åt Koht under trontaledebatten 19. januar. Det hadde hatt ein «deplorable effect» på den britiske regjeringa at Koht i denne talen la like stort ansvar på engelskmennene som på tyskarane for minesprengingane. Når den norske regjeringa tok nøytraliteten sin på den måten at ho heldt det for rett å reisa klage likesåvel mot den skyldige som mot den uskyldige, så ville den britiske regjeringa ikkje ha nokon grunn til å ta serlege omsyn til dei norske interessene. Då Koht spurde om den britiske regjeringa dermed ville ha rett til å gå fram på same måten mot oss som tyskarane gjorde, svara Dormer likevel nei. Regjeringa hans ville aldri gjera slike misgjerningar. Mr. Collier i Foreign Office sa òg til Colban at talen hadde gjort eit dårleg inntrykk på Lord Halifax, og Halifax sjølv sa at det støytte han å sjå at den norske utriksministeren i Stortinget ikkje ville sjå den store skilnaden mellom krigføringa åt tyskarane og engelskmennene til sjøs. Både Koht og Colban svara, at om engelskmennene ville lesa talen etter det stenografiske referatet ville dei forstå at det var ikkje grunn til slik klage. [2]) Colban heldt fram for Halifax at dei turvte berre lesa norske aviser for å sjå kor sterkt folkemeininga gjekk mot torpederingane og minesprengingane av norske skip, og kor ope den norske pressa skreiv om den tyske åtferda.

Koht gjorde sitt yttarste for å få denne saka ordna i former som var ulastelege folkerettsleg. I ein fortruleg samtale forklåra han saka for den tyske sendemannen, og gjorde han kjend med den norske svarnoten til England. Han var fast overtydd om at den tyske regjeringa ville vyrda Noregs integritet, for sjøområdet òg. Om Tyskland av einkvan grunnen skulle koma til å krenkja norsk sjøområde, ville det vedstå seg det og gje vanleg folkerettleg oppreising. No bad han at Tyskland så fort som råd var ville gje eit høveleg svar i desse tre tilfella og gje den norske regjeringa rett til å offentleggjera det. Det var det same korleis svaret såg ut, når berre Noreg kunne peika på at desse tre tilfelle var førde til ein endskap som var folkerettleg ulasteleg, at det sjølv hadde gått fram på ein ulasteleg måte, og at Tyskland hadde svara korrekt. [3])

Dette gjev godt ord for den formelt og juridisk strenge nøytralitetspolitikken som var hovudlina for Koht. Den tyske sendemannen forstod denne politikken og hadde vyrdnad for han. Noreg vil — seier han — gå

[1]) Koht II, s. 12.

[2]) Koht notat 26. januar, sendt til London 27. januar (nr. 176), Colban brev 31. januar (nr. 325) og 2. februar (nr. 349). Londonlegasjonen. K. 16.

[3]) Telegram frå Bräuer 24. januar (nr. 78), A. A. Norden, f. nr. 13782—84.

fram med dei kreftene det har for å hindre engelske tiltak for å stogga skipsfarten på norsk sjøområde, men kreftene rekk sjølvsagt ikkje til. «Aus diesem Grunde begibt sich Norwegen mit bemerkenswerter Konsequens auf den Boden der strikten Neutralität und versucht sich damit eine Rüstung gegenüber fremden Eingriffen zu schaffen. Nach der heutigen Lage könnte Norwegen damit Erfolg haben; denn nachdem offene Neutralitätsverletzungen seitens Kriegführender bisher noch nicht vorliegen, wird England nur schwerlich als erstes Land den politisch folgenschweren Entschluss fassen, die Neutralität eines kleinen Staates offen zu verletzen.» Så pass stor tru på vyrdnaden åt England for dei små nasjonane syner då den tyske sendemannen når han skriv til regjeringa si. Så lenge den viljen rår i Noreg å setta seg imot alle nøytralitetskrenkingar, er det vanskeleg for England å finna utvegar til å stogga den tyske handelen i norske farvatn, serleg malmføringa. Oppgåva for tysk politikk må difor vera å gje stønad til den norske nøytralitetsviljen og kontrollera han. «Norwegen hat in diesem Kriege mehr Grund sich über Englands Verhalten zu beschweren, als über das unsere. Ein korrektes Verhalten unsererseits wird England infolge des von ihm geführten Blockadekrieges, seiner unverschämten Forderungen in den Handelsvertragsverhandlungen und nach Churchills-Rede hier immer mehr in Misskredit bringen.» Det nøytrale beltet langs den norske kysten gjev i nokon mon vern til tysk skipsfart; difor har Tyskland interesse av at Russland òg vyrder norsk nøytralitet, og at den russisk-finske striden ikkje blir førd over til Nord-Noreg. [1])

Som ein ser, er den forklåringa dr. Bräuer gjev på nøytralitetspolitikken åt Koht, velviljug og forstandig, så det ligg nær å høyra ein atterklang frå samtalane mellom dei to ministrane i forklåringa. Utgreiinga er slik at ho gjev all grunn til å tru at dr. Bräuer var ærleg mot Koht når han fleire gonger utetter vinteren kom med sine personlege åtvaringar og heldt fram den politikken som han meinte ville bli godt oppteken i Berlin.

Endå om Koht såleis sette all si evne inn på å hevda sin juridisk strengt korrekte nøytralitet, torde han ikkje lita på at denne lina ville føra fram, serleg ikkje mot England. Alt i eit løyndemøte i Stortinget 8. januar nemnde Koht trugsmålet i det engelske memorandum som han då nett hadde fått 2 dagar før. «Eit sterkare trugsmål,» sa han, «har aldri vori reist mot norsk nøytralitet, og i røynda ville det seia at Noreg skulle bli dregi inn i krigen.» Han la til: «Eg må vedgå at eg kan ikkje fri meg for den mistanken at den britiske regjeringa beint fram har sett seg til føremål å drive oss inn i krigen.» I møte i Utriksnemnda 30. januar greidde han ut saka så langt som ho då var komen, og las opp i omsetting det meste av det engelske memorandum av 22. januar, sameleis sitt eige svar på

[1]) Telegram frå Bräuer 25. januar (nr. 81), A. A. Norden 13788—90. Liknande synsmåtar heldt Bräuer fleire gonger fram for regjeringa si, såleis i ei utgreiing om den norske politikken som han sette opp då han var i Berlin 2. mars 1940.

dette memorandum. Om det engelske memorandum sa han at det var «ei open oppmoding til Noreg um å hjelpa Storbritannia i krigen — — — såleis ei open oppmoding til å gå utafor nøytraliteten». Om sitt eige svar sa han at det streka under «at Noreg vil forsvara nøytraliteten sin mot alle krenkjingar, — settja inn den makta som vi har, til vern for nøytraliteten».

Hambro kritiserte at Koht ikkje la fram slike saker for Utriksnemnda før dei i røynda var avgjorde. Skulle Utriksnemnda kunna gje slik hjelp og slike råder til Regjeringa som tanken med nemnda var, måtte ho få kjennskap til sakene før, og han nemnde døme på kor mykje grundigare samarbeidet hadde vori mellom utriksministeren og statsministeren og Utriksnemnda under krigen 1914—18. I det svaret som Koht alt hadde sendt til den engelske regjeringa, kjende Hambro seg mykje støytt av den setningen som sa at den norske regjeringa ville «avholde seg fra enhver vurdering». Det var ulogisk, meinte han, når ein samstundes nett stridde for retts- og nøytralitetsprinsipp, og då nettopp heldt så sterkt fram dei folkerettlege prinsipp som var naturlege. Det var å stella seg «på et absolutt amoralsk standpunkt i internasjonale forhandlinger», og det var også psykologisk uklokt, for det ville støyta alle engelskmenn som las det. «Jeg vil be om, hvis det er mulig, at man overveier det, og at man tar psykologiske hensyn i en større utstrekning enn muligens de rent juridiske betraktninger gjør naturlig.» Han ville også gjerne ha understreka kva det hadde kosta oss av skip og menneskeliv å halda nøytralitetspliktene våre mot England. Endeleg kritiserte han at regjeringa ikkje gjorde seg nytte av store forretningsmenn eller andre kjende menn i vanskelege og viktige tingingar med andre land. Det hadde ein gjort i den førre krigen; slike menn kunne nå fram der diplomatar ikkje kunne.

Mowinckel derimot kjende seg ikkje støytt av at det norske memorandum ikkje ville «vurdere» krigføringa. Han òg ville gjerne minna England om dei store tenestene vi gjorde det med skipsflåten vår, når vi etter tonnasjeavtalen «stiller en så stor del av vår tonnasje til Storbritannias disposisjon til frakter som ligger langt under verdensmarkedets frakter, og derved i virkeligheten gjør at vi betaler større bidrag til Storbritannias krig». Men han åtvara òg imot å rekna opp dei offer vi leid i krigen, for desse offer var nett ei fylgje av den tyske krigføringa, og det var dei som etter engelsk synsmåte gav England rett til å koma med krava sine til Noreg. Både Mowinckel og Hambro var inne på den tanken at vi kunne bli nøydde til å nytta den utvegen å klaga til Folkesambandet over dei engelske trugsmåla.

Sjølve hovudspørsmålet — korleis det skulle gå om vi verkeleg vart nøydde til å forsvara nøytraliteten med makt — vart det ikkje kasta meir lys over i dette ordskiftet enn nokon annan gong. Sundby kom inn på spørsmålet, og han gjorde det i denne forma: «Det eneste ved det svar som nå var formet, som kunne være litt betenkelig, er kanskje det at

vi vil forsvare vår nøytralitet med alle midler. Det kunne jo tolkes slik at vi ville begynne å skyte på englenderne når de iverksatte sin trusel om å sende sine krigsskip innenfor territorialgrensen. Det er vel nødvendig å si det rent prinsipielt, men før det blir gitt ordre om det, må man vel i hvert fall drøfte det nokså alvorlig. Jeg vet ikke om det er drøftet i Regjeringen. Det later jo til at England når som helst kan finne på å gjøre dette. Jeg håper at det vil vare nokså lenge før det skjer, men det vil være riktig å ha tatt standpunkt til hva man i så tilfelle skal gjøre.» Han spurde også om det var gjort noko for å mobilisera den private industrien, serleg om det var lagt nokon stor plan for fabrikasjon av luftvernskyts. «Før eller siden ser det jo ut til at vi kommer med, enten det blir på grunn av Russland—Finnland-konflikten eller på grunn av England—Tyskland-krigen. Og i ethvert tilfelle blir det vel luftangrep som vi aller først og sterkest kommer til å lide under. Jeg vil derfor iallfall gjerne ha uttalt for mitt vedkommende at vi bør sette inn all den kraft vi kan på å skaffe oss iallfall luftvern; det får ikke hjelpe hvad det koster.» Hambro var inne på den same saka: «Hvis der mellem den norske og den svenske regjering er drøftet den eventualitet at Sverige skulde bli nødt til å gripe inn i krigen [d. e. mellom Russland og Finnland] eller — vi vet jo intet om at den vil ramme Sverige før den vil ramme Norge — den eventualitet at det ene land blir trukket inn, hvorledes det vil influere på det annet lands stilling, så kan man ikke undgå her å beskjeftige sig med det og ønske å vite om det og ønske å drøfte alle eventualiteter, så hvis det overhodet kan sies noe om disse ting, ville jeg være meget takknemlig for det.»

Hambro fekk ikkje svar på spørsmålet sitt, og Sundby fekk ikkje anna svar enn ei åtvaring frå Hambro mot å tala fatalistisk. «Det er en dårlig arbeidsmetode å gå ut fra at vi før eller siden kommer med i krigen. Det er en eventualitet, som vi pliktmessig er nødt til å regne med, men jeg tror at hvis den oppfatning brer seg rent fatalistisk, er det farligere enn meget annet.» Då Sundby hadde ordet seinare sa han berre: «Ja, vi får jo ikke noe større svar her når det f. eks. gjelder luftvern, men det er kanskje ikke så godt å si noe om det. Det er iallfall det som brenner sterkest i mitt sinn, og hvor jeg først tror det kommer til å røyne på.» Om sjølve den hovudsaka som han hadde rørt ved, om vi skulle gå til krig for å forsvara nøytraliteten, sa han derimot no ingen ting. Det gjorde derimot Hambro no som han hadde gjort det før: «Jeg har inntrykk av særlig av statsministerens bemerkninger tidligere, at når man står like over de ytterste konsekvenser av den stilling begge land er bragt op i, så ønsker man overhodet ikke å ta noen stilling til det og ønsker ikke å drøfte det. Jeg tror det er ganske nødvendig at man i den ene eller den annen form gjør det.» Statsministeren hadde ordet beint etter Hambro, men svara ikkje eit ord på denne saka. Koht gjorde det, men svaret var ei avvising.

Ein kunne ikkje binda seg på førehand, sa Koht. Det var nok når ein berre hadde sjølve grunnlaget for politikken sin på det reine. Men her var det då nett sjølve grunnlaget det galdt, spørsmålet over alle, om

ein skulle setta inn militærmakta for fullt alvor til forsvar for nøytraliteten, og her fekk ein aldri veta kva Regjeringa ville, om ho i det heile visste det sjølv, eller om det ikkje var som Hambro sa, at Regjeringa ikkje ynskte å ta nokor stode til dei yttarste konsekvensane av politikken. Sjølve denne fråsegna var ein verkeleg sterk provokasjon til Regjeringa, men korkje stats- eller utriksministeren let seg merka med det.

Koht slutta den fyrste talen sin i dette møtet med at vi ville «setta inn den makta som vi har til vern for nøytraliteten». Dette skulle ein helst tru måtte vera det same som at vi verkeleg skulle ta ein krig for á verja nøytraliteten; men skulle denne talen hatt meining, måtte han ha vori fylgd av militære tiltak, og dei kom ikkje. Utriksministeren må då likevel ha meint noko mindre, t. d. å setta inn den makta som vi har på ymse stader i landet til å avvisa einskilde nøytralitetskrenkingar, men ikkje gå til krig. Då han slutta talen sin 8. januar, lydde det også annarleis. «Vi vil ha fred for landet vårt, for freden er eit vilkår for framgang og folkelukke. Men vi må vera budde på at vi ikkje får lov til å vera i fred, og då må vi føre ein politikk som i det minste gjev oss von om å kunna berge det nasjonale sjølvstendet og fridomen vår.» Her er det berre tale om politikk, men ikkje eitt ord om det som vel måtte vera hovudsaka under ein vill krig, å mobilisera og setta alle krefter inn på å få forsvaret i så pass stand som råd var etter alle våre forsømingar, så det kanskje likevel kunne løysa oppgåva si, å forsvara nøytraliteten.

Denne uklårleiken er den same som vi finn i ein tale 10. mai 1939. Der hevda han på eitt punkt i talen at vi kan ikkje gjera meir enn å forsvara vårt eige land, og det kan vi også berre gjera om overmakta ikkje blir for stor, — det er altså forsvar med atterhald —; men på eit anna punkt i same talen seier han at oppgåva for forsvaret vårt er ikkje å føra krig, men å gjera alt som er mogleg for å halda oss utanfor krigen. Det må då vel helst vera det same som at nøytralitetsforsvaret ikkje skal gå så langt som til å ta krigen.

Dette svarar best til den forklåringa som statsråd Ystgård har gjevi på forsvarspolitikken åt Regjeringa: «Oppsettningen av forsvaret til sjøs og det som etterhvert sattes opp til lands og i luften før 1. april 1940 hadde som oppgave å avverge nøytralitetskrenkelser, og hvis det var for store angrepsstyrker å markere motstanden.» [1]) Dette er ein nokså klår definisjon på etiketteforsvar, men er det motsette av eksistensforsvar. Statsråd Støstad seier i røynda det same: «Da en ikke tenkte seg, eller var forberedt på, at vi skulle bli angrepet, var vårt forsvar bygget opp som et vern for vår nøytralitet.» [2]) Dette er sjølvsagt også mykje uklårt, då nøytraliteten til sjuande og sist ikkje kan bli verna utan krig, men det står i godt samsvar med den forsvarspolitikken som faktisk vart førd. Frårekna det som ein gjorde i 6. divisjon til forsvar for Finnmark og Lyngen, kom det ingen serskilde militære tiltak. Den eine etter den andre

[1]) Brev til Granskingsnemnda 11. juni 1946.
[2]) Brev til Granskingsnemnda 5. juni 1946.

av talarane let tydeleg forstå at dei heldt freden så utrygg at han kunne bli broten kva dag det skulle vera. Likevel var det ikkje tale om mobilisering.

Det var også ein serskilt grunn til mobilisering utanom den som låg i å bu seg mot sjølve den aktuelle krigsfaren. Det var at med mobilisering kunne vi overtyda dei krigførande maktene om alvoret i talen vår om å hevda nøytraliteten. England og Tyskland hadde sjølvsagt fullgod greie på kor usselt det var med nøytralitetsforsvaret vårt. Kva hjelpte det då med dei sterke orda om den absolutte viljen vår til nøytralitet når dei ikkje såg at vi gjorde noko tiltak til å setta det veike nøytralitetsvernet vårt på fote?

Kor sterkt maktene vakta på tiltaka åt kvarandre i Noreg, måtte vi veta, og det var nett det som Koht var redd. Mellom dei varsla vi fekk her, kan vi nemna ein samtale som kaptein Steen i Admiralstaben hadde med den tyske marineattasjeen i Oslo 4. mars. Marineattasjeen fortalde at Nord-Skottland skulle vera sett i kvest klårhald («skjerpet beredskapstilstand»). Dette hekk kanskje saman med at England no førebudde ei overskiping av herfolk til Karmøy så dei kunne halda tilsyn med skipsfarten på den norske kysten. Steen svara at han trudde ikkje England ville gjera det. Attasjeen kunne elles fortelja at han hadde fått ordre om å koma til Berlin og gje melding om stemninga i Noreg, serleg om vi ville setta oss mot eit slikt overgrep frå England med makt. [1])

Dette var spørsmålet, — ville vi setta makta inn til vern for nøytraliteten? Om det fekk vi inga klår rettleiing her heime, og dei krigførande kjende seg òg uvisse her, og måtte så gjera etter sine krav til nøytralitetsvern og det dei såg i Noreg. Denne uvissa var det farlegaste av alt for oss. Den måtte gjera det freistande for krigsmaktene å tryggja seg landet før fienden kanskje hadde gjort det. Ein synte stor diplomatisk aktivitet, sette jamvel sjølve Kongen i aksjon; men med det mest verkningsfulle av alt, mobiliseringa, gjorde ein ingen ting. Spørsmålet var om det var nok med formelle protestar etter streng juridisk tolking av nøytralitetsreglane mot nøytralitetskrenkingane, eller om ikkje dei formelle protestane måtte bli understreka med maktråder, så nøytralitetskrenkingane vart umoglege. Nett desse kritiske vekene heldt den svenske utriksministeren Günther ein tale som let det prinsipielle spørsmålet her koma klårt fram i lyset. Etter referat i «Aftenposten» forklåra han synet åt dei krigførande på nøytraliteten såleis: «Vi vil respektere Sveriges nøitralitet så lenge Sverige selv vil og kan innta en nøitral holdning overfor oss. Men hvis Sverige blir unøitralt mot oss, ophører våre forpliktelser mot Sverige — —. Hvis nemlig Sveriges nøitralitet krenkes av Tyskland, f. eks. gjennem kapring av skib innenfor tremilsgrensen, er det ikke Tysklands angrep på Sverige som er avgjørende etter britisk synspunkt, men det er Sveriges mangel på evne eller vilje til å avverge nøitralitetskrenkelsen. Derigjennem ophører Sverige å være nøitral i forholdet til Storbritannien, og

[1]) Notat 4. mars 1940. U.D. 38. HS. 15 III.

følgelig ophører Storbritannien å betrakte og behandle Sverige som et nøitralt land.» Til døme nemnde han at Nederland la slik vekt på å skyta på fly som flaug over hollandsk område. Slik flyging var vel ikkje farleg i seg sjølv. «Men det som er farlig, er at Nederland tillater en slik flyver å fly over sitt område, for på den måte mister det sin rett til å betraktes som nøitral makt, med alle konsekvenser som følger med dette.»[1])

Denne talen fekk så mykje meir å seia då han straks vart omtala i Paris med ei melding frå Havas: «Man har særlig merket seg avsnittet hvor utenriksministeren gjorde greie for sin regjerings syn på respektering av nøytralitetsfarvann. Det er bare i den utstrekning den nøytrale makt selv kan sikre et effektivt forsvar, at landet anser seg berettiget til å kreve av alle krigførende at de ikke trenger seg inn på den nøytrale stats område. Dette syn faller sammen med Frankrikes og Storbritannias oppfatning i saken.» [2])

Koht var straks klår over at denne talen kunne bli til skade for Noreg og let minister Wollebæk i Stockholm spørja Günther om referatet var rett, og det vart også nemnt at denne talen kom uventa på oss og kunne skada oss.[3]) Talen var då òg slik forma at ord til anna kunne han førast over frå Sverige til Noreg; ja kanskje høvde han aller best på Noreg. Günther svara at han hadde gjort greie for stoda såleis som ho faktisk og praktisk var på grunn av synsmåtane åt dei krigførande, men han hadde ikkje sagt kva han sjølv meinte var rett. «Da han leste referatet baketter, ble han oppmerksom på at det var uttrykk der, som han ikke burde ha anvendt. Han håpet at utenriksminister Koht ikke var ond på ham. Han vilde ved første leilighet si den britiske og franske minister at talen kun var ment å gi en fremstilling av de krigførendes oppfatninger, og ikke å gi uttrykk for egne meninger.» Han beklaget uttrykkene; han hadde tenkt på Norge da han så dem i referatet.[4])

I røynda var det likevel så at Günther hadde godkjent den engelske synsmåten. Etter eit referat som vart sendt til det norske utriksdepartementet — så vidt ein forstår heilt offisielt — sa han at den engelske synsmåten som han refererte, hadde «en fullt acceptabel färg».[5]) Han heldt fram at «de neutralas förpliktelser äro som sagt mer framträdande och mera betydelsesfulla än de rättigheter som de åtnjuta och som de ofta blott med största möda kunna göra gällande gent emot mer eller mindre desperata krigförande». Han siutta talen med: «Framför allt gäller det att se till att kunna försvara sin neutralitet med de militära maktmedel som behövs, härför — och det kan i tider som dessa och för ett land med Sveriges utsatta läge betyda ett försvar av stora mått och i ständig högsta beredskap.»

---

[1]) Aftenposten 9. februar 1940, kveldsnr.
[2]) U.D. jnr. 04412, 1940. 38. B. 19.
[3]) S.st.
[4]) Notat av Bull 10. februar etter telefonsamtale med Wollebæk, jfr. brev frå Wollebæk 10. februar (nr. 209). U.D. 38. B. 19.
[5]) U.D. jnr. 04714. 38. B. 19.

Dette gjev meininga med talen. Den svenske utriksministeren talar til sitt eige folk, og held då fram dei utrikspolitiske vilkåra slik som dei er i røynda. Han skil skarpt mellom nøytralitetsrett og nøytralitetspolitikk og åtvarar sterkt mot å lita for mykje på den fyrste, eller slik som det er for mange her i Nordlanda — og i dette tilfelle talar han om «de nordiska länderna» og ikkje berre Sverige — at «neutraliteten uppfattas som en fristad, ungefär som kyrkorna i medeltiden, där ett angrepp är ett helgerån. Beslutar man sig för att vara neutral, så är ens område helgat av okränkbara regler och man behöver inte ha något militärt försvar. Så långt gå kanske inte mer än ett fåtal. Men en obestämd allmän missuppfattning å detta håll har nog under de senaste åren varit rätt utbredd i Sverige och Norge.» Nøytralitetsretten er altså ikkje vern om han ikkje blir fylgd av ein nøytralitetspolitikk som kan støda seg på «de militära maktmedel som behövs härför», dvs. til å forsvara nøytraliteten. Og til det trengst det mykje, legg Günther til. Dette var altså ein heilt naturleg og sjølvsagd tale for den svenske utriksministeren til sitt folk; men det var ein farleg og skadeleg tale for den norske utriksministeren. Denne motsetninga er så klår og kjendest så sterkt, har vi sett, at då den svenske utriksministeren las referatet av sin eigen tale, tenkte han straks på Noreg: Dette kan verka skadeleg for norsk utrikspolitikk, og han gjev den norske utriksministeren orsaking for talen sin. Av omsyn til Noreg burde han ha ordlagt seg annarleis, — ikkje av omsyn til Sverige.

Mindre enn ei veke etterpå fekk vi «Altmark»-saka, og dermed fekk talen åt Günther sin illustrasjon. Vi fekk ei ny påminning om skilnaden på nøytralitetsrett og nøytralitetspolitikk, ei påminning som ikkje berre var sterkare enn noko vi før hadde oplevt, men som i seg sjølv var eit høgmælt rop etter nøytralitetsforsvar, den mest åskodlege undervisning om kva eit nøytralitetsforsvar krev, som noko folk kunne få.

«Altmark»-saka.

Då januar månad gjekk utan at England sette i verk trugsmåla om å gjera norsk sjøområde til krigsterritorium, kjende ein det som den reint aktuelle krigsfaren frå den kanten letta ein del; men så kom «Altmark»-saka 16. februar. Den har fått ei serskilt utgreiing, og vi viser til den.[1]) I denne samanhengen skal vi berre peika på at her var trugsmålet frå 6. januar verkeleg sett i verk. Noregs nøytralitet var krenkt ope og omsynslaust så all verda kunne sjå det, og det var ingen grunn til å tru at dette var eit einstaka og einestående tilfelle som ikkje kunne ta seg oppatt. Koht skreiv at England hadde ingen rettsgrunn for overfallet i Jøssingfjorden, og «den britiske regjeringa vedgikk at det ho hadde gjort var ei «teknisk» nøytralitetskrenking, og det var tydeleg at ho ikkje

---

[1]) S. 265—291 nedanfor.

meinte det skulle vera presedens for andre tiltak».[1]) Dette er eit reint juridisk resonnement som vel hadde liten stønad i orda til Halifax i samtalen med Colban. Halifax heldt fast ved at den engelske aksjonen var rettkomen. At den engelske regjeringa ville kunngjera at overfallet i Jøssingfjord gav presedens for liknande åtferd i framtida, kunne ein ikkje venta; men at den engelske regjeringa ville la vera å gå fram på same måten om ho fann like sterke grunnar til det, er det like liten grunn til å tru. Det var tvert imot all grunn til å tru at det som her hadde hendt, markerte ein overgang til ei villare krigføring, då ein måtte vera budd på at nøytralitetskrenkingar ville koma tettare og tettare. Som vi skal sjå, fridde lågare engelske tenestemenn oss frå all tvil i så måte med open kynisme, og det måtte vel Koht òg få kjennskap til. Utriksråd Bull noterer etter ein samtale med den belgiske chargé d affaires Ullens, ei lita stund etter «Altmark»-saka, at Frankrike synest ikkje England gjer nok i sjøkrigen; den kjende fagforeiningsføraren Jouhaux har nyst vori i London og sagt ifrå om det. Difor har England sett seg føre å vera strammare; såleis er «Altmark»-saka komen opp. «For øvrig mente han også å ha fått det inntrykk at man fra engelsk side gjerne ville kaste appelsinskall på veien i håp om at vi skulle gli på dem og komme i konflikt med Tyskland, hvoretter England da skulle tre inn som vår store beskytter og allierte og dermed få sluttet ringen tettere om Tyskland.»[2]) Vi veit no — det som den norske utriksstyringa likevel ikkje kunne veta den gongen — at etter «Altmark»-saka gjekk den franske regjeringa verkeleg på den engelske med framlegg om at no måtte ein gå til okkupasjon av dei norske hamnene, så ein kunne få stogga malmførsla frå Narvik og også kunne få basar for fly så ein kunne dominera malmgruvene i Nord-Sverige.[3]) Engelskmennene gjekk ikkje med på det franske framlegget denne gongen, men saka var altså aktuell og kunne bli teken oppatt kva dag det skulle vera.

Denne gongen var slaget komi frå England, og det hadde gått ut over Tyskland; men etter alt som ein hadde sett av tysk krigføring, kunne ein umogleg tenkja seg at Tyskland ville finna seg i ei slik krenking utan å slå att. Ein var også åtvara mot den faren at Tyskland kunne vilja koma Vestmaktene i forkjøpet med å slå ned Noreg. Den tyske sendemannen kravde at vi skulle setta inn «alle verfugbaren Kräfte» mot illgjerningsmennene, og han slutta noten sin med: «Ich muss darauf aufmerksam machen, dass es sich um die allerernsteste Situation handelt, die die schwersten Konsequensen nach sich ziehen kann.»[4]) Om kva meining ein i eit slikt tilfelle skulle leggja i «die schwersten Konsequensen» sette ein av byråsjefane i Utriksdepartementet, Grønvold, opp eit notat etter eit tilfelle frå Sambandsstatane; det vart forstått som trugsmål

[1]) Koht II, s. 15.
[2]) Notat 28. februar. U.D. 38. B. 15. III.
[3]) Tysk kvitbok nr. 6. Dok. nr. 26.
[4]) 17. februar 1940. U.D. jnr. 5104. 38. D. 6/40, I.

om krig.[1]) Til «Aftenposten» vart telegrafert ein tysk kommentar til hendinga: «De nøytrales kapitulasjon overfor britisk makt er innledningen til en rettløs tilstand i det mellomfolkelige liv. En forbedrer ikke sjørøvere med protester. Den som nøyer seg med protester, må ikke undre seg når ofrene for den nøytrale svakhet selv sikrer seg sin rett. Konsekvensene av den norske toleranse i Altmarkaffæren gir tilfellets mellomfolkelige betydning. Det kreves raske overveielser og øyeblikkelige beslutninger. All nølen er farlig.» [2]) Ein agelaus artikkel i «Völkischer Beobachter» slutta: «Wir werden die Rechnung präsentieren.» [3]) Artikkelen var vend mot England, men etter alt som var sagt og skrivi låg det nær å tenkja seg at det nett var i Noreg England skulle få presentert denne rekninga. Elles heldt Tyskland seg merkeleg tamt i protestane sine denne gongen. Det var i bisneleg motsetning til alt som elles var skikk og bruk frå den kanten. Det kunne likevel ikkje roa anna enn ein overflatetanke. Det som var komi fram, var trugande nok, og heller enn til å roa seg var det grunn til å spørja kva som kunne løyna seg under ei overflate som brått og uventa vart så roleg og ulik seg sjølv. Den hypotesen eller det aksiom ein hadde gjort seg, at det var mot Tysklands interesse at krigen vart utvida til Nordlanda, var ikkje noko anna enn ein hypotese, og kunne ikkje ha nokor vekt mot slike tankar som eit realistisk og fordomsfritt syn på sjølve krigføringa måtte tvinga inn på ein.

Mellom vitnemåla om faren frå Tyskland utanom det som låg i sjølve dei tyske trugsmåla, kan ein nemna at den franske marineattasjeen i Oslo, Kermarrec, i januar eller februar hadde skrivi til forsvarsministeren om dei arbeida som tyskarane dreiv i kjellarane under den tyske legasjonen for å gjera dei trygge mot bombing frå lufta. Desse arbeida meinte han ikkje kunne ha anna meining enn å gje tyskarane livd mot deira eigne bomber, og han legg til at det kunne ikkje anna enn styrkja dei rykte som gjekk den gongen («sous le manteau car personne n'osait en parler») om eit framlegg om tysk landstigning i Noreg. [4]) Ein veit ikkje om forsvarsministeren har gjort utriksministeren kjend med dette, — eit indisium mellom mange om kva ein kunne venta seg. Hadde alt noten 6. januar vori eit allarmrop og eit varsku om å setta all si kraft inn på å forsvara nøytraliteten, så hadde ein no fått eit nytt og endå meir inntrengjande faresignal. Ein hadde ikkje mobilisert og ikkje sett nøytralitetsvernet meir enn halvt på fote då krigen byrja. Ein hadde heller ikkje gjort det etter trugsmålet om å gjera Noreg til ei slagmark i noten 6. januar. No hadde ein fått endå eit varsel. Varslet vart også understreka dobbelt på ein serskilt måte.

Eit par dagar etter hendinga i Jøssingfjorden hadde byråsjef Reusch

[1]) Notat 19. februar. U.D. 38. D. 6/40. I.
[2]) Aftenposten 19. februar 1940.
[3]) Meldt til U.D. av Scheel 19. februar (nr. 333), U.D. 38. D. 6/40. I.
[4]) Brev 6. februar 1946, sendt til Granskingsnemnda frå Utriksdepartementet. 7. mars i jnr. 7447/46.

i Utriksdepartementet ein samtale om saka med den engelske legasjonssekretæren Lascelles og sette opp eit notat om det. Reusch heldt fram at England vonleg snart ville koma etter at «Norge hadde opptrådt helt korrekt og at det følgelig i fremtiden ikke kunne bli tale om at den slags ting ble gjentatt. Til dette svarte Lascelles at han beklaget å måtte si at han trodde at lignende skritt fra britisk side kunne bli gjentatt når som helst. Da jeg sa at han av pressen måtte ha sett at meningen i Norge om det britiske overgrep var helt klar og ensartet, svarte Lascelles at fremtredende norske privatmenn allerede for uker siden overfor medlemmer av den britiske legasjonen var fremkommet med oppfordring til å foreta seg ting i likhet med «Altmark»-aksjonen. Til dette kunne jeg bare svare at det var heldig for vedkommende privatmann at påtalemyndigheten ikke hadde kjennskap til saken.»[1]) Det som det i denne samanhengen gjeld for oss, er likevel det nye, opne og mest brutale varsku om å vera på vakt.

«Dagens Nyheter» kommenterte hendinga såleis: «Men ingen vet hur länge och hur långt de krigförande är beredda att ålägga sig ens partiella folkrättslige begränsningar. Det var en bitter erfarenhet, inte något pricipielt gillande, som föranledde utrikesminister Günther att i ett föredrag nyligen framhålla att neutraliteten inte är något man kan proklamera sig till, utan at den respekteras endast så långt man er istånd att försvara den.» (21. februar 1940.)

På ein måte kan ein seia at dette varslet ikkje var nokor ulykke, ja ein kunne kanskje seia at det hadde gjevi oss ei nådetid til å bu oss om vi hadde sett all vår kraft inn på å nytta ho. Men vi gjorde det ikkje. Det kunne vera ein fare med mobilisering at Tyskland med si store mistru ville kjenna ho vend mot seg. Her hadde ein no fått eit høve som gjorde ein slik tanke umogleg, og om England ville ha kjent interessene sine truga av ei norsk mobilisering, så var det mange utvegar til å få gjevi ei forklåring på kvifor ein mobiliserte, som ikkje kunne støyta nokon.

Tre dagar etter kampen i Jøssingfjord hadde Stortinget oppe spørsmålet om å løyva 160 millionar til nøytralitetsvakt og forsyningar utover dei 40 millionane som var gjevne før. Det var altså då eit godt høve til å ta fram spørsmålet om mobilisering, men det vart ikkje nemnt. Framlegget frå Regjeringa om den store summen, vart vedteki samrøystes, men det lange ordskiftet vart mest berre ein strid om formelle og konstitusjonelle spørsmål, serleg om maktområdet åt storting og regjering i løyvingssaker. Etter ordskiftet i Stortinget å døma skulle ein heller ha trutt vi var i djupaste freden enn midt i ein vill krig som truga med å riva landet med frå dag til dag.[2])

[1]) Notat 18. februar. U.D. 47. A. 16.
[2]) Stort.Tid. 1940 s. 368—386 og s. 405—435.

Stigande krigsfare.

Endå om ein var komen ifrå både nyttårs-krisa, «Altmark»-krisa og Finnlandskrigen utan å bli riven med i storkrigen, hadde ein i alle desse tilfelle sett krigen trugande nær. Den tanken måtte tvinga seg inn på ein, at kom det fleire slike pårøyningar, ville vi ikkje greia å halda oss utanfor lenger. Og nye farar av dette slaget måtte ein venta frå dag til dag, og ein måtte også venta at dei ville bli verre og verre di lenger krigen varde. At krigen ville bli langvarig, tok mange tenkjande menn til å ottast. Frå London åtvara Colban mot å tru at Tyskland ikkje ville halda ut med krigen.[1]) Utriksminister Koht sjølv trudde at krigen ville slutta uavgjord, men det kunne knapt tyda anna enn på ein lang uttrøyttingskrig. Vi har då også sett at i Utriksnemnda tok det til å koma fram ei reint fatalistisk stemning om at krigen var uavvendeleg for landet vårt.

Vi har sett at under Finnlandskrigen vart det agitert opp ei sterk stemning mot oss i Frankrike og England, aller mest i dei franske avisene. I sjølve det engelske parlamentet kunne ein høyra: «There are many in this country who believe that Norway and Sweden have earned and deserve the contempt of the world for the cowardly betrayel of their brave little neighbour who was fighting the battle of all Scandinavia.»[2]) Denne stemninga var så sterk at ho breidde seg til grannelanda òg, såleis til Belgia og Italia, ja jamvel like til Tyrkia. I italienske aviser kunne ein lesa: «Det har vært sagt at Pontius Pilatus har hatt bolig i Skandinavia.» Det gjev ånda.[3])

I Frankrike vart «Altmark»-saka òg gjord til eit klagemål mot oss. Det var ein skandale at norske offiserar ved etterrøking ikkje hadde kunna oppdaga 4 kanoner eller 400 engelske fangar, endå dei gjorde stor larm, og dei norske myndigheitene hadde lati «Altmark» eskortera av to kanonbåtar til vern.[4]) Då Moskva-freden kom, var det stor harme over den i Frankrike, og dei ville gjerne leggja ansvaret på Noreg og Sverige. Bachke varsla om at ein kunne venta sterkare pågang mot malmføringa frå Narvik no: «Det ser ut som en innskriden mot denne trafikk vilde møte stor tilslutning og nesten bli betraktet som en opreisning av det lidte nederlag og som et slags svar på det norske og svenske avslag i den finske konflikt.»[5]) Freden har, seier han, komi på tverke og har rivi bort grunnlaget for meir vidtgåande planar.[6]) To dagar seinare skreiv Colban det same: «Dette med hjelpen til Finnland må for de alliertes regjeringer og deres sakkyndige ha vært et påskudd for å kunne benytte norsk og svensk land og sjøområde til krigsoperasjoner mot tyskerne.» Difor er det berre

[1]) London 22. januar, 24. januar og 6. februar (nr. 208, 242 og 382), U.D. 38. E.
[2]) Archibald Southby 19. mars, Parliamentary Debates, vol. 358, s. 1926.
[3]) Ræder 18. mars (Ankara nr. 78), U.D. 47. C. 7, Hassel 20. mars (Brüssel nr. 147). U.D. 35. G. 2, IX og Aubert 15. mars (Roma nr. 184), U.D. 35. G. 2. IX.
[4]) Bachke telegram 18. februar. U.D. 35. G. 2. VII.
[5]) Paris 15. mars 1940 (nr. 393), U.D. G. 2. IX.
[6]) Paris 12. mars (nr. 375), U.D. 35. G. 2. VIII.

eit tidsspørsmål når det kjem ein ny framstøyt. «Det gjelder, at man ikke lar sig bedra av den lettelse i det storpolitiske trykk på oss som fredsslutningen i Moskva kan synes å føre med sig. Det er styrkeprøven mellem Storbritannia—Frankrike og Tyskland, som det hele står på. Så lenge den er uavgjort, er faren for oss overhengende.»[1]) Dette var inntrykket i Roma òg. Aubert skreiv at no er faren for krig i Skandinavia hindra, «såfremt da ikke engelskmennene finner en utløsning for sin bitterhet i åpen ny fortsatt krenkelse av det norske sjøterritorium.»[2]) Den tanken møter ein då frå fleire kantar at Finnlands-krigen kjendest som eit nederlag for Vestmaktene, og at ein måtte venta dei ville søkja skadebot i meir energisk politikk og krigsføring andre stader, kanskje i Noreg. Her hadde ein det gamle klagemålet at etter den norske kysten var det eit hol i blokaderingen mot Tyskland, som det var mykje om å gjera å få dytta i.

24. februar skreiv jamvel «The Economist»: «Norwegian territorial waters almost compensate Germany for her lack of a navy. They are the safe channel of return for German ships of every description, submarines fresh from attacks on merchantmen, cargo boats loden with Swedish ore, warships conveying British prisoners to prison camps in Germany. It is difficult to imagine what Germany would do without Norway's territorial waters.»

Den åtvaringa ein hadde fått i noten 6. januar og i aksjonen mot «Altmark», vart teken oppatt og understreka på ny i talar av ansvarlege ministrar i Parlamentet. Etter «Altmark»-saka klaga Churchill 27. februar over brutaliteten og lovløysa åt Tyskland. Det vinn føremoner for seg ved å bryta alle reglar, men held så seinare på den strengaste tolking av internasjonal lov for andre. Han er trøytt av dette. «For my part I say without hesitation that in the interpretation of the rules and conventions affecting neutrals humanity rather than legal pedantry must be our guide.» Og han tek «Altmark»-saka til vitnemål om at dette er meininga, ikkje berre åt den britiske nasjon, men åt den siviliserte verda.[3])

Etter freden i Moskva sa Chamberlain 19. mars i Parlamentet at ein kunne nok ha samhug med land som Noreg og Sverige, relativt verjelause som dei står; faren har nærma seg dei meir og meir «til han no står på dørstokken til dei». Dei er lamslegne av ei nøytralitetslære, og den er bygd på den førestellinga at alt er betre enn å bli innblanda i krigen mellom Tyskland og dei allierte. Dette kviler atter på den førestellinga at det er det same for dei nøytrale kven det er som vinn krigen. «Until those assumptions are abandoned, and the necessary deductions are drawn from that abandonment, the policy of these small neutral States will neither correspond to realities nor will it be adequate to safeguard their own interests. Nothing will or can save them but a determination to defend themselves and to join with others who are ready to aid them in their

[1]) London 14. mars (nr. 802), U.D. 35. G. 2. VIII.
[2]) 15. mars (nr. 184), U.D. 35. G. 2. IX.
[3]) Parliamentary Debates, Vol. 357, s. 1828.

defence.» [1]) Som ein ser er både desse talane, likeeins som notane frå Halifax, nokså klåre oppmodingar til oss om å gje opp nøytraliteten og stella oss ved sida åt Vestmaktene i striden mot den tyske faren. Så vidt tydelege oppmodingar frå ministrane i eit land som England var ikkje langt ifrå krav, eller dei var førebodingar om krav.

Det var då ikkje under at utriksministeren var sterkt oppteken av faren frå Vestmaktene, ja at dette var det som mest tok tankane hans: «Eg sette alle evnene mine inn på å avvende faren. Fyrst og fremst galdt det om å få vestmaktene til å gje opp tanken om å gripe inn med makt innafor norsk sjøområde.»[2]) Han freista overtyda den britiske regjeringa om at i den hovudsaka ho klaga over, malmførsla frå Narvik, hadde ho øverdrivne førestellingar om dei mengdene som gjekk til Tyskland, og 19. mars sende han eit aide-mémoire til legasjonen i London til vidaresending til det britiske utriksdepartementet med ei utgreiing med detaljerte taloppgåver over malmsendinga både til England og Tyskland, som synte at malmførsla til Tyskland no under krigen var mykje mindre enn i fredstid, men at utførsla til Storbritannia heldt seg godt. Denne framstellinga var på førehand godkjend av det svenske utriksdepartementet, og den svenske sendemannen i London fekk ein gjenpart.[3])

13. februar kunne kommanderande admiral senda ei melding om at eit engelsk handelsskip, «Baron Kelvin», hadde vori på veg til å skyta på ein ubåt i norsk sjøområde i den trua at han var tysk. Saka vart meld til Foreign Office, og Colban la til at endå hadde den norske marina ikkje vori god til å påvisa ein tysk ubåt i våre territoriale farvatn, så om engelske skip gjekk til aksjon stod dei i fare for å skyta på norske ubåtar.[4])

Det kom tett med nøytralitetskrenkingar i denne tida. 17. mars flaug to tyske fly over Bergen. 18. mars klaga eit tysk skip, «Hamburg» over at engelske fly krinsa over det på norsk sjøområde. Om morgonen 21. mars bad ein tysk trålar «Nordland» frå Hustadvika om hjelp mot ein engelsk jagar som heldt seg nær ved norsk sjøområde, og ein lastebåt, «Europa», fekk fylgje av ein norsk torpedobåt over Hustadvika. Ein engelsk jagar kom inn på norsk sjøområde og sende signal med bod om å få namnet på skipet, men den norske torpedobåten nekta å gje opp namnet og viste jagaren bort. Endå eit tredje tysk skip («Ilse L. M. Russ») vart denne dagen forfylgt av engelske jagarar innanfor territorialgrensa på Hustadvika. Om morgonen den 22. skaut ein engelsk jagar i norsk territorialfarvatn utfor Obrestad varselskot mot eit tysk skip, så prosjektilet datt ned på land ikkje langt frå Varhaug jarnvegstasjon. Den 23. var det tyske malmskipet «Nauenfels» forfylgt av engelske jagarar, så det laut søkja tilflukt i Rossfjorden, men derifrå fekk det fylgje av den norske torpedo-

[1]) Parliamentary Debates, Vol. 358, s. 1846.
[2]) Koht, II, s. 13.
[3]) Brev frå Oslo 14. mars (nr. 451) og telegram 23. mars. Londonlegasjonen. K. 16, jfr. nr. 271.
[4]) Brev frå Diesen, jnr. 1443, brev frå Colban 12. mars (nr. 773). U.D. 37. D. I.

båten Teist til Feistein. På ei veke, frå 16. til 22. mars, vart det notert 25 framande fly over norsk område, dei fleste sikkert engelske.[1]) Til 9. mars var det protestert i Berlin mot 21 og til 27. mars var det protestert i London mot 44 tilfelle av nøytralitetskrenkingar.[2]) Dertil kom alle meldingane i avisene om korleis norske skip vart påtekne og norske sjøfolk vart drepne av tyske fly og ubåtar.

Desse nøytralitetskrenkingane vart fylgde av tilsvarande diplomatisk verksemd. Den tyske ministeren dr. Bräuer må visst ha hatt ein samtale med Koht alt den 21. og har då visstnok klaga over at det har vori skote etter dei tyske flya som hadde flogi over Bergen. Ein har rett nok ikkje funni noko notat om det i Utriksdepartementet, men Bräuer telegraferer den 22. kl. 4.40 til Berlin at heretter vil ein skyta på alle fly som har komi over norsk område. Dette var nytt, og Bräuer forklåra det slik, at etter krigen med Finnland no var slutt, kom det ikkje lenger fly over Noreg på veg til Finnland, og då var det ingen fare med å skyta.[3])

23. mars kalla Koht til seg den britiske legasjonssekretæren Lascelles (ministeren var sjuk), og sa at vi ikkje kunne finna oss i dei britiske nøytralitetskrenkingane lenger. «Eg minte om at heretter skaut vi.»[4]) Det kunne elles ikkje vera noko nytt for England, for fjorten dagar før (9. mars) hadde Koht gjevi ordre til legasjonen i London om å gje ei under hands melding til Foreign Office om at heretter hadde luftvernet over heile Noreg ordre til å skyta på framande fly over norsk territorium.[5]) Det nye måtte då vera at skytinga også skulle gjelda krigsskip. Meininga blir nøyare forklåra av den tyske sendemannen, som tala med Koht straks etterpå. Koht hadde då fortalt til han at han hadde varsla den engelske regjeringa om at norske stridskrefter hadde streng føresegn om å opna eld mot alle framande krigsskip og alle framande fly som gjorde seg skuldige i folkerettsstridige tiltak eller krenkte norsk område. «Er hoffe,» seier dr. Bräuer, «dass durch diesen Schritt die Respektierung der norwegischen Hoheitsgewässer und des norwegischen Territorium erreicht werden wird.»[6]) Koht nemnde også fleire gonger at norske torpedobåtar hadde fått engelske jagarar til å gje opp åtak og søkja ut på havet. «Er hoffe dass die deutsche Regierung die Ernsthaftigkeit und den Erfolg der norwegischen Bemühungen anerkenne und diesen Umstand Rechnung tragen wird.» Han trudde ikkje på nokon landgang av engelskmennene i Noreg, men vi laut stå på vakt så «dass nicht durch mehr oder weniger

[1]) Notat av byråsjef Rolf Andersen 22. mars, U.D. jnr. 09389. 38. D. 2/40 tillegg.

[2]) Notat i U.D. 3. april. 38. D. 1/39, tillegg.

[3]) A. A. Norden f. nr. 13890.

[4]) Notat 23. mars 1940, sendt til legasjonen i London same dagen (nr. 497). Londonlegasjonen. K. 16. Det må vera denne samtalen overlækjar Scharffenberg siktar til i den talen han heldt 9. april 1946. Han meinte saka var så viktig at ho burde koma til gransking ved ein eventuell riksrett mot Koht. Det heile tykkjest kvila på ei mistyding anten av Scharffenberg eller av den diplomaten han har tala med.

[5]) Brev til legasjonen i London 9. mars (nr. 430). Londonlegasjonen. K. 16 a, II.

[6]) Telegram 23. mars (nr. 387). A. A. Norden f. nr. 13895 ff.

regelmässige Eingriffe von hoher See oder aus der Luft eine Verletzung des Völkerrechts durch Störung der Schiffahrt in norwegischen Hoheitsgewässern stattfinde».

Skulle trugsmålet frå Koht om å skyta ha hatt så stor verknad som han rekna med, nemleg at det skulle halda nøytralitetskrenkingane borte, måtte det vel ha vori fylgt av større tiltak med større militær innkalling. Når det ikkje vart gjort noko i den leia, låg det ikkje stor realitet i trugsmålet, og vi fekk snart røyna kva vekt dei krigførande maktene la på det.

Denne samtalen med Bräuer hadde Koht straks etter samtalen med Lascelles. Grunnen til samtalen var klagemål frå Bräuer over at engelske orlogsskip fylgde etter tyske handelsskip på norsk sjøområde, og vi har sett at Koht då kunne svara at han alt hadde sendt protest til London. Det synte seg elles at Colban fann saka så viktig at han straks hadde protestert for Halifax, endå før han hadde fått instruks heimanfrå om å gjera det.[1])

Bräuer heldt fram at den norske regjeringa måtte ha det klårt føre seg kor alvorleg situasjonen vart etter alle dei siste britiske inngrepa; men han for sin part ville gjera sitt for at den tyske regjeringa venta med å gjera noko («dass man in Berlin abwartet»). «Eg sa at eg vona at den tyske regjeringa ikkje ville ta desse siste hendingane til orsaking for nøytralitetskrenkingar frå si side, og eg streka sterkt under at vi ville verja oss av all vår evne imot dei britiske krenkingane. Bräuer sa at han ville ikkje truge, men han måtte peike på at regjeringa hans kunne bli nøydd til å gripe inn. Eg sa på nytt at Noreg, såleis som han visste av det eg hadde fortalt han i dag, sette seg av all kraft til motverje imot alle krenkingar, og eg vona at den tyske regjeringa ikkje ville gjera situasjonen verre for oss enn han alt var. Bräuer sa at han ville råde regjeringa si slik at ho ikkje i dag gjorde noko som var «irreparabel». Og eg streka under at heller ikkje den britiske regjeringa enda hadde gjort noko som var «irreparabel».»[2])

To dagar seinare kom dr. Bräuer att og no med nye klager, serleg over forfylginga av «Nauenfels». Koht skreiv om samtalen: «Bräuer sa at når slike ting hende gong på gong, så synte det at Noreg ikkje kunne verja området sitt, ja då kunne vi ikkje gjera innkast imot at Tyskland sjølv tok over vernet.» Det mælte Koht sterkt imot, og streka under at vi hadde avvist alle britiske tiltak mot tyske skip så nær som for «Altmark». «Vi ville gjera alt som stod i vår makt til å halda nøytraliteten oppe og verja oss mot inngrep frå nokon kant. Dr. Bräuer tok oppatt det han hadde sagt for to dagar sia, at det han sa, var ikkje trugsmål, og han tala utan instruks frå regjeringa si. Han hadde berre vilja seia frå om kva dei alvorlege drøftingane («die ernsten Erwägungen») i regjeringa i Berlin

[1]) Brev frå Colban 27. mars (nr. 905). Londonlegasjonen. K. 16.

[2]) Notat 23. mars 1940, sendt legasjonen i London same dagen (nr. 497). Londonlegasjonen. K. 16.

om desse spørsmåla kunne føra til. For sin eigen part sa han at så lenge den faste viljen og det faste ynsket («der bestimmte Wille und Wunsch») til å verja nøytraliteten var levande i Oslo, så ville han setta all si evne og jamvel sjølve stillinga si inn på å hindra at noko vart gjort frå tysk side som kunne draga Noreg inn i krigen.» Han klaga over Oslo-pressa, at ho skuva til sides dei norske protestane mot engelske overgrep, men bles opp protestane mot Tyskland; men Koht svara med å visa til talane sine om utrikspolitikk. Der var protestane mot England så sterkt framhaldne at engelskmennene tykte det var gjort for mykje av det. «Eg sa at eg hadde fullt av vitnemål som prova for meg at den utanrikspolitikken eg fylgde hadde den sterkaste folkemeininga bak seg, og det sa Bräuer at han òg var overtydd om.»[1])

Den faren at Tyskland kunne vilja koma i forkjøpet for Vestmaktene med å setta seg fast i Noreg, var då altså Koht åtvara imot, og elles òg var han fullt klår over den. Han klaga over skrivinga i pressa åt Vestmaktene, og aller verst den franske. Når tyskarane der stendig kunne lesa at Vestmaktene måtte setta seg fast i Noreg for å få slutt på den tyske skipsferdsla etter den norske kysten, måtte det lokka dei til å skunda seg for å koma i førevegen. Dette fekk han høve til å halda fram for ein kjenning frå Frankrike, Grumbach, nestformann i utriksnemnda åt deputertkammeret. Han fekk han til å lova å freista få stogga denne skrivinga, som var endå farlegare ved det at alle visste at pressa i Frankrike stod under tilsyn av regjeringa. Men det hjelpte ikkje.[2])

Noko stort rom i tanken åt Koht fekk denne faren frå Tyskland likevel aldri. Til det var han for sterkt overtydd om at det var imot Tysklands eigne sanne interesser å gjera Noreg til krigsområde. Til det hadde han òg — som dei fleste andre — for store tankar om makta åt den engelske flåten. Saman med den franske gjekk ein ut ifrå at den hadde absolutt herredøme på havet, over Nordsjøen òg; den faren ein flåte kunne vera ute for ifrå fly, hadde vel få full forståing av enno. Endeleg sette Koht opp eit ålment resonnement om at etter den moderne krigsteknikk kunne det ikkje lenger vera så mykje om å gjera for nokor av dei krigførande maktene å gjera seg til herrar i Noreg; det var ikkje så viktig lenger å ha basar for sjøkrigen på den norske kysten som det hadde vori i krigen 1914—18. Dette var eit resonnement som han må ha lagt stor vekt på, for han tok det oppatt i mange samanhengar.

Spørsmålet var diskutert i ei utgreiing av Admiralstaben i mars 1937: «Norges sjøforsvar. Oppgaver og midler.» Denne utgreiinga drøfte m. a. eit arbeid av ein tysk sjøoffiser, viseadmiral Wegener, om «Die Seestrategie des Weltkrieges»; der var det gjort til eit hovudkrav for Tyskland at i ein krig mot England måtte det vinna basar i Noreg. Admiralstaben fann at det var sterke grunnar som tala imot at Tyskland kunne gjennomføra

[1]) Notat av Koht 25. mars, sendt i avskrift til legasjonen i London 27. mars (nr. 505). Londonlegasjonen. K. 16.

[2]) Koht II, s. 14.

ei slik krigføring då ho ville vera for vågeleg, men kunne ikkje nekta at det var mogleg: «Vi er imidlertid nødt til å regne med en sådan mulighet, men sikkert er det jo at jo mer verdifullt vårt nøytralitetsvern er, desto mindre blir sannsynligheten for at en sådan plan blir forsøkt realisert.» (s. 17). Etter denne utgreiinga skulle då eit sterkt norsk nøytralitetsvern kunna gjera tysk landgang i Noreg lite sannsynleg, men alle — utriksministeren òg — måtte veta at det norske nøytralitetsvernet ikkje var sterkt. Altså var det grunn til å rekna så mykje meir med at ein tysk landgangsfreistnad kunne vera tenkjeleg. Endå ingen kunne veta kor stor vekt tankane åt Wegener hadde i tysk politikk og strategi, så var likevel boka åt Wegener i seg sjølv eit vitnemål om at slike tankar spelte ei viss rolle i viktige politiske og militære krinsar i Tyskland. Tysk landgang i Noreg var ein tanke som ein her i Noreg var nøydd til å rekna med. Ein tala av kaptein Øy i militære Samfunn 7. mars 1939 syner at norske offiserar rekna med det. På ei einaste natt, sa han, kan ei fiendsmakt ha sett seg fast på festningsverka ved Oslofjord, Kristiansand og Bergen utan å ha løyst eit einaste skot.

Koht hadde elles i det heile altfor store tankar om styrken åt det norske nøytralitetsvernet. Han meinte det var lite truleg at fiendslege krigsskip kunne koma innom festningsverka i Oslofjorden, og gjorde dei det, ville dei vera komne i ei rottefelle. I ei hovudsak kunne han her byggja på det som vanleg vart sagt av våre militære, at tysk landgang nordanfor Jæren var utenkjeleg. Ja som vi har sett (s. 175), hadde kommanderande admiral hevda at vonene for ein militær landgang i Noreg i det heile var små.

Utanom dei åtvaringane som låg i ein storpart av breva frå legasjonane, kom også to av sendemennene våre til Oslo utpå vinteren 1940 og heldt fram alvoret i stoda. Vi har alt sett at Maseng reiste eins ærend frå Moskva til Oslo i slutten av februar månad for å tala om denne saka. Litt seinare, ved påsketid, som dette året fall i mars, kom Colban frå London for å orientera seg om stoda heime. Han hadde ein samtale med Nygaardsvold, Koht, Støstad og heldt fram at no laut landsforsvaret koma fyrst og framom sosialpolitiske krav; det hadde vorti sagt at eingongsutgiftene ville bli for store ved utbygginga av forsvaret. Han avtala så nytt møte med Nygaardsvold om saka dagen etter og gjekk fornøgd ifrå det. No visste han at Noreg ville forsvara seg.[1]) Ein må då tru at statsministeren her har gjevi klårare rettleiing til sendemannen enn han gav i Utriksnemnda åt Stortinget.

Etter som farane frå dei krigførande landa såleis tårna seg opp omkring oss, freista Koht om det kunne vera hjelp å få hjå Sambandsstatane i Amerika. Han hadde lati sendemannen vår i Washington få opplysingar om korleis sakene utvikla seg, og gav no ordre om at han på fortruleg måte kunne gjera utriksdepartementet i U.S.A. kjent med det. Han skulle halda fram for den amerikanske regjeringa det spørsmålet, om ho

[1]) Colbans forklåring til Granskingsnemnda 22. februar 1946.

ikkje kunne finna utveger til å påverka den engelske, så ho let vera alt som kunne føra til slike forviklingar med tyske mottiltak at Noreg kunne koma til å få krigen inn på sitt område.[1]) Han bad også den amerikanske regjeringa gje stønad i Paris for norsk syn og viljen vår til å hevda gjeldande folkerett heilt upartisk. Framstellinga åt Morgenstierne vart venleg motteken i det amerikanske utriksdepartementet, men i rapporten sin legg han til: «Jeg vil dog ikke la være å nevne i denne forbindelse at jeg har fått den forståelse at ledelsen i State Department overveiende er av den oppfatning at Vestmaktene stort sett kjemper for ideer og interesser som faller sammen med Sambandsstatenes og andre demokratiske lands. Enn videre at britiske nøytralitetskrenkelser er av mindre alvorlig art enn den annen parts opptreden overfor de nøytrale og av forholdsvis mindre betydning sammenlignet med det fundamentale spørsmål om hvem som skal gå seierrik ut av krigen.»[2]) Trass i alle venlege ord om at spurnaden frå den norske regjeringa «ville bli gitt den omhyggelige overveielse som saken fortjente», er då likevel svaret i røynda nei og full stønad til engelsk synsmåte og politikk.

Samstundes som dei norske protestane vart kjende i den engelske pressa, kunne ein der lesa at øvste krigsrådet i nær framtid ville ta opp spørsmålet om det tyske bruket av norsk sjøområde, og Colban la til: «Jeg frykter fransk press på England hvorved Halifax's modererende innflytelse kan bli tilsidesatt.»[3])

Møtet i det øvste krigsrådet som ein såleis venta og ottast, vart haldi 28. mars. Same dagen kunne Koht telegrafera til legasjonen i London at ein tysk ubåt som hadde stranda ved dei yttarste skjera aust for Ryvingen, var førd inn til Mandal. Trass i tysk protest hadde Regjeringa lati både ubåten og mannskapet internera etter norske nøytralitetsreglar.[4]) Dette vart gjort etter tilråding frå den folkerettlege rådgjevaren åt Departementet, professor Castberg, endå Koht frå fyrsten heldt på ein annan synsmåte i denne saka, som visst var ei folkerettleg vanskeleg og tvilsam sak.[5]) Såleis hadde Regjeringa i dette tilfelle gjevi prov for at ho hevda nøytraliteten. Det fekk knapt nokon ting å seia i London. Av eit privatbrev frå Koht 29. mars får vi eit inntrykk av vanskane desse dagane:[6])

> «.... Påskehelga vart så vanskeleg så eg har ikkje hatt verre tid sia krigen kom, — og det seier mykje. Det var både fransk-engelske og tyske trugsmål mot sjøområdet vårt, — den tyske sendemannen var hos meg med dei båe påske-efta og andre påskedagen. Så kom no affæren med den tyske ubåten som eg sat og diskuterte og drøfte mest i ein kjør ein heil dag. Reint rettleg var spørsmålet så flokut så nær-sagt kvar einaste løysing let seg forsvara. Og politisk var det enda vandare. Men til slutt gjorde vi da vedtak om å internere, og eg trur alt eg torer seia det har synt seg politisk klokt. Tyskarane protesterer og prosederer, men går visst ikkje lenger heller. Og dei allierte har fått mindre grunn til å klaga på oss. Dvs. dei hadde i røynda ingen g r u n n, men dei fekk seg sjølve til å tru det, og no gjorde vi noko som kunne sette dei på andre tankar. Men enda veit vi ikkje kva dei kan finne på ....»

[1]) Telegram til legasjonen i Washington 25. mars, jfr. telegram til London 27. mars (nr. 433). Londonlegasjonen. K. 16 a.

[2]) Brev frå Morgenstierne 29. mars (nr. 410 1940).

[3]) Telegram 28. mars. Londonlegasjonen. K. 16, 2776.

[4]) Londonlegasjonen. K. 16, a nr. 2796.

[5]) Castberg: Av opptegnelser 1. september 1943.

[6]) Brev til Åse Gruda Skard.

Ein visste at det var sterke krefter i England, i regjeringskrinsane òg, som kravde ein sterkare pågang på Noreg, og serleg visste ein at det var tilfelle i Frankrike, både i ein sterk avisagitasjon og i politiske og militære krinsar. Der hadde no vori regjeringsskifte og Reynaud var komen til makta med ei meir energisk krigføring til program. Ein visste at i lang tid hadde franskmennene lagt press på England for å få det til å gå hardare fram mot Noreg. Det var då all grunn til å tru at vedtak i den leia no kom til å bli gjorde. Det vart dei òg. Vi må tru at det har vori gjort avtale både om dei notane vi fekk 5. april og om minelegginga av norske sjøstykke 8. april; det var berre den skilnaden at desse hendingane eigenleg skulle ha komi nokre dagar før, 1. og 5. april istadenfor 5. og 8.[1]) Dette siste kunne den norske utriksstyringa ikkje veta den gongen; men at den norske saka kom føre, visste ho, og at det då òg ville bli planlagt ein hardare framgang mot oss var det all mogleg grunn til å tru.

Merkeleg nok skreiv Colban dagen etter, straks etter han hadde hatt ein samtale med Halifax: «...og jeg tror personleg, at der virkelig ikke av den britiske regjering er fattet noen beslutning om å gå til aksjon på norsk sjøterritorium for å stanse tysk varetransport der». [2]) Denne meldinga åt Colban er nokså underleg, då han elles vanleg gjev så sikker kunnskap; men ho svarar godt til eit telegram som sendemannen i Paris, Bachke, sende same tid, at «vestmaktene for tiden ikke tilsikter stoppe transittrafikken av svensk malm over norsk sjøområde men at campagne igangsatt som forsøksballong for å undersøke alminnelige reaksjon mot slikt tiltak»,[3]) eller i ei anna melding frå Bachke dei same dagane, at Frankrike aldri har hatt til tanke å stogga den tyske malmtrafikken. «Det var om Skagerak Vestmaktenes operasjoner ville konsentrere seg.»[4]) Dette tyder på at utrikssstyringa i London og Paris desse dagane har lagt vinn på å villeia det norske diplomatiet, gje det ei falsk ro, så tiltaka deira seinare kunne koma med den dobbelte styrke som det uventa gjev. Colban legg då likevel til at pressa vart meir og meir pågåeleg i klagene sine, at det kanskje fanst dei i krigskabinettet som ville ha meir pågåeleg framferd mot oss, og at

[1]) Tysk Kvitbok nr. 6. Dok. nr. 30, jfr. nr. 33 og 41.

[2]) London nr. 927. Londonlegasjonen. K. 16.

[3]) U.D. Jnr. 9840, 38. D. 2/40, III.

[4]) U.D. til Colban 4, april, telegram nr. 454. Londonlegasjonen. K. 16.

franskmennene gjerne såg at engelskmennene sette seg ut over omsynet til Noregs nøytralitet.

Etter ordre frå Utriksdepartementet 30. mars [1]) sende Colban til den engelske pressa ei utgreiing med statistikk over føringa av jarnmalm frå Narvik, altså nokolunde det same som før var sendt til det britiske utriksdepartementet. Han peika der på at kanskje meir enn 9/10 av den svenske jarnmalmen til Tyskland gjekk over Luleå og andre svenske hamner, og av utførsla frå Narvik atter hadde den delen som gjekk til England stigi frå 99 000 til 475 000 tonn frå februar 1939 til februar 1940, medan utførsla til Tyskland i same tid hadde gått ned frå 132 000 til 70 000 tonn. Denne meldinga fekk han straks inn i nokre av avisene («Evening Standard» og «Evening News»), og han melder at ein kunne merka det gjorde verknad. Han tala òg med sjefen for nordisk politikk i utriksdepartementet, Collier, og klaga over den måten som den engelske pressa skreiv om å gjera inngrep på norsk sjøterritorium «som om Norge ikke lenger var noen suveren stat, men et land hvor de krigførende skulle kunne tillate seg hva de ville». Han peika på at det var ikkje berre tyske, men engelske skip òg, som fekk eskorte langs den norske kysten, han streka atter under at Noreg heile tida hadde fyllt pliktene sine og hevda nøytraliteten, og den faste viljen vår til å unngå å sjå at Noreg vart gjord til slagmark for stormaktene, og han bad om at England ikkje måtte driva Noreg inn i krigen. [2]) Dei same dagane (30. mars og 1. april) klaga Bachke i utriksdepartementet i Paris over skrivinga i den franske pressa, og han let òg senda ut dementi av sume av dei verste tinga. [3])

Frå tysk side skreiv «Völkischer Beobachter» 28. mars ein artikkel med den talande overskrifta: «Offene Ankündigung des Bruches der skandinavischen Neutralität.» Det var svar til Vestmaktene om å føra tilsyn med den tyske skipsfarten på norsk sjøterritorium. Dette var, hevda bladet, på den eine sida å tvinga den tyske legitime skipsfarten etter den norske vestkysten til å stogga, på den andre sida å vinna stødepunktar og gøymestader for den britiske flåten i dei norske fjordane. [4]) Serleg dette siste måtte nærmast lyda som signal til krig, og vart så mykje meir alvorleg med den halvoffisielle stoda som «Völkischer Beobachter» hadde i Tyskland. Bakgrunnen for den faren som lyfte seg her, vart forklåra såleis av Scheel i eit brev same dagen: «Vestmaktene har vel allerede funnet ut, at malmtilførselen til Tyskland fra de svenske gruber er lettere sårbar enn oljetilførselen fra den nære Orient. Det blir i tilfellet Norge som må holde for her. Malmskibningen gjennem Østersjøen kan jo Vestmaktene ikke komme nær. Med malmskibningen over Narvik langs den norske kyst på norsk sjøterritorium er det en annen sak. Inngrep på norsk sjøområde vil stride mot folkerett. Men det ser ikke ut som om sånne

[1]) U.D. Konsept 9840, 38. D. 2/40, III.
[2]) London 1. april 1940, nr. 954. Londonlegasjonen. K. 16.
[3]) U.D. jnr. 10401, 1940.
[4]) Berlin, nr. 578, U.D. 38. D. 2/40, III.

hensyn kan være bestemmende for England og Frankrike. Såvidt vites, går ca. 50 % av den svenske jernmalmeksport til Tyskland over Narvik. Kan England få denne transport stanset, vil det ha rammet Tyskland på det alvorligste.» Det er altså slik at sers stor interesse for dei krigførande partane kryssar kvarandre på norsk sjøområde, og faren for at krigen kjem til å bli ført hit, er tilsvarande stor. Scheel sluttar då òg brevet sitt med at «det eneste helt sikre er, at Norge bør holde sitt forsvar i orden, så sterkt som vår ytterste evne tillater».[1])

Colban klaga over at den engelske pressa skreiv om Noreg som det var eit land der dei krigførande «kunne tillate seg hva de ville». Dette inntrykket tvingar seg inn på ein, ikkje berre av den engelske pressa, men endå meir av den franske og tyske pressa. Dei skreiv om Noreg nærmast som om det var eit militært tomrom, men som all historisk røynsle syner, er militære tomrom sers farlege i krig.

Om Colban kunne kjenna seg roa etter samtalen med Halifax 29. mars, så gav «The Times» andre signal dagen etter: «Certainly there is nothing agreable in the spectacle of Norwegian patrol boats with German ore-ships under their patronage at a time when Norwegian and other seamen are being murdered from the air from German bombers or from under the sea by German U-boats.» Om kvelden same dagen tala Churchill i radio: «The fact that many of the smaller states of Europe are terrorized by Nazi violence and brutality into supplying Germany with the materials of modern war, may condemn the whole world to a prolonged ordeal with immeasured consequences in many lands. Therefore I cannot assure you that the war will be short, and still less that it will be easy.» Skulda for at krigen kjem til å bli så lang og vanskeleg, blir lagd på dei nøytrale. «We have the greatest sympathy for these forlorn countries and we understand their dangers and their point of view; but it would not be right, or in the general interest, that their weakness should feed the aggressors' strength and fill to overflowing the cup of human woe. There could be no justice if, in a mental struggle, the aggressive tramples down every sentiment of humanity, and those who resist him remain entangled in the tatters of violated legal conventions.»[2])

Det store liberale bladet «The Manchester Guardian» ynskte nok at Churchill av og til kunne «display a little more patience with their very neutral reluctence to see their countries turned into much more of a battlefield than this island is never likely to become», men jamvel dette bladet var samd med Churchill i hovudsaka.[3]) Og elles kunne det ingen tvil vera om at Churchill hadde gjevi ord, ikkje berre for den ålmenne folkemeininga, men for synsmåtane åt regjeringa òg. Ingen kunne vera i tvil om at Churchill ville ikkje bli verande «entangled in the tatters

[1]) Berlin nr. 577, 1940. U.D. 39. E. 9. V.
[2]) Sunday Times 31. mars 1940.
[3]) 1. april 1940.

of violated legal conventions», og tre dagar etter denne talen var han då òg sjef for heile den samla krigføringa i Storbritannia.

Den prinsipielle motsetningen mellom norsk og engelsk syn kjem kanskje aller klårast fram i ein artikkel i «The Times» om «The Norwegian Protest» (28. mars). Den dominerande kjensgjerninga er at den britiske flåten gjer alt i si makt for å verna om interessene åt dei nøytrale, medan Tyskland ikkje vyrder dei. Inkje norsk skip har vori påteki av engelskmennene, og nordmennene veit at dei blir det ikkje heller. Men Noreg har mist 60 skip og 400 sjømenn ved tysk aksjon, miner, eller torpedo eller bombing utan varsel. Arbeidet åt britisk flåte og fly i farvatn der norske skip går, er nett å hindra slike «atrocities»; det er berre til vinning for dei nøytrale. Vi ventar ikkje at dei nøytrale skal slutta med nøytraliteten, men dei skal «refrain from straining the law to the unnecessary hindrance of operations from which they benefit so greatly». Eller som Churchill sa i talen sin, — i dei britiske og franske konvoiane var det trygd. Av dei skipa som søkte vern der, vart ikkje meir enn 1 av 800 søkkt; men utanfor Englands vern var det miskunnlaus undergang.

Koht heldt seg til ei strengt formell juridisk tankeføring. Der det var juridisk bindande prov for overgrip, protesterte han, elles ikkje. Då no dei engelske overgripa — i alle fall det med «Altmark» — låg ope i dagen, var det også lett å koma med protestane der; men dei tyske overgripa med miner, fly og u-båtar var i mange tilfelle overlag vanskelege eller heilt umoglege å prova, — altså var det heller ikkje grunnlag for protest, endå om desse overgripa i seg sjølv var aldri så oppskakande med si omsynslause øydelegging av manneliv og verdiar. Dette var for engelskmennene ein formalprosedure, som såg bort ifrå det som trass i alt var ei sikker kjensgjerning, at norske skip vart søkkte og norske sjømenn drepne i mengder ved tyske overgrip, men aldri ved engelske. Rett nok gjekk dei verste tyske krenkingane ikkje for seg innanfor norsk territorialgrense men på ope hav, men dei var ikkje mindre grufulle for det. På same måten var det med minene. Der òg sette Koht dei krigførande partane på like line i talane sine. Det var også rett nok at her heller kunne ein ikkje prova med dokument og svart på kvitt at minene var tyske, men det var likevel soleklårt for all verda at dei var det. England kunne umogleg ha interesse av å stengja for sine eigne kystar og farvegar med miner. At notane og talane åt den norske utriksministeren likevel sette Storbritannia på like line med Tyskland i krigføringa si, tykte engelskmennene var mykje urettferdig, og dei ville ikkje la nøytralitetspolitikken åt eit veikt land vera fullgod forklåring eller orsaking her. Det ville dei så mykje mindre, fordi det ikkje var berre i krigsmåtane, men det var også i krigsmåla og den politiske ideologien den norske utriksstyringa ingen skilnad gjorde på dei krigførande. At siger for England var fridom for Noreg, men siger for Tyskland var det same som ein tysk Gauleiter i Oslo, meinte engelskmennene var sikkert nok, og det burde vi ikkje lata

att augo for. Det gjorde vi vel ikkje heller, endå om Koht fann at streng nøytralitet kravde at vi ikkje let det koma fram.

Her heime var det òg mange som kjende seg uhugna ved kritikken åt utriksministeren over krigføringa åt Vestmaktene. Lengst gjekk Koht mot den franske og engelske bladskrivinga om Noreg i den radiotalen han heldt då Finnland hadde gjort fred med Russland, og han forsvara den norske politikken i den finsk-russiske krigen. Då sa han beint fram: «Det er berre vond vilje eller vonde planar som kan halda liv i skuldingar av dette slaget og nytta dei til årsak for inngrep imot Noreg utanfor folkeretten.» Jamvel Kohts eige partiblad «Fremiden», skreiv om dette: «Disse ord inneholder både en alvorlig anklage og en mistenkeliggjøring av Vestmaktenes hensikter mot Norge. Vi er redd at disse ord av utenriksministeren kan bli mistydd og misbrukt. Og er det klokt og riktig å ta slik på veg? Hvis vi ikke har venner blant Vestmaktene, hvor skulle vi så ellers ha dem? Og vi må ikke stelle oss slik at vi blir venneløse i verden. Det er så at de franske og engelske presseanklager kan irritere oss fordi at de er urettferdige og ofte direkte løgnaktige. Men ingen dør av ord i pressen. De sulter og fryser ingen ihjel heller. Og det er ikke England og Frankrike som dreper våre sjøfolk og sender våre skip til bunns. Folk flest i Norge føler det slik at den makt som gjør det, er den som verst og mest har krenket både vår nøytralitet og vår rettferdighetssans.» (15. mars 1940.)

Andre aviser var òg uhuga ved at utriksministeren gav seg ut i så kvass polemikk med pressa åt Vestmaktene, både for det inntrykket det kunne gjeva i England og Frankrike, og fordi det kunne bli misbrukt i Tyskland, sikkert også fordi det ikkje svara til den ålmenne stemninga i folket. Brev frå generalsekretæren åt venstre — Evenrud — til ymse politikarar syner at det var noko tale mellom stortingsmennene om at Koht var for morsk i fråsegnene sine til England så det kunne gjera politikken vår mistenkt mellom Vestmaktene. Ved forhøyr i Granskingsnemnda av 1943 (10. juni 1944) sa stortingsmann Chr. L. Jensen beint fram at det var prat i Stortinget om at Koht var tyskorientert.[1]) Dette er sjølvsagt heilt gale, men det syner at den reint formelle vurderinga av nøytralitetskrenkingane, som rekna med både stort og smått frå engelsk side, men ikkje kunne rekna med alle dei tyske bombingane og torpederingane av norske skip som ikkje var provfaste, — den har falli tung å gå på for mange. Det blir det same motsetningshøvet: formalia mot realia.

I ei framstelling etter krigen skreiv Koht at no ved inngangen til april kunne dei «sjå noko lysare i Regjeringa på vonene om å få halda Noreg utanfor krigen. På den tida skulle det ikkje vera nokon serskild grunn for tyskarane til å setta seg fast i Noreg, om dei berre hadde i tankane å halda engelskmennene ute.»[2]) Det er vanskeleg å forstå kva det skulle vera som kunne gje Regjeringa grunn til å sjå så lyst på stoda

[1]) Papira etter Granskingsnemnda av 1943.

[2]) Koht II, s. 18. Teki opptatt i Granskingsnemnda 17. desember 1945.

nett på denne tida. Det er mest som den annsame verksemda åt Utriksdepartementet sjølv peikar i ei anna lei. Ein skulle heller tru at i staden for å kjenna seg letta, måtte ein i denne tida gå i otte frå dag til dag for at England ville setta i verk dei trugsmåla mot nøytraliteten vår som det hadde varsla om gong på gong dei siste månadene, — ved agitasjon i avisene, ved talar av ansvarlege statsmenn som Churchill og Chamberlain og ved formelle notar. Av samtidige kjelder ser vi då òg at Koht nett i denne tida skreiv ei framstelling til Forsvarsdepartementet (20. mars) om at ein no laut gjera alvor av det som han hadde lati Colban gje Halifax ein halvveges lovnad om 2. februar (sjå s. 236) om å leggja ut minefelt i norske territorialfarvatn, slik som det hadde vori gjort i den førre verdskrigen. Han bad Forsvarsdepartementet ta opp dette spørsmålet snøggast råd var.[1]) Frå Tyskland òg hadde vi fått varsel, — ikkje på nokon måte som ifrå England, men likevel nok til at vi kunne veta kva vi hadde i vente. Det var varsel i den tyske pressa, som var einsretta tenar for regjeringa, og det var åtvaringar frå den tyske sendemannen i Oslo. Kunne vi ikkje verja nøytraliteten sjølve, så ville Tyskland gripa inn. Så snart ein kom utanom landegrensa, såg folk heller ikkje så lyst på stoda som den norske regjeringa gjorde. 2. april skreiv den svenske «Social-Demokraten» om «det hotande utriksläget för dagen som via Norge kastar en svart skugga över våra egna kuster. Knappt ha vi undgått den hotande faran för krig i öster förän läget mörknar i andra väderstreck och vi få aktuellare problem att diskutera än vad som förevarit i frågan om Finland.»

Såleis hekk etter det svenske bladet krigen trugande over oss, men den norske regjeringa gav ikkje varsel til det norske folket om kor nær krigen hadde rykt oss inn på livet, og kva vi måtte vera budde på kva dag det skulle vera. Ho mobiliserte ikkje det vesle vi hadde av militærmakt til vern for nøytraliteten og dermed for freden og fridomen, ja nett i desse kritiske fyrste dagane i april let ho mannskapet på kystfestningane våre skifta etter føreåt oppsett rute, så i denne kritiske tida fekk vi uøvde soldatar der det aller fyrst galdt.

[1]) U.D. jnr. 8918. 38. D. 11/40.

BILAG NR. 4

„Altmark"-saken.

INNHOLD:

Hjelpeskipet Altmark.

Det tyske panserskip Admiral Graf Spee opererte høsten 1939 i sydatlantiske farvann. Av engelske admiralitetsrapporter fremgår det at skipet hadde senket 7 britiske handelsskip før det selv møtte sin skjebne utenfor La Plata midt i desember.

Ved krigens utbrudd i september var det tyske tankskip Altmark[1]) på reise hjemover med en oljelast fra Port Arthur i Texas. Det fikk straks stoppordre i Atlanterhavet og pålegg om å møte Graf Spee på et bestemt angitt punkt i Nord-Atlanteren.

Altmark var nå i forbindelse med Graf Spee, forsynte det med olje og overtok de fleste fangene fra de senkede engelske skip. Etter at Graf Spee var senket, forsvant Altmark fra havene inntil det om morgenen 14. februar 1940 kom inn på norsk sjøterritorium[2]) ved Halten fyr nord for Trondheimsfjorden. Det hadde da usett brutt gjennom den engelske sperresone, antakelig syd for Island.

Altmarks fører, Heinrich Dau, som var reserveoffiser i den tyske krigsmarine, har om sitt skip forklart: Det var nærmere 11 000 bruttoregister-

---

[1]) Den følgende fremstilling er bygget på dokumenter i Utenriksdepartementet, Forsvarsdepartementet og Ambassaden i London.

[2]) Sjøterritoriets grenser er fastsatt i et kanselli-promemoria av 25. februar 1812. Grensen skal etter denne bestemmelse trekkes en sjømil (7420 m.) fra ytterste øy eller holme som ved fjære sjø ikke blir overskyllet. I praksis følger ikke denne territorialgrense kystens konturer helt ut. Det trekkes opp visse korte rette grunnlinjer langs kysten, og en regner dessuten fjordene for norsk sjøområde, selv om munningen er bredere enn 2 sjømil. Dette er gjort ved eldre kgl. resolusjoner for Møre-kysten og Nordlands-kysten. Selv om disse resolusjoner egentlig gjelder fiskeriene, bygger en også på dem når det gjelder territorialgrensens fastsettelse. Da grensen etter promemoriet ikke har vært anerkjent bl. a. av England, Tyskland og Frankrike, har Norge under forrige krig og under denne, uten å ville oppgi sin prinsipielle rett, innskrenket seg til å håndheve en grense på tre nautiske mil, det er 5556 m. regnet som oppgitt ovenfor. Det skjedde under denne krig ved kgl. resolusjon av 3. september 1939, jvf. marineordrer av 4. september og 27. november 1939.

Det er forskjellige bestemmelser om hvorledes nøytraliteten skal hevdes under krig. De viktigste av dem er:

1. Haagkonvensjon XIII av 1907 om nøytrale makters rettigheter og plikter i tilfelle av sjøkrig.
2. Skandinavisk deklarasjon av 27. mai 1938 om nøytralitetsforskrifter.
3. Kgl. norske kunngjøringer eller resolusjoner om nøytralitetsspørsmål og skipsfart:

tonn, bygget i 1938. Farten oppgis noe varierende: først til 15, senere til 19 knop. Den var antakelig 25 knop. Mannskapet var meget sterkt, ialt 133 mann. Grunnen til at det var så mange er fra Altmarks side oppgitt å være at det fungerte som øvelsesskip. Det hadde således før krigsutbruddet hatt øvelser såvel med panserskipet Graf Spee som med slagskipet Gneisenau. Men det riktige er nok at Altmark hadde overtatt en del av sitt mannskap etter møtet med Graf Spee i september.

Av Graf Spee hadde Altmark mottatt to maskingeværer til flyforsvar og pistoler til en del av offiserene. Etter engelske oppgaver var skipet noe sterkere vepnet med to 20 mm kanoner og 4 maskingeværer. Noen norsk undersøkelse er ikke foretatt. En slo seg til ro med kapteinens oppgave og godtok at såvel våpen som ammunisjon var stuet bort, da Altmark kom inn til kysten.

Forøvrig er å merke at Altmark i Amtliche Liste der deutschen Seeschiffe 1939 er oppført som «Trosschiff» tilhørende krigsmarinen, og det samme er bekreftet i den internasjonale radiofortegnelse. Som hjelpeskip førte det Reichsdienstflagge. Dette flagg føres av skip i offentlig tjeneste som ikke er berettiget til å føre Reichskriegsflagge, det gjelder foruten forsyningsskip av Altmarks type f. eks. verkstedsskip, slepebåter, toll- og politifartøyer. Et handelsskip som er omdannet til hjelpekrysser, fører derimot krigsflagget. Prinsippet er at kampskip fører krigsflagget, og at andre fartøyer i offentlig tjeneste fører tjenesteflagget.

Ferden langs norskekysten.

Altmark ble først observert fra Linesøy kystvaktstasjon på Fosen kl. 3.40 den 14. februar 1940. Torpedobåten Trygg gikk ut og møtte skipet på Eddefjorden i Nordmøre kl. 14.30. Tryggs sjef betraktet først fartøyet nøye i kikkert og merket seg at det førte Reichsdienstflagge. Da det ikke syntes å være armert, besluttet han å la det visitere som vanlig handelsskip. Altmark ble stoppet og nestkommanderende fenrik Evju gikk ombord.

a. Forskrifter av 13. mai 1938 om krigsskip, krigshavner, minefeiter, ferdselsrett, oppholdsrett, vepnede handelsskip, priser, bruk av radio osv. I kraft ved kgl. res. av 2. desember 1938.
b. Regler for ikke-krigførende makters krigsskip og militære fly av 19. august og 7. oktober 1938.
c. Bestemmelser av 7. september 1939 om sjøfarten på norsk område. Disse bestemmelser gjelder skip, som ikke tilhører krigsmakten, og har regler om opplysningsplikt, visitering og bruk av radio, krigshavner osv.

Endelig foreligger en norsk marineinstruks for Sjøforsvarets sjefer under nøytralitetsvern av 29. august 1939. Denne instruks gir bl. a. regler for bruken av maktmidler ved fremmede skips nøytralitetskrenkelser. Instruksen faller i alt vesentlig sammen med den som gjaldt under forrige krig. Det er to tillegg til instruksen. Det er de to ordrer av 4. september og 27. november 1939, hvor det som nevnt ble bestemt at nøytralitetsreglene ikke skal håndheves utenfor en avstand av tre nautiske mil fra kysten. Etter en tilsvarende instruks av 30. september 1939 for Landforsvarets sjefer er Hærens avdelinger fritatt for ansvar for vaktholdet ved kysten.

Kaptein Dau oppga Altmarks størrelse, last og avgangshavn. Han oppga videre at fartøyet førte 20 mm antiluftskyts som var stuet bort, og at mannskapet besto av 133 mann. Kapteinen fikk et eksemplar av nøytralitetsreglene på tysk, og bestemmelsen om forbud mot bruk av radio ble lest høyt for ham. Altmark overtok nå den los Trygg hadde ved anledningen, og fikk rett til å passere norsk sjøområde videre uten at det forøvrig ble foretatt noen egentlig undersøkelse. Fenriken la til grunn kaptein Daus opplysninger og innskrenket seg til å bruke øynene på dekk.

Da Tryggs undersøkelse ikke var foretatt etter den instruks som gjaldt væpnede handelsskip, og da nye opplysninger ikke var fremkommet under et kort besøk da Altmark passerte Ålesund, beordret 2. Sjøforsvarsdistrikt, Bergen, torpedobåten Snøgg til å foreta supplerende visitasjon. Altmark, som nå var under eskorte nedover, ble 15. februar kl. 11.30 visitert i Sognesjøen av Snøggs nestkommanderende, løytnant Andersen. Kaptein Dau ga nå mere detaljerte opplysninger: Det var to luftvernskyts ombord, disse ble betjent av et spesialutdannet mannskap, som stod under kommando av en reserveoffiser. Mannskapet var forøvrig så stort, da Altmark gjorde tjeneste som øvelsesskip, og det var ikke ombord personer som tilhørte annet krigførende lands krigsmakt eller sivile av krigførende land.

Sjefen for 2. Sjøforsvarsdistrikt, admiral Tank-Nielsen, fant heller ikke denne undersøkelse tilfredsstillende. For det første var det ham bekjent fra et sirkulære av 11. januar 1940, som 2. Sjøforsvarsdistrikt hadde sendt ut i sitt distrikt, at Altmark antakelig førte fanger, og dessuten ville spørsmålet om fartøyet faktisk var et handelsskip eller et krigsskip nå måtte avgjøres, da Altmark formodentlig ville be om å passere Bergen krigshavn.

Det sirkulære som her er nevnt lyder således:

> «Oppmerksomheten rettes på en artikkel i Aftenpostens aftennummer 10. januar 1940 om tysk skip med 400 britiske fanger som søker å komme over Atlanteren. Skipet oppgis å være tankbåt og hete Altmark, men dette finnes ikke i skipsregistret. Sist det ble rapportert, het det Sogne av Oslo og hadde påmalt norske nasjonalitetsmerker. Fartøyet skal ha vært forsyningsskip for tyske slagskip. Eventuelle opplysninger sendes straks SFD 2.»

(I Aftenposten sto det ikke bare tyske slagskip, men det sto direkte Admiral Graf Spee.)

Sjefene på Trygg og Snøgg var av en eller annen grunn ukjent med sirkulæret, da de så Altmark. I Bergen hadde en også til å begynne med oversett Altmark i skipskartoteket, men fant kortet umiddelbart etter at Snøgg hadde fått ordre om visitasjon. Da Altmarks sjef dog ble spurt om han hadde fremmede statsborgere ombord, er årsaken den at dette er et av de mange spørsmål som skal stilles etter nøytralitetsinstruksen av 29. august 1939 § 21, som gjelder væpnede handelsskip.

Admiralen gikk selv med jageren Garm ut fra Bergen og stoppet Altmark ved Stureholmen i Hjeltefjorden 7 n. mil innenfor krigshavnens

nordgrense. Kl. 13.00 ble fungerende stabssjef kaptein Stamsø sammen med Snøggs sjef, kaptein Simensen, sendt ombord for å bringe Altmarks karakter på det rene.

Stamsø ba om å få ransake skipet. Kaptein Dau avslo anmodningen med den begrunnelse at skipet tilhørte den tyske stat, og at det av regjeringen var ham forbudt å la skipet ransake. Skipet var bygget som tankskip, men det var beregnet på også å brukes i krig. Det var spesielle innretninger som ikke kunne vises fram. Til dette svarte Stamsø at ransaking alene var nødvendig hvis Altmark ville passere Bergen krigshavn. Dau meddelte da at han foretrakk å gå utenom krigshavnen. Han forlot Stamsø angivelig for å konferere med sine loser. Dette fravær på ca. 10 min. bruktes til å sende et telegram til den tyske legasjon i Oslo over Bergen kystradiostasjon.

I telegrammet beklaget han seg over å være stanset tre ganger og anmodet om at det ble protestert mot denne etter hans mening nøytralitetsstridige, gjentagne forsinkelse. Telegrammet ble snappet opp og stoppet. Det ble gitt kaptein Dau beskjed om at telegrafering innen krigshavnområdet var forbudt. Kapteinen ba da om unnskyldning. Det ble dog samtykket i fra norsk side å sende en beskjed til legasjonen. På linje ekspederte SFD 2. et telegram, hvor kaptein Dau nevnte at han hadde nektet undersøkelse i Bergen og hadde forlatt krigshavnen etter å ha fått forbud mot å passere den. Han avventet svar.

Stamsø meddelte admiralen Altmarks ønske om å gå utenom krigshavnen fra Feie til Korsfjorden etter mørkets frembrudd, og dette ble approbert. Altmark gikk ut av krigshavnen og la seg på været øst av Holmengrå fyr.

Det var på det rene at Altmark nå hadde anledning til å gå innenfor 3-mils grensen fra Hellisøy fyr til Marsteinen fyr. En forklaring av en av Altmarks loser, Hilmar Julius Haarvik, om at fartøyet av de norske offiserer som var ombord, skulle ha fått forbud mot å gå i norsk sjøområde *utenfor Bergen*, må åpenbart bero på en misforståelse. Admiral Tank-Nielsen opplyser i den forbindelse at kaptein Dau ble forevist et kart som klart markerte krigshavnens grenser.

Admiral Tank-Nielsen sendte så følgende telegram til Oslo:

«Fartøyet har nektet supplere visitasjon hvorfor passasje gjennom krigshavnen nektet. Antakelig fanger ombord. Underrett Kommanderende Admiral.»

Den videre utvikling kan følges i Kommanderende Admiral Diesens rapport av 1. mars 1940. Den er i det siterte avsnitt en gjentagelse av admiralens rapport av 16. februar. Begge rapporter ble straks sendt såvel Forsvars- som Utenriksdepartementet:

«Dette telegram (det er Tank-Nielsens) ble fra Bergen Sambandssentral videresendt Admiralstabens Etterretningskontor kl. 15.43 den 15. februar 1940 og ble lest opp for Kommanderende Admiral kl. 15.54 s. d. Telegrammet ble også kl. 16.09 s. d. av Etterretningskontoret lest opp for utenriksråd Bull. Ca. kl. 16.15 talte Kommanderende Admiral selv med utenriksråden og nevnte at det i dette tilfelle ikke var opptrådt i samsvar med vår holdning til det tyske skip «Westerwald» [1]), og at jeg ville søke telefonforbindelse med Sjøforsvarssjefen i Bergen. I Bergen kunne jeg imidlertid ikke komme i forbindelse hverken med Sjøforsvarssjefen eller Stabssjefen, idet begge var ombord i «Garm» ute ved «Altmark» i Hjeltefjorden.»

— — —

«Da imidlertid «Altmark» hadde vært oppholdt i flere timer, fant jeg i samsvar med avgjørelsen i «Westerwald»-saken ikke å kunne insistere på videre inspeksjon. Jeg regnet også med at «Altmark»s posisjon kunne vært peilet inn, da fartøyet sendte det foran nevnte radiotelegram, og at en kinkig situasjon *kunne* oppstå om den ble drevet ut. Jeg sendte derfor kl. 17.30 på eget ansvar følgende telegram til 2. Sjøforsvarsdistrikt:

«La fartøyet passere i dets egenskap av statsskip. Eskorte.»»

Meldingen ble umiddelbart etter bekreftet telefonisk til Tank-Nielsen. Admiral Tank-Nielsen fremholder i sin forklaring av 5. mars 1946 at han protesterte mot ordren, som etter hans mening kom i konflikt med nøytralitetsbestemmelsene. Det ble imidlertid svart ham av Kommanderende Admiral at ordren skulle utføres, og «vi tar ansvaret».

Da admiral Diesen ga tillatelse for Altmark til å passere Bergen krigs-

[1]) Det tyske tankskip *Westerwald* ble praiet av norsk bevoktningsfartøy 17. november 1939 utenfor Trondheimsfjorden. På spørsmål om skipet var bevæpnet, svarte kapteinen at det var ubevæpnet. Da det ble brakt på det rene at skipet hadde 3 — 15 cm. innbygget, en foran og to på sidene, unnskyldte kapteinen sin uriktige oppgave med at det var krig. Kapteinen avviste forøvrig en rekke spørsmål, og han nektet å vise skipspapirer, loggbok og konossementer. Da fartøyet ble funnet mistenkelig, ble det beordret til Hestvika for undersøkelse. Om natten kom den tyske konsul ombord i Westerwald. Fartøyet som hittil hadde ført handelsflagget, heiste nå Reichsdienstflagge. Konsulen støttet kapteinens avvisning av visitasjon, og forlangte saken forelagt den tyske legasjon i Oslo og utenriksledelsen i Berlin. Etter samtale mellom minister Bräuer og utenriksminister Koht 18. november ble det om kvelden gitt ordre til Trøndelag Sjøforsvarsavsnitt om at fartøyet kunne avgå, og som statsskip være fritatt for undersøkelse. Westerwald gikk nå sørover norsk sjøområde og ankret 19. november opp for Bergen krigshavn. Kommanderende admiral Diesen hadde samme dag en samtale med utenriksråd Bull. De var begge enige om at det kunne være fare for engelsk nøytralitetskrenkelse, om Westerwald måtte ta ytre led. Fartøyet ble derfor gitt tillatelse til å passere krigshavnen. Samtalen refereres umiddelbart etter for utenriksministeren, hvoretter Westerwald 20. november passerte Bergen eskortert av M/L Olav Trygvason. Fartøyet var i Utenriksdepartementets dokumenter betegnet Westerwall. Dette fartøy finnes ikke i noen tysk skipsliste. Et oppslag på Westerwald, som er fartøyets rette navn, viser at det — på samme måte som Altmark — ikke er oppført som handelsskip, ikke som stats- eller riksskip, men som «Trosschiff» tilhørende krigsmarinen. Som hjelpeskip har det utvilsomt også fungert. Besetningen var meget sterk og under militær disiplin. Da fartøyet ikke ble undersøkt, er det meget mulig at det har vært sterkere armert enn oppgitt. Tillatelsen til å passere Bergen krigshavn var i strid med nøytralitetsforskriftene av 13. mai 1938 § 2, 1 supplert 7. september 1939 § 8, jvf. den følgende fremstilling angående Altmark.

havn, var han ukjent med en ny meddelelse som umiddelbart etter kom fra 2. SFD. Her sies det at da Garm lå på praiehold, hørtes gjentagne ganger SOS fra forskipet på Altmark. På Altmark var alle vinsjer satt i gang antagelig for å overdøve slike signaler. Samtidig kunne en se vinking gjennom ventiler i forskipet. Straks etter ble ventilene lukket. I telegrammet fra 2. SFD blir det konkludert med at det var overveiende sannsynlig at det var fanger ombord. Admiral Diesen fremholder dog i sin rapport at kjennskap til dette telegram ikke ville ha bevirket noen endring i ordren, som forøvrig allerede var meddelt Altmark.

Altmark, som ikke hadde ankret opp, sto da i 16-tiden atter inn Bergen krigshavn eskortert av Snøgg. Eskorten passerte Hjeltefjorden, gikk innenfor Sotra forbi åpningen av Byfjorden ca. 2.5 n. mil fra Kvarven befestning og videre gjennom leden til Ryvarden. Passeringen av krigshavnen fant, i strid med den vanlige praksis av instruksen, sted om natten. Ved Ryvarden overtok torpedobåten Stegg. Ved Jærens rev overtok bevoktningsbåten Firern eskorten. Dette skjedde kl. 12.50 fredag 16. februar, og Altmark befant seg nå i 1. Sjøforsvarsdistrikt.

Ved Obrestad fyr en time senere kom tre store britiske fly inn fra sjøen og kretset over Altmark. Firern heiste protestsignal, men skjøt ikke da den manglet luftvernskyts. Kl. 15.20 gikk Firern til Egersund, og torpedobåten Skarv overtok sydvest av Svetlingene utenfor Egerø.

I 15-tiden — etter flyoppklaringen — observertes den britiske flotilleleder Cossack og to andre jagere, kort etter kom tre jagere til. Det ble etter kaptein Daus forklaring morset til Altmark at den skulle dreie vestover. To av jagerne, D. 10 og 15, gikk etter de norske rapporter kloss inn på Altmark som uomtvistelig var på norsk sjøområde, og søkte å stanse fartøyet tross protest fra Skarv. Den ene jagersjef besvarte Skarvs protest med at han aktet å ta Altmark med seg. Det ble satt båt på vannet åpenbart for å borde Altmark, og den annen jager gikk kloss opp i Altmark i samme hensikt. Det ble også skutt varselskudd mot den.

Under dette — i 16-tiden — kom torpedobåten Kjell til stede. Denne protesterte også mot nøytralitetskrenkelsen, men Altmark ble for å unngå å bli kapret tvunget til å gå inn i den islagte Jøssingfjorden. Dette skjedde etter råd fra de to norske loser som var ombord. Jøssingfjord ligger mellom Egersund og Flekkefjord. Det er en temmelig trang fjord ca. 3 km. lang. Her la Altmark seg omtrent midtfjords og så nær land at den ble holdt fast av isen.

Kl. 16.10 sendte Altmark fra Jøssingfjord telegram til den tyske legasjon i Oslo. Denne gang skjedde det over Farsund radio. I telegrammet nevnte Altmark at den av engelske jagere var drevet inn i Jøssingfjord, og at jageren Intrepid lå i fjordmunningen med to norske torpedobåter mellom Altmark og Intrepid. Også dette telegram ble stoppet. Det samme skjedde vistnok med et telegram som ble sendt kl. 20.35. Her beklaget kapteinen seg over å være tvunget inn i Jøssingfjorden av engelske sjøstridskrefter, skjønt to norske torpedobåter var til stede. I denne forbindelse bør det dog nevnes at den tyske marineattaché Schreiber[1] i Oslo ringte til Admiralstaben kl. 17.45 og meddelte, at han fra Berlin hadde hørt at det befant seg engelske jagere ved siden av Altmark på norsk territorium. Han anmodet om at det sendtes assistanse fra Kristiansand, da Berlin snakket om «Schwierigkeiten». Kl. 18.15 ringte Schreiber igjen og ba om at f. eks. et fly kunne bli sendt til kontroll. Endelig sendte tysk telegrambyrå samme kveld ut en melding over radioen, som oppgis å være mottatt trådløst fra Altmark. I meddelelsen sies det at en britisk jager har søkt å oppbringe Altmark, hva der ble forhindret takket være den tyske kapteins dyktige manøvrering og to norske torpedobåters beslutsomme inngripen. Telegrammet refererer seg åpenbart til det tidspunkt Altmark ble tvunget inn i Jøssingfjord. Det telegram som Altmark sendte til legasjonen kl. 16.10, og som ble stoppet, eller et lignende telegram, må være mottatt av en tysk stasjon og videreekspedert.

Etter at Altmark var dreiet inn i Jøssingfjord protesterte Kjells løytnant F. Halvorsen (nå Finson) overfor den britiske jagersjef på D. 16. Denne hevdet på sin side at ombord på Altmark var det 400 engelskmenn som fanger. Kjell styrte etter Altmark og praiet den. Halvorsen ville med britisk kilde ikke nevne noe om fangespørsmålet, han fikk alene av Altmarks sjef bekreftet at fartøyet var undersøkt, at det hadde fått passeringstillatelse og at det var 130 mann ombord. Kjell satte atter ut til Cossack, som nå var kommet, og lå innenfor D. 16 i fjordmunningen. Overfor Cossacks sjef, kaptein P. L. Vian, protestertes det atter på vegne av den norske regjering, og sjefen fikk seg overgitt et eksemplar av de norske nøytralitetsregler i engelsk oversettelse. Vian hevdet at han hadde ordre fra det britiske admiralitet til å frigjøre fangene. Halvorsen svarte at det var ham ukjent om det var fanger ombord og at hans ordre var, under enhver omstendighet å hindre nøytralitetskrenkelse. Det ble nå foreslått fra britisk side å foreta en norsk—britisk undersøkelse ombord. Det ble avslått, og Cossack ble anmodet om å forlate norske farvann sammen med jageren. Kaptein Vian bekreftet at det ville skje og at han ville vente på Altmark utenfor norsk område. Kort etter sto Cossack og D. 16 ut for å forene seg med de andre britiske jagere.

I den konferanse som her er referert, er det en dissens. Det er fra engelsk side hevdet at Vian også foreslo at Altmark skulle føres til Bergen under norsk—britisk eskorte og undersøkes av norske autoriteter der. Halvorsen bestrider at et slikt forslag er fremkommet fra den britiske kaptein.

De norske skip som nå befant seg i Jøssingfjord og som lå i råken utenfor Altmark, var torpedobåtene Kjell og Skarv. Dessuten var bevoktningsfartøyet Firern atter kommet til stede, den la seg til kai i Jøssinghamn. Noe senere — etter den følgende episode — kom torpedobåten Teist og bevoktningsfartøyet Hval IV.

[1] Se forøvrig Schreibers forklaring avgitt 5. mai 1946 og dok. fra Auswärtiges Amt f. nr. 13817.

Det en fra norsk side hadde å regne med, var i virkeligheten alene Kjell og Skarv. Kjell var på 103 tonn. Den hadde 3 torpedoutskytningsrør, 1 76 mm kanon og 21 mann. Skarv var på samme størrelse. Den hadde 3 torpedoutskytningsrør, 2 47 mm kanoner og også et mannskap på 21 mann.

De følgende begivenheter gjengis rettest ved å bruke rapportene.

Kommandør Wigers ved Kristiansand Sjøforsvarsavsnitt anfører i sin rapport datert 3. mars 1940:

> «Kl. 19.15 mottar C.K.S.A. bestemmelse om at visitasjon av «Altmark» i henhold til tidligere avgjørelse ikke skal foretas, at «Teist» som lå i Kirkehavn skal beordres til Jøssingfjord for deltakelse i vaktholdet, og at fartøyene skal legge seg langs siden av «Altmark» for i tilfelle med makt å avslå entringsforsøk, men forøvrig følge gjeldende instruks. — «Teist» kom til Jøssinghamn kl. 23.50.
>
> Kl. 21.20 går en av de andre jagere «Cossack» inn øst for Fogsteinene, hvor den bruker lyskaster, og kl. 22.20 går den inn i Jøssingfjorden.
>
> Kl. 22.45 melder «Firern» at en engelsk krysser forserer bevoktningen tross protest. Melding herom avgis straks til sjefen for 1. Sjøforsvarsdistrikt som bestemmer at det fremdeles skal protesteres, men ikke brukes makt. — Denne bestemmelse ble videresendt kl. 22.58.»

Admiral Smith-Johannsen skriver om dette i sin rapport til Kommanderende Admiral datert 4. mars 1940. Det som det i rapporten henvises til — side 4 — er det foregående sitat fra Wigers:

> «Framstillingen av min befatning med «Altmark»-saken er riktig. Jeg tillater meg å bekrefte at jeg — som anført midt på side 4 — ga ordre til at hvis der i nattens løp skulle bli foretatt noe fra engelsk side som tydet på entring av «Altmark» skulle torpedobåtene om forholdene tillot det, søke dette hindret ved å legge seg langs siden av skipet og eventuelt bruke makt for å avslå entringen.
>
> Jeg mente her å handle i overensstemmelse med punkt 10 i «Alminnelig instruks for Sjøforsvarets sjefer under nøytralitetsvern», nest siste passus, idet en entring over norske torpedobåter måtte anses som angrep på disse.
>
> Som det fremgår av rapporten (nederst side 4) ble denne ordre tilbakekalt etter at jeg hadde konferert med Kommanderende Admiral og fått beskjed om at der heller ikke i sådant tilfelle skulle brukes makt.»

9. mars 1940 sendte Kommanderende Admiral de to rapporter til Forsvarsdepartementet uten kommentar. Skrivelsen lyder som følger:

> «Under henvisning til Kommanderende Admirals skriv av 1. mars 1940 om ovenstående sak, sendes vedlagt avskrift av rapport av 3. mars 1940 fra sjefen for Kristiansand Sjøforsvarsavsnitt om samme sak med påtegning av 4. mars 1940 fra 1. Sjøforsvarsdistrikt.»

Det fremmede skip ble ved blinksignaler oppfordret til å gi seg til kjenne, men svarte ikke. På anmodning fra sjefen for Kjell pr. megafon

om å stoppe, la det fremmede skip bi vestenfor de norske torpedobåtene. Det viste seg atter å være jageren Cossack. Dette fartøy var på 1870 tonn, det hadde 6 4.7 toms kanoner, 2 4 toms luftskyts, 7 mindre skyts og 4 torpedorør. Besetningen ble oppgitt til 190 mann. Det var som det vil ses i forhold til de norske fartøyer et meget sterkt skip.

